



# Budsjett 2023 / økonomiplan 2023–2026

Oppdatert etter budsjettvedtak desember 2022



Vestland  
fylkeskommune

Forsidebilete: [Ny vidaregåande skule på Askøy](#).

Illustrasjon: Constructa Entreprenør AS.

# Innhold

1	Innleiing .....	5
2	Fellesinntekter og -utgifter .....	9
3	Sektorbudsjett .....	15
3.1	Politisk styring og kontrollorgan.....	19
3.2	Organisasjon og økonomi.....	23
3.3	IKT og digitalisering.....	29
3.4	Opplæring og kompetanse .....	35
3.5	Mobilitet og kollektiv .....	51
3.6	Infrastruktur og veg .....	67
3.7	Kultur og folkehelse.....	75
3.8	Tannhelse.....	89
3.9	Nærings, plan og innovasjon .....	97
4	Økonomiplan 2023–2026.....	115
5	Investeringsbudsjett 2023–2026.....	123
6	Klimaomstilling .....	145
7	Finansielle måltal .....	163
8	Budsjettreglement.....	165
9	Vedlegg .....	171





# 1 Innleiing

## Innleiing

### Budsjettarbeidet gjennom året

Budsjett 2023 for Vestland fylkeskommune er utarbeidd under leiing av finansutvalet. Til møta i finansutvalet har fylkesdirektøren lagt fram eit arbeidsdokument med forslag til prosessvedtak – førebels vedtak i budsjettprosessen. Finansutvalet har på denne måten sikra framdrifta i budsjettarbeidet.

Budsjettprosessen går gjennom året frå handsaming av overordna økonomiske rammer til oppdeling i sektorrammer som igjen vert detaljert innanfor dei ulike tenesteområda.

Det har vore fem møte i finansutvalet til no i 2022. Fylkesdirektøren har på bakgrunn av finansutvalet sitt arbeid og prosessvedtaka som er gjort gjennom året, utarbeidd eit samla budsjett dokument.

Samanlikna med det som er presentert i arbeidsdokumenta til no, er budsjett dokumentet supplert med følgjande avsnitt:

- Innleiing
- Klimabudsjett
- Økonomiplan
- Budsjettreglement og finanzielle måltal

## Strategiarbeid

### Utviklingsplan for Vestland fylke

Fylkestinget vedtok i september 2020 Utviklingsplan for Vestland 2020–2024 – regional planstrategi. Vestland fylkeskommune skal vere ein pådrivar for berekraftig utvikling i ein styrka region. Utviklingsplanen for Vestland er utarbeidd med heimel i plan- og bygningslova som regional planstrategi for Vestland.

Utviklingsplanen er utarbeidd med bakgrunn i regjeringa sine nasjonale forventningar til regional og kommunal planstrategi, der planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling er sentrale stikkord.

### Berekraftig og nyskapande

FN sine 17 berekraftsmål er sentrale i utviklingsarbeidet og førande for samfunnsutviklinga i Vestland.

Utviklingsplanen har følgjande hovudmål for arbeidet:

- Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg
- Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
- Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland
- Like mogelegeheter til å delta i verdiskaping

Kvart hovudmål er knytt opp mot dei mest relevante av berekraftsmåla til FN. I tillegg er det knytt strategiar til arbeidet med hovudmåla for å setje nærmare retning om korleis måla kan oppnåast.

### Utviklingsplan – økonomiplan

Utviklingsplanen gjev felles retning for Vestland fylkeskommune som organisasjon, og for vestlandssamfunnet som heilskap fram til 2024. I følge kommunelova §14-1 skal fylkeskommunen utarbeide samordna og realistiske planar for eiga verksemd og økonomi, og for lokalsamfunnet eller regionen si utvikling. Ein tydeleg samanheng mellom utviklingsplanen og økonomiplanen er avgjerande for om plansystemet er velfungerande og i praksis vert lagt til grunn for økonomiske prioriteringar. I utviklingsplanen går det fram at alle regionale planar skal ha fokus på korleis dei kan bidra til å støtte opp om hovudmåla. Dette gjeld også økonomiplan for Vestland fylkeskommune.


Gjennomføring av utviklingsplanen inkluderer underliggende regionale planar, strategiar og temaplanar. Handlingsprogramma i planane er sentrale grunnlag for budsjettarbeidet.

Utviklingsplan for Vestland prioriterer planprosessar som skal skje i perioden fram til 2024. Årlege budsjett bør sikre tilstrekkelege ressursar til å gjennomføre gode, kunnskapsbaserte og inkluderande planprosessar.

Dette vil gje grunnlag for rapporteringa i fylkeskommunen si årsmelding. På denne måten vert ei heilskapleg og oversiktleg tilnærming til rapporteringsarbeidet sikra i tillegg til vidare oppfølging av utviklingsplanen.

## Samfunnsoppdrag, visjon og verdiar

Fylkestinget vedtok i desember 2019 samfunnsoppdrag, visjon og verdiar for Vestland fylkeskommune slik:



Fylkeskommunen har fått ei tydlegare rolle som samfunnsutviklar. Dette viser att i samfunnsoppdraget. Visjonen stakar ut den langsigtige kursen for den regionale politikken og den ligg til grunn for utarbeidings av Utviklingsplanen.

Visjonen spelar godt i lag med målsettingane i utviklingsplanen. I utviklinga av Vestland fylkeskommune har verdiene ei viktig rolle. Verdiane legg føringer for det daglege arbeidet og samspelet både internt i eigen organisasjon og med omverda.

## Utgangspunkt for budsjettet

Finansutvalet gjorde i juni prosessvedtak om budsjetttramme for 2023 både for drifts- og investeringsbudsjettet og dette har vore styrande for budsjettprosessen i hausthalvåret.

### Rekneskap 2021

Rekneskapen for 2021 viste mindreforbruk på 350 mill. kr. Også i 2020 kom rekneskapen ut med mindreforbruk. Begge åra har vore prega av ekstraordinære tilhøve som følgje av pandemien. Året 2022 var noko prega av pandemien i vårhalvåret, men uroa krigen i Ukraina har medført gjer at ein enno ikkje har hatt det ein kan kalle eit normalår etter oppstarten av Vestland fylkeskommune.

### Situasjonen i 2022

I tertialrapportane til fylkestinget – handsama i juni og september – er det orientert om den økonomiske stoda inneverande år. Etter 2. tertial er det prognose om meirforbruk på 90 mill. kr, der ein viktig grunn er sterkt prisvekst for innsatsfaktorar på fleire budsjettområde, men særleg innanfor sektorane infrastruktur og veg og mobilitet og kollektiv.

### Budsjett 2023

Budsjettet er utarbeidd i samsvar med prosessvedtak i finansutvalet gjennom året. Regjeringa sitt forslag til statsbudsjett vart lagt fram 6. oktober og verknadene av dette er teke med i arbeidsdokument 4/21 som finansutvalet handsama 19. oktober.

### Økonomiplanperioden

Driftsramma for budsjettet for 2023 vart i arbeidsdokument 2/22 redusert med 35 mill. kr samanlikna med 2022 som oppfølging av administrativt innsparingsprogram.

Med bakgrunn i sterkt kostnadsauke innanfor fleire budsjetttoppråde, jf. ovanfor, sluttar finansutvalet seg til å auke budsjetttrammene for opplæring, mobilitet og kollektiv, infrastruktur og veg og eigedom med 275 mill. kr.

Fylkesdirektøren foreslår i stor grad å videreføre sektorrammene i økonomiplanperioden. Samanlikna med budsjetttrammene i 2023-budsjettet er forslaget reduksjon på 25 mill. kr i 2024, 40 mill. kr i 2025 og 50 mill. kr i 2026.

Fylkeskommunen sine inntektsrammer er meir usikre enn tidlegare. Inflasjonspress, renteauke og krig i Europa gjør det utfordrande å ha gode prognosar om utviklinga dei komande åra. I tillegg kjem at statsbudsjetta berre har tal for det komande budsjettåret. Når  $\frac{3}{4}$  av inntektene vert fastsett gjennom statsbudsjettet, seier det seg sjølv at rammene for dei siste åra i økonomiplanperioden er usikre.

Fylkesdirektøren vil på vanleg måte kome attende til dette i budsjettprosessen gjennom året til finansutvalet.

### Investeringsbudsjett og lånegjeld

Investeringane i Vestland fylkeskommune er høge, men har vore tilpassa vedtekne handlingsreglar, der særleg fylkestinget sitt vedtak om maksimal gjeldsgrad på 115% har vore viktig. Fylkestinget vedtok Regional transportplan i juni 2022 og denne er følgd opp i investeringsopplegget for fylkesvegsektoren i økonomiplanperioden.

Vestland fylkeskommune har høg og veksande lånegjeld og handlingsrommet på driftsbudsjettet vert tilsvarande svekka ettersom kapitalutgiftene tek ein stigande del av den samla økonomiske ramma. Renteutviklinga den siste tida vil også legge press på handlingsrommet.



## 2 Fellesinntekter og -utgifter

## Fellesinntekter og -utgifter

Som fellesinntekter og -utgifter reknar ein alle inntekter og utgifter som ikkje er budsjetterte på sektornivå.

Fellesinntektene skal finansiere fylkeskommunen sine driftsutgifter på sektornivå (netto driftsutgifter), renteutgifter, avdrag og eventuell avsetjing til fond.

Tabell

	2022	2023
Skatt, rammetilskot og inntektsutjam.	-10 888 788	-11 667 600
Andre generelle statstilskot	-30 000	-31 000
Konsesjonskraftsinntekter	-282 000	-470 000
Kapitalinntekter/-utgifter, utbytte	980 200	1 191 700
Lønsavsetjing/premieavvik	9 800	72 000
Bruk/avsetning til fond	21 488	-191 346
Overføring til investering	615 000	660 000
<b>Sum felles inntekter og utgifter</b>	<b>-9 574 300</b>	<b>-10 436 246</b>

## Skatt og rammetilskot

I kommuneopposisjonen varsla regjeringa ein realvekst for kommunesektoren i intervallet mellom 1,8 og 2,3 mrd. kr, med fordeling 1/3 til fylkeskommunane og 2/3 til kommunane. Ut frå dette kunne ein leggje til grunn vekst i dei frie inntektene for fylkeskommunane i intervallet mellom 600 og 750 mill. kr.

I statsbudsjettet har regjeringa lagt inn vekst i dei frie inntektene for kommunesektoren på 2,6 mrd. kr. Fordelinga mellom fylkeskommunar og kommunar med høvesvis 1/3 og 2/3 er følgd opp, slik at fylkeskommunane samla kan leggje til grunn vekst på 900 mill. kr frå 2022 til 2023.

Bakgrunnen for at forslaget i statsbudsjettet er noko over vekstoverslaget i kommuneopposisjonen er nye opplysnings om veksten i demografikostnadane, som no viser vekst på 2,6 mrd. kr for kommunesektoren samla.

Rammetilskotet for Vestland fylkeskommune er oppgitt til 6 939,3 mill. kr. Når ein legg til skatt og inntektsutjamning kjem ein opp i eit samla inntektsoverslag på 11 693,5 mill. kr.

Vestland er i 2023 mellom fylkeskommunane som kjem best ut. Statsbudsjettet viser nominell vekst i frie inntekter på 5,3 %, medan gjennomsnittet for fylkeskommunane er 4,3 %. Det synest som om det i første rekke er justeringar i ferjekriteriet som slår positivt ut for Vestland.

I tabell C: Saker med særskild fordeling, går det fram at det ligg inne 25,9 mill. kr til fiskerihamner i Vestland. I budsjettet proposisjonen fra Nærings- og fiskeridepartementet kan ein lese følgjande:

*"Regjeringen har besluttet å gjeninnføre statlig ansvar for fiskerihavnene, og at dette skal skje i dialog med fylkene. Kystverket har videreført arbeidet mot fylkeskommunene med sikte på å inngå avtale om tilbakeføring av ansvaret for fiskerihavneanleggene til staten med virkning fra 1. januar 2023."*

På bakgrunn av dette legg ein til grunn at 25,9 mill. kr vil bli trekt ut av rammetilskotet til Vestland. Investeringsbudsjettet er justert tilsvarende der løyving til Bømlo fiskerihamn og samlesum til oppgraderingstiltak for fiskerihamner ikkje er tekne med i fylkeshirektøren sitt forslag.

Regjeringa foreslår eit eittårig trekk i rammetilskotet på til saman 3 mrd. kroner frå kommunar og fylkeskommunar som har konsesjonskraftinntekter og ligg i områda med dei høgaste prisane (høgprisområda NO 1, NO 2 og NO 5), fordelt med 2,2 mrd. kroner på kommunane og 0,8 mrd. kroner på fylkeskommunane. Uttrekket er foreløpig ikkje fordelt. Aktuelle kommunar og fylkeskommunar skal innan 1. desember 2022 rapportere korleis konsesjonskraftinntekte ne er handtert med omsyn til prissikring m.v.

Vestland fylkeskommune har det største volumet, men andre kan ha større del av volumet som vert seld til spot-pris. I følgje Kommunaldepartementet sine oversyn utgjer volumet i Vestland om lag 42 % av totalt volum i dei aktuelle fylkeskommunane. Ein bør såleis vere budd på eit trekk i rammetilskotet i storleiksordenen 300 mill. kr. Ein må justere rammetilskotet når trekket er fastsett. Inntil vidare budsjetterer ein med følgjande frie inntekter:

<b>Skatt og rammetilskot</b>	
Fylkesskatt og inntektsutjamning	4 754,2
Rammetilskot	6 913,4
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>11 667,6</b>

## Andre generelle statstilskot

Frå 2022 er det store endringar i utbetalingane frå havbruksfondet. Tidlegare har 80 % av sals- og auksjonsinntektene frå auka kapasitet og nye løyve vorte fordelt til kommunar og fylkeskommunar. Frå 2022 er denne delen sett ned til 40 %. I staden skal kommunar og fylkeskommunar få inntekter frå ei produksjonsavgift.

Ein ventar at Vestland sin del av produksjonsavgifta vil utgjere vel 13 mill. kr. Sals- og auksjonsinntektene vil kunne variere mykje frå år til år.

Ein kjenner enno ikkje kva utbetalinga for 2022 vert. I mangel av betre grunnlag, vidarefører ein budsjettsummen frå 2022, prisjustert til 31 mill. kr.

## Konsesjonskraft

Volumet fylkeskommunen har rett på vert justert årleg, basert på utviklinga i allmenn forsyning i kommunane. Kommunane får eit volum som samsvarar med forbruket til allmenn forsyning, medan fylkeskommunen får den resterande konsesjonskrafta.

Volumet i 2022 var 654 Gwh. Ein kjenner ikkje til vesentlege endringar i konsesjonskraftvolumet frå 2022 til 2023.

Pr. oktober 2022 har ein sikra 76 % av volumet for 2023. Restvolumet vert levert i spot-marknaden til den daglege marknadsprisen gjennom leveringsåret. Prognosene tilseier inntekter på om lag 745 mill. kr.

I tillegg kjem «verdien» av Eidfjordavtalen som Hordaland fylkeskommune inngjekk på 1980-talet. Ein reknar med at denne inntekta i 2023 vil kome opp mot 25 mill. kr.

Samla vil dette gje inntekter frå sal av konsesjonskraft på 770 mill. kr.

Ein tek høgde for at trekk i rammetilskotet pga. særskilt høge konsesjonskraftinntekter kan bli i storleiksordenen 300 mill. kr. Ein fører difor opp ei inntekt på 470 mill. kr. Når trekket i rammetilskotet vert kjent, vil ein justere dette mot budsjetterte konsesjonskraftinntekter, jf. omtale ovanfor.

## Totale driftsinntekter

Inntektene som er omtalt ovanfor summerer seg til 12 228 mill. kr. Dette inkluderer 59,8 mill. kr i rentekompensasjon. I tillegg er det budsjettert med inntekter på sektorane på totalt 2 984 mill. kr. Sum budsjetterte driftsinntekter kjem då opp i 15 212 mill. kr.

Netto driftsresultat er rekna å bli 469 mill. kr. Dette utgjer 3,1 % av budsjetterte driftsinntekter. Tilrådd nivå for fylkeskommunar er 4 %.

## Renter og avdrag

Rentenivået har stige kraftig i 2022. For 2023 og dei følgjande åra vil ein ta utgangspunkt i prognosane ein finn i Pengepolitisk rapport, som Noregs Bank la fram i september. Her er det gjeve følgjande prognose for pengemarknadsrenta:

<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>
3,41%	3,34%	3,06%

## Renteinntekter

I tillegg til rentenivået, er renteinntektene avhengig av fylkeskommunen sin likviditet. Likviditeten har dei siste åra vore betre enn føresett i budsjettet. Ein vil difor auke grunnlaget noko, og reknar rente av 3,5 mrd. kr som eit gjennomsnitt.

Avtalen med Danske Bank går ut i 2023. Avtalen har gode rentevilkår på innskot og ein bør vere budd på at det kan vere vanskeleg å oppnå tilsvarannde vilkår i ein ny avtale. I utrekningane har ein lagt til grunn at ein vil oppnå ein margin på 0,3 % over 3 mnd. Nibor frå 2024 og resten av åra i økonomiplanperioden.

Vestland har utlån til nokre fylkeskommunale selskap. Dei viktigaste er HFK Bussanlegg AS, Bybanen AS og Valen kraftverk AS. På desse utlåna får fylkeskommunen renteinntekter i samsvar med utlånsavtale.

## Rentekompensasjon

Det er rentekompensasjonsordninga både for skulebygg og veginvesteringar. I 2023 reknar ein med ein rentesats på 3 %.

**Utbytte**

Som følgje av regjeringa sitt forslag om skjerpa skattleggjing av kraftverk, er det usikkert om fylkeskommunen vil få nemnande utbytte dei nærmaste åra. Ein har ikkje ført opp utbytte i budsjettet.

**Renteutgifter**

Føresetnadane for lånerenta er basert på følgjande komponentar:

Forventingar til 3 mnd. Nibor, kredittmarginar på eksisterande og nye lån og Vestland fylkeskommune sine fastrenter/rentesikringar.

For nye lån har ein dei siste åra budsjettert med ein kredittmargin på 0,5 %. Dette har vist seg å vere ein romsleg margin, og ein har hatt innsparinger på rentekapitlet. I dei urolege tidene ein no er inne i, har kredittmarginane auka mykje. Det er berre på heilt kortsiktige lån ein kan kome under ein margin på 0,5 %. For langssiktige lån er det Komunalbanken og KLP som tilbyr lågast kredittmargin med 0,6 %. Ein finn det difor mest realistisk å budsjetttere med ein margin på 0,6 % for nye lån.

Med dei renteføresetnadane som er lagt til grunn er renteutgifter og -inntekter og rentekompensasjon berekna som vist i tabellen nedanfor:

	<b>2022</b>	<b>2023</b>
Renteutgifter	265,1	469,3
Renteinntekter	55,8	147,8
Rentekompensasjon	<b>22,1</b>	<b>59,8</b>
Utbytte	7,0	0,0
<b>Netto renter</b>	<b>180,2</b>	<b>261,7</b>
<b>Avdrag</b>	<b>800,0</b>	<b>930,0</b>
<b>Sum renter og avdrag</b>	<b>980,2</b>	<b>1 191,7</b>

**Lønsavsetjing**

Statsbudsjettet legg til grunn ein kommunal deflator på 3,7 %. Lønsveksten er venta å bli 4,2 % i 2023.

Midlar til å kompensere for lønsveksten i 2023 vert sett av samla. Det er lagt til grunn 4,2 % årslønsvekst, i tråd med statsbudsjettet. Det er avsett 144 mill. kr til å kompensere for verknaden av lønsoppgjera i 2023. Midlane vert fordelt etter at forhandlingane er gjennomførte.

**Pensjonspremie og pensjonskostnader**

Etter forskrift skal fylkeskommunen rekneskapsføre pensjonsutgiftene ut fra føresetnader om diskonteringsrenter, avkastning, lønsvekst og G-regulering.

Differansen mellom det som vert betalt (likviditet) og det som vert rekneskapsført (kostnad etter forskrift), også kalla "premieavviket" skal overførast til seinare år og kostnadsførast over 7 år.

Forventa premieavvik i 2023 kjem fram slik:

				mill. kr
	<b>Storebrand</b>	<b>SPK</b>	<b>Total</b>	
Prognose pensjonspremie	271,6	248,5	520,1	
Netto pensjonskostnad	166,1	204,4	370,5	
Administrasjonskostnad	13,2	5,9	19,1	
<b>Sum kostnad i rekneskap</b>	<b>179,3</b>	<b>210,3</b>	<b>389,6</b>	
Differanse (premieavvik)	-92,3	-38,2	-130,5	
Arbeidsgjevaravgift (13,2 %)	-12,2	-5,0	-17,2	
<b>Premieavvik inkl. arb.g.avg.</b>	<b>-104,5</b>	<b>-43,2</b>	<b>-147,7</b>	

Pensjonspremien som skal betalast er budsjettet på sekstornivå. Kostnaden som skal rekneskapsførast er anslått å ligge nær 148 mill. kr lågare enn premien som ligg inne i budsjettet. Dette vert lagt inn i budsjettet som ein korreksjonspost, eller såkalla premieavvik.

Amortisering av tidlegare premieavvik vert budsjettet med 76 mill. kr i 2023.

## Driftsmidlar til investering

Det er budsjettet med overføring av driftsmidlar til investering med følgjande beløp:

	<b>2022</b>	<b>2023</b>
Driftsmidlar til investering	615,0	660,0

## Fond – bruk og avsetjing

Budsjettet er saldert ved å avsetje eller bruke av disposisjonsfond. I det vedtekne budsjettet vert det brukt 191 mill. kr fra disposisjonsfond i 2023.





# 3 Sektorbudsjett

## Driftsbudsjett per sektor og totalt

		Budsjett 2022	Budsjett 2023
Politisk styring og kontrollorgan	Brutto driftsitgifter	65 659	70 740
	Driftsinntekter	-2 259	-2 260
	Netto driftsutgifter	63 400	68 480
Organisasjon og økonomi	Brutto driftsitgifter	787 266	839 173
	Driftsinntekter	-56 366	-53 786
	Netto driftsutgifter	730 900	785 387
IKT og digitalisering	Brutto driftsitgifter	212 807	180 441
	Driftsinntekter	-10 907	-1 351
	Netto driftsutgifter	201 900	179 090
Opplæring og kompetanse	Brutto driftsitgifter	4 002 475	4 204 479
	Driftsinntekter	-351 975	-372 489
	Netto driftsutgifter	3 650 500	3 831 990
Mobilitet og kollektiv	Brutto driftsitgifter	4 459 109	4 821 403
	Driftsinntekter	-1 740 996	-1 739 703
	Netto driftsutgifter	2 718 113	3 081 700
Infrastruktur og veg	Brutto driftsitgifter	1 373 000	1 539 458
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	1 373 000	1 539 458
Tannhelse	Brutto driftsitgifter	471 220	499 692
	Driftsinntekter	-155 612	-171 369
	Netto driftsutgifter	315 608	328 323
Kultur og folkehelse	Brutto driftsitgifter	717 638	794 118
	Driftsinntekter	-372 058	-392 500
	Netto driftsutgifter	345 580	401 618
Nærings, plan og innovasjon	Brutto driftsitgifter	359 567	418 213
	Driftsinntekter	-184 267	-198 013
	Netto driftsutgifter	175 300	220 200
<b>Brutto driftsitgifter</b>		<b>12 448 741</b>	<b>13 367 717</b>
<b>Driftsinntekter</b>		<b>-2 874 440</b>	<b>-2 931 471</b>
<b>Sum</b>	<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>9 574 300</b>	<b>10 436 246</b>
<b>2023-kr</b>		<b>9 934 825</b>	<b>10 436 246</b>

Tabellen viser samla oversyn over sektorbudsjetta som ein går nærmare inn på vidare i dokumentet.

Budsjettet for 2023 er, i tillegg til sektorinndelinga som går fram av tabellen, også delt inn i nokre kostnadsgrupper. Tabellen nedanfor viser samla budsjettsummar for dei ulike gruppene. Tilsvarende tabell er å finne under kvar sektoromtale.

	2022	2023
Reise og kurs	83 971	93 586
Konsulenttenester	67 014	64 131
Administrasjonsutgifter	111 149	108 233
Ordinære driftsutgifter	7 336 397	8 097 397
Lønsutgifter og -refusjonar	4 265 990	4 376 478
Ordinære inntekter	-2 870 011	-2 915 896
Andre utgifter og inntekter	579 791	612 318
	<b>9 574 300</b>	<b>10 436 246</b>

## Omtale av artsgruppene

Artsgrupper er eit rammeverk til bruk i budsjettering og økonomioppfølging. Artar er ei inndeling av ulike typar utgifter og inntekter. Desse utgiftene og inntektene er gruppert i nokre få artsgrupper.

### Reise og kurs

Denne gruppa set fokus på alle utgifter i samband med møte og kurs, både på eigen lokasjon og ved reise. I gruppa er det

m. a kursutgifter, mat i samband med møte og reise, servering og representasjon.

### Konsulenttenester

Konsulenttenester vert kjøpt inn anten fordi ein ikkje har denne kompetansen internt eller fordi ein ikkje har kapasitet til å utføre arbeidet sjølv.

### Administrasjonsutgifter

Administrasjonsutgifter er utgifter som i større grad vert kategorisert som laupande fellesutgifter og ikkje utgifter direkte knytt til den tenesta eininga skal levere. Dette inkluderer ulike typar kontingentar, som til dømes medlemskontingen tar i ymse lag og foreiningar. Andre døme på typiske utgifter i denne gruppa er kontormateriell, frankering, gaver til tilsette og mobilabonnement for tilsette.

### Resterande artsggrupper

Ordinære driftsutgifter: Resterande utgifter (eksl. løn). Dette er i hovudsak utgiftene knytt til drifta av einingane i samband med tenestene som vert levert.

### Lønsutgifter og -refusjonar

Løn er den største utgiftsposten i budsjettet og det er difor praktisk å skilje dette i ei eiga gruppe. Samstundes er lønsinntekter òg gruppert her (typisk refusjonar frå Nav f.eks. i samband med permisjon/sjukemelding) slik at ein får eit betre totalbilete over dei faktiske lønsutgiftene per eining.

### Ordinære inntekter

Restende inntektstypar som ikkje gjeld løn.

### Andre utgifter og inntekter

Rekneskapstekniske artar som vert nytta i samband med årsavslutting, i tillegg til fondsføringer.





## 3.1 Politisk styring og kontrollorgan

## Politisk styring og kontrollorgan

### 1 Budsjett – løyvingsnivå

Tabell med driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter.

Løyvingsnivå		Budsjett 2022	Budsjett 2023
Politisk styring	Brutto driftsutgifter	52 820	57 730
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	52 820	57 730
Kontrollutval	Brutto driftsutgifter	12 839	13 010
	Driftsinntekter	-2 259	-2 260
	Netto driftsutgifter	10 580	10 750
<b>Sum</b>	<b>Brutto driftsutgifter</b>	<b>65 659</b>	<b>70 740</b>
	Driftsinntekter	-2 259	-2 260
	Netto driftsutgifter	63 400	68 480
	<b>Netto driftsutgifter 2023-kroner</b>	<b>65 568</b>	<b>68 480</b>

For politisk styring er budsjettet auka med 3,1 mill. kr til fylkestingsvalet i 2023.

#### Endringer:

Løyvingsnivå	Moment	Endring
Politisk styring	Fylkestingsval	3 100
Kontrollorgan	Mindre justeringar	-188
<b>Total endring</b>		<b>2 912</b>

### 2 Omtale av løyvingsnivå

#### Politisk styring

Politisk styring omfattar utgifter til politiske utval, gjennomføring av møte i folkevalde organ, partistønad og diverse

godtgjersle til folkevalde i ulike organ. Fylkeseldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og medverknadsorgan for ungdom vert også budsjettert her.

Løyvingsnivå		Budsjett 2022	Budsjett 2023
Politisk styring	Brutto driftsutgifter	52 820	57 730
	Driftsinntekter	-	-
	Netto driftsutgifter	52 820	57 730
	Netto driftsutgifter 2023-kroner	54 626	57 730

**Kontrollutval**

Løyvingane omfattar kontrollutvalet, sekretariat for kontrollutvalet og kjøp av revisjonstenester.

Kontrollutvalet har ein sum på 0,5 mill. kr som kan disponerast dersom det dukkar opp uføresette forhold som gjer at det må kjøpast meir ekstern bistand for å utføre kontrollarbeidet.

Kontrollutvalet handsama budsjettforslaget for sitt ansvarsområde i møtet den 12. september.

Det er budsjettet med 5 årsverk for sekretariatet. Sekretariatet har pr. i dag avtale med 15 kommunar om å vere sekretariat for deira kontrollutval. Avtalane med nokre av kommunane nærmar seg utløp. Inntektene er budsjettet litt forsiktig, for å synleggjere risikoen for at avtalar kan bli sagt opp.

<b>Løyvingsnivå</b>		<b>Budsjett 2022</b>	<b>Budsjett 2023</b>
Kontrollutval	Brutto driftsutgifter	12 839	13 010
	Driftsinntekter	-2 259	-2 260
	<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>10 580</b>	<b>10 750</b>
	<b>Netto driftsutgifter 2023-kroner</b>	<b>10 942</b>	<b>10 750</b>

**Klimavurdering sektorbudsjett**

Politiske organ gjer vedtak som er viktige for klimaet. Men budsjettet for den politiske verksemda har liten innverknad. Ein har vist dei siste åra at det er mogleg å gjennomføre digitale møte. Eit positivt bidrag for klimaet vil vere om ein

held fram med å gjennomføre nokre av møta digitalt. Dette kan gje reduksjon i reiser, noko som er positivt både for økonomien og miljøet.

### 3 Kostnadsgrupper

Tabellen viser korleis budsjettet er fordelt på kostnadsgrupper.

	<b>2022</b>	<b>2023</b>
Reise og kurs	6 847	6 743
Konsulenttenester	550	550
Administrasjonsutgifter	746	860
Ordinære driftsutgifter	18 630	21 678
Lønsutgifter og -refusjonar	38 827	40 909
Ordinære inntekter	-2 200	-2 260
Andre utgifter og inntekter	-	-
<b>Sum</b>	<b>63 400</b>	<b>68 480</b>

## 4 Ytterlegare spesifikasjon

Tabellen gjev eit overslag over kostnadsfordelinga mellom dei ulike folkevalde organa og tilskotsordningar.

	<b>2022</b>	<b>2023</b>
Fylkesting	16 390	17 050
Fylkesutval	9 700	10 100
HU samferdsel og mobilitet	2 125	2 150
HU opplæring og kompetanse	2 125	2 150
HU næring, naturressursar og innovasjon	2 125	2 150
HU kultur, idrett og integrering	2 125	2 150
Fylkeseldrerådet	490	500
Rådet for menneske med nedsett funksj.evne	490	500
Medverknadsorgan for ungdom	490	500
Andre møte og utval	2 900	3 000
Frikjøpsordning	1 030	1 070
Partistønad	11 800	12 200
Val	0	3 100
Tilleggsløyving fylkesutvalet	1 030	1 100
<b>Total</b>	<b>52 820</b>	<b>57 730</b>

Innanfor ramma til fylkestinget er det sett av kr 100 000 som kan disponerast av fylkesordføraren til gåver og mindre tilskot.



## 3.2 Organisasjon og økonomi

## 1 Budsjett – Løyvingsnivå

Tabell med driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter.

Løyvingsnivå		Budsjett 2022	Budsjett 2023
Eigedom – drift og vedlikehald	Brutto driftsutgifter	599 306	653 728
	Driftsinntekter	-49 166	-47 486
	Netto driftsutgifter	550 140	606 242
Administrasjon av organisasjon og økonomi	Brutto driftsutgifter	187 960	185 445
	Driftsinntekter	-7 200	-6 300
	Netto driftsutgifter	180 760	179 145
	<b>Brutto driftsutgifter</b>	<b>787 266</b>	<b>839 173</b>
	<b>Driftsinntekter</b>	<b>-56 366</b>	<b>-53 786</b>
<b>Sum</b>	<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>730 900</b>	<b>785 387</b>
<b>2023-kr</b>		<b>756 313</b>	<b>785 387</b>

### Endring fra 2022 til 2023

Totalt er budsjettet auka med 29 mill. kr fra 2022. Hovudårsaken til endringa er at det er lagt inn auka energikostnader på 30 mill. kr for drift av Vestland fylkeskommune sine bygg. Det er også tatt inn vesentleg reduksjon i administrative kostnader knytt til effektivisering fleire stader. Dette gjeld mellom anna i økonomiseksjonen, hos fylkesdirektøren og reduserte

driftskostnadene knytt til forvaltning og drift av dei fylkeskommunale bygg. Ein ser også at kostnader knytt til lærlingar vil bli lågare enn budsjettet for 2022. For Bybanen byggetrinn 4 er det auka driftskostnadene på 3,8 mill. kr. Elles er det fleire andre endringar som vist i tabell under.

Løyvingsnivå	Moment	Beløp
Eigedom – drift og vedlikehald	Auka budsjett energi	30 000
Eigedom – drift og vedlikehald	Tekniske endringar	4 514
Eigedom – drift og vedlikehald	Drift Bybanen linje 2	3 800
Eigedom – drift og vedlikehald	Redusert driftskostn	-1 800
Eigedom – drift og vedlikehald	Anna	-42
Administrasjon av organisasjon og økonomi	Tekniske og organisasjonsmessige endringar	-6 214
Administrasjon av organisasjon og økonomi	Lærlinger	-1 042
Administrasjon av organisasjon og økonomi	Økonomi	-2 004
Administrasjon av organisasjon og økonomi	Innkjøp	1 862
		<b>29 074</b>

## 2 Omtale av løvingsnivå

### Eigedom – drift og vedlikehald

Dette løvingsnivået omfattar forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av heile eigedomsmassen til Vestland fylkeskommune. Løns- og personalkostnader er også budsjettert i dette løvingsnivået. Overordna mål for den fylkeskommunale eigedomsforvaltinga er at verdien av eigedomsmassen ikkje skal forringast, eigedomane skal vere tilpassa dagens behov og utviklast med omsyn til framtidige behov og mål fastsett i regionale planar og strategiar

### Administrasjon av organisasjon og økonomi

Organisasjons- og økonomiavdelinga skal levere gode felles-tjenester og sikre forsvarleg drift av Vestland fylkeskommune. Det inneber å drive sentrale service-, støtte- og fellesfunksjonar i organisasjonen, i tillegg til å utarbeide informasjon og kunnskapsgrunnlag som medverkar til toppleiringa og lineorganisasjonen sine avgjerder.

Ansvoret for organisasjonsutviklinga i fylkeskommunen ligg også under denne avdelinga, i tillegg til å sørge for at det er effektive, velfungerande og gode støttesystem på plass.

Avdelinga omfattar ein stab og følgjande seksjonar:

- Økonomi
- Innkjøp
- HR
- Kommunikasjon
- Eigedom
- Juridiske seksjon

Dokumentsenter og to årsverk knytt til personvern er overført til avdeling for IKT og digitalisering

Det er i budsjett for 2023 flytta fleire medarbeidar frå andre avdelingar til organisasjon og økonomi. Dette gjeld i fagområda juridiske tenester, innkjøp, HR og kommunikasjon.

Løvingsnivå		Budsjett 2022	Budsjett 2023
Administrasjon av organisasjon og økonomi	Brutto driftsutgifter	187 960	185 445
	Driftsinntekter	-7 200	-6 300
	<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>180 760</b>	<b>179 145</b>
2023-kr		186 544	179 145

## 3 Kostnadsgrupper

Finansutvalet gjer prosessvedtak på sektorbudsjetta og på summane til dei ulike løvingsnivåa. I denne delen er sektor-budsjettet i tillegg vidare fordelt på kostnadsgrupper.

Budsjett delt opp i kostnadsgrupper:	2022	2023
Reise og kurs	9 801	9 806
Konsulenttenester	9 273	8 413
Administrasjonsutgifter	29 575	29 236
Ordinære driftsutgifter	351 223	399 628
Lønsutgifter og -refusjonar	390 794	401 271
Ordinære inntekter	-57 966	-61 166
Andre utgifter og inntekter	-1 800	-1 800
	<b>730 900</b>	<b>785 387</b>

## Kort omtale av grunnlag for artsnivå

### Reise og kurs:

**Eigedom:** I artsgruppa inngår utgifter til lovpålagde kurs for driftspersonell, og det er sett av midlar til driftssamling og reinhaldssamling. Det er også sett av ein del midlar til reise, då avdelinga er spreidd i heile fylket.

Organisasjon og økonomi: Det er budsjettert med noko midlar til reiser og kurs for tilsette i avdelinga.

### Konsulenttenester:

**Eigedom:** Om lag halvparten er knytt til bistand innan innkjøp og entrepriserett. Bistand entrepriserett er ved kontraktsmessige ueinigheter i byggeprosjekt. For begge deler vil rammeavtalar bli nytta. I tillegg har eigedomsavdelinga i forbindelse med fylkessamanståinga fått mange nye oppgåver, mellom anna har avdelinga overtatt mange nye avtalar frå mellom anna infrastruktur og veg, oppdragsmengda for forvaltningsseksjonen har derfor auka kraftig. I budsjettet er det innarbeida salderingstiltak på 1 mill. kr.

**Organisasjon og økonomi:** Det er lagt til grunn lågt budsjett for konsulenter. Her ligg og nokre midlar for naudsynte juridiske utgreiingar, i tillegg til finansielle tenester for å sikre beste rentebetingelser i markedet og rådgjeving knytt til forvaltning av konsesjonskraft. Også innan innkjøp er det behov for kjøp av nokre konsulenttenester.

### Administrasjonsutgifter:

**Eigedom:** Denne posten er knytt til kontingent og abonnement, telefonutgifter og annonsering. Forbruk på annonser er venta å gå ned, posten er noko redusert i samband med det.

**Organisasjon og økonomi:** Her er den største delen knytt til kontingent til KS.

**Ordinære driftsutgifter:** Største postar er energi, ekstraordinært vedlikehald, drift, kommunale avgifter og renovasjon, reinhald og leigekostnader. Budsjettet til energi er auka med 30 mill. kr og driftsbudsjettet med 3,8 mill. kr som gjeld drift av bybanen linje 2.

### Lønsutgifter og -refusjonar:

**Eigedom:** Lønskostnader til alle tilsette på eigedomsavdelinga, der den største posten er løn til drift og reinhald.

**Organisasjon og økonomi:**  
Lønsutgifter til alle tilsette.

### Ordinære inntekter:

**Eigedom:** I all hovudsak knytt til inntekter på utleige av lokale. Det vert også ført inntekter knytt til refusjonar. Til dels ved samdrift på Åsane vgs og kulturhus.

## 4 Ytterlegare spesifikasjon

Løvingsnivå: Eigedom – drift og vedlikehald

### Eigedom – drift og vedlikehald

Dette løvingsnivået omfattar forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av heile eigedomsmassen til Vestland fylkeskommune. Løns- og personalkostnader er og budsjettert her. Overordna mål for den fylkeskommunale eigedomsforvaltinga er at verdien av eigedomsmassen ikkje skal forringast, eigedomane skal være tilpassa dagens behov og utviklast med omsyn til framtidige behov, og mål fastsett i regionale planar og strategiar.

### Ansvarsområde

Avdelinga har budsjettansvar knytt til forvaltning og drift av alle fylkeskommunale eigedommar. Mellom anna inneber dette vedlikehald, energi, kommunale avgifter og reinhald for

skulesektoren og for tannhelse. Avdelinga har også ansvar for drift og fellesstenester på administrasjonslokale.

Dei største postane i budsjettet er knytt opp mot følgjande tenestemråde:

- Skulelokale
- Næringsverksemrd – utleige
- Tannklinikkar
- Kollektiv
- Administrasjonslokale

I tillegg er det og ansvar og oppfølging knytt til mellom anna rettleiingstenesta, kulturbygg og hurtigbåtkaier.

## **Driftsseksjonen**

Posten utgjer den største delen av avdelinga sitt driftsbudsjett på om lag 430 mill. kr i 2023. Den omfattar driftsleiarteste, reinhaldsteneste, vedlikehald, kartlegging og energi.

## **Forvaltnings- og stabsseksjonen**

Posten er på om lag 140 mill. kr i 2023 og omfattar husleigekostnader og inntekter, eigedomsskatt, forsikring av eigedomsmassen og fellestenester for alle administrasjonslokala.

Posten omfattar også løns- og personalkostnader til sentrale roller i eigedomsavdelinga, og bistand innan innkjøp.

Førstelinetenesta med sentralbord og resepsjon på fylkeshuset i Bergen og Leikanger inngår i denne seksjonen.

## **Utbyggingsseksjonen**

Posten er på om lag 20 mill. kr i 2023 og omfattar løns- og personalkostnader for prosjektleiarar, fagressursar og økonomistøtte. Den inneheld også midlar til lisensar som der er behov for i forbindelse med prosjektstyring.

## **System og utviklingsseksjonen**

Denne seksjonen har hovedansvaret for system som er naudsynle for at eigedomsavdelinga skal kunne utføre oppgåvene sine. I tillegg jobbar seksjonen med utvikling av avdelinga. Budsjettet er på om lag 10 mill. kr i 2023, og omfattar løns- og personalkostnader og systemkostnad.

## **Løyvingsnivå: Administrasjon av organisasjon og økonomi**

### **Juridisk seksjon**

Juridisk seksjon har ansvar for oppfølging av fylkeskommunen sin eigarskap i ulike typar selskap, inkludert utarbeiding av ei årleg eigarskapsmelding. Seksjonen førebrur også saker om val til eksterne organ, m.a. selskap, råd og stiftingar.

I tillegg yter seksjonen juridisk støtte til alle einingane i fylkeskommunen i ulike typar saker og held oversikt over rettstvistar fylkeskommunen til ei kvar tid er involvert i.

Sekretariatet for varslingsutvalet ligg til seksjonen.

Politisk sekretariat inngår i seksjonen og har ansvar for førebuing, gjennomføring og oppfølging av møte i folkevalde organ. Sekretariatet har også ansvar for å førebu og ivareta fylkeskommunen sine oppgåver ved gjennomføring av stortingsval og kommune- styre- og fylkestingsval.

### **Økonomiseksjonen**

Økonomiseksjonen arbeider med budsjett og rekneskap. Seksjonen har ansvar for sakshandsaming av økonomisaker til politiske organ, der budsjettarbeidet peikar seg særlig ut. Rekneskapsføring og utarbeiding av fylkeskommunen sin rekneskap er ei sentral arbeidsoppgåve. Rapportering av den økonomiske situasjonen gjennom året ligg også til

seksjonen sitt ansvarsområde. Andre arbeidsoppgåver er likviditetsstyring og finansiering av investeringar gjennom låneopptak. Seksjonen står også for forvaltinga av fylkeskommunen si konsesjonskraft

### **HR-seksjonen**

HR-seksjonen er ein strategisk partnar for den administrative leiinga i fylkeskommunen, og bidreg til å utvikle engasjerte medarbeidarar og ein framtdsretta kunnskapsorganisasjon. HR skal syte for at Vestland fylkeskommune er ein profesjonell og attraktiv arbeidsgjevar. Seksjonen har utstrekkt samarbeid med fylkeshovudverneombodet og dei hovudtilitsvalde. HR har oppgåver innan personalforvaltning, HMS og kvalitarbeid, løn samt kompetanse-, organisasjons- og leiarutvikling.

### **Innkjøpsseksjonen**

Innkjøpsseksjonen har ansvar for å legge til rette for gode innkjøpsprosessar og sikre godt samarbeid mellom dei ulike innkjøpsmiljøa i Vestland fylkeskommune. Innkjøpsseksjonen skal syte for at styringssystem for Kvalitet og HMS er oppdatert med godkjente prosedyrar og malar for konkurransegjennomføring og for handtering av bestillingar og faktura. Alle kjøp er underlagt offentleg lov- og regelverk samt interne fylkeskommunale retningslinjer og skal gjennomførast ved hjelp av gjeldande innkjøps- og konkurransestyringsverktøy.

Viktige hovudmål som innkjøpsseksjonen skal arbeide for å oppnå gjennom fylkeskommunens sine innkjøp er knytt til miljø og berekraft, samfunnsansvar, lønns- og arbeidsvilkår, innovasjon, integritet, kostnadseffektive kjøp, kontraktsoppfølging og leverandørutvikling.

Det er seks hovudoppgåver knytt til klima som drift i eige-dom kan og skal fokusere på; avfall, kjemikalie, transport, vedlikehald, energibruk og utstyr til å utføre driftsarbeid. Plassering og tal sorteringspunkt er viktig for å legge til rette for sorteringspunkt i så mange fraksjonar som er hensiktsmessig, dette skal vurderast fortløpande for å unngå restavfall i størst mogeleg grad. I dette ligg og handtering av komponentar som vert skifta ut i ein driftssituasjon og bygningselement som inngår i eksisterande bygningsmasse.

### **Kommunikasjonsseksjonen**

Kommunikasjonsseksjonen har ansvar for drift og innhald av Vestland fylkeskommune sine digitale flater og kanalar.

Kommunikasjonsseksjonen har og ansvar for intern kommunikasjon og legg til rette for bruk av nye digitale kommunikasjonsflater. Tilsette ved seksjonen hjelper avdelingane i deira arbeid på nettsidene, med kampanjar eller merksemld i sosiale media. Alt arbeid knytt til bruk av den grafiske profilen ligg til seksjonen.

### **Stab**

Den nye stabsfunksjonen yter støttetenester til heile avdelinga. Lærlingkoordinator, elev- og lærlingombod og mobbeombod er også organisert i staben.

## Klimavurdering 2023

Drift skal syte for å ha oversyn over førekost av kjemikalie i alle bygg, fornuftig og forskriftsmessig oppbevaring og bruk av kjemikalie, samt endeleg levering av farleg avfall til renovasjonsselskap.

I størst mogleg grad skal reiser og materialtransportar planleggjast og koordinerast slik at ein kan unngå unødvendig køyring. Alternativ transport med lågare klimabelastning skal alltid undersøkast og prioriterast.

For vedlikehald av fylkeskommunal bygningsmasse skal material med låg klimabelastning prioriterast. I tillegg skal

løysingar som er effektive, treng lite eller har enkelt vedlikehald og som er forventa å ha lang levetid føretrekkast. Bruk av energi i fylkeskommunal bygningsmasse skal ha kontinuerleg tilsyn og optimaliserast, identifisering av mogleg forbettingspotensiale ved både enkle justeringar og ved investering som fører til redusert klimabelastning skal og ha høg prioritet.

Avdelinga skal ha oversyn over tilgjengeleg utstyr brukt i drifta, samt geografisk plassering, for å sikre gode tilhøve for koordinering av naudsynt transport. Eige utstyr skal slik som for tekniske løysingar prioriterast etter behov for vedlikehald, samt naudsynte innleigde ressursar, lokale og regionale behov, levetid og tilknytt bruk av kjemikalie/drivstoff.



## 3.3 IKT og digitalisering

## Sektorbudsjett 2023 – IKT og digitalisering

### 1 Sektorbudsjett – Løyvingsnivå

Tabell med driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter.

Alle tal i 1000 kr i 2023-kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2022	Budsjett 2023
Administrasjon av IKT og digitalisering	Brutto driftsutgifter	6 540	22 758
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	6 540	22 758
IKT og digitalisering	Brutto driftsutgifter	146 619	157 683
	Driftsinntekter	-1 312	-1 351
	Netto driftsutgifter	145 307	156 332
Plan, analyse, klima	Brutto driftsutgifter	59 648	0
	Driftsinntekter	-9 595	0
	Netto driftsutgifter	50 053	0
<b>Sum</b>	<b>Brutto driftsutgifter</b>	<b>212 807</b>	<b>180 441</b>
	<b>Driftsinntekter</b>	<b>-10 907</b>	<b>-1 351</b>
	<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>201 900</b>	<b>179 090</b>
	<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>209 168</b>	<b>179 090</b>

### Endring frå 2022 til 2023

Samla har sektoren si budsjettramme hatt ein nedgang på 30,0 mill. kr.

I samband med organisasjonsjusteringa pr. 1.oktober 2022, fekk sektoren tilført dokumentcenteret frå ORO, medan seksjonane under løyvingsnivået plan, analyse, klima og folkehelse vart overført til sektorane NPI og KFO. I tillegg er to stillingar knytt til personvernarbeid flytta frå ORO til IDI

Ei eingongsløyving knytt til utviklingsarbeid som administrasjon av strategi og digitalisering fekk i 2022 er ikkje vidareført i 2023. Vidare er det gjort ei overføring av administrativ løyving frå administrasjon av strategi og digitalisering til IKT og digitalisering som følgje av ressursflytting mellom løyvingsnivåa. Det er lagt inn 5 mill. kr i 2023 til å styrke IKT-sikkerheitsområdet.

**Sektortabell endringar frå 2022 til 2023**

Alle endringar i 2023-kroner

Løyvingsnivå	Endring frå 2022 til 2023	Moment
Administrasjon av strategi og digitalisering	519	Eingongsløying utviklingsmidlar 2022
Administrasjon av strategi og digitalisering	-519	Eingongsløying utviklingsmidlar 2022 ikkje vidareført til 2023
Administrasjon av strategi og digitalisering	-913	Overføring ressurs frå sikkerheit og støttetenester til digitalisering
Administrasjon av strategi og digitalisering	2 074	Overføring lønsmidlar frå ORO til IDI for personvernstillingar
Administrasjon av strategi og digitalisering	14 757	Omorganisering dokumentsenter, ORO til IDI
IKT og digitalisering	913	Overføring ressurs til digitalisering frå sikkerheit og støttetenester
IKT og digitalisering	5 000	Satsing på IKT-sikkerheit
Plan, analyse, klima og folkehelse	-519	Feilført utviklingsmidlar i budsjett 2022
Plan, analyse, klima og folkehelse	-42 138	Omorganisering plan, klima og analyse, IDI til NPI
Plan, analyse, klima og folkehelse	-9 252	Omorganisering folkehelse, IDI til KFO
<b>Total endring</b>	<b>-30 078</b>	

## 2 Omtale av løyvingsnivåa

Avdeling for IKT og digitalisering skal levere gode IKT-tjenester og sikre forsvarleg drift av Vestland fylkeskommune. Vi skal bruke teknologien til å fornye, forenkle og forbetre. Det handlar om å tilby nye og betre tenester, som er enkle å bruke, effektive og pålitelege. Ansvoaret for IKT-sikkerheit, personvern og beredskap ligg også under denne avdelinga.

Etter omorganiseringa blei seksjonane i løyvingsnivået plan, analyse, klima og folkehelse overført til andre sektorar, og det er difor ikkje med omtale av nemnde løyvingsnivå. Sjå under NPI for omtale av plan, analyse og klima, og under KFO for omtale av folkehelse.

### Administrasjon av strategi og digitalisering:

Alle tal i 1000 kr i 2023-kr

Løyvingsnivå	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Administrasjon av strategi og digitalisering	Brutto driftsutgifter	6 540
	Driftsinntekter	0
	Netto driftsutgifter	6 540
	<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>6 840</b>
		<b>22 758</b>

Løyvinga skal dekke løns- og personalkostnadar knytt til leding, sikkerheit og støttetenester. Dette omfattar fagområda personvern, beredskap og IKT-sikkerheit. Avdelinga har det overordna ansvaret for sikkerheit som omfattar det førebyggande sikkerheitsarbeidet. I tillegg skal løyvinga dekke arkivdanning ved dokumentsenteret.

Seksjonen har ved dokumentsenteret det faglege ansvaret for arkivdanninga i Vestland fylkeskommune samt ansvar for dokumentasjon/arkiv i fylkesadministrasjonen. Seksjonen

er systemeigar for saks- og arkivsystemet, og har ansvar for sentralt postmottak og spørsmål om innsyn.

#### **Endring frå 2022 til 2023:**

Etter organisasjonskjennomgangen og omorganiseringa fekk løyvingsnivået tilført 16,8 mill. kr i budsjettmidlar frå ORO for overføring av dokumentsenteret og to stillingar knytt til personvernarbeid. Vidare er løyvingsnivået blitt redusert med 0,9 mill. kr som følgje av ei ressursflytting frå administrasjon av strategi og digitalisering til IKT og digitalisering.

## IKT og digitalisering:

Alle tal i 1000 kr i 2023-kr

<b>Løyvingsnivå</b>		<b>Budsjett 2022</b>	<b>Budsjett 2023</b>
IKT og digitalisering	Brutto driftsutgifter	146 619	157 683
	Driftsinntekter	-1 312	-1 351
	Netto driftsutgifter	145 307	156 332
	<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>150 419</b>	<b>156 332</b>

Løyvinga skal dekke løn- og personalkostnadar knytt til seksjonane IKT og digitalisering. Sektoren spelar ei nøkkelrolle i arbeidet med digitalisering i fylkeskommunen. Dette vert eit satsingsfelt i økonomiplanperioden.

Digitaliseringsseksjonen skal bidra til å digitalisere fylkeskommunen gjennom fornying, forenkling og forbetring. Dette skal gjerast på ein slik måte at vi både effektiviserer prosesser og nyttar ressursane meir hensiktsmessig. Digitaliseringsseksjonen har laga ein digitaliseringsstrategi med klare målsetjingar og årlege tiltak som skal sikre best mogleg digitalisering og effektivisering i organisasjonen. Dette igjen skal mogleggjera gevinstar i form av økonomisk innsparing eller betra kvalitet. Ein føresetnad for å lukkast med digitaliseringsarbeidet er at IKT-seksjonen sikrar ein stabil og framtidssretta digital grunnmur, og gjev brukarane IKT-støtte når det er trond for det.

Budsjettet skal også dekke utgifter knytt til drift og vedlikehald av IKT-system og IKT-infrastruktur, lisenskostnadar for sentrale IT-system, sambandskostnadar, internettlinjer og M2M-abonnement. I tillegg skal budsjettet dekke personleg IKT-utstyr for heile fylkeskommunen.

I samband med rekneskapsavslutninga for 2019 sette fylkestinget av 15 mill. kr som skal støtte opp om digitaliseringsarbeidet i organisasjonen, og sikre ei trygg og god

implementering av større IKT-prosjekt dei nærmaste åra. Ved disponering av rekneskapsresultatet for 2021 sette fylkestinget av ytterlegare 15 mill. kr til digitaliseringsarbeid. IKT og digitalisering disponerer dette fondet.

Med bakgrunn i endra rammevilkår i finansiering av IKT-kostnadar er det etablert ei meir fleksibel tilnærming for finansiering av desse kostnadane. Fylkesdirektøren har fullmakt til å redusere lånebeløpet til IKT-investeringar og nytte dei frigjorte kapitalutgiftene til å styrke driftsrammene til IKT-system. Saman med nemnde fondsavsetting gjer dette fylkeskommunen betre rusta for å møte det endra finansieringsbehovet innan IKT- og digitaliseringsområdet, der skytenester gir auka press på driftsrammene og lågare behov for investeringsmidlar.

#### **IKT-sikkerheit**

Etter sikkerheitslova skal fylkeskommunen etablere styringssystem for sikkerheit. Styringssystemet for sikkerheit omfattar heile det førebyggande sikkerheitsarbeidet, dvs dei aktivitetane som kan ha betydning for sikkerheit - både direkte og indirekte.

Dette området må vurderast saman med IKT-sikkerheit. Målsettinga er å bygge eit samla fagmiljø på seksjon for sikkerheit og støttetenester for overordna beredskap og personvern.

Vurderinga for IKT-sikkerheit er retta inn mot overvaking og dagleg sikkerheitsstyring av IKT-infrastruktur, system og programvare.

IKT utgjer grunnmuren for samhandling mellom fylkeskommunen, samarbeidspartnalar og befolkninga, og er ein kritisk infrastruktur. I takt med digitaliseringa har IKT og informasjon/data som flyt mellom system i nettverk blitt ei strategisk sikkerheitsutfordring. Sikkerheitsutfordringane omfattar alle nivå, frå vern av enkeltpersonar sine mobiltelefonar til sikring av fylkeskommunen sine IKT-system, kommunikasjonsløysingar og data.

Nasjonal sikkerhetsmyndighet (NSM) understrekar at det hastar meir enn tidlegare å implementere risikoreduserande tiltak. Det utfordrande risikobiletet skapar stor usikkerheit. NSM viser til at ei rekke digitale hendingar kunne ha vore unngått om norske verksemder hadde sett i verk grunnleggende sikkerheitstiltak.

Fylkeskommunen er ansvarleg for betydeleg tenesteproduksjon, gjennom drift av vidaregåande skular, tannklinikkar,

fylkesvegar og kollektivtrafikk. Fylkeskommunen pliktar å oppretthalde tenesteproduksjonen under uønska hendingar og skal vere førebudd på å handtere uønska hendingar.

Det er behov for å byggje opp eit eige team for operasjonell IKT-sikkerheit dedikert til denne oppgåva. Desse skal jobbe med sikkerheitsarkitektur, sikkerheitsanalyse, ROS-analysar, applikasjonssikkerheit, sårbarheitsvurderingar, testing av sikkerheitsnivå, overvaking av system og infrastruktur.

Fylkesdirektøren foreslår å auke budsjettet med 5 mill. kr for 2023 for å satse sterkare på IKT-sikkerheit og vil vurde ytterlegare opptrapping seinare budsjettår.

#### **Endring frå 2022 til 2023:**

Budsjettet til 2023 for Løyvingsnivået er auka med 5,9 mill. kr som følgje av overføring av ressurs frå administrasjon av strategi og digitalisering, samt auke til IKT-sikkerheit.

## 3 Kostnadsgrouper 2023

Finansutvalet gjer prosessvedtak på sektorbudsjetta og på summane til dei ulike løvingsnivåa. I denne delen er sektorbudsjettet i tillegg vidare fordelt på kostnadsgrouper. Fordelinga av sektorbudsjettet i ulike kostnadstypar er ein viktig del av fylkesdirektøren si økonomistyring. Summane

for sektor og løvingsnivå er faste som vert endeleg vedteke, medan summar for kostnadsgrouper er å sjå på som summar som fylkesdirektøren vil styre etter. Summane kan med andre ord verte endra når sektorane er ferdig med detaljbudsjetteringa.

### **IKT og digitalisering**

	<b>Budsjett 2022</b>	<b>Budsjett 2023</b>	Tal i 1000 kr
Reise og kurs	5 001	4 381	
Konsulenttenester	2 627	2 048	
Administrasjonsutgifter	14 795	14 724	
Ordinære driftsutgifter	81 852	54 545	
Lønsutgifter og -refusjonar	108 932	104 743	
Ordinære inntekter	-11 067	-1 351	
Andre utgifter og inntekter	-240		
<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>201 900</b>	<b>179 090</b>	

## Kort omtale av dei ulike artsgruppene

Fordelinga av budsjettet på artar er i hovudsak vidareført frå budsjettet for 2022.

Sektoren sine administrasjonsutgifter, og hovuddelen av konsulenttenester og ordinære driftsutgifter er knytt til utgifter som løvingsnivået IKT og digitalisering har til drift og vedlikehald av IKT-system og IKT-infrastruktur, lisenskostnader for sentrale IT-system, sambandskostnader, internettlinjer og M2M-abonnement. Dette er utgifter som gjeld heile fylkeskommunen, men som er innanfor sektoren sitt budsjett.

Konsulenttenester er gått ned som følgje av at eingongsløvinga til administrasjon av strategi og digitalisering i 2022 ikkje er vidareført i budsjettet for 2023, og at det i 2022 blei budsjettert lønsmidlar for ei stilling som var delvis frikjøpt på konsulenttenester. Lønsmidlane for denne stillinga er ført tilbake til lønsutgifter i 2023, og saman med overføring av lønsmidlar for personvernstillingane frå ORO har det ført til ein liten auke i lønsutgifter.

Reduksjonen i andre inntekter skuldast fondsfinansiering av utgifter til fleksible heimekontorløysingar i 2022, jf. vedtak i fylkestinget 16.06.21, som ikkje er budsjettert for 2023. Følgjeleg er ordinære driftsutgifter også redusert.

## 4 Bindande føresetnader

Det er ikkje sett opp bindande føresetnader for dette sektorbudsjettet.

## 5 Klimavurdering sektorbudsjett 2023

Avdelinga sine klimagassutslepp heng i hovudsak saman med innkjøp og bruk av elektronisk utstyr, og reiser i eiga drift.

Klima- og miljøkrav i anbod, spesielt for elektronisk utstyr som PC, og retningsliner for innkjøp og drift som tek omsyn til gjenbruk og sirkulær økonomi kan gi klimaresultat. Seksjon for digitalisering har i stor grad lagt til rette for gjennomføring av digitale møter og konferansar.

Seksjon for IKT har hatt tre ressursar som har jobba mykje for at alle politiske møte og ein del konferansar har vore mogleg å gjennomføre digitalt. Dette, i tillegg til digitale møter mellom tilsette og mot eksterne, gjer at vi framover kan ha betydeleg lågare reiseaktivitet både på politisk og administrativt/operativt nivå enn vi hadde før pandemien. Dette har ført til at det er mogleg å samhandle med mindre miljøavtrykk.

Etter at vi signerte avtale med Greentech hausten 2021 (nå: Foxway) har vi selt tilbake 1556 einingar, og 923 av desse einingane er allereie i ny sirkulasjon. Dette tilsvara 234 tonn CO<sub>2</sub> spart. Overskotet av kostnaden går tilbake til Vestland fylkeskommune. På enkelte infrastruktur komponentar sel vi utfasa komponentar tilbake til leverandør slik at desse kan brukast om att hjå andre kundar som ikkje har same krav til moderne teknologi.



## 3.4 Opplæring og kompetanse

## 1 Opplæring og kompetanse – Løyvingsnivå

Tabell med driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter.

Alle tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2022	Budsjett 2023
Vidaregående opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring	Brutto driftsutgifter	2 961 282	3 110 429
	Driftsinntekter	-96 105	-107 646
	Netto driftsutgifter	2 865 177	3 002 783
Opplæring i bedrift	Brutto driftsutgifter	624 217	674 483
	Driftsinntekter	-26 830	-27 823
	Netto driftsutgifter	597 387	646 660
Vidaregående opplæring for voksne	Brutto driftsutgifter	68 595	70 859
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	68 595	70 859
Fagskule	Brutto driftsutgifter	179 685	183 474
	Driftsinntekter	-156 706	-162 010
	Netto driftsutgifter	22 979	21 464
Andre føremål opplæring	Brutto driftsutgifter	137 237	138 604
	Driftsinntekter	-72 334	-75 010
	Netto driftsutgifter	64 903	63 594
Administrasjon av opplæring og kompetanse	Brutto driftsutgifter	31 459	26 630
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	31 459	26 630
<b>Sum sektor</b>	<b>Brutto driftsutgifter</b>	<b>4 002 475</b>	<b>4 204 479</b>
	<b>Driftsinntekter</b>	<b>-351 975</b>	<b>-372 489</b>
	<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>3 650 500</b>	<b>3 831 990</b>
	<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>3 769 723</b>	<b>3 831 990</b>

### Endring i budsjettramma fra 2022 til 2023

Budsjettramma for sektoren er auka med netto 20,7 mill. kr samanlikna med den økonomiske ramma for 2022.

Løyvingsnivå	Endring fra 2022 til 2023
Vidaregående opplæring i skule inkludert spesialundervisning og særskilt tilrettelagt opplæring	6 902
Opplæring i bedrift	25 000
Vidaregående opplæring for voksne	0

Løyvingsnivå	Endring fra 2022 til 2023
Fagskule	-2 180
Andre føremål opplæring	-3 400
Administrasjon av opplæring og kompetanse	-5 655
Vidaregående opplæring. Endring FT	4 1500
Andre føremål opplæring. Endring FT	100
<b>Sum</b>	<b>6 2267</b>

## Følgjande er endra etter vedtak i fylkestinget

Løyvingsnivå	Endring
Miljøkoordinator	3,0 mill kr
Karriere Vestland	2,0 mill kr
Manger folkehøgskule	0,1 mill kr
Redusert innsparing Hyssingen	0,5 mill kr
Skulefrukost	5,0 mill kr
Tiltak for ungdom som treng oppfølging	1,0 mill kr
Undervisningsutsstyr	30,0 mill kr
<b>Sum</b>	<b>41,6 mill kr</b>

## Nærare omtale av endringane på løyvingsnivå:

Vidaregående opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring:

Løyvingsnivå	Endring
Omstillingssmidlar, eingongs	-1,0
Adm.innsparing	-1,4
Eingongskostnader	-10,0
Redusert omstillingsm.	-1,0
Auke i klassetal	15,8
5 nye klassar 23/24	3,4
Ny arbeidsavtale	6,5
Nettskule	2,2
NDLA utfasa tilskot	-2,4
Gjesteelevar	-3,0
Eksterne kjøp tilp.opplæring	-1,0
Rettleiingstenesta adm. Innsparing	-3,0
Nedtrekk vgs	-7,0
Hyssingen nedtrekk	-0,5
Innføringsstilbod minoritetsspråklege	4,5
Miljøkoordinator	10,0
Saldering fondsmidlar	-7,7
Fullføringsreforma	-10,0
Omorganisering	12,5
Endring FT	41,5
<b>Sum</b>	<b>48,8</b>

## Opplæring i bedrift

Løyvingsnivå	Endring
Tilskot lærebedrifter	26,0
Fagprøvar	9,0
VG3 fagopplæring i skule	-10,0
<b>SUM</b>	<b>25,0</b>

## Fagskule

Løyvingsnivå	Endring
Redusert fylkeskommunalt tilskot	-0,5
Teknisk justering	-1,7
<b>SUM</b>	<b>-2,2</b>

## Andre føremål opplæring

Løyvingsnivå	Endring
Justert eingongsmidlar Manger FH	-0,1
Grunnskuleopplæring	-3,0
Redusert tilskot Manger FH	-0,3
Endring FT	0,1
<b>SUM</b>	<b>-3,3</b>

## Administrasjon av opplæring og kompetanse

Løyvingsnivå	Endring
Administrativ innsparing	-0,7
Omorganisering	-5,0
<b>SUM</b>	<b>-5,7</b>

## Budsjettpprofil

Fylkeskommunen har ansvar for å gje vidaregående opplæring til ungdom og voksne. Vidaregående opplæring er vegen til mange ulike former for kompetanse og bindeleddet mellom 10-årig grunnskule og høgare utdanning og yrkesliv. Dei yrkesfaglege utdanningsprogramma skal difor ruste elevane og lærlingane til å møte arbeidslivet relevant fag- og yrkeskompetanse, og dei studieførebuande utdanningsprogramma skal legge til rette for at elevane har eit godt grunnlag for å starte på høgare utdanning.

Fylkestinget vedtok i desember 2020 temaplanen «Fornye og forbetre – Auka gjennomføring», mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland 2021–2025. Planen skal vere grunnlag for prioriteringar i budsjett- og økonomiplanperioden.

Planen skal vere eit styringsdokument som skal implementerast i sektoren og i skulanane sine utviklingsplanar. Hovudutval for opplæring og kompetanse skal i sitt arbeid legge temaplanen til grunn i sine prioriteringar for sektoren. Temaplanen har følgjande mål:

1. Elevar og lærlingar i Vestland har det beste opplæringstilbodet med høg merksemd på trivsel, motivasjon, læring og meistring i eit inkluderande miljø.
2. Eit godt lag utviklar eleven, lærlingen og skulen.

3. Vidaregåande opplæring har god samanheng med grunnskule og er heilskapleg, fram til arbeidsliv eller høgare utdanning.

4. Vidaregåande opplæring i Vestland er ein viktig utviklingsarena for ungdom, vaksne og arbeids- og samfunnsliv.

Hovudutval for opplæring og kompetanse handsama hausten 2021 tilhøyrande handlingsprogram for perioden 2021–2025. Handlingsprogrammet skal innehalde konkrete tiltak som sikrar eit likeverdig tilbod i alle delar av fylket. Handlingsprogrammet skal rullerast årleg. Hovudutvalet skal i oktober 2022 handsame rullert handlingsprogram for 2023. Tiltaka er kostnadsrekna og tilrådd finansiert av statlege tilskotsmidlar. Rulleringa vert sett i samanheng med innfasing av fullføringsreforma.

## 2 Omtale av løvingsnivå

### Løvingsnivå : Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring

Alle tal i 1000 kr

Løvingsnivå		Budsjett 2022	Budsjett 2023
Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring	Brutto driftsutgifter	2 961 282	3 110 329
	Driftsinntekter	-96 105	-107 646
	<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>2 865 177</b>	<b>3 002 683</b>
	<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>2 954 281</b>	<b>3 002 683</b>

	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Vidaregåande skular	2 100 455	2 276 026
Spesialundervisning og særskilt tilrettelagt opplæring	431 052	382 435
Landsliner	12 083	12 457
Kantiner og internat	1 813	1 870
Gardsdrift	8 168	8 422
Rettleiingstenester	111 987	112 366
Produksjonsskule	12 965	12 851
Fellesutgifter og administrasjon	186 654	196 257
	<b>2 865 177</b>	<b>3 002 683</b>

## Vidaregåande skular

Løyvinga omfattar midlar til drift av pedagogisk verksemd på dei vidaregåande skulane basert på vedteke opplæringstilbod, skulefrukost, miljøkoordinator og nettskule.

Ressursen til miljøkoordinator er vidareført på same nivå som tidlegare på skulane i nordfylket; full stilling på tre skular og halv stilling på åtte skular, og auka til halv stilling på alle dei vidaregåande skulane i sørfylket.

Vestland fylkeskommune har ved inngangen til 2023 43 vidaregåande skular. Frå hausten 2023 vert tal skular redusert til 43, då Mo og Øyrane og Hafstad vidaregåande skular vert slått saman til Førde vidaregåande skule og fysisk samlokalisert. Fysisk samlokalisering gjeld ikkje avdeling Mo.

Skuleåret 2022–2023 vart det teke inn 18 825 elevar (med og utan ungdomsrett) til ordinære klassar og søkbare tilbod tilpassa opplæring. Vg3 fagopplæring i skule, landslinetilbod, utanlandsklassar, kombinasjonsklassar og nye innføringstilbod skuleåret 2022–2023 er ikkje medrekna i dette talet.


Frå hausten 2022 er det oppretta 976,5 ordinære klassar. Den økonomiske ramma for opplæringstilbodet for skuleåret

2022–2023 er auka tilsvarende om lag 10,5 «økonomiske klassar», med heilårsverknad i 2023 på 15,8 mill. kr.

Det er lagt til grunn for budsjett 2023 at den økonomiske ramma for opplæringstilbodet skuleåret 2023–2024 vert auka med om lag 5 økonomiske klassar. Den økonomiske verknaden av auken i klasseset er for 2023 rekna til om lag 3,4 mill. kr. Saka om opplæringstilbodet vert lagt fram for hovudutval for opplæring og kompetanse i november 2022, og justert etter søknadsfristen i mars 2023. I samsvar med vedtak i PS-sak 43/2022 til fylkestinget Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2022/23 har fylkesdirektøren fullmakt til å justere tal klassar ved den einskilde skule på grunnlag av søkerjarta fram mot endeleg inntak dersom det er naudsynt, og dersom det ikkje fører til opprettning eller nedlegging av utdanningsprogram eller programområde. Arbeidslivet sitt behov og tilgjengelege læreplassar skal som vanleg vere styrande for eventuelle justeringar.

Vestland fylkeskommune gir opplæring i alle utdanningsprogram. Figuren under syner fordeling av elevane (vg1-vg3) på utdanningsprogramma skuleåret 2022–2023:

### Elevar (vg1-vg3) fordelt på utdanningsprogram



Skuleåret 2022–2023 byrja om lag 60% av elevane på vg1 på eit yrkesfagleg utdanningsprogram.

Utdanningsprogram	Skule	Fag														
		Teknologi og industrifag	Studiespesialisering	Sal, service og reiseliv	Restaurant og matfag	Påbygg	Naturbruk	Musikk, dans og drama	Medier og kommunikasjon	Kunst, design og arkitektur	Informasjonsteknologi og medieproduksjon	Idrettsfag	Helse og oppvekstfag	Handverk, design og produkt-utvikling/produkt-utvikling	Frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign og eksponeringsdesign	Elektro og data-teknologi
Amalie Skram videregående skole		x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
Arna videregående skule		x		x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
Askøy videregående skole		x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
Austevoll videregående skule		x		x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
Austheim videregående skule		x		x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
Bergen Katedralskole				x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
Bømlø videregående skule		x		x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
Dale videregående skule		x		x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
Eid videregående skule		x		x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
Firda videregående skule				x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
Fjell videregående skule				x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
Flora videregående skule		x		x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
Fusa videregående skule				x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
Fyllingsdalen videregående skole		x			x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
Hafstad videregående skule					x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
Høyanger videregående skule		x		x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
Knarvik videregående skule		x		x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
Kvam videregående skule		x		x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x

Kvinnherad videregående skule	x	x		x		x	x	x	x	x	x	x
Laksevåg og Bergen Maritime videregående skole	x	x				x		x		x		x
Langhaugen videregående skole						x						x
Mo og Øyrane videregående skule	x	x		x		x		x	x	x	x	x
Måløy videregående skule	x			x		x		x	x	x	x	x
Nordahl Grieg videregående skole	x		x		x			x	x	x	x	x
Odda videregående skule	x	x	x	x	x					x	x	x
Olsvikåsen videregående skole				x		x		x	x	x	x	x
Os gymnas										x		x
Os videregående skule		x	x		x		x		x	x	x	x
Osterøy videregående skule		x		x		x				x	x	x
Sandsli videregående skole							x	x	x	x	x	x
Slåttøya videregående skole	x	x		x		x		x			x	x
Sogndal videregående skule	x	x		x	x	x		x	x	x	x	x
Sotra videregående skule	x	x		x	x	x		x	x	x	x	x
Stend videregående skule	x				x		x		x	x	x	x
Stord videregående skule	x	x		x	x	x	x	x	x	x	x	x
Stryn Videregående skule	x			x					x	x	x	x
Tertnes videregående skole										x		x
Voss gymnas			x		x	x	x	x	x	x	x	x
Voss videregående skule	x	x						x		x		x
Årdal videregående skule			x					x		x	x	x
Årstad videregående skole	x	x	x	x	x			x	x	x	x	x
Åsane videregående skole	x	x			x				x	x	x	x

Tabellen under syner tal ordinære klassar skuleåret 2022–2023, tal elevar pr. 07.10.2022 og indikativt nivå på økonomisk ramme basert på klassesetalet skuleåret 2022–2023 for dei vidaregåande skulane, inkludert søkbare tilbod tilpassa opplæring. Summen er henta frå budsjettet for vidaregåande skular og spesialundervisning og særskilt tilrettelagt opplæring. Desse budsjettpostane inneheld i tillegg midlar til

m.a. nettskule, toppidrett/spissa idrettstilbod for potensielle idrettsutøvarar, særskilt tiltak tilpassa opplæring, særskilt språkopplæring, kombinasjonsklassar og eksterne kjøp tilpassa opplæring, som ikkje er medrekna. Skulane vil først få tildelt budsjett for 2023 når fylkestinget har vedteke budsjett og økonomiplan.

Tal i tusen kr

<b>Skule</b>	<b>Tal klassar</b>	<b>Tal elevar pr 01.10.22</b>	<b>Budsjett 2023</b>
Amalie Skram videregående skole	40,0	1054	100 000
Arna videregående skule	14,0	241	32 000
Askøy videregående skole	24,0	473	61 000
Austevoll videregående skule	13,0	185	34 000
Austrheim videregående skule	12,0	193	31 000
Bergen Katedralskole	26,0	732	69 000
Børnlo videregående skule	21,0	342	49 000
Dale videregående skule	11,0	196	28 000
Eid videregående skule	20,0	330	44 000
Firda videregående skule	13,0	318	47 000
Fitjar videregående skule	10,0	171	21 000
Flora videregående skule	27,0	457	64 000
Fusa videregående skule	13,5	287	43 000
Fyllingsdalen videregående skole	22,0	492	64 000
Hafstad videregående skule	18,0	534	49 000
Høyanger videregående skule	8,5	97	20 000
Knarvik videregående skule	39,5	868	119 000
Kvam videregåande skule	12,5	168	31 000
Kvinnherad videregående skule	19,0	329	42 000
Laksevåg og Bergen Maritime videregående skole	28,0	415	55 000
Langhaugen videregående skole	21,0	618	62 000
Mo og Øyrane videregående skule	34,5	409	83 000
Måløy videregående skule	22,0	342	57 000
Nordahl Grieg videregående skole	37,0	918	102 000
Odda videregående skule	12,5	176	32 000
Olsvikåsen videregående skole	23,0	536	61 000
Os gymnas	6,0	161	17 000
Os videregåande skule	24,0	395	56 000
Osterøy videregående skule	11,0	184	30 000
Sandsli videregående skole	22,0	524	55 000
Slåtthaug videregående skole	34,0	503	62 000

<b>Skule</b>	<b>Tal klassar</b>	<b>Tal elevar pr 01.10.22</b>	<b>Budsjett 2023</b>
Sogndal vidaregåande skule	40,0	664	90 000
Sotra vidaregåande skule	41,0	733	98 000
Stend vidaregåande skule	23,0	541	106 000
Stord vidaregåande skule	36,0	696	101 000
Stryn vidaregåande skule	13,0	207	31 000
Tertnes videregående skole	18,0	501	46 000
Voss gymnas	27,5	505	66 000
Voss vidaregåande skule	25,0	388	64 000
Årdal vidaregåande skule	9,0	151	25 000
Årstad videregående skole	54,0	893	120 000
Åsane videregående skole	51,0	898	119 000
<b>Sum</b>	<b>976,5</b>	<b>18 825</b>	<b>2 486 000</b>

#### **Endring i budsjettramma fra 2022 til 2023:**

- Budsjettramma for opplæringstilbodet er auka med:
  - 15,8 mill. kr som følgje av heilårsverknad av auke i klassesetalet med 10,5 skuleåret 2022-2023
  - 3,4 mill. kr som følgje av haustverknad av 5 nye klassar frå skuleåret 2023-2024
  - 6,5 mill. kr i heilårsverknad av ny arbeidstidsavtale for undervisningspersonale, SFS 2213
- Løyvinga til miljøkoordinator er frå 2023 auka med 10,0 mill. kr.
- Auken i rammetilskotet frå 2022, knytt til fullføringsreforma, 10,0 mill. kr er frå 2023 disponert til finansiering av satsingar i sektoren.
- Den økonomiske ramma for dei vidaregåande skulane er frå 2023 redusert med 7,0 mill. kr i generelt nedtrekk knytt til administrativt innsparsningsprogram, for å møte salderingsutfordringa i sektoren.
- Budsjettramma for 2023 er redusert med 10,0 mill. kr som følgje av justering for eingongsmidlar.
- Det er i budsjettet frå 2023 innarbeidd 2,2 mill. kr til finansiering av Nettskulen i Vestland.
- Saldering ved unytta fondsmidlar i sektoren (-7,7 mill. kr).

#### **Ei trygg og inkluderande russefeiring**

I Vestland er det oppretta ei tverrfagleg samarbeidsgruppe for ei trygg og inkluderande russefeiring. I samarbeidsgruppa er følgjande etatar representert: Politi, Trygg Trafikk, Vegvesenet, Bergen kommune og Vestland fylkeskommune. Gruppa samarbeider tett med russerådet som er represen-

tert med russepresidentane ved dei vidaregåande skulane i Vestland.

Gjennom fleire år har det vore eit gjentakande problem at russen i Bergensområdet ikkje har ein stad å vere. Dette gjeld både russ på buss og vandreruss. Samarbeidsgruppa har teke initiativ til å etablere eit trygt og inkluderande tilbod der russebussar og vandreruss kan samlast 2-3 helgar i april og mai. I tillegg er det også ønskjeleg å etablere ei russekro sentralt i Bergen frå slutten av april til 17.mai. Tilboda skal vere opne for all russ i Vestland. Det vert stilt store krav til tryggleik ved slike arrangement. Fylkesdirektøren stipulerer kostnaden for eit slikt tilbod til 2-3 mill.kr. Fylkesdirektøren vil søke samarbeid med aktuelle partar for å sjå på utgiftsdeling.

#### **Spesialundervisning og særskilt tilrettelagt opplæring**

Løyvinga omfattar midlar til tilpassa opplæring, spesialundervisning og ekstra språkopplæring for elevar i eigne vidaregåande skular og private skular, kjøp av spesialundervisning utanfor eigne institusjonar, innføringsgrupper for minoritets-språklege og kombinasjonsklassar (grunnskuleopplæring for minoritetsspråkleg ungdom).

Skuleåret 2022-2023 er det sett i gang 8 innføringsgrupper og 10 kombinasjonsklassar for minoritetsspråklege elevar.

#### **Endring i budsjettramma fra 2022 til 2023:**

- Løyvinga til innføringsstilbod for minoritetsspråklege er frå 2023 auka med 4,5 mill. kr som følgje av flyktningsituasjonen.
- Løyvinga til eksterne kjøp tilpassa opplæring er redusert med 1,0 mill. kr.

## Landsliner

Løyvinga omfattar fylkeskommunalt og statleg tilskot til landslinetilboda:

Skule	Tilbod
Os vidaregåande skule	Yrkessjåfør Anleggsmaskinførar
Odda vidaregåande skule	Smed
Stryn vidaregåande skule	Skiskyting
Sogndal vidaregåande skule	Yrkessjåfør
Sogn jord- og hagebruksskule	Økologisk landbruk

## Internat

Fylkeskommunen driv internat ved Mo og Øyrane og Voss vidaregåande skular og Sogn jord- og hagebruksskule. Løyvinga omfattar fylkeskommunalt tilskot til internat.

## Gardsdrift

Løyvinga omfattar gardsdrift ved Mo og Øyrane, Voss og Stend vidaregåande skular.

## Rettleiingstenesta

Rettleiingstenesta skal gi elevar, lærlingar, lærekandidatar, ungdom og vaksne tilgang til aktuelle fagtenester i sine læringsemiljø. Tenesta omfattar pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), oppfølgingstenesta (OT), oppfølging av lærlingar, lærekandidatar og lærebedrifter, og rettleiing i vidaregåande opplæring for vaksne.

Rettleiingstenesta skal samarbeide med skular, arbeidsliv, offentlege instansar, opplæringskontor og lærebedrifter.

Det er løyvd 6,5 mill. kr til skulepsykologar. Skulepsykologane skal vere eit lågterskelttilbod til elevane.

## Endring i budsjettramma fra 2022 til 2023:

Løyvinga til rettleiingstenestene er frå 2023 årleg redusert med 3,0 mill. kr i generelt nedtrekk knytt til administrativt innsparingsprogram, for å møte salderingsutfordringa i sektoren.

## Produksjonsskule

Produksjonsskulen gjev alternative tilbod til ungdom med rett som ikkje er i eit opplæringsløp.

- Endring i budsjettramma fra 2022 til 2023:
- Løyvinga til Produksjonsskulen Hyssingen er redusert med 0,5 mill. kr, i generelt nedtrekk knytt til administrativt innsparingsprogram, for å møte salderingsutfordringa i sektoren.

I statsbudsjettet for 2023 er det forslag om å ta ut statstilskotet til produksjonsskular. Fylkessdirektøren har så langt ikkje teke omsyn til dette i budsjettforslaget og må koma atende til dette etter at statsbudsjettet er vedteke i Stortinget.

## Fellesutgifter og administrasjon

Løyvinga omfattar midlar til omstilling, system- og informasjonskostnader, rekruttering og kompetanseutvikling, fellesutgifter, gjesteelevoppgjer og drift av sentraladministrative funksjonar.

## Endring i budsjettramma fra 2022 til 2023:

- Løyvinga til omstillingstiltak er redusert med 1,0 mill. kr som følgje av justering for eingongsmidlar i 2022. I tillegg er løyvinga til føremålet redusert med 1,0 mill. kr samanlikna med budsjettet for 2022, som eit innsparingstiltak for å møte salderingsutfordringa i sektoren.
- Utfasing av ekstra tilskot til digitale lærermiddel NDLA i perioden 2020-2022, som følgje av fagfornyinga, legg grunnlag for å omdisponere innanfor den økonomiske ramma tilsvarande 2,4 mill. kr frå 2023.
- Løyvinga til gjesteelevar er redusert med 3,0 mill. kr årleg.
- Den økonomiske ramma er auka med 12,5 mill. kr, heilårsverknad av at Karriere Vestland vart overført til opplæring og kompetanse frå 01.10.2022.
- Løyvinga til avdeling for opplæring og kompetanse er redusert med på 2,0 mill. kr årleg frå 2023, som følgje av justering for eingongsmidlar i budsjett 2022. Innsparinga er fordelt på løyvingsnivåå vidaregåande opplæring i skule inkl. særskilt tilrettelagt opplæring med 1,4 mill. kr og administrasjon av opplæring og kompetanse med 0,7 mill. kr.

## Løyvingsnivå: Opplæring i bedrift

Løyvingsnivå		Budsjett 2022	Budsjett 2023
Opplæring i bedrif	Brutto driftsutgifter	624 217	674 483
	Driftsinntekter	-26 830	-27 823
	<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>597 387</b>	<b>646 660</b>
	<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>621 660</b>	<b>646 660</b>

	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Opplæring i bedrift	541 034	578 758
Fagprøvar	56 353	67 902
	<b>597 387</b>	<b>646 660</b>

### Opplæring i bedrift

Løyvinga omfattar midlar til tilskot til lærebedrifter, vg3 fagopplæring i skule, instruktøroplæring, restteori for læringer og lærekandidatar, stimuleringstiltak i fag- og yrkesoplæringa og tilpassa opplæring i bedrift.

Årsprognosene for 2022 er om lag 7000 løpende lærekontraktar og om lag 2800 nye lærekontraktar. I 2023 er tal nye lærekontraktar stipulert til om lag 2900.

### Endring i budjettramma fra 2022 til 2023:

Budsjettet for tilskot til lærebedrifter er auka med 26 mill. kr samanlikna med budsjettet for 2022, som følgje av auke i tal lærekontraktar over tid. Det er lagt til grunn statleg finansiering av vg3 fagopplæring i skule, den fylkeskommunale løyvinga til vg3 fagopplæring i skule er med bakgrunn

i dette redusert med 10 mill. kr. Det er lagt til grunn statleg finansiering av tilskot til lærebedrifter for læringer med fleire fagbrev (rekvalifisering).

### Fagprøvar

Løyvinga omfattar midlar til opplæring av prøvenemnder, fag- og sveineprøvar og kompetanseprøvar. Årsprognose for tal fagprøvar i 2022 er om lag 4100. For 2023 er det lagt til grunn ein auke på 250 fagprøvar.

### Endring i budjettramma fra 2022 til 2023

Løyvinga er auka med 9 mill. kr samanlikna med budsjett 2022. Budsjett 2023 er basert på prognosene for 2022 ved andre kvartal, justert for auka inntekter i 2022, som følgje av etterslep i refusjon frå andre fylkeskommunar.

## Løyvingsnivå: Vidaregåande opplæring for vaksne

Alle tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2022	Budsjett 2023
Vidaregåande opplæring for vaksne	Brutto driftsutgifter	68 595	70 859
	Driftsinntekter	-	-
	<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>68 595</b>	<b>70 859</b>
	<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>70 859</b>	<b>70 859</b>

Løyvinga omfattar midlar til vidaregåande opplæring for vaksne.

Opplæringslova gjev vaksne rett til vidaregåande opplæring frå det året dei fyller 25 år dersom dei ikkje har fullført vidaregåande opplæring tidlegare. Vidaregåande opplæring for vaksne kan føre fram til fagbrev, yrkes- eller studiekompetanse. Det er ei målsetting å oppfylle rett til opplæring og bidra til å møte behovet for arbeidskraft og kompetanse i regionen. Opplæringa er lagt til vidaregåande skular. Omfangset av fagtilbod og tal klassar/deltakarar varierer mellom skulane, frå ei klasse til fleire hundre deltakarar. Skuleåret 2021-2022

deltok til saman 1123 vaksne i opplæringstilbod tilrettelagt for vaksne. I tillegg kjem vaksne utan rett som har fått inntak på ledige plassar i ordinære klassar. Rettleiingstenesta har ansvar for rettleiing om vidaregåande opplæring for vaksne.

Endring i budjettramma frå 2022 til 2023:  
Budjettramma er vidareført på same nivå som i 2022.

## Løyvingsnivå: Fagskule

Alle tal i 1000 kr

<b>Løyvingsnivå</b>		<b>Budsjett 2022</b>	<b>Budsjett 2023</b>
Fagskule	Brutto driftsutgifter	179 685	183 474
	Driftsinntekter	-156 706	-162 010
	<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>22 979</b>	<b>21 464</b>
	<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>23 644</b>	<b>21 464</b>

Løyvingsnivået omfattar fylkeskommunalt tilskot til eigen fagskule. I tillegg kjem statleg tilskot til eigen og eksterne fagskular.

Fagskuleutdanning er høgare yrkesfagleg utdanning på nivået over vidaregåande opplæring eller tilsvarande realkompetanse og som har eit omfang tilsvarande minimum eit halvt studieår og maksimum to studieår. Fagskuleutdanning skal sikre naudsynt kompetanseheving lokalt, regionalt og nasjonalt.

Vestland fylkeskommune er eigar av Fagskulen Vestland, medan styret for Fagskulen Vestland er øvste styringsorgan. Fagskulestyret har fullmakt og mynde innanfor den årlege økonomiske ramma.

Fagskulen Vestland gjev tilbod til om lag 1 850 studentar

Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høyere utdanning (Diku) fordeler driftstilskot til fylkeskommunane. I framlegget til statsbudsjett for 2023 er samla budjettramma til fagskuleutdanning i Vestland – grunntilskot og resultatbasert tilskot – 162,010 mill. kr. I tillegg kjem tilskot til 500 nye studieplassar som skal fordelast mellom fylkeskommunane i ein eigen prosess.

Den statlege tilskotsramma skal fordelast til eigen og eksterne fagskular. Det resultatbaserte tilskotet for 2023 er justert etter tal produserte studiepoeng i 2021.

I tillegg til statstilskotet gjev fylkeskommunen tilskot til drift av eigen fagskule.

### Tilskot til drift av eigen fagskule

Det er i 2023 budsjettert med 21,464 mill. kr i fylkeskommunalt driftstilskot til Fagskulen Vestland. I tillegg kjem Fagskulen Vestland sin del av det statlege tilskotet

### Endring i budjettramma frå 2022 til 2023:

- Frå 2023 er det innarbeidd ein årleg reduksjon i det fylkeskommunale driftstilskotet til Fagskulen Vestland på 0,5 mill. kr, i generelt nedtrekk knytt til administrativt innsparingsprogram, for å møte salderingsutfordringa i sektoren.
- Det fylkeskommunale driftstilskotet er teknisk nedjustert med -1,68 mill. kr som følgje av avslutning av internfakturering frå Eigedomstenesta til Fagskulen Vestland.

### Tilskot til eksterne fagskular

I framlegget til statsbudsjett er 7,008 mill. kr av tilskotet til Vestland fylkeskommune øyremerka Kunstskskolen i Bergen.

Fylkesdirektøren vil fordele det statlege tilskotet til eksterne fagskular når grunnlaget for dette er klart.

## Løyvingsnivå: Andre føremål opplæring

Løyvinga omfattar midlar til opplæring i sosiale og medisinske institusjonar, grunnskuleopplæring for barn og ungdom

som bur i institusjon, privatisteksamen, fylkeskommunalt driftstilskot til Manger folkehøgskule, Elevorganisasjonen og «PitStop».

Alle tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2022	Budsjett 2023
Andre føremål opplæring	Brutto driftsutgifter	137 237	138 704
	Driftsinntekter	-72 334	-75 010
	<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>64 903</b>	<b>63 694</b>
	<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>66 994</b>	<b>63 594</b>

	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Opplæring i sosiale og medisinske institusjonar	43 824	45 314
Privatisteksamen	-9 955	-10 294
Opplæring i kriminalomsorga	0	0
Manger folkehøgskule	927	645
Andre løyvingar	30 108	28 029
	<b>64 903</b>	<b>63 694</b>

### Opplæring for elevar i sosiale- og medisinske institusjonar

Løyvinga omfattar driftsmidlar til opplæring for elevar i sosiale- og medisinske institusjonar.

### Privatisteksamen

Løyvinga omfattar midlar til gjennomføring av privatisteksamen.

### Opplæring i kriminalomsorga

I Vestland fylkeskommune har Sogndal og Åsane vidaregåande skular fått delegert ansvar for opplæring i kriminalomsorga. Tilboda er statleg finansierte.

### Manger folkehøgskule

Vestland fylkeskommune eig og driv Manger folkehøgskule. Skulen har om lag 60 elevplassar og sju ulike musikktilbod. I samsvar med vedtak i FT-sak 149/20 Eigarskap til Manger folkehøgskule er det lagt til grunn at tilskotet til Manger folkehøgskule vert fasa ut over ein periode på 4 år, frå 2021. Skuledrifta er i hovudsak finansiert med statleg tilskot og elevbetaling.

### Endring i budsjettramma frå 2022 til 2023:

Det er i 2023 budsjettert med eit fylkeskommunalt driftstilskot på 0,545 mill. kr, ein reduksjon på 0,1 mill. kr samanlikna med budsjett 2022, som følgje av justering for eingangsmidlar i budsjett 2022, og redusert tilskot på 0,3 mill. kr i samsvar med FT-sak 149/20.

### Andre løyvingar

Løyvinga omfattar budsjett for grunnskuleopplæring til barn og ungdom som bur i institusjon, jf. oppl. lova §13-2 og diverse tilskot m.a. til elevorganisasjonen, og PitStop.

### Endring i budsjettramma frå 2022 til 2023:

Løyvinga til grunnskuleopplæring er redusert med 3,0 mill. kr samanlikna med budsjettet 2022, basert på prognosene for 2022 ved 2. tertialrapport.

## Løyvingsnivå: Administrasjon av opplæring og kompetanse

Alle tal i 1000 kr

<b>Løyvingsnivå</b>		<b>Budsjett 2022</b>	<b>Budsjett 2023</b>
Administrasjon av opplæring og kompetanse	Brutto driftsutgifter	31 459	26 630
	Driftsinntekter	-	-
	<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>31 459</b>	<b>26 630</b>
	<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>32 285</b>	<b>26 630</b>

Løyvinga omfattar drift av leiings- og stabsfunksjonar i avdeling for opplæring og kompetanse.

### Endring i budsjetttramma frå 2022 til 2023:

- Løyvinga til avdeling for opplæring og kompetanse er redusert med:
  - 5,005 mill. kr som følgje av heilårsverknad av flytting av funksjonar til avdeling for organisasjon og økonomi frå 01.10.2022.
  - 2,0 mill. kr som følgje av justering for eingongsmidlar i budsjett 2022. Innsparinga er fordelt på løyvingsnivå vidaregåande opplæring i skule inkl. særskilt tilrettelagt opplæring med 1,350 mill. kr og administrasjon av opplæring og kompetanse med 0,650 mill. kr.

## Klimavurdering sektorbudsjett 2023

Opplæringssektoren sitt klimaavtrykk kjem i hovudsak frå bygg og infrastruktur og forbruksmateriell og utstyr. Sterkare klima- og miljøkrav kan redusera klimafotavtrykket frå desse to punkta. Auka bruk av miljømerka produkt og sirkulær økonomi kan få ned utslepp frå forbruksmateriell.

Transport med eigne køyretøy står for om lag 7 % av klimafotavtrykket. Dette gjeld både persontransport, båt, tyngre køyretøy og anleggsmaskiner. Samla dieselforbruk for dei vidaregåande skulane utgjorde i 2021 72,5 % av Vestland fylkeskommune sitt totale dieselbruk, og tilsvara 803 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar. 77 % av den totale køyretøyparken til Vestland fylkeskommune tilhøyrar vidaregåande opplæring. Det vil seie at av den totale køyretøyparken (\*eksl. tilhengrar) på 480 køyretøy, er 370 av dei knytt til bruk i dei vidaregåande skulane. 81 av til saman 97 fylkeskommunale elektriske køyretøy høyrer til vidaregåande skule og rettleiingstenesta.

Auka bruk av nullutsleppsteknologi kan redusere desse klimagassutsleppa og bidra til nullutsleppsmålet i Vestland. Overgang til nullutsleppsteknologi vil krevje investeringar i nytt materiell. Vestland fylkeskommune har p.t. 17 elektriske arbeidsmaskinar. 14 av dei er elektriske truckar.

Det er lagt til grunn i budsjettet at auka bruk av digitale møteplassar og andre former for digitale verktøy fører til redusert reiseverksemد både for skulane, rettleiingstenestene og for tilsette i avdeling for opplæring og kompetanse.

Skuleruta og skuleskyss er samordna med kommunane i fylket, noko som bidreg positivt i arbeidet med å redusere klimagassutslepp frå kollektivtransport.

Miljøfytårnsertifisering er ei forplikting til å jobbe systematisk med å redusere klimagassutslepp og negativ påverknad på det ytre miljøet. Vestland fylkeskommune jobbar med å miljøsertifisere alle einingar, og til no er 20 av dei vidaregåande skulane Miljøfytårn. Skulane jobbar i samband med dette med tiltak innan fleire område som transport, innkjøp, elevmedverknad, mat og avfall.

Innan transport gjeld tiltaka i stor grad å fase ut fossile køyretøy der det er mogleg og legge til rette for sykkel som transportmiddel til og frå skulen. I tillegg jobbar skulane mellom anna med å legge til rette for god kjeldesortering, reduksjon av matsvinn og meir berekraftig mattilbod, utfasing av eingongsartiklar i plast og trygg kjemikaliehandtering. Det vart sortert ut 86,8 tonn matavfall i 2021, hovudsakleg frå dei vidaregåande skulane. Det er ein auke på 63 prosent frå 2020, då talet var 53 tonn.

Berekraftig utvikling er vidare løfta fram som eit av tre tverrfaglege tema som er styrka i dei nye læreplanane og er eit prioritert tema i læreplanverket, overordna del. Opplæringa i dette temaet skal i tråd med formålsparagrafen bidra til at elevane lærer å tenke kritisk og handle etisk og miljøbevisst.

Nye Åsane vidaregåande produserte 73 545 kWh eigen solenergi i 2021, mot berre 3 047 kWh i oppstartåret 2020. Også Arna vidaregåande skule har eige solcelleanlegg, men produksjonen der er ikkje kjent. Energibruken står for 12 % av klimafotavtrykket.

For nærmare vurdering av klimaeffektar knytt til bygg og energibruk viser vi til omtale under Eigedom.

### 3 Kostnadsgrupper 2023

Finansutvalet gjer prosessvedtak på sektorbudsjetta og på summane til dei ulike løvingsnivåa. I denne delen er sektorbudsjettet i tillegg vidare fordelt på kostnadsgrupper. Fordelinga av sektorbudsjettet i ulike kostnadstypar vil vere ein viktig del av fylkesdirektøren si økonomistyring. Summane for sektor og løvingsnivå er faste som vert endeleg

vedteke, medan summar for kostnadsgrupper er å sjå på som summar som fylkesdirektøren vil styre etter. Summane kan med andre ord verte endra når sektorane er ferdig med detaljbudsjetteringa si.

**Tabell opplæring og kompetanse:**

	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Reise og kurs	33 522	44 000
Konsulenttenester	1 585	2 000
Administrasjonsutgifter	32 757	36 000
Ordinære driftsutgifter	989 888	1 111 600
Lønsutgifter og -refusjonar	2 944 724	3 010 879
Ordinære inntekter	-351 976	-372 489
Andre utgifter og inntekter		
	<b>3 650 500</b>	<b>3 831 990</b>

#### Kort omtale av dei ulike artsgruppene

Fordelinga på artsnivå er berekna ut frå rekneskap, årsprognose og budsjett i 2022, samt justert for kjende endringar i føresetnader.

**Reise og kurs:** artane omfattar kostnader relatert til reiser og kurs. Inkludert i dette er kurs for elevar, m.a. sikkerheitskurs som ein del av undervisninga. Reise og kurs omfattar også reiser og kurs for prøvenemnder.

**Konsulenttenester:** kjøp av opplæringstenester ved Fagskulen Vestland er ikkje rekna med i summen for konsulenttenester.

**Ordinære driftsutgifter:** arten omfattar m.a. tilskot til lærerbedrifter og kjøp av opplæringstenester frå andre. Det fylkeskommunale tilskotet til Fagskulen Vestland og til Manger folkehøgskule er rekna som tilskot og inngår også i arten ordinære driftsutgifter.

**Lønsutgifter- og refusjonar:** artane omfattar lønsutgifter til eigne tilsette. I tillegg kjem honorar m.a. til prøvenemnder.

**Ordinære inntekter:** arten omfattar m.a. statleg tilskot til fagskuleutdanning og sal av opplæringstenester.

## 4 Bindande føresetnader

### På løvingsnivå: Fagskule

Det vert gitt følgjande tilskot i 2023:

- Kunstfagskulen i Bergen: 7,008 mill. kr
- Fagskuleutdanning: 183,474 mill. kr

### På løvingsnivå: Andre føremål opplæring

Det vert gitt følgjande tilskot i 2022:

- «PitStop» 0,6 mill. kr
- Manger folkehøgskule 0,545 mill. kr



## 3.5 Mobilitet og kollektiv

## Sektorbudsjett 2023 – Mobilitet og kollektivtransport

### 1 Sektorbudsjett – Løyvingsnivå

**Tabell med driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter. (Tal i 1.000 kr)**

Løyvingsnivå			Budsjett 2022	Budsjett 2023
Løyvingsnivå	Buss	Brutto driftsutgifter	2 285 119	2 411 666
		Driftsinntekter	-1 192 231	-1 229 226
		Netto driftsutgifter	1 092 888	1 182 440
Løyvingsnivå	Bane	Brutto driftsutgifter	235 722	314 500
		Driftsinntekter	-171 000	-197 340
		Netto driftsutgifter	64 722	117 160
Løyvingsnivå	Ferje	Brutto driftsutgifter	1 120 264	1 237 426
		Driftsinntekter	-182 240	-134 342
		Netto driftsutgifter	938 024	1 103 084
Løyvingsnivå	Båt	Brutto driftsutgifter	373 430	428 587
		Driftsinntekter	-93 405	-97 141
		Netto driftsutgifter	280 025	331 446
Løyvingsnivå	Fellestjenester	Brutto driftsutgifter	333 588	310 278
		Driftsinntekter	-102 120	-81 654
		Netto driftsutgifter	231 468	228 624
Løyvingsnivå	Administrasjon	Brutto driftsutgifter	110 986	115 946
		Driftsinntekter	0	0
		Netto driftsutgifter	110 986	115 946
Løyvingsnivå	Innovasjon og uttesting av nye mobilitetsløsninger	Brutto driftsutgifter	0	3 000
		Driftsinntekter	0	0
		Netto driftsutgifter	0	3 000
<b>Sum sektor</b>		<b>Brutto driftsutgifter</b>	<b>4 459 109</b>	<b>4 821 403</b>
		<b>Driftsinntekter</b>	<b>-1 740 996</b>	<b>- 1 739 703</b>
		<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>2 718 113</b>	<b>3 081 700</b>
		<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>2 840 428</b>	<b>3 081 700</b>

## Følgjande er endra etter vedtak i fylkestinget

mill. kr.

Løyving	Endring
Kollektiv kampanje, 40 % rabatt, 30 dagars kort	30
Fast familierabatt alle dagar	2,5
Enkeltbillett student, 60 % av vaksen bill	4
Takstfrys buss/bane januar–juni	16
Tiltak bussjåfør rekruttering	1
Auka ruteproduksjon	15
Buss bane, særleg i rush	-15
Ekstra ferje Jondal–Tørvikbygd, sommar	10

### Endring frå 2022 til 2023

Koronapandemien har skapt store utfordringar for kollektivtrafikken. Økonomisk har staten stilt opp og til dømes dekt inn billettinntektsbortfallet. Utfordringane i kollektivtrafikken vert no forsterka av ein betydeleg auke i mellom anna drivstoff/energikostnadar utover kommunal deflator. Kombinasjonen av auka drivstoff/energikostnadar, reduserte billettinntekter og omstillingssbehov er krevjande å handtere innanfor dagens budsjetttramme.

Det er auka drivstoff/energi- og rentekostnader (indeksar) utover kommunal deflator for både buss, bane, ferje og båt som følge av uroa i Europa. I tala er det også tatt høgde for endringar i ruteproduksjon i kontraktane, endra utbetalingsplan til operatørane og årsverknad for nye og/eller fornya kontraktar. Til dømes kjem bybanen linje 2 inn med fullt driftsår i 2023.

I statsbudsjettet for 2023 er det forslag om reduserte ferjetakstar og gratis ferjer til øyar og andre samfunn utan vegsamband frå 16. august 2023. Takstane på ferjer er foreslått redusert til 50 prosent samanlikna med takstane 1. januar 2021. Denne takstredusjonen er innarbeidd i budsjettet for 2023. Det er ikkje tatt høgde for auke i takstar 1. januar 2023. Takstar for ferje er foreslått lik som for riksveg (Statens Vegvesen) for 2023. Det er budsjettert med gjennomsnittleg prisvekst på 4,0% for billettinntekter på buss, bane og båt. I budsjettet er det lagt inn passasjervekst på 3,7% for løvingsnivå buss og bane.

Løvingsnivå fellesjenester og administrasjon er vidareført på same nivå i 2023 som i 2022.

Med auka fokus på innovasjon og utvikling innan fagområdet mobilitet og kollektivtrafikk, og auka forventningar frå dei reisande knytt til nye reisemønster og mogelegheiter innan nye mobilitetsformer, har ein oppretta eit nytt løvingsnivå Innovasjon og uttesting av nye mobilitetsløysingar. Avdelinga vil i 2023 arbeide med korleis ein framover kan forvalte dette området.

## Sektortabell med endringar

Løvingsnivå	Endring frå 2022 til 2023	Moment
Buss	-2 628	Auka kontraktsutgifter og justering av rutetilbot. Passasjer- og prisvekst.
Bane	39 026	Auka kontrakts- og vedlikehaldsutgifter samt helårsverknad ruteproduksjon ny linje 2. Passasjer- og prisvekst.
Ferje	112 849	Auka kontraktsutgifter og reduksjon i utbetalingsplan til operatørar. Korrigert for gratis ferjer og ytterligare reduksjon i takstar.
Båt	38 820	Auka kontraktsutgifter i eksisterande og fornya kontraktar.
Fellesjenester	-13 260	Bortfall av TT-transport. Innbakt rammetrekk og flytting av midlar til løvenivå 7.
Administrasjon	-34	
Innovasjon og nye mobilitetsløsningars	3 000	
Buss	43 000	Endring FT
Bane	10 500	Endring FT
Ferje	10 000	Endring FT
<b>Sum endring</b>	<b>241 273</b>	

## Innarbeidde salderingstiltak per løyvingsnivå

Det er saldert på makroøkonomiske indeksar som gjev auke i risiko i kontraktskostnadar til operatørar på 128 mill. kr. Vidare er det forslag til rutejusteringar/kutt på 50 mill. kr.

Det er korrigert for administrativt innsparingsprogram på 9 mill. kr i budsjettramma for 2023 på løyvingsnivået Fellesstenester.

Løyvingsnivå	Saldering 2023	Moment
Buss og bane	-51 154	Auka risiko kontraktskostnad
Buss og bane	-50 000	Rutejusteringar/kutt
Ferje	-32 000	Auka risiko kontraktskostnad
Båt	-20 000	Auka risiko kontraktskostnad
Fellestjenester	0	
Administrasjon	0	
Innovasjon og nye mobilitetsløsningar	0	
Auke fylkestinget	63 500	
<b>Sum saldering</b>	<b>-89 654</b>	

### Salderingstiltak – nærmere om forslag til rutejusteringar/kutt

Når ein endrar og justerer det faste linjenettet og innrettinga på rutetilbodet legg ein til grunn retningslinjer og prinsipp for rutetilbod. For å tilnærma seg mogleg rutejusteringar eller -kutt bør ein legge same prinsipp og retningslinjer til grunn. På bakgrunn av dette har ein for budsjett 2023 funne overordna område for moglege rutejusteringar eller -kutt, som omtala under. Ved behov for saldering vil ein gjennomføre ein prosess for konkrete forslag til rutejusteringar og/eller -kutt.

#### Moglege rutejusteringar

Mogelige rutejusteringar vert gjennomført i ein prosess der aktuelle kommunar/interessentar på vanleg måte får kome med innspel. Aktuelle tilnærmingsmåte kan vere som lista opp nedanfor:

1. Redusere «ytterkantane» som inneber avkorting av lange avgangar til nærmeste terminal/byttepunkt. Innstilling av rushtidslinjer/ekspress som går parallelt med anna tilbod. Redusert tilbod i helg for bybanen.
2. Reduksjon til «minstestandard» i lågtrafikk. Redusere lågtrafikktilbodet på linjer som i dag kører oftare enn kvart 30.min, (ikkje stamlinjene 1-6).
3. Reduksjon i stamlinjene slik at bystamlinjer og bybanen får lågare frekvens i lågtrafikkperiodar.
4. For distrikt reduksjon til berre lovpålagt skuleskyss.

Fylkeskommunens forpliktning i byvekstavtalen for Bergen må ivaretakast for ikkje å risikere bortfall av finansiering.

Endringane skal gjerast i alliereie inngåtte kontraktar. Det vil ta noko tid frå vedtak til endring for å oppfylle kontraktane med operatørane.

## 2 Omtale av løyvingsnivå

### Løyvingsnivå – Buss

Løyvingsnivå		Budsjett 2022	Budsjett 2023
Buss	Brutto driftsutgifter	2 285 119	2 411 666
	Driftsinntekter	-1 192 231	-1 229 226
	Netto driftsutgifter	1 092 888	1 182 440
	<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>1 142 068</b>	<b>1 182 440</b>

#### Omtale

Løyvingsnivå buss har det største budsjettet med over 50% av totalutgiftene for sektoren mobilitet og kollektivtransport. Uro i Europa har gitt høgare utgiftsvekst enn vi nokon gong har sett. Kontraktutgiftene til buss aukar som følgje av vensentleg prisvekst knytt til løn, drivstoff, straum, kapitalrente, vedlikehald og administrasjon.

Det som og påverkar utgiftene i 2023 er heilårsverknad for styrking av rutetilbodet i 2022. Dette gjeld etablering av ny regionstamlinja mellom Bergen og Os (FUV PS 107/2021), og styrking av kollektivtilbodet i Bergen sentrum (FUV PS 80/2021). Finansiering av begge tiltaka skjer gjennom statlege belønningsmidlar. I 2023 er det også budsjettert med midlar til årlege ruteendringstiltak for byvekstavtaleområdet (FUV PS 188/2020).

Tilbodet "Hent Meg i Odda" vert videreført i 2023. Løyvingsnivå buss inneheld dessutan drift (pilotering) av ulike tiltak

innanfor fleksibel transport, ny mobilitet herunder mikromobilitet som til dømes gjennomføring av pilot for aldersvennlig transport i Bergen (FUV PS 76/2021). I budsjettet er det lagt opp til framleis auke i den lovpålagde skuleskyssen, som følgje av endringar i utgiftsdeling for elevar som ikkje går på nærskulen.

#### Føresetnader for driftsinntekter for buss

I budsjettet er det lagt til grunn gjennomsnittleg takstauke på 4,0%. Passasjervekst for buss og bane er auka med 3,7% i 2023. Sist gong det vart budsjettert for passasjervekst for buss og bane var i 2020.

Det er budsjettert med 300 mill. kr i belønningsmidlar til drift av rutetilbodet og 61 mill. kr til reduserte billettpisar (periodebillettar) for buss og bane.

### Løyvingsnivå – Bane

Løyvingsnivå		Budsjett 2022	Budsjett 2023
Bane	Brutto driftsutgifter	235 722	314 500
	Driftsinntekter	-171 000	-197 340
	Netto driftsutgifter	64 722	117 160
	<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>67 634</b>	<b>117 160</b>

#### Omtale

Ny linje 2 til Fyllingsdalen vert operativ frå november 2022. Operatør- og vedlikehaldsutgifter for ny linje 2 er tatt med som heilårsverkand i budsjett for 2023. Dette i tillegg til utgifter til linje 1 som er traséen mellom Bergen sentrum og til Bergen Lufthavn Flesland. I tillegg kjem direkte utgifter til straum for å kunne dekkja inn kontraktsfesta bindingar over en viss terskel.

I 2023-tala er det også tatt høgde for utgifter til vedlikehald på eldre vogner og spor. Totalt forvaltar Bybanen AS 34

vognsett på vegne av Vestland fylkeskommune. 6 av desse er nyinkjøpt i samband med oppstart av linje 2 til Fyllingsdalen, medan dei resterande 28 er eldre.

I tillegg kjem kostnader til drift og reinhald av bybanestoppa som vert budsjettert på eigedomavdelinga.

#### Føresetnader for driftsinntekter for bane

For bane gjeld same føresetnader som for buss.

## Løyvingsnivå – Ferje

<b>Løyvingsnivå</b>		<b>Budsjett 2022</b>	<b>Budsjett 2023</b>
Ferje	Brutto driftsutgifter	1 120 264	1 237 426
	Driftsinntekter	-182 240	-134 342
	Netto driftsutgifter	938 024	1 103 084
	<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>980 235</b>	<b>1 103 084</b>

### Omtale

Alle ferjekontraktane i Hordaland er bruttokontraktar der Skyss sit på ansvaret for inntektene og operatør utfører drift etter kontrakt. Ferjekontraktane i Sogn og Fjordane er alle nettokontraktar der operatør har inntektsansvaret.

Det er ikkje forslag om vesentlege endringar i tilbodet på ferje i 2023.

Utbetalingsplan i bruttokontraktane til operatørane varierer frå år til år. Den vil gå ned i 2023 samanlikna med 2022, men auke igjen i 2024. Som for dei andre løyvingsnivåa, er prisvekst (indeksane) forventa å stige langt meir enn kommunal deflator i 2023.

### Føresetnader for driftsinntekter for ferje

Ferjesamband med passasjerar under 100.000 blei gratis

frå 1. juli 2022. I statsbudsjettet for 2023 ligg det eit forslag om reduserte ferjetakstar og gratis ferjer til øyer og andre samfunn utan vegforbindelse frå 16. august 2023. I statsbudsjettet for 2023 er takstane på ferjer foreslått redusert til 50 prosent samanlikna med takstane 1. januar 2021. Desse endringane i takst er innarbeida i budsjettet for 2023. Det er ikkje tatt høgde for noko auke (årleg prisjustering) i takstar 1. januar 2023. Kompensasjon for takstredusjon er forventa dekt gjennom statsbudsjettet. Budsjettet er auka med 66 mill. kr (heilårseffekt) og vil dekke takstredusjon frå august 2023 og ut året. Foreløpige estimat tilseier at forslag til dekning er 5-10 mill. kr for lågt om heilårseffekt ikkje hadde vore lagt til grunn.

For nettokontraktane i Sogn og Fjordane kompenserer Skyss for billettinntektsbortfall (gratis ferje) gjennom kostnadsauke til operatørane.

## Løyvingsnivå – Båt

<b>Løyvingsnivå</b>		<b>Budsjett 2022</b>	<b>Budsjett 2023</b>
Båt	Brutto driftsutgifter	373 430	428 587
	Driftsinntekter	-93 405	-97 141
	Netto driftsutgifter	280 025	331 446
	<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>292 626</b>	<b>331 446</b>

### Omtale

Forutan å vere ein stor aktør på ferjesida har Vestland og ein stor del båtruter; både lange ekspressruter og meir lokale ruter. Av dei ulike budsjettområda er det løyvingsnivå

båt som har dei fleste kontraktsfornyingane i 2023. Dette gjeld kontraktane: Godsruter, lokalruter i «Florabassenget», ekspressbåt Bergen – Sogn/Nordfjord og bybåtsambanda i Bergen.

Likt som for ferje, er det for nokre av båtkontraktane lagt opp til varierande utbetalingsplan til operatørane. Fleire av båtkontraktane vert dessutan regulert frå «punkt til punkt» (4. kvartal) (ikkje gjennomsnitt eller løpende). Skyss veit difor ikkje kva den endelige indeksreguleringa vil bli før på nyåret. Med dei store svingingane i dagens makromarknad, kan ein meirkostnad bli vesentleg.

### Føresetnader for driftsinntekter for båt

I budsjettet er det lagt til grunn gjennomsnittleg takstauke på 4,0%. Det er ikkje lagt opp til inntektseffekt gjennom passasjervekst.

## Løyvingsnivå – Fellesjenester

Løyvingsnivå		Budsjett 2022	Budsjett 2023
Fellesjenester	Brutto driftsutgifter	333 588	310 278
	Driftsinntekter	-102 120	-81 654
	Netto driftsutgifter	231 468	228 624
	<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>241 884</b>	<b>228 624</b>

### Omtale

Løyvingsnivå Fellesjenester inneholder driftsoppgåver som er naudsynne for å kunne tilby mobilitet- og kollektivtransport. Innsparingssummen på 9 mill. kr er budsjettert på administrative postar på dette budsjettområdet. Dette inkluderer mellom anna:

- Tenester knytt til kundeservice
- Informasjon og marknadsføring
- Billettkontroller
- Drift og vedlikehald av fagtekniske installasjoner
- Innhenting av kundeinnsikt gjennom ulike undersøkingar
- Digitale kundetenester som reiseapp og mobilbillett med vidare
- Midlar til TT-køyring og lovpålagd skuleskyss for elevar i vidaregåande skule.

### Digitalisering (inkludert salskanalar)

Digitalisering handlar om å nytte teknologi til å fornye, forenkle og forbetra tenester, og er eit samla omgrep for overgangen frå analoge og papirbaserte løysingar til elektroniske og digitale løysingar. Når transportsystema vert digitalisert og kopla med andre tenester, vil det oppstå nye mogleigheter for tenesteinnovasjon, koordinering og styring. Slike samanknytte tenester vert gjerne kalla digitale økosystem.

Kollektivbransjen har sine eigne system for kunderegistrering, betaling, ruteinformasjon, køyretøyregistrering og liknande. Samstundes nyttar køyretøya datadrivne tenester i stadig større grad. Sensorar, GPS, kartdata og kommunikasjon med fabrikanten sine eigne system for vedlikehald, veghjelp og assistanse vert stadig meir vanleg.

Fleire aktørar tilbyr mikromobilitet eller delingstenester, der all interaksjon skjer digitalt og sjølv utføringa og bruken av tenestene er styrt av brukaren sjølv. Ein føresetnad for suksess innan digitalisering er ein kombinasjon av kompetanse, økonomi og løysingar. Skyss er avhengig av operasjonelt, taktisk og strategisk samarbeid med kommersielle leverandørar av løysingane ein har i dag. Samstundes er det naudsyn å byggje eigen kompetanse på korleis ein utnyttar mogleighetene som kjem med teknologien. Det er eit pågående arbeid med å digitalisere grensesnittet mot våre leverandørar av transporttenester gjennom TaaS («Transport as-a-service»), og tilrettelegging av digitaliserte kundeflater og salskanalar. Ein fasar også ut dagens billettmaskiner

### Inntektsikring

Billettkontrollar vil auka i 2023 samanlikna med 2022. Teljekontrollar viser tilsynelatande at det har vorte fleire betalande passasjerar post-pandemi. For å redusere talet på ikkje-betalande passasjerar ytterlegare er det budsjettert med 15 mill. kr til kontrolltiltak i 2023. Denne utgifta vil i stor grad hentast inn gjennom gebyr frå dei ikkje-betalande passasjerane. Hovudgevinsten vil likevel vere fleire selde billettar, og dermed sikring av bilettinntektene og økonomien i Skyss.

for bussar og båtar i Hordaland med nye løysingar. Vidare ferdigstiller ein arbeidet med digital salsplattform for buss, bane og båt i Vestland. Målsetninga er å legge til rette for at heile Vestland fylke har dei same digitale tenestene. Dette mellom anna for å kunne levere integrerte mobilitetstenester gjennom MaaS («Mobility- as-a-service»).

#### **Transportordninga for funksjonshemma**

Tilrettelagt transport er eit tilbod til personar med nedsett funksjonsevne og som ikkje kan nytte seg av kollektivtransport. Midlane skal brukast til fritidsreiser. TT-ordninga har omlag 17 000 brukarar . Det er budsjettert med 48 mill. kr i fylkeskommunale midlar i 2023. I tillegg til den fylkeskommunale løyvinga får fylket statlege midlar som skal gå til dei tunge brukarane (blinde/sterkt svaksynte og rullestol-brukarar). Det er budsjettert med 63 mill. kr i statlege midlar i 2023. Kommunane overtok ansvaret for arbeidskøringa 01.07.22.

#### **Innfartsparkering**

Det er budsjettert med leige og utvikling av innfartsparkeringsplassar i samsvar med den vedtekne strategisk styringsdokument for innfartsparkering.

#### **Vidaregåande skuleskyss**

Vidaregåande skuleelevar som har rett på fri skyss får tildelt skulereisekort. I tidlegare Hordaland får skuleelevar som har eit godt rutetilbod på ettermiddag/kveldstid ikkje gratis skulereisekort, men vert synt til å kjøpa ungdomsskyss. For å sikra rett avgiftshandsaming vert verdien av skulereisekor ta fakturert til avdelinga (MOK) og inntektsført på kollektiveininga.

#### **Lokale transporttilbod for ungdom (LTU)**

LTU er ei tilskotsordning der kommunane kan søkja om midlar til fleksible skyssløysingar til/frå fritidsaktivitetar på ettermiddag og kveldstid. Målgruppa er ungdom mellom 13 og 19 år. Budsjettet er auka med 1 mill. kr, for å kunne gje same tilbod i tidlegare Hordaland som i tidlegare Sogn og Fjordane. Samla pott er på 2 mill. kr.

#### **Tilskot til lufthamner**

Det er budsjettert med tilskot til Stord lufthamn på 25 mill. kr i 2023.

## **Løyvingsnivå – Administrasjon**

<b>Løyvingsnivå</b>		<b>Budsjett 2022</b>	<b>Budsjett 2023</b>
Administrasjon	Brutto driftsutgifter	110 986	115 946
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	110 986	115 946
	<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>115 980</b>	<b>115 946</b>

#### **Omtnale:**

Budsjettområde administrasjon omfattar i hovudsak lønskostnader til alle tilsette innan drift og administrasjon i avdeling for mobilitet og kollektivtransport inkludert Skyss.

Strategi for berekraftig mobilitet (del av RTP) set søkerlys på berekraftig mobilitet og utvikling av eit meir heilskapleg mobilitetssystem. Strategien er svært ambisiøs og krev at

organisasjonen Skyss vert tilført meir utviklingsressursar og annan digital kompetanse enn det ein tradisjonelt har hatt. Raske endringar, omfanget og kompleksiteten til digitale prosjekt vert forventa å auke med tilhøyrande behov. Skyss har ambisjonar om å fylle strategiske roller med fast tilsette. I dette arbeidet må ein og ta høgde for noko innleige av arbeidskraft.

## Løyvingsnivå – Innovasjon og nye mobilitetsløysningar:

Løyvingsnivå			Budsjett 2022	Budsjett 2023
Løyvingsnivå	Innovasjon og nye mobilitetsløysingar	Brutto driftsutgifter	0	3 000
		Driftsinntekter	0	0
		Netto driftsutgifter	0	3 000
<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>		<b>0</b>	<b>3 000</b>	

### Omtale

Vestland fylkeskommune har innan området mobilitet og kollektivtransport eit viktig mandat som samfunnsutviklar og tenesteutviklar. Ein har stadig tilgang på betre kjelder for auka innsikt i dei reisande sine behov og åtferd, og krav og forventningar til innovasjon og nye mobilitetsløysingar, og mogelegheiter innan mobilitetsløysingar både i tettbygde område og i distrikt.

Tempo på utviklinga aukar og stadig, og ein skal levere resultat innan alle dei tre delane av den såkalla triple bunnlinja; sosiale forhold, miljø og økonomi. Vestland fylkeskommune byr på ulik geografi og demografi, og kommunane i Vestland har og krav og forventningar til kva rolle VLFK skal spele som ein nettverksaktør, rådgjevar og tilbydar av løysingar og finansiering for utvikling av små og store lokalsamfunn. For at ein framover skal kunne drive politikk på dette området, og skjerme ressursar til å drive med innovasjon og utvikling, etablerer ein eitt nytt løyvingsnivå for innovasjon og nye mobilitetsløysingar.

For å sikre at ein i 2023 kan kome i gang med uttesting av ulike transporttenester som mikromobilitet, samkjøring, bildeling og MaaS som teneste, flytter ein nokre midlar frå løyveområdet «Fellestenester» til dette nye løyveområdet. Midlane skal ikkje nyttast til drift av vedtekne og etablerte løysingar, men til utvikling, skaffe innsikt, pilotering og uttesting av nye mobilitetsløysingar i vårt fylke. I løpet av 2023 vil ein vidareutvikle budsjettområdet så den reflekterer satsinga Vestland fylkeskommune har på innovasjon og nye mobilitetsløysingar.

Ei viktig erkjenning innan dette området er at ein må utvikle i samarbeid med andre aktørar innan eiga verksemد i fylkeskommunen, andre offentlege aktørar som Miljøloftet, kommunane i Vestland og andre fylkeskommunar, andre kollektivselskap og -einingar, og ikkje minst med kommersielle aktørar som tilbyr løysingar og lokalt næringsliv. Løyvingsnivået i sektorens driftsbudsjett vil og sjåast i nær samanheng med midlar i investeringsbudsjettet og andre finansieringskjelder.

## 3 Kostnadsgrouper 2023

Finansutvalet gjer prosessvedtak på sektorbudsjetta og på summane til dei ulike løyvingsnivåa. I denne delen er sektorbudsjettet i tillegg vidare fordelt på kostnadsgrouper. Fordelinga av sektorbudsjettet i ulike kostnadstypar er ein viktig del av fylkesdirektøren si økonomistyring. Summane

for sektor og løyvingsnivå er faste som vert endeleg vedteke, medan summar for kostnadsgrouper er å sjå på som summar som fylkesdirektøren vil styre etter. Summane kan med andre ord verte endra når sektorane er ferdig med detaljbudsjetteringa.

**Tabell pr. sektor**

	<b>Budsjett 2022</b>	<b>Budsjett 2023</b>
Reise og kurs	2 857	3 750
Konsulenttenester	29 430	30 607
Administrasjonsutgifter	15 438	15 399
Ordinære driftsutgifter	4 338 607	4 706 973
Lønsutgifter og -refusjonar	113 109	117 739
Ordinære inntekter	-1 728 028	-1 730 533
Andre utgifter og inntekter	-53 300	-62 235
<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>2 718 113</b>	<b>3 081 700</b>

## Kort omtale av dei ulike artsgruppene

### **Reise og kurs**

Utgifter til reise, opphold og kursutgifter ved å deltagning på kurs, konferansar og møte.

### **Konsulenttenester**

Vert brukt ved behov for auka kapasitet, spisskompetanse på eit fagfelt eller til prosjektleiing. Desse midlane vil hovudsakleg gå til påkommende konsulent/juridiske tenester. I tillegg ligg her og midlar til kontingentar til interesseorganisasjonar.

### **Administrasjonsutgifter**

Gjeld transaksjonskostnader ved kjøp av billettar frå mellom anna mobil. Desse utgiftene er volumbaserte, og det gjer at auka inntekter ved billettsal aukar salsutgiftene.

### **Ordinære driftsutgifter**

Hovuddelen av desse utgiftene gjeld kontraktsutgifter til buss, bane, båt og ferje. Saldering er inkludert i post.

### **Lønsutgifter- og refusjonar**

Lønsutgifter inkl. sosiale utgifter, og refusjonar knytt til tilsette i heile sektoren.

### **Ordinære inntekter**

Gjeld mellom anna billettinntekter, refusjonsinntekter og statlege overføringer som belønningsmidlar knytt til ruteproduksjon.

### **Andre utgifter og inntekter**

Tildelte statlege midlar, regulering bundne fond til bruk i komande budsjettår.

## Utfyllande om inntektstypar:

Skyss budsjetterte med 3,5% inntektsauke som følgje av passasjervekst i 2020. Det vart ikkje budsjettert med vekst i 2021 og 2022 som følgje av pandemien. I 2023 er det tatt høgde for passasjervekst i same skala som ein har hatt før pandemien. Det er ein positiv vekst i tal påstigingar på buss og bane i 2022 samanlikna med 2019, og nokon målingar syner fleire påstigingar i haust enn for same periode i 2019. Sjølv om trenden er positiv, er det usikkerheit om ein vil oppnå forventa passasjervekst i 2023.

Billettinntekter og belønningsmidlar utgjer ein viktig del av finansieringsgrunnlaget for kollektivtrafikken. I budsjettet for 2023 er den samla inntekta til sektoren fordelt slik:

<b>Tal i 1 000 kr</b>	<b>Budsjett 2022 (i-2022 kr)</b>	<b>Budsjett 2023</b>
Billettinntekter buss	685	701
Billettinntekter bane	171	208
Billettinntekter ferje	210	132
Billettinntekter båt	72	75
Skuleskyss	185	192
Belønningsmidlar	265	300
Bompengeforlik	52	61
TT-ordninga statlege midlar	83	65
Andre inntekter	59	58
Endring FT	0	-53
<b>Totalt</b>	<b>1 781</b>	<b>1 740</b>

**Billettinntekter**

Det er samla lagt inn 1 116 mill. kr i billettinntekter for buss, bane, ferje og båt. Sal av billettar for buss og bane er frå same salskanal, og det er ikkje mogleg å ta ut direkte fordeling mellom desse to løvingsnivåa. Fordelinga er difor berekna ut frå tal påstigingar.

**Skuleskyss**

For skuleskyss er det rekna inn 192 mill. kr i inntekter frå kommunar.

**Belønningsmidlar frå byvekstavtalen**

Det er lagt inn 300 mill. kr for å vidareføre tidlegare iverksette

tiltak for styrking av ruteproduksjonen. Midlane skal også gå til å dekke heilårsverknaden av årleg ruteendringsprosess og den nye regionstamlina mellom Bergen og Os.

Tiltaket med reduserte billettprisar innanfor buss og bane er vidareført med 61 mill. kr i 2023.

**Andre inntekter**

Andre inntekter er i all hovudsak ulike refusjonsinntekter frå kommunar og inntekter som gjeld tilleggstakst. Statlege løyingar til MUST (Mobilitetslaboratorium for smarte transportløysingar) utgjer 1,2 mill. kr.

## 4 Ytterlegare spesifikasjon av sektorbudsjettet

Under er ei oversikt over kva som ligg i gjeldande kollektivkontraktar; geografisk område, operatør og kontraktslengd.

### Bussoperatørar

Kontraktsområde	Operatør	Kontraktsperiode og opsjon
Sunnhordland	Tide Buss AS	02.07.2017–28.06.2026
Hardanger og Voss	Tide Buss AS	16.08.2016–22.06.2025
Modalen og Vaksdal	Modalen-Eksingedalen Billag AS	16.08.2016–22.06.2025
Nordhordland	Vy Buss AS	16.08.2018–15.08.2027
Bergen sør	Tide Buss AS	16.08.2019–25.06.2028+1+1
Bergen nord	Tide Buss AS	01.10.2020–30.06.2030+1+1
Bergen sentrum	Keolis Norge AS	01.12.2020–30.06.2030+1+1
Vest	Tide Buss AS	25.06.2019–25.06.2028+1+1
Nordfjord	Firda Billag AS	23.06.2014–23.06.2024
Sunnfjord	Firda Billag AS	20.06.2016–23.06.2024+2
Sogn	Tide Buss AS	19.06.2017–22.06.2025+2

Alle busskontraktane er bruttokontraktar.

## Ferjeoperatørar

Kontraktsområde	Operatør	Kontraktsform	Kontraktsperiode
<b>Rutepakke1:</b> Leirvåg–Sløvåg Fedje–Sævrøy Krokeide–Hufthamar* Husavik–Sandvikvåg* Halhjem–Våge Hatvik–Venjaneset Langevåg–Buavåg	Fjord 1 AS	Brutto	01.01.2020 (2018*) – 31.12.2029
<b>Rutepakke 2:</b> Skjersholmane–Ranavik Jektevik–Hodnanes–Nordhuglo Tørvikbygd–Jondal Gjermundshamn–Årsnes–Varaldsøy	Fjord 1 AS	Brutto	01.01.2020 – 31.12.2028 +1
<b>Rutepakke 3:</b> Klokkarvik–Hjellestad Fjelberg–Sydnes–Utbjoa	Norled AS	Brutto	01.01.2020–31.12.2028+1
<b>Rutepakke 4:</b> Masfjordnes–Duesund	Wergeland AS	Brutto	01.01.2019–31.12.2028+1
<b>Rutepakke 5:</b> Kvanndal–Utne Kinsarvik–Utne Skånevik–Matre–Utåker	Boreal AS	Brutto	01.01.2020–31.12.2028+1
<b>Firesamband:</b> Stårheim–Isane Måløy–Oldeide–Husevågøy Rysjedalsvika–Rutledal–Krakhella–Losna Askvoll–Gjervik–Fure–Værlandet	Fjord1 AS	Netto	01.01.2016 – 31.12.2025+1+1 (oppstart 01.01.2017) (oppstart 01.01.2017) (oppstart 01.01.2018)
Hisarøy–Mjånes <sup>1</sup>	Wergeland AS	Netto	01.09.2013–30.04.2023+5
Barmen–Barmsund	Vidar Hop Skyssbåtar AS	Netto	01.06.2019–31.05.2029+2
Daløy–Haldorsneset	Gulen Skyss AS	Netto	01.01.2020–31.12.2023+5

1) Gulen kommune er med å betale for dette rutetilbodet

## Båtoperatørar

Kontraktsområde	Operatør	Kontraktsform	Kontraktsperiode
Sunnhordland og Austevoll Sunnhordland–Austevoll–Bergen Lokalbåt Austevoll	Norled AS	Brutto	01.01.2014–31.12.2023+2+2
Espevær og Hernar Espevær–Eidesvik Hellesøy–Lyngøy–Hernar	Gulen Skyss AS	Netto	01.01.2014–31.12.2023+2+2
Kvinnherad–Bergen og Reksteren–Våge–Os Rosendal–Bergen og Reksteren–Våge–Os	L. Rødne & Sønner AS	Netto	01.01.2014–31.12.2023 +2 +2
Turistrute Hardanger	Norled AS	Netto	01.05.2020–31.10.2024 + 1 + 1

Tabellen held fram på neste side.

Kontraktsområde	Operatør	Kontraktsform	Kontraktsperiode
<b>Bybåtsambanda:</b> Kleppestø–Strandkaien Knarvik–Frekhaug–Bergen	Norled AS	Brutto	01.01.2018–31.12.2022 01.01.2023–03.12.2023 (19.01.2025) 01.01.2019–31.12.2022 01.01.2023–02.07.2023 (19.01.2025)
Ekspressbåt Bergen–Sogn/Nordfjord	Norled AS	Netto	01.05.2012–30.04.2022 01.05.2022–30.11.2024 + 1 + 1
Lokalbåt Gulen, Solund og Askvoll	Fjord1 AS Vidar Hop Skyssbåter AS	Brutto	01.05.2012–30.04.2022 01.05.2022–24.06.2029 +1 +1
Lokalbåt Høyanger, Vik og Lærdal	Fjord1 AS	Brutto	01.05.2012–30.04.2022. Lengd til 31.10.2023 med opsjon til 30.04.2024.
Lokalbåt Flora, Bremanger og Vågsøy	Fjord1 AS	Brutto	01.05.2012–30.04.2022. Lengd til 31.10.2023 med opsjon til 30.04.2024.
Godsbåt Bergen–Gulen, Solund og Askvoll	Kyst1 AS Vidar Hop Skyssbåter AS	Netto	01.05.2012–30.04.2022. (15.08.2022) 16.08.2022–15.08.2027 +2+2

## 5 Bindande føresetnader

- Takstauke på gjennomsnittleg 4,0 % for buss, bane og båt. Vestland fylkeskommune følger staten sitt Autopass-regulativ for ferjetakstar og staten gjennom Statens Vegvesen sine takstjusteringar for 2023.
- Fylkeskommunale kvotestorleikar i transportordninga for funksjonshemma:
  - Grunnkvote: kr 5.500
  - Kvote for blinde/sterkt svaksynte og rullestolbrukarar: grunnkvote x 1,3
  - Kvote for brukarar med elektrisk rullestol: grunnkvote x 1,7
  - Brukbarar som bur meir enn 20 km frå nærmeste servicesenter får eit tillegg på 0,2 x grunnkvote
- Indeksar og kontraktsverknadar:

	2022	2023
KPI-JAE	3,1%	2,8%
KPI	4,7%	2,1%
Lønn generelt (avtalt)	4,2%	4,1%
Lønn i samferdsel (avtalt)	4,0%	3,8%
Valuta NOKUSD	15,0%	-3,0%
Olje i USD	52,0%	-10,0%
Olje i NOK	76,0%	-13,0%
Bankens utlånsmargin	-4,0%	4%
Autodiesel pumpepris Norge	42,0%	-6,0%

## Nærare om budsjettforutsetninga for utgifter

### Kostnadsregulering og kostnadsindeksar i kontraktar

Anbodskontraktane for buss, bane, båt og ferje vert indeksregulert i samsvar med ulike kostnadsindeksar som måler utvikling i lønns-, drivstoff-, vedlikehalds-, administrasjons- og kapitalkostnader, sjá fføresetnader over. 2022 kolonnen viser den årsgjennomsnittlege %-vise utviklinga frå 2021 til 2022, og 2023 kolonnen viser den estimerte endringa frå 2022 til 2023.

Når det gjeld indeksregulering vert det rekna med ein framleis høg kostnadsvekst 2. halvår 2022 og 2023, etter at importert inflasjon grunna svakare norsk krone held seg høg og at lønnskostnadene, den største innsatsfaktoren i transporttenestene, begynner å sjá høgare vekst. Fortsatt kraftig økende rente bidrar også til videre prisvekst totalt sett.

Indeksestimata som ligg til grunn i dette budsjettet er eit resultat av estimatinnhenting frå eksterne aktørar i Norge og eigne vurderingar. Norges- og verdsøkonomien er i tidsperioden 2022–2023 kjenneteikna av følgjande trekk:

- Verknader etter Covid-19 pandemien
- Uro i Europa
- Høg inflasjon som begynner å forplante seg i lønnskrav/lønnskostnader
- Vestlege sentralbankar som prøver å redusere økonomisk aktivitet og hindre pris-lønn spiral ved hjelp av raskt aukande rente 2. halvår 2022 og 1.halvår 2023
- Krig og konfliktar i verda, sanksjoner og Opec+ bidrag til å holde inflasjon oppe
- I ei slik ustabil tid kan enkelte triggere føre til enten full krise eller en rask normalisering

### Indeksar og kontraktsverkander:

Indeks	Påverknad
KPI	Påverkar alle kontraktar
Drivstoff autodiesel	Påverkar dei fleste busskontraktane i distrikt
Drivstoff marine gassolje	Påverkar maritime kontraktar
Drivstoff biogass	Påverkar busskontrakt Bergen nord
Drivstoff el-kraft	Påverkar busskontrakten Bergen sentrum og Bybanen
Vedlikehald	Påverkar alle kontraktar
Løn samferdsel	Påverkar fleire busskontraktar
Lønn 50% buss, 50% privat	Påverkar busskontraktane Bergen nord/sentrum
3 månad nominell NIBOR	Påverkar alle kontraktar
Bankens rentemargin	Påverkar alle kontraktar
Kostnadsindeks ferje/båt	Påverkar maritime kontraktar
Inntektsindeksar ferje	Påverkar alle nettokontraktar

Nye miljøkrav i anbod, utvikling i anbodsutforming over tid og ulikheit i dei gamle kontraktane i dei to fylka, gjer at indeksbruken varierer frå anbodskontrakt til anbodskontrakt. Dette med omsyn til kva for indeksar som er fastsett, kva for periodar indeksvekst vert målt i mellom og kor ofte kontrakten vert regulert.

Kontraktsverdiane vert påverka ikkje berre av estimert indeksutvikling, men også av godkjente endrings- og justeringsordrar som følgjer av endringar i rutetilbod etc. og eventuelle endringar i enkeltkontrakter sine førehandsavtalte betalingsplanar.

## Nærare om budsjettforutsetninga for inntekter:

Sonebaserte takstar for buss, bybane og nokre båtruter (1 sone)

Billett buss/bane i kr	Takst 2022	Takst 2023
Enkeltbillett voksen	40	40
Enkeltbillett barn/honnør	20	20
Enkeltbillett kjøpt om bord, voksen, kontantbetaling (tillegg kun i A)	60	60
Enkeltbillett kjøpt om bord, barn/honnør, kontantbetaling (tillegg kun i A)	30	30
Enkeltbillett Militær	40	40
24-timarbillett voksen	105	105
24-timarbillett barn	50	50
24-timarbillett honnør	50	50
Periodebillett 7 dg voksen	235	235
Periodebillett 7 dg barn	120	120
Periodebillett 7 dg honnør	120	120
Periodebillett 7 dg student	140	140
Periodebillett 30 dg voksen	755	755
Periodebillett 30 dg barn	380	380
Periodebillett 30 dg honnør	380	380
Periodebillett 30 dg student	455	455
Ungdomsbillett 30 dg	380	380
Periodebillett 180 dg voksen	3775	3775
Periodebillett 180 dg barn	1890	1890
Periodebillett 180 dg honnør	1890	1890
Periodebillett 180 dg student	2265	2265

## 6 Klimavurdering sektorbudsjett 2023

Transporttenestene innan kollektiv står for størstedelen av klimagassutsleppa frå fylkeskommunen. Samstundes kan fylkeskommunen med satsing på desse tenestene bidra til meir berekraftig mobilitet og nullvekstmålet. Endringar i rutetilbodet kan difor gje større utslepp i kollektivdrifta, men mindre bruk av privatbil. Med teknologitiltak og fornybar energi skal utsleppa frå kollektivdrifta reduserast.

### Bybane og endringar i rutetilbod

Bybanen står for nesten 25 % av kollektivreisene i Vestland. Banen køyrer elektrisk og bidrar til fortetting og kortare reisevegar. Klimagassutslepp frå sjølve utbygginga av

Bybanen ligg ikkje til dette budsjettområdet. Drift av den nye bybanelinja til Fyllingsdalen startar i november 2022. Den nye bybanelinja vil både styrke det sentrumsretta tilbodet for planlagde byutviklingsområde i Bergensdalen, og vil utgjere eit nytt tilbod med potensiale for fleire kollektivreisande på tvers av bydelane sør for Bergen sentrum. Det vert og gjort nokre tilpassingar i busstilbodet i samband med den nye bybanelinja, som står opp om marknadsgrunnlaget for denne.

Skyss utviklar kontinuerleg tilbodet ut frå mål om nullvekst i persontrafikken i byområda. Det vert og gjort tilpassingar og justeringar i tilbodet i fylket slik at det vert enklare for fleire

å nytte kollektivtransport. Av større ruteendringar som vil ha full årseffekt i 2023, kan nemnast etablering av ny regionstamlinje Osøyro–Bergen i samband med opning av ny E39 Svegatjørn–Rådal hausten 2022.

Det nye tilbodet vil gje ei mindre auke i utslepp frå kollektivdrifta. Men den nye regionstamlinja vil gje raskare reiser mot Bergen og gode omstigingsmogleigheter mot begge dei to bybanelinjene. Pendlingstal og -mønster gir potensiale for at fleire vel å reise kollektivt mellom Os og Bergen med dei planlagde endringane i tilbodet. Effekten av tiltaket på utsleppa frå transportsektoren vil vere avhengig av fleire forhold og verkemiddel frå ulike aktørar.

#### Framdriftsteknologi på buss, båt og ferje

Om lag ti prosent av bussane er elektriske og 11 prosent kører med biogass. Etter at biodrivstoff vart forhandla ut av busskontraktane kører dei resterande 79 prosentane av bussane med fossil energi. I CO<sub>2</sub>-rekneskapen til fylkeskommunen vil overgangen frå biodrivstoff tilbake til diesel framstå som ei utsleppsauke mellom 2021 og 2022. Det er politisk vedteke å undersøkje høve til elektrifisering i eksisterande busskontraktar som Bergen sør og Vest. For distrikt finn dei neste kontraktsforsyningane stad mellom 2023 og 2027.

For ferje vart elektrifiseringa på 17 samband gjennomført i 2020 og 2021. 22 av 28 ferjer er hybridelektriske. Dei neste kontraktforsyningane for ferje i Sogn og Fjordane finn stad mellom 2023 og 2027. For ferjesambanda er utsleppa drastisk redusert frå 2018 gjennom krav i dei nye kontraktane i

Hordaland. Full heilårseffekt kjem for kalenderåret 2022 etter ferdigstilling av alle ladeanlegg.

Dei neste båtkontraktane i fylket vert fornya mellom 2023 og 2028.

Det er inngått ny kontrakt for lokale båtruter i Sogn og Fjordane frå 2023/24 med krav om minst 52 prosent CO<sub>2</sub>-kutt. Ved konkurranseutsettinga i 2022 er det stilt krav om heilelektrifisering på Askøy ruta og CO<sub>2</sub>-kutt på Nordhordlandsruta. Oppstart er forventa i 2024/25. Det er politisk vedteke å ferdigstille konkurransegrunnlaget for båtrutene mellom Bergen, Nordfjord og Sogn/Flåm med krav til utsleppskutt så snart som råd. Driftsoppstart kan skje tidlegast i 2025/26. Vestland fylkeskommune samarbeider med andre fylkeskommunar i eit pilotprosjekt for utvikling av nullutsleppsfartøy, og det vert arbeidd for eit pilotfartøy frå 2024.

Skyss rapporterer per no ikkje klimagassutslepp frå individuelt tilrettelagt skuleskyss med drosje.

Oppsummert vil prognosene for CO<sub>2</sub>-utsleppet frå kollektivtrafikken i Vestland vere avhengig av teknologiutviklinga på sjø og eventuelle elektrifiseringstiltak i staden for biodrivstoff. Elektrifiseringa i båtkontraktane kan deretter gje 6 300 tonn CO<sub>2</sub>-kutt frå 2025. Eventuelle ytterlegare CO<sub>2</sub>-kutt krev elektrifisering i ferje-, buss- og båtdrifta.

Tabell viser aktuelle tiltak som avdelinga har vedteke eller har under planlegging, og som kan bidra til reduserte klimagassutslepp:

Utsleppssektor og -kjelde	Tiltak og verkemidlar	Ansvarleg	Reduksjonspotensiale
Hurtigbåt	Elektrifisering og biodrivstoff: Lokale båtruter Sogn og Fjordane	Skyss (MOK)	3300 tonn CO <sub>2</sub> årleg/oppstart. Kontrakt inngått. Oppstar 2023 eller 2024
Hurtigbåt	Elektrifisering og biodrivstoff: Bergen–Nordfjord–Sogn/Flåm	Skyss (MOK)	Under utgreiing
Hurtigbåt	Elektrifisering: Askøy ruta og delektrifisering nordhordlandsruta	Skyss (MOK)	3000 tonn CO <sub>2</sub> årleg. Konkurranse pågår. Oppstart 2024 eller 2025
Hurtigbåt	Pilotfartøy nullutslepp	Fylkeskommunalt samarbeid	Under utgreiing
Ferje	Elektrifisering av ferjesamband	Skyss (MOK)	Under utgreiing for kontraktforsyning for ferje i Sogn og Fjordane 2023–2027



## 3.6 Infrastruktur og veg

Oppbygging etter flaumen i Utvik i Stryn. Foto: Silje Alvsaker/Vestland fylkeskommune.

## Sektorbudsjett 2023 – Infrastruktur og veg

### 1 Infrastruktur og veg – Løyvingsnivå

**Tabell med driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter.**

Alle tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2022	Budsjett 2023
Veg – drift og vedlikehald	Brutto driftsutgifter	1 319 190	1 498 155
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	1 319 190	1 408 155
FTU-midlar	Brutto driftsutgifter	22 150	17 836
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	22 150	17 836
Administrasjon av INV	Brutto driftsutgifter	30 615	22 422
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	30 615	22 422
Andre tiltak INV	Brutto driftsutgifter	1 045	1 045
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	1 045	1 045
<b>Sum</b>	<b>Brutto driftsutgifter</b>	<b>1 373 000</b>	<b>1 539 458</b>
	<b>Driftsinntekter</b>		<b>0</b>
	<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>1 373 000</b>	<b>1 539 458</b>
	<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>1 430 180</b>	<b>1 539 458</b>

#### Endring fra 2022 til 2023

Sektoren har ein samla auke i netto driftsutgifter på 19,3 mill. kr i 2023 i høve 2022.

Dette er basert på følgjande endringar:

- 59 mill. kr i reduksjon knytt til eingongsmidlar i 2022-budsjettet.
- 4 mill. kr i reduksjon knytt til administrative budsjettpostar.
- 91 mill. kr i samla auke knytt til kostnadsutviklinga i sektoren.
- 8,8 mill. kr i reduksjon knytt til omorganisering og flytting av stillingar til avdeling for organisasjon og økonomi.

Vidare er budsjettet tilført løns- og prisvekst. Utgiftene er i hovudsak knytt til kjøp av tenester i entreprenørmarknaden. Erfaring så langt syner at nye kontraktar har blitt vesentleg dyrare enn dei kontraktane som vi har vore inne i. I tillegg har sektoren hatt ein svært stor kostnadsauke knytt til løns- og prisregulering av driftskontraktane. Dette verkar inn på dei prioriteringane som er gjort i budsjettet for 2023.

**Sektortabell endringar frå 2022 til 2023**

Alle endringar i 2023-kroner

Løyvingsnivå	Endring frå 2022 til 2023	Moment
Veg – drift og vedlikehald	33 559	Eingongsmidlar, administrativ innsparing og auke knytt til kostnadsutvikling i sektoren, jf. omtale over.
FTU-midlar	-5 200	Eingongsløyving til fysiske trafikktryggingstiltak er tilbakeført til løyvingsnivå Veg – drift og vedlikehald
Administrasjon av INV	-9 081	Omorganisering og flytting av stillingar internt i VLFK.
Veg-drift og vedlikehald	90 000	FT vedtak
<b>Total endring</b>	<b>109 278</b>	

Eventuell utfyllande tekst om desse momenta vert å finna i delen som omtalar dei ulike løyvingsnivå.

**Følgjande er endra etter vedtak i fylkestinget**

Fylkestinget vedtok vedlikehaldsløft på 500 mill kr i komande tre år. Fyrste løyving i 2023 er på 90 mill kr.

## 2 Omtale av løyvingsnivåa

Infrastruktur og veg (INV) har fire løyvingsnivå; Veg – drift og vedlikehald, FTU-midlar, Administrasjon av INV og Andre tiltak – INV.

**Løyvingsnivå Veg – drift og vedlikehald**

Alle tal i 1000 kr

	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Brutto driftsutgifter	1 319 190	1 498 155
Driftsinntekter		
Netto driftsutgifter	1 319 190	1 498 155
Netto driftsutgifter 2023-kr	1 374 596	1 498 155

Drift- og vedlikehald skal sikre at vegnettet er eigna til bruk for trafikantane, og at funksjonen på vegen vert oppretthalten. I tillegg skal drift og vedlikehald sikre at den fysiske infrastrukturen blir teken vare på i samsvar med dei langsiktige måla for bruken av denne.

Drift av vegnettet er oppgåver og rutinar som er naudsynne for å halde vegen open og farbar. Dette kan vere tiltak som til dømes brøyting, strøng, reinhald og drift av rasteplassar.

Vedlikehald omfattar tiltak for å oppretthalde standarden på vegen, og vedlikehald som tek vare på den fysiske infrastrukturen i eit lenger perspektiv. Døme på dette er dekkelegging, skifte av stikkrenner, skifte av delar i elektriske anlegg, skifte av rekksverk og grøfting.

Budsjettet til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet for 2023 er spesifisert nedanfor:

Veg – Drift og vedlikehald	Budsjett 2023	mill. kr
Drift	959,8	
Vedlikehald	90	
-Tunnel – ordinært vedlikehald	66,5	
-Bru/ ferjekai	65,0	
-Dekkelegging/oppmerking	117,7	
-Vegutstyr, miljø og andre tiltak	34,8	
Administrasjon – fagseksjonane	164,3	
<b>Sum</b>	<b>1 498,2</b>	

Drift- og vedlikehaldsarbeidet på fylkesvegane vert utført av entreprenørar etter gjennomførte anbodskonkurransar.

### Drift

Det er sett av 960 mill. kr til drift i budsjettet for 2023. Beløpet dekker fylkeskommunen sine forpliktingar i høve til inngåtte kontraktar med entreprenørar. I driftskontraktane er det høye til å utføre tilleggstenester, men dette handlingsrommet vert mindre for kvart år då det er ein stor auke i dei faste utgiftene i kontraktane. Det fører til at det meste av det avsette beløpet på 960 mill. kr går til kontraktsfesta beløp/forpliktingar.

Fylkesvegane i Vestland vert drifta gjennom driftskontraktar. I tillegg føreligg det nokon avtalar med kommunar om driftsoppgåver knytt til fylkesvegnettet. To nye driftskontraktar starta opp hausten 2022, Hardanger og Sogn. Hausten 2023 startar dei to kontraktane Sotra–Askøy–Bergen–Øygarden (SABO) og Nordfjord.

### Driftskontraktar i 2023:

- DK1105 Indre Ryfylke 2015–2020 (opsjon på del av kontrakt)
- DK1201 ASOLA 2018–2023 (Kommunane Øygarden, Askøy og delar av Bergen) (vert avslutta 31.august 2023)
- DK4603 Sotra–Askøy–Bergen–Øygarden 2023–2028 (oppstart 1.september 2023)
- DK4604 Bergen–Os–Austevoll 2021–2026
- DK1203 Nordhordland 2019–2024
- DK4602 Hardanger 2022–2027
- DK1206 Voss 2016–2024
- DK1208 Sunnhordland 2019–2024
- DK4608 Sogn 2022–2027

- DK1404 Ytre Sunnfjord 2018–2023 (opsjon til 31.august 2024)
- DK4607 Sunnfjord Sør 2021–2026
- DK1407 Nordfjord 2019–2023 (vert avslutta 31.august 2023)
- DK4610 Nordfjord 2023–2028 (oppstart 1.september 2023)

### Elektrokontraktar i 2023:

- E1260 Hordaland Vest 2022–2027
- E1261 Hordaland Aust 2022–2027
- E1454 Sogn 2022–2027 (oppstart 1.juni 2022)
- E1455 Fjordane 2017–2022 (opsjon til 31.mai 2023)
- E1455 Fjordane 2023–2028 (oppstart 1.juni 2023)
- Andre utgifter er mellom anna straum til veglys og linjeleige på nødkommunikasjonsutstyr.

### Vedlikehald

Det er eit stort vedlikehaldsbehov på vegnettet til Vestland fylkeskommune, og det krevst store løyingar for å ta att vedlikehaldsetterslepet. Løyinga i 2023-budsjettet er ikkje stor nok til å ta att noko etterslep. For låg løying til vedlikehald over tid gjer at installasjonar får kortare levetid. Problemet blir ikkje synleg før etter fleire år når vegar og bruer må stengast eller nødrepargerast.

Budsjettet til vedlikehald er delt inn i 4 kategoriar; desse er omtala under. I alle kategoriene er det dei mest naudsynte tiltaka som vert prioritert.

### Tunnel – ordinært vedlikehald

Det vert sett av 66,5 mill. kr til vedlikehaldstiltak i tunnel. I denne summen ligg fylkeskommunen si forplikting i høve kontrakt DK4611 Vedlikehaldskontrakt tunnel 2021–2025 med 55,5 mill. kr. Etter kvart som gamle driftskontrakter vert fasa ut skal tunnelvedlikehald over i denne samlekontrakta. Tunnelvedlikehaldskontrakten omfattar reinhald, koordinering av stenging av tunnelar ved arbeid, inspeksjon av installasjonar og bergstruktur, spettreinsk og fjellsikring, vedlikehald av vass og frostsikring og kvitmåling av tunnelprofil etter bestilling.

Utover denne summen på driftsbudsjettet er det også sett av midlar på investeringsbudsjettet. Desse er knytt til oppgradering av tunnelar, mellom anna som følgje av krav i tunnellsikkerheitsforskrifta.

### Bru/ferjekai

Det vert sett av 65 mill. kr til vedlikehaldstiltak på bruer og ferjekaiar. Det er utfordringar knytt til bruvedlikehald då forfallet knytt til bruer er 3,6 mrd. kr. Kaiar er i dårleg stand og ikkje tilfredsstillande for dagens ferjemateriell. Kaiane må fungere og blir fortløpande reparert.

**Fagkontraktar bru/kai i 2023:**

- Bruvedlikehald Vestland sør 2021–2023
- Bruvedlikehald vestland nord 2022–2025
- Fagkontrakt kai 2021–2026

Løyvinga på 65 mill. kr går til forpliktingar i kontraktane samt bindingar i høve pågåande vedlikehaldsprosjekt.

**Dekkelegging/oppmerking**

Det vert sett av 117,7 mill. kr til dekkelegging og oppmerking. Med dette nivået vil det ta omlag 70 år før ein kjem rundt med dekkelegging, noko som er langt over levetida til dekke som er 8–20 år. Konsekvensen kan vere at dekke bryt

saman, auka utgifter til drift og vedlikehald og utfordringar med brøyting og skade/fare for trafikkantar.

**Vegutstyr, miljø og andre tiltak**

Det vert sett av 34,8 mill. kr til ulike tiltak innan rekkverk, grøfter, murar, skilt og servicebygg.

**Administrasjon – fagseksjonane**

Det er sett av 164,3 mill. kr til fagseksjonane i avdeling for infrastruktur og veg. Dette skal m.a. dekke løns- og personalkostnader, bilutgifter, IKT-/lisenskostnadars, konsulentutgifter og reiseutgifter. Løyvinga vert sett i samanheng med løyvinga på løyvingsnivå Administrasjon av Infrastruktur og veg på 22,4 mill. kr.

**Løyvingsnivå FTU – Midlar**

Alle tal i 1000 kr		
	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Brutto driftsutgifter	22 150	17 836
Driftsinntekter		
Netto driftsutgifter	22 150	17 836
Netto driftsutgifter 2023-kr	23 036	17 836

Løyvingsnivået har eit budsjett på 17,8 mill. kr. Midlane vert m.a. nytta innafor 3 ulike tilskotsordningar som vert følgje opp av Trafikktryggingsutvalet (FTU). Dette er :

- Fysiske trafikktryggingstiltak
- Utarbeidning av kommunale trafikktryggingsplanar
- Trafikktryggingsaktivitetar

Løyvinga skal også dekkje driftskostnader til Trygg Trafikk, jf. samarbeidsavtalen, samt trafikktryggingspris for Vestland fylkeskommune. SAMO gjer nærmere vedtak om fordeling av midlane. Endringa i løyving frå 2022 til 2023 skuldast at eingongsløyving til fysiske trafikktryggingstiltak er tilbakeført til løyvingsnivå Veg - drift og vedlikehald.

## Løyvingsnivå Administrasjon av infrastruktur og veg

Alle tal i 1000 kr

	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Brutto driftsutgifter	30 615	22 422
Driftsinntekter		
Netto driftsutgifter	30 615	22 422
Netto driftsutgifter 2023-kr	31 503	22 422

Løyvinga på 22,4 mill. kr dekkjer løns- og personalkostnader knytt til leiing og stabsfunksjonar. Løyvinga vert sett i samanheng med løyving til Administrasjon – fagseksjonane på 164,3 mill. kr som er budsjettert under drift og vedlikehald.

Endringa i løyving frå 2022 til 2023 skuldast omorganisering og flytting av stillingar til avdeling for organisasjon og økonomi.

## Løyvingsnivå Andre tiltak – infrastruktur og veg

Alle tal i 1000 kr

	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Brutto driftsutgifter	1 045	1 045
Driftsinntekter		
Netto driftsutgifter	1 045	1 045
Netto driftsutgifter 2023-kr	1 045	1 045

Løyvinga på 1,0 mill. kr dekker m.a. årleg tilskott til drift av Tindevegen mellom Årdal og Luster.

## 3 Kostnadsggrupper 2023

Finansutvalet gjer prosessvedtak på sektorbudsjetta og på summane til dei ulike løyvingsnivåa. I denne delen er sektorbudsjettet i tillegg vidare fordelt på kostnadsggrupper. Fordelinga av sektorbudsjettet i ulike kostnadstypar er ein viktig del av fylkesdirektøren si økonomistyring. Summane

for sektor og løyvingsnivå er faste som vert endeleg vedteke, medan summar for kostnadsggrupper er å sjå på som summar som fylkesdirektøren vil styre etter. Summane kan med andre ord verte endra når sektorane er ferdig med detaljbudsjetteringa.

## Infrastruktur og veg

	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Reise og kurs	16 131	14 000
Konsulenttenester	16 315	15 000
Administrasjonsutgifter	3 579	3 000
Ordinære driftsutgifter	1 210 988	1 377 458
Lønsutgifter og -refusjonar	125 987	130 000
Ordinære inntekter		
Andre utgifter og inntekter		
<b>Netto driftskostnad</b>	<b>1 373 000</b>	<b>1 539 458</b>

## Kort omtale av dei ulike artsgruppene

### Reise og kurs

Utgifter til reise, opphold og kursutgifter ved å deltaking på kurs, konferansar og møte.

### Konsulenttenester

Det er budsjettet med 15 mill. kr knytt til konsulenttenester. Det er vanskeleg å budsjetttere nivået på konsulenttenester då dette er avhengig av kva vi vil ha behov for av ekstern bistand når det gjeld kjøp av ekstern prosjektering til vedlikehaldstiltak.

### Administrasjonsutgifter

Budsjettet er basert på forbruk i 2022. Hovuddelen av kostnadane er knytt til telefonabonnement, og annonsar.

### Ordinære driftsutgifter

Utgifter direkte knytt til drift og vedlikehald av vegnettet. Endring i budsjett frå 2022 til 2023 er knytt til nivået på løyinga.

### Lønsutgifter og -refusjonar

Artane omfattar lønsutgifter til eigne tilsette knytt til drift.

## 4 Bindande føresetnader

Innafor løvingsnivå veg – drift og vedlikehald er det store økonomiske forpliktingar som følgje av inngåtte kontraktar. Dette gjeld særskilt innanfor driftskontraktene på veg, elektrokontrakter, tunnelvedlikehald og fagkontrakt bru/kai.

Vestland fylkeskommune skal gi eit driftstilskot til Trygg Trafikk under løvingsnivå FTU-midlar.

Det vert løvd 0,6 mill. kr i driftstilskott til Tindevegen under løvingsnivå Andre tiltak – infrastruktur og veg.

## 5 Klimavurdering sektorbudsjett 2023

Fylkeskommunen skal tilby eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvennlig vegsystem som dekker samfunnet sitt behov for transport og som fremjar regional utvikling. Dette skal mellom anna gjerast ved å redusere klimagassutslepp på vegen til eit lågutsleppssamfunn, og tilpasse infrastrukturen til eit endra klima med mellom anna meir nedbør.

Det vert arbeidd med å stille gode klima og miljøkrav i kontraktar og anbod. Det er i kontraktar med entreprenørane at ein har høve til å sette krav til klima og miljø. Kvalifikasjonskrav som vert stilt er sertifisering etter ISO 14001(2015), EMAS (EU EcoManagement and Audit Scheme for environmental management) eller Miljøfyrtårn. Vidare vert det stilt krav til at alle dieseldrivne køyretøy og maskiner som vert nytta i kontrakten, skal ha EURO 6 eller STEG 4 godkjennung og rapportere månadleg på energiforbruket.

I 2021 vart det starta eit forprosjekt for å kartlegge korleis klimafotavtrykket til fylkesvegane kan reduserast og kartlegge moglege løysingar for å nå målet om lågutslepps-fylkesvegbygging. Dette forprosjektet skal vurdere potensialet for reduksjon av direkte og indirekte klimagassutslepp i ulike fasar og typar vegprosjekt. Fylkeskommunen har fått innvilga 0,225 mill. kr i Klimasatstilskot frå Miljødirektoratet til denne utgreiinga. Ein rapport for forprosjektet er venta å vere klar innan 2. kvartal 2023.

Fylkeskommunen har også fått tildelt 1 mill. kr i Klimasatstilskot til ei 2-årig prosjektstilling som skal arbeide systematisk med klimakrav i anskaffingane. Utgangspunktet for dette arbeidet vil vere resultata frå forprosjektet for lågutslepps fylkesvegar.

Drift og vedlikehald av fylkesvegane i Vestland vil med framtidige klimaendringar sannsynlegvis ha auka press i åra framover. Med aukande mengd nedbør og meir ekstremvær vert vegane enno meir utsett for slitasje. Forsvarleg og berekraftig forvaltning av fylkesvegnettet krev at vi i større grad utbetrar og tek vare på det eksisterande vegnettet. I samband med Drifts- og vedlikehaldsstrategien for fylkesvegnettet er det starta nokre pilotar som skal søke å få redusert driftskostnadane, forlenge levetida på fylkesvegane og redusere klimagassutsleppa.

Fylkestinget i Vestland vedtok 29. september 2022 «Ny strategi for veglys», ein strategi for drift, vedlikehald, forvaltning og eigarskap av lysanlegg for fylkesveg. Med denne strategien vil årlege klimagassutslepp reduserast med i overkant 4000 tonn CO<sub>2</sub>, som utgjer godt over ei halvering av klimagassutslepp knytt til veglys per i dag.

Fylkeskommunen samarbeider med andre vegeigarar, planmyndigheter og forskingsinstitusjonar for å utveksle kunnskap og erfaringar om klimatilpassing av vegnettet. I 2022 fekk Vestland fylkeskommune, saman med Vestlandsforsking, 500 000 kr i støtte frå Regionalt forskingsfond til forprosjektet «Klimarobust vegforvaltning gjennom tverrsektorielt samarbeid i Vestland fylke». Hovudmål for prosjektet er å styrke vilkåra for klimatilpassing i vegforvaltninga i Vestland fylke. Arbeidet starta opp hausten 2022.



## 3.7 Kultur og folkehelse

## Sektorbudsjett 2023 – Kultur og folkehelse

### 1 Sektorbudsjett – Løyvingsnivå

Tabell med brutto driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter (i 2022- kr).

Løyvingsnivå		Budsjett 2022	Budsjett 2023
Arkiv	Brutto driftsutgifter	9 563	9 888
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	9 563	9 888
Bibliotek og kulturformidling	Brutto driftsutgifter	71 383	74 804
	Driftsinntekter	-37 869	-39 079
	Netto driftsutgifter	33 514	35 725
Fysisk aktivitet og inkludering	Brutto driftsutgifter	299 739	352 228
	Driftsinntekter	-243 406	-255 806
	Netto driftsutgifter	56 333	96 422
Kulturarv	Brutto driftsutgifter	196 512	210 189
	Driftsinntekter	-84 698	-91 530
	Netto driftsutgifter	111 814	118 659
Kunst og kulturutvikling	Brutto driftsutgifter	132 363	138 226
	Driftsinntekter	-6 085	-6 085
	Netto driftsutgifter	126 279	132 141
Administrasjon av kultur og idrett	Brutto driftsutgifter	8 077	8 783
	Driftsinntekter	0	0
	Netto driftsutgifter	8 077	8 783
<b>Sum sektor</b>	<b>Brutto driftsutgifter</b>	<b>717 637</b>	<b>794 118</b>
	<b>Driftsinntekter</b>	<b>-372 058</b>	<b>-392 500</b>
	<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>345 580</b>	<b>401 618</b>
	<b>Netto driftsutgifter i 2023-kr</b>	<b>357 511</b>	<b>401 618</b>

Følgjande er endra etter vedtak i fylkestinget  
mill. kr.

Løyving	Endring
Mobile biblioteknester	1,2
Prisjustering faste tilskot	2,75
Kode (p.g.a statleg auke)	1

Tabellen viser revidert budsjett 2022. Revisjonen er gjort etter vedtaket i fylkestinget desember 2021. Elles i tabellen er Fylkesdirektør sitt forslag til budsjett 2023.

Løyving	Endring
Bergen Veteranskipshavn	1
Stord Ishall	15
Vektløftar VM, Førde	7
Kirkens bymisjon	0,34
Trond Mohn Games	1
Tour of Norway	0,5
Friluftsråda	2,6
Tilskot til idrettsarrangement	0,5
Robin Hood-huset	0,8

Løyving	Endring
Raftohuset	0,5
Oppfølging folkehelseplan	1
Moster 2024	8
Sunhordland museum	2
Astruptunet, planlegging mm	1,5
Bergen Nasjonale Opera	1,8
Grieg kvartalet	1,5
Språkkonferanse Nynorshuset Førde	0,2
Litteraturhuset Bergen	1

## Endring fra 2022 til 2023

Det er gjort endringer i organisasjonsstrukturen på avdelinga, der fire seksjonar er slått saman til to. I tillegg har avdelinga fått overført saksfeltet folkehelse frå tidlegare avdeling for strategisk utvikling og digitalisering.

Seksjonane på avdelinga er identisk med løvingsnivå. Tidlegare løvingsnivå bibliotekutvikling og kulturformidling er frå 2023 slått saman til løvingsnivå bibliotek og kulturformidling. Løvingsnivå Idrett og friluftsliv og Inkludering, strategi og analyse er slått saman til nytt løvingsnivå fysisk aktivitet og inkludering. Her er fagfeltet folkehelse plassert.

Salderingsutfordringa for avdelinga med rammekutt på 1,5 mill. kr i 2022-budsjettet, er løyst med stillingsreduksjoner på 1,1 mill. kr og reduserte interne driftskostnader på 0,4 mill. kr.

Det har vore naudsint med styrking av arkeologitenesta med 1,5 mill. kr. Tenesta har etter fylkessamanslåinga vist seg å vere underfinansiert. Tilskot til musea, andre større institusjonar, lag og organisasjonar er i 2023-budsjettet styrka med om lag 8 mill. kr.

## Sektortabell endringar frå 2022 til 2023

Alle endringar i 2023-kroner

Løvingsnivå	Beløp	Moment
Adm. kultur, idrett og inkl.	142	Ekstra løyving trainee for eit ½ år
Arkiv	76	Styrking digital formidling
Bibliotek og kulturformidling	-223	Redusert stillingar på 1,1 mill. kr, men har styrka tenester til biblioteka, distriktsmusikarordning og UKM
Fysisk aktivitet og inkludering	8 394	Overføring av Folkehelse frå IDI (IKT og digitalisering)
Kulturarv	-770	Reduksjon eingongstilskot 1,2 mill. kr.
Kunst og kulturutvikling	-16 103	Reduksjon eingongstilskot på 14,9 mill. kr men har også styrka kunstinstitusjonar, kulturhus og frivillige organisasjonar
Kunst og kulturutvikling	1 400	750-års jubileum Magnus Lagabøte
Bibliotek og kulturformidling	1 200	Endring FT
Fysisk aktivitet og inkludering	29 555	Endring FT
Kulturarv	3 478	Endring FT
Kunst og kulturutvikling	16 651	Endring FT
Administrasjon av kultur og idrett	306	Endring FT
<b>Sum:</b>	<b>44 106</b>	

## 2 Omtale av løyvingsnivå

### Arkiv

Arkiv	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Adm. arkiv	9 309	9 350
Digital infrastruktur	254	538
Netto driftsutgifter	9 563	9 888
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>9 563</b>	<b>9 888</b>
<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>9 812</b>	<b>9 888</b>

#### Kommentarar til tabellen:

##### Prioriteringar

I 2023 skal ein styrke og bygge ut samarbeidet med frivillig sektor, kommunar, bevaringsinstitusjonar og andre lokale aktørar.

Det vil vere ei viktig oppgåve å marknadsføre tenestene til beste for innbyggjarane i heile Vestland.

Så lenge arkiva er fysiske, og brukarene er fordelt over eit stort geografisk område, er det nødvendig med utstrekkt reising for å levere gode operative tenester med innhenting av arkiv, og rettleiing og formidling av tenestene. Det vil vere stort behov for desse i 2023.

På digital infrastruktur gjeld kostnadane lisensar til løysingane Fotoware, Kulturhistorisk leksikon/Grind, heimesider og Asta. Desse er dekka opp i noverande budsjett. Utgifter til utvikling og vedlikehald ligg til adm.arkiv. Dette er moderate kostnader i budsjettet i den etableringsfasen vi nå er inne i. I framtidige budsjett vil behovet for utviklingsmidlar og midlar til feilretting auke.

##### Oppgåver og tenesteproduksjon

Vestland fylkeskommune har ansvar for at arkiva vert tekne vare på og formidla som del av den samla samfunnsdokumentasjonen i regionen. I tillegg til fylkeskommunale arkiv gjeld dette private og offentlege arkiv, foto, tradisjonsmusikk, stadnamn og audiovisuelt kjedemateriale. I tillegg kjem munnlege og skriftlege tekstar.

### Bibliotek og kulturformidling

Bibliotek og kulturformidling	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Adm.	20 245	20 084
Bibliotekprosjekt	1 350	2 550
Tenester til bibliotek	4 000	5 323
Den kult. Spaserstokken	3980	4 245
Distriktsmusikarordninga	4 462	4 763

Bibliotek og kulturformidling	Budsjett 2022	Budsjett 2023
DKS – spelemedialar	35 607	35 899
Ung Kultur Møtast (UKM)	1 740	1 940
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>71 383</b>	<b>74 804</b>
<b>Sum brutto driftsinntekter</b>	<b>-37 869</b>	<b>-39 079</b>
<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>33 515</b>	<b>35 725</b>
<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>34 748</b>	<b>35 725</b>

## Bibliotek

### Prioriteringar

#### Tenester til bibliotek

Som ei prioritering er det er overført kr 150 000 frå administrasjon til tenester til bibliotek.

#### Transportordning

Fylkeskommunen administrerer og delfinansierer transportordninga som sikrar demokratisk tilgang til bøker og andre media for alle innbyggjarar i fylket. Tenesta vil gje meirkostnad for 2023 og er vedtatt å halde fram (PS 118/2022). Fylkeskommunale midlar til ordninga er styrka med kr 140 000 i 2023.

#### Konsortiet for digitale ressursar

Det er eit vedtatt mål at fylkeskommunen skal bidra med 1/3 av det totale budsjettet til konsortiet for digitale ressursar (PS 45/2020) i biblioteka. For å strekke seg mot målet er fylkeskommunale midlar til konsortiet styrka med kr 50 000 for 2023.

#### Driftsinntekter

Auka pris for transportordninga gjev auke i driftsinntektene fylkeskommunen får inn frå kommunane. Konsortiet for e-media har gått inn for at kommunane skal nytte ein større del av mediebudsjettet til e-media. Desse midlane blir disponert av fylkeskommunen på vegne av konsortiet og fører til ytterlegare auke i driftsinntekter.

#### Oppgåver og tenesteproduksjon

Etter Folkebiblioteklova §6 skal fylkeskommunen ivareta regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling, gi råd til lokale styresmakter, yte bibliotekfagleg rettleiing og assistanse, og arrangere møte og kurs om bibliotekspørsmål. Fylkeskommunen initierer, leier og støttar utviklingsarbeid i biblioteka i tråd med Nasjonal bibliotekstrategi 2020 – 2023 og regional kulturplan.

Fylkeskommunen arrangerer kurs og kompetansehevande tiltak for bibliotektilsette i fylket, og gjennomfører utviklingsprosjekt i samarbeid med kommunane. Fylkeskommunen administrerer og delfinansierer ei transportordning mellom biblioteka i fylket, i tillegg til eit konsortium for digitale tenester. Fylkeskommunen gjev råd til kommunane som

bibliotekigarar og yter fagleg rettleiing og assistanse på bibliotekområdet. Det er tilskotsordningar på bibliotekfeltet.

## Kulturformidling

### Prioriteringar

#### Fylkes- og distriktsmusikarordningane

Ordningane skal styrke det profesjonelle og frivillige musikklivet. Distriktsmusikarordninga er oppretta for å sikre tilgang til profesjonelle utøvarar i alle delar av fylket. Ordninga er vedteke vidareutvikla og utvida, jf. PS 130/2020 i hovudutval for kultur, idrett og integrering og PS 109/2021 i fylkestinget.

Vestland fylkeskommune har ansvar for å legge til rette for og formidle kunst- og kulturtilbod til barn og unge gjennom Den kulturelle skulesekken (DKS). Fylkeskommunen forvaltar ordninga, og programmerer DKS-tilbodet til grunnskulane (med unntak av skulane i Bergen) og til dei vidaregåande skulane i fylket.

Budsjettposten er auka med kr 300 000 i 2023 for å dekkje fylkeskommunal del av tre distriktsmusikarstillingar gjennom heile året.

**Ung kultur møtest.** UKM skal byggast ut som eit heilårleg tilbod til ungdom i heile fylket i eit samarbeid mellom kommunane, fylkeskommunen og UKM Norge. Løyvinga til UKM har stått stille sidan fylkessamanslåinga. Budsjettposten er auka med kr 200 000 i 2023.

#### Den kulturelle spaserstokken

Løyvinga har stått stille sidan fylkessamanslåinga. Gruppa eldre i befolkninga aukar, og det er behov for å styrke kulturtilbodet til denne målgruppa. Budsjettposten er difor auka med kr 263 641 i 2023.

#### Oppgåver og tenesteproduksjon.

Gjennom ordninga Den kulturelle spaserstokken får kommunane tilskot til profesjonelle kunst- og kulturtiltak for eldre. Fylkeskommunen forvaltar ordninga, stimulerer til erfarringsdeling og samarbeid, og knyter ordninga til fagområdet kultur og helse.

## Fysisk aktivitet og inkludering

Fysisk aktivitet og inkludering	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Administrasjon Fysisk aktivitet og inkludering	11 570	16 324
Folkehelsearbeid		5 908
Nasjonale folkehelseprogram (statleg ordning)		12 400
Tilskot Mentor- og traineeordning for innvandrarar	1 020	1 020
Tilskot spelemidlar	236 906	236 906
Tilskot til Etablereropplæring for innvandrarar	630	630
Tilskot til friluftsarbeid	10 880	13 898
Tilskot til friluftsliv (statlege ordningar)	6 500	6 500
Tilskot til idrettsarbeid	16 484	40 852
Tilskot til idrettsprosjekt	2 160	2 160
Tilskot til Inkludering og mangfald	3 789	5 831
Tilskot til Jobbsjansen del B	9 800	9 800
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>299 739</b>	<b>352 229</b>
<b>Sum brutto driftsinntekter</b>	<b>-243 406</b>	<b>-255 806</b>
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>56 333</b>	<b>96 423</b>
<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>58 473</b>	<b>96 423</b>

### Kommentarar til tabellen:

#### Prioriteringar

##### Driftstilskot

Det er motteke 25 søknader om driftsstøtte for 2023. Samla er det søkt om kr 25 991 000. Dette er ein auke på kr 9 161 950 i høve til budsjettet for 2022.

#### Innkomne søknadar om driftstilskot for 2023:

	Tilskot 2022	Søknad 2023	Auke
Friluftsliv	5 958 050	12 195 000	6 236 950
Idrett	8 471 000	9 926 000	1 455 000
Inkludering	2 400 000	3 870 000	1 470 000
<b>Samla</b>	<b>16 829 050</b>	<b>25 991 000</b>	<b>9 161 950</b>

## Folkehelsearbeid

Fylkeskommunale midlar skal sikre gjennomføring av dei lov pålagde oppgåvane fylkeskommunen har, mellom anna ved å støtte opp om eige og kommunane sitt folkehelsearbeid, og setje retning for samfunnsutviklinga, samt samordne folkehelsearbeidet i fylket. Rammene for folkehelsesatsinga er handlingsprogram for folkehelse 2022–2025, med styrka satsingar på nettverk, brei kunnskapsinnhenting som grunnlag for framtidige tiltak, styrke kommunane sitt folkehelsearbeid og universell utforming. Budsjettposten inneholder også ei tilskotsordning til kommunane.

Nye satsingar knytt til politisk vedtak i samband med behandling av handlingsprogram for folkehelse i mars 2022, er ikkje innarbeidd i budsjett 2023. Fylkesdirektøren vil i våren 2023 leggje fram ei sak om innsats knytt til styrking av m.a. familiar og legge til rette for stabile og trygge oppveksttilhøve, psykisk helse i lys av koronaepidemien og styrke fysisk aktivitet.

### Nasjonale folkehelseprogram

Inntektene fra nasjonale folkehelsesatsingar skal sikre tilskotsordningar knytt til folkehelseprogrammet i kommunane, frisklivsarbeidet i kommunane og fiskeprellsatsinga i barnehagar og skular jfr. statsbudsjettet Helsedirektoratet post 60. Det er sett vilkår om at alle midlane skal nyttast til utviklingsarbeid i kommunane.

## Tilskot til idrettsarbeid

### Idretten i Vestland

Vestland idrettskrets søker om ei auke i driftstilskotet på kr 400 000 for 2023. OLT Vest har auka aktivitet i heile Vestland og ber om ei auke på kr 135 000.

### E-sport og gaming

Vestland har teke ei nasjonal og internasjonal rolle i utviklinga av e-sport og gaming. Vestland fylkeskommune har saman med Vestland E-sport og Idrettsklynge Vest søkt Kultur- og likestillingsdepartementet om å etablere eit nasjonalt kompetansesenter for dataspel og e-sport.

### Store meisterskap

Idrettslag, særforbund og skyttarlag kan søkje fylkeskommunen om tilskot til store nasjonale og internasjonale meisterskap. Det er vesentleg underdekning på denne tilskotsordninga. Fleire aktørar i Vestland er tildelt nasjonale og internasjonale meisterskap i 2023 og i åra framover. M.a. skal det arrangerast World Triathlon Cup, Landskyttestemnet og Trond Mohn Games i 2023, EM U23 friidrett og VM i Vektløfting i 2025. Det er ikkje rom for å styrke denne budsjettposten.

### Investeringstilskot til idrettsanlegg

Vestland fylkeskommune kartlegg strategiske viktige idrettsanlegg i Vestland i samarbeid med idrettskretsen

og kommunane. Arbeidet vert ferdig våren 2023 og gjev grunnlag for prioritering av anlegg. I budsjett 2023 er det avsett 3 mill. kr til investeringstilskot til idrettsanlegg spissa mot arrangement.

### Nyskapande aktivitetsanlegg

Vestland fylkeskommune driv eit nasjonalt pilotarbeid der kunnskap og brei medverknad skal byggje dei nyskapande og inspirerande møteplassane for fysisk aktivitet. Det er vedteke å forlenge prosjektet med to nye utlysingar i 2023 og 2024, mellom anna for å sjå nyskapande aktivitetsanlegg i samanheng med andre fylkeskommunale innsatsområde. Fylkesdirektør gjer framlegg om å auke denne budsjettposten med kr 364 000 i 2023 ved å omprioritere midlar innan tilskot til idrettsarbeid.

## Tilskot til friluftsarbeid

### Vestkystparken

Vestkystparken er eit regionalt partnarskap for samarbeid om viktige friluftslivsområde langs kysten i Rogaland og Vestland. Fjordane Friluftsråd fekk i 2021 etablert skjergardsteneste. Frå 2022 vart midlane til denne skjergardstenesta fordelt via Vestkystparken jf. føringar frå Miljødirektoratet. Dette gir eit meirbehov på kr 100 000 til Vestkystparken i 2023, øyremarka Fjordane Friluftsråd. Fylkesdirektøren tilrar å dekke dette innafor ramma tilskot til friluftsarbeid.

### Friluftsråda

Bruken av friluftsområde har auka kraftig under pandemien. Nedgang i dei statlege tildelingane til tilrettelegging, i kombinasjon med generell prisauke, gjer økonomien i friluftsråda krevjande. Kommunane har auka sine bidrag, og VLFK bør auke sitt driftstilskot til friluftsråda. Samla ber friluftsråda om styrking og det gjev 2,6 mill. kr i meirbehov.

### Turlag

Samla ber turlaga om ei auke i driftstilskotet på 1,2 mill. kr. Sogn og Fjordane Turlag har 14 lokale turlag, 27 Barnas Turlag og femner om alle kommunane i Sogn og Fjordane. I 2022 søkte dei driftsstøtte på same nivå som tildelt i 2021, og fekk såleis ikkje indeksjustert sitt tilskot. For 2023 søker dei om kr 600 000 og fylkesdirektør tilrar å auke deira tilskot med kr 100 000 til kr 500 000. Auken vert foreslått dekkja innafor ramma tilskot til friluftsarbeid.

Bergen og Hordaland turlag ber i tillegg om 1 mill. kr til etablering av kysthytter.

### Tilskot til inkludering og mangfold

Stiftelsen Kirkens Bymisjon gjer ein særskilt viktig jobb m.a. som helsecenter for papirlause migrantar. Dei søker om 1 mill. kr i driftstilskot og fylkesdirektør tilrar å auke tilskotet frå kr 350 000 i 2022 til kr 678 000 for 2023. Fylkestinget har hatt fokus på situasjonen til papirlause. Det er såleis lagt inn ei auke til Kirkens bymisjon, helsecenter for papirlause.

## Oppgåver og tenesteproduksjon

### Folkehelse

Fylkeskommunen har etter folkehelselova ansvar for å fremje folkehelse innan dei oppgåver som er tillagt (m.a. regional utvikling, planlegging, forvalting, tenesteyting og tiltak som kan møte folkehelse utfordringane i fylket) og understøtte folkehelsearbeidet i kommunane. I tillegg skal VLK ha oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar. Fylkeskommunen skal vere ein pådrivar for og samordne folkehelsearbeidet i fylket. Dette krev tversektoriell og nivåovergripande innsats der det er rom for regionalpolitisk skjønn og behov for regionale og lokale tilpasningar.

Oppgåvene innafor folkehelse er forankra i Regional plan for folkehelse 2015–2025 i Sogn og Fjordane, Regional plan for folkehelse i Hordaland 2014–2025 og Handlingsprogram for folkehelse Vestland 2022–2025.

### Integrering

Fylkeskommunen har ansvar for å utvikle den regionale integreringspolitikken. I dette ligg både eigne tenester og samhandling med regionale aktørar, kommunar og sivilsamfunnet. Integreringslova presiserer fylkeskommunane sitt lovpålagede ansvar og oppgåver når det gjeld det regionale

integreringsarbeidet, m.a. busetnad, rettleiing av kommunar i deira kvalifiseringsarbeid, forvalting av tilskots- ordningar og arbeid med kulturforståing. Oppgåvane femner om fleire fagfelt, særleg opplæring, næring og kultur, og krev stor grad av tversektorielt samarbeid innan fylkeskommunen og ut i samarbeid med regionale aktørar og kommunane i Vestland.

### Idrett og friluftsliv

Friluftslova definerer fylkeskommunane sine oppgåver i høve til å fremje allmenne friluftsinteresser.

Fylkeskommunane fordeler spelemidlane til bygging og rehabilitering av anlegg for idrett og fysisk aktivitet. I 2022 vart det fordelt vel 248 mill. kr i spelemidlar til ordinære og nærmiljøanlegg i Vestland fylke, og det vert budsjettert med tilsvarende sum som VLK fekk overført frå staten i 2022 – 236,9 mill. kr.

Oppgåvane innanfor fagområdet idrett og friluftsliv er heimla i Regional plan for kultur 2019–2027 for Sogn og Fjordane, Regional kulturplan 2015 – 2025 for Hordaland og Anleggs-politikk og kriteria for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020–2024. Kultur- og likestillingsdepartementet krev at fylka og kommunane har ein planforankra anleggs- og aktivitetspolitikk.

## Kulturarv

Kulturarv	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Adm. kulturarv	28 322	28 125
Arkeologisk registrering	7 055	10 128
Vern av kulturminne	78 600	85 015
Ålmenne kulturvernformål	7 592	8 028
Museum	74 943	78 893
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>196 512</b>	<b>210 189</b>
<b>Sum brutto driftsinntekter</b>	<b>-84 698</b>	<b>-91 530</b>
<b>Netto driftsutgifter nominelt</b>	<b>111 814</b>	<b>115 651</b>
<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>115 951</b>	<b>115 651</b>

### Kommentarar til tabellen:

#### Arkeologisk registrering

Tenesta har ut frå erfaringstal vore underfinansiert og må styrkast for gå i balanse. Jf. vedtak i KULII 28.04.22 i PS

58/2022 vert forventa inntekter justert og drifta av tenesta balansert i høve etterspurnad. Arkeologeneste er styrkt med 1,5 mill. kr utover justering av venta inntekter for arkeologenester.

#### Vern av kulturminne

Regionale tilskot vert tilrådd som nominell vidareføring i budsjettet for 2023 samanlikna med 2022.

#### Museum og ålmenne kulturvernforemål

Det er motteke 18 søknader om driftsstøtte for 2023. Samla er det søkt om 74,4 mill. kr. Dette er ei auke på 11,1 mill. kr i høve til budsjettet for 2022.

Tal søknadar:	18
Driftstilskot kulturarv 2022	63 338 105
Søknadssum budsjett 2023	74 442 381
Auke i søknadssum	11 104 276

Med grunnlag i den historiske prisveksten ser ein det som viktig å gje prisauke til søkerane.

Ålmenne kulturvernforemål vert forslått styrka for å fylge opp avtalefesta kostnadsdeling med kommunane om driftstilskot til Oselvarverkstaden og Gulatinget.

#### Oppgåver og tenesteproduksjon

Vestland fylkeskommune er forvaltingsstyremakt med mynde heimla i kulturminnelova, og skal ta i vare ei rekke statlege og regionale oppgåver innanfor kulturminnevernet. Mellom desse er m.a. kulturminne i arealplansaker i fylket, forvalting av fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar, rettleiing og råd til kommunar, organisasjonar og andre.

Fylkeskommunen har hovudansvar for å forme museumspolitikken i fylket og utvikle dei konsoliderte musea i Vestland. Både stat, vertskommunar og kommunar mottek tenester frå musea i Vestland og medverkar til å styrke drifta av institusjonane.

#### Arkeologisk registrering

Arkeologiske registreringar vert gjennomført av fylkeskommunane med heimel i kulturminnelova for å avklåre om eit tiltak eller ein reguleringsplan vil ha innverknad på automatiske freda kulturminne. Offentlege og større private tiltakshavarar vert, med heimel i kulturminnelova, pålagt å dekke kostnadene med desse registreringane.

## Kunst og kulturutvikling

Kunst og kulturutvikling	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Adm. Kulturutvikling	6 760	7 013
Språkkonferanse Nynorskhuset Førde	0	200
Kulturelt utviklingsprogram (KUP)	7 200	7 200
Kunstinstitusjonar	52 189	55 639
Stønad etter vedtak	4 210	5 610
Tilskot kulturhus	26 421	25 495
Tilskot til frivillige organisasjoner	17 152	17 537
Ymse B/U tilskot	3 036	2 602
Tilskot til drift av kulturhus/ lokale til kunstformidling	13 895	15 436
Tilskot regional bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næringar	1500	1 500
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>132 363</b>	<b>138 233</b>
<b>Driftsinntekter</b>	<b>-6 085</b>	<b>-6 085</b>
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>126 279</b>	<b>132 148</b>
<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>130 193</b>	<b>132 148</b>

## Kommentarar til tabellen

### Prioriteringar

#### Driftstilskot til kunst- og kulturverksemder

Det er motteke 124 søknader om driftsstøtte for 2023. Samla er det søkt om kr 112 793 380. Dette er ei auke på kr 32 252 380 i høve til budsjettet for 2022.

Tal søknadar:	124
Budsjett 2022:	80 541 000
Søknadssum budsjett 2023:	112 793 380
Auke i søknadssum:	32 252 380

Generelt er det stor trøng for auka driftstilskot ute i kulturlivet. I tillegg til naudsnyt rom for utvikling og lønsjusteringar, har kunst- og kulturlivet monaleg auka kostnader som følgje av prisstigning, til dømes til straum. Kunst- og kulturlivet og barne- og ungdomsorganisasjonane har og utfordringar med reetablering etter koronapandemien. Med grunnlag i den historiske prisveksten ser ein det som viktig å gje prisauke til alle søkerane. Fylkesdirektøren gjer framlegg om å gje om lag 1,9% prisauke til mottakarar av driftstilskot.

Det er lagt inn tilskotssummar til fem aktørar vi har forpliktingar for, men som ikkje inngår i ramma, – tre som fekk medhald i klage på driftstilskot i 2022, og to som har vore på budsjett i fleire år, men sa frå seg tilskotet i 2022 grunna manglande aktivitet under pandemien. Desse fem aktørane får til saman tilskot på kr 570 000, fordelt med kr 220 000 på posten Kunstinstitusjonar og kr 350 000 på posten Tilskot til drift av kulturhus/ lokale til kunstformidling.

Under posten Kunstinstitusjonar ligg m.a. fem institusjonar der drifta er finansiert av stat, fylkeskommune og kommunar etter avtalte delar, og der storleiken på den samla løyvinga følger av såkalla romertsvedtak i Stortinget. Dvs at det er forventa at fylkeskommunen oppfyller sin del av den totale offentlege løyvinga. I forslaget til Statsbudsjett for 2023 er det lagt inn om lag 3% auke i tilskotet til dei fleste av desse institusjonane. Opera Nordfjord er ikkje auka (pga overføring av prosjektttilskot til anna post), og når det gjeld Teater Vestland og Det Vestnorske teateret ligg ein i fylkesdirektøren sitt forslag allereie over vår vedtekne del. Bergen Nasjonale Opera og Carte Blanche må løftast med 3%.

Dei kapitla som berre inneheld tilskotsordningar som vert lyste ut til prosjekt, tiltak ol. er haldne på same nivå som i fjor. Det er mange søkerarar, store behov og ambisjonar som vert fremja også i desse ordningane, men innan slike stramme rammer som dette budsjettet har, vert dette ikkje prioritert.

I samband med Frivilligheitas år 2022, har Vestland fylkeskommune sett av midlar til frivilligpris og frivilligkonferanse. I 2022 vart det budsjettert med kr 50 000 til frivilligprisen og kr 180 000 til frivilligkonferansen. I tillegg vart det lagt inn kr 500 000 i ekstra løyving til frivilligheit. Det er ikkje rom for å vidareføre dette.

Det er heller ikkje rom for å legge inn faste midlar til Grieghallen og Sentralbadet scenekunsthus, slik at spelemidlar på den desentraliserte ordninga til kulturhus kan gå til lokale møteplassar etter søkerad. I 2023 utgjer tilskot til Grieghallen IKS 3,41 mill. kr og Sentralbadet 5 mill. Av Sentralbadet sine midlar, utgjer dei fylkeskommunale midlane 3 mill. kr og spelemidlar 2 mill. kr. Midlar til regionale kulturarenaer bør på sikt inn som ei fast ordning med årlege løyvingar.

I 2024 skal 750-års jubileum for Magnus Lagabøte si landslov markerast med utstilling, konferansar, undervisningsopplegg og ei rekke tiltak som aktualiserer tema som demokrati og rettferd. Det tyngste økonomiske løftet for å realisere jubileet må takast i 2023, sidan utstillinga lyt bestillast og produserast dette året. Fylkesdirektøren foreslår å setje av 1,4 mill. kr for 2023.

### Oppgåver og tenesteproduksjon

Vestland fylkeskommune skal ta i vare oppgåver heimla i delegasjon av statlege forvaltingsoppgåver, og utvikle ein regional politikk for utvikling av kunst- og kulturlivet innan frivillig og profesjonell sektor i heile fylket. Tilskot er viktige verkemiddel, m.a. driftstilskot, investeringstilskot og prosjektbasert støtte. Mottakarane skal vere regionale verksemder som medverkar til kulturelt og kunstnarleg mangfold og kulturell utvikling i fylket.

Løvingsnivået gjeld tilrettelegging av fylkeskommunale verkemiddel på kunst- og kulturområdet, og bidra til å utvikle den regionale kulturpolitikken. I tillegg til forvalting av økonomiske verkemiddel gjeld arbeidsområdet strategi, kompetanse, koordinering og mobilisering.

## Stab – adm. kultur, idrett og inkludering

Stab	2022	2023
Adm stab	8 077	8 283
Kulturkonferansen		200
Kunnskapsproduksjon	0	300
<b>Sum brutto driftsutgifter</b>	<b>8 077</b>	<b>8 783</b>
Driftsinntekter	0	0
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>0</b>	<b>8 783</b>
<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>8 335</b>	<b>8 783</b>

### Kommentarar til tabellen

#### Prioriteringar

Avdelinga har trainee i tida august 2022 – juli 2023. Det er lagt inn lønsmidlar til finansiering for eit ½ år i 2023-budsjettet. I tillegg er det oppretta eigen post for den årlege kulturkonferansen som tidlegare år har blitt dekka gjennom den interne drifta.

#### Oppgåver og tenesteproduksjon

I hovudsak er staben sitt arbeid knytt til fellesoppgåver og

oppgåver som elles ikkje fell inn under dei enkelte fagseksjonane sitt område.

Støttefunksjonane har som hovudmåla å avlaste og forenkle drifta i linja. Dette gjeld oppgåver som felles økonomistyring av rekneskap og budsjett, post/arkivtenester, støtte linjeleiarane i rekrutteringsprosessar, sjå til at aktuelle rutinar og regelverk vert ivaretake, syte for tilskotsoppfølging og støtte arbeidet med bruk av elektroniske verktøy, og at dette vert følgd opp i samsvar med gjeldande retningsliner.

## 3 Kostnadsgupper 2023

Finansutvalet gjer prosessvedtak på sektorbudsjetta og på summane til dei ulike løvingsnivåa. I denne delen er sektorbudsjettet i tillegg vidare fordelt på kostnadsgupper. Fordelinga av sektorbudsjettet i ulike kostnadstypar er ein viktig del av fylkesdirektøren si økonomistyring. Summane

for sektor og løvingsnivå er faste som vert endeleg vedteke, medan summar for kostnadsgupper er å sjå på som summar som fylkesdirektøren vil styre etter. Summane kan med andre ord verte endra når sektorane er ferdig med detaljbudsjetteringa.

Tabell pr. sektor:

Tal i 1000 kr

	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Reise og kurs	2 258	2 500
Konsulenttenester	488	500
Administrasjonsutgifter	2 280	2 085
Ordinære driftsutgifter	6 197	6 100
Lønsutgifter og -refusjonar	90 839	92 595
Ordinære inntekter	-384 458	-385 793
Andre utgifter og inntekter	627 976	683 631
<b>Netto driftskostnadar</b>	<b>345 580</b>	<b>401 618</b>

#### Kort omtale av dei ulike artsgruppene

Lønsutgifter og refusjonar har fått ei styrking i høve løns- og prisstiginga.

Andre utgifter og inntekter viser i hovudsak veksten i tilskot til institusjonar, lag og organisasjonar.

Dei interne driftsutgiftene har i fleire år vore vorte redusert vesentleg gjennom innsparingsprogrammet, då særslig artsgruppa Reise og kurs.

Det er vanskeleg å seie om postane er tilstrekkelege og i tråd med aktiviteten, då vi ikkje har hatt eit normalår å samanlikna med. Reduksjonen i budsjettposten medfører at høve til naudsynte reiser og høve til kontakt med brukarane kan bli svekka.

## 4 Bindande føresetnader

Det er ikkje bindande føresetnader for dette budsjettkapittelet.

Ytterlegare spesifikasjon av løyvingsnivå vert gjort i hovudutvalet.

## 5 Klimavurdering sektorbudsjett 2023

Avdeling for kultur, idrett og inkludering si daglege drift er ikkje opphav til vesentlege klimagassutslepp. Avdelinga bidrar likevel til aktivitet som er viktig for å kutte klimagassutslepp.

Med utgangspunkt i FN sine berekraftsmål, arbeider avdelinga med å identifisere aktivitetar som fører til negative klimaeffektar og setje konkrete mål og tiltak for om mogleg å redusere desse.

På avdelinga vil klimagassutsleppa gjelde dei aktivitetane som krev vesentleg transport og i nokon grad tilskot der ein kan setje miljøkrav. Det kan vere mindre klimagassutslepp knytt til drift og til at ein del tilsette nyttar eigen bil til og frå

arbeid. Seksjon for kunstformidling har ei utstrekkt turneverksemnd gjennom Den kulturelle skolesekken, og på seksjon for kulturarv treng feltarkeologane transport til og frå felt. Avdelinga har tatt i bruk og nyttar el-bilar på desse områda.

Det kan vere mindre klimagassutslepp knytt til drift og til at ein del tilsette nyttar eigen bil til og frå arbeid. Avdelinga arbeider med å få tilsette til å reise kollektivt om mogleg.

Tabellen nedanfor viser tiltak som avdelinga har vedtatt eller har under planlegging, som kan bidra til reduserte klimagassutslepp.

Namn tiltak/prosjekt	Ansvarleg for gjennomføring (avd.-nivå)	Konkretisering av tiltak	Årleg kostnad i 2022–2025 (tall i 1000 kr)	Kryss av om tiltaket er:	
				Innanfor vedtatt kostnadsramme	Tilleggsforslag (behov for finansiering)
1 Kuttet bruk av fossile transport-middel	Kultur, idrett og inkludering	Stille krav ved bruk av leigebilar	Ingen ekstra kostnad, mogleg innsparing	Ja	Nei





## 3.8 Tannhelse

## 1 Tannhelse – løyvingsnivå

Tabell med driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter.

Alle tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2022	Budsjett 2023
Administrasjon	Brutto driftsutgifter	13 680	12 363
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	13 680	12 363
Pasientbehandling	Brutto driftsutgifter	457 540	487 329
	Driftsinntekter	-155 612	-171 369
	Netto driftsutgifter	301 928	315 960
<b>Sum</b>	<b>Brutto driftsutgifter</b>	<b>471 220</b>	<b>499 692</b>
	<b>Driftsinntekter</b>	<b>-155 612</b>	<b>-171 369</b>
	<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>315 608</b>	<b>328 323</b>
	<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>324 323</b>	<b>328 323</b>

### Endring fra 2022 til 2023

Tannhelsetenesta har eit budsjettnedtrekk i 2023 på 1,5 mill. kr. Følgjande salderingstiltak er tidlegare presentert og innarbeidd etter prosessvedtak; stillingsreduksjon, innsparing på kjøpte tenester og kontorutgifter.

Utover dette er det innanfor tenesta gjort ei intern flytting der folkehelsetiltak er flytta frå løyving administrasjon til løyving pasientbehandling. Folkehelsearbeidet vert i all hovudsak utført ute på klinikke og såleis fordelt på tannhelseområda.

Med bakgrunn i dette har tannhelsetenesta overført 0,2 mill. kr frå løyvingsnivå administrasjon til løyvingsnivå pasientbehandling.

Utover desse momenta er alle delar av budsjettet tilført pris- og lønsvekst, og vidareført på same nivå som 2022-budsjettet.

### Sektortabell endringar fra 2022 til 2023

Løyvingsnivå	Endring fra 2022 til 2023	Moment
Administrasjon	-200	Folkehelsetiltak
Pasientbehandling	200	Folkehelsetiltak
Administrasjon	-1 500	Stillingsreduksjon og innsparing kjøpte tenester og kontorutgifter
Pasientbehandling	5 500	Endring FT
<b>Total endring</b>	<b>4 000</b>	

### Innarbeidde salderingstiltak 2023

#### Løyvingsnivå administrasjon

Det er innarbeid eit innsparingstiltak ved hjelp av stillingsreduksjon i administrasjonen. Stillingsheimelen utgår grunna naturleg avgang og arbeidsoppgåvane vert ivaretatt av andre i staben. Innsparingsa utgjer 0,42 mill. kr.

Etter samanslåinga av fylka har det vore naudsynt med kjøp av tenester i stab, hovudsakleg juridiske tenester. Ein tek sikte på at denne jobben i store trekk vert ferdigstilt i 2022. Samla sett vil det gje ei innsparing på 0,88 mill. kr. Vidare i budsjettet for administrasjon har eininga ein innsparing på 0,2 mill. kr som er knytt til kontorutgifter.

## Følgjande er endra etter vedtak i fylkestinget

Løyvingsnivå	Endring
Kirkens bymisjon, tannhelsepilot-papirlause	0,5 mill kr
Rekruttering/stabiliseringfsmidlar	2,5 mill kr
Utstyr	2,5 mill kr
<b>Sum</b>	<b>5,5 mill kr</b>

## 2 Omtale av løyvingsnivåa

Tannhelsetenesta har to løyvingsnivå; pasientbehandling og administrasjon

### Løyvingsnivå administrasjon

Alle tal i 1000 krr

Løyvingsnivå		Budsjett 2022	Budsjett 2023
Administrasjon	Brutto driftsutgifter	13 680	12 363
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	13 680	12 363
	<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>14 063</b>	<b>12 363</b>

Løyvinga skal dekke løn, og personalkostnader og andre utgifter knytt til tilsette på økonomi, personal, fagseksjon, stabsleiar og fylkestannlegen.

### Løyvingsnivå pasientbehandling

Alle tal i 1000 kr

Løyvingsnivå		Budsjett 2022	Budsjett 2023
Pasientbehandling	Brutto driftsutgifter	457 540	487 329
	Driftsinntekter	-155 612	-171 569
	Netto driftsutgifter	301 928	315 960
	<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>310 260</b>	<b>315 960</b>

Under dette løyvingsnivået ligg behandlinga av pasientgruppene som er prioriterte og dei som er betalende. I tillegg kjem områdeleiarane, alle yrkesgrupper knytt til pasientbehandling, tilsette i teknisk eining og alt av utstyr som vert brukt på klinikke.

Vestland tannhelseteneste utfører lovpålagde oppgåver i samsvar med lov om tannhelsetenester. Fylkeskommunen skal sørge for at tannhelsetenester, også spesialisttenester, i rimeleg grad er tilgjengelege for alle i fylket. Tannhelsetilbodet skal vera regelmessig og oppsøkjande, og førebygging skal prioriterast framfor behandling.

Tenesta har i 2023 ansvar for å gi eit tannhelsetilbod til om lag 183 000 innbyggjarar som har rett til eit tilbod i den offentlege tannhelsetenesta. Etter budsjettvedtak i Stortinget fekk tannhelsetenesta også ansvar for ei ny gruppe, 21- og 22-åringane i 2022. Det betyr om lag 15 000 personar som kjem i tillegg til dei 183 000 som allereie har rett til eit tannhelsetilbod. Utover det vil om lag 32 000 vaksne, betalande personar motta behandling i tannhelsetenesta.

## Prioriterde grupper

Lov om tannhelsetenester § 1-3 definerer dei prioriterte gruppene med lovfesta rettar som:

- barn og unge 0–20 år
- psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon
- eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon eller i heimesukepleie

Vestland tannhelseteneste gir etter budsjettvedtak i Stortingset også eit tannhelsetilbod til innsette i fengsel og personar innan rusomsorg.

Fylkeskommunen skal sørja for naudsnyt tannhelsehjelp for alle som bur eller midlertidig oppheld seg i fylket og dette inkludert flyktningar, asylsøkarar og familiesameinte. Det er i hovudsak flyktningar, asylsøkarar og familiesameinte i aldersgruppa 0–22 år som har rett til tannbehandling og tolketenester. Dette har vore ei gruppa som har auka kraftig, særleg på grunn av krigen i Ukraina. Oppsamla og større tannbehandlingsbehov saman med utgifter til tolketenester gir auka kostnadar.

Vestland tannhelseteneste har òg ansvar for Tannlegevakta i Bergen, tannbehandling i narkose på Haukeland universitetssjukehus, Førde sjukehus og Stord sjukehus og eit poliklinisk tilbod om tannbehandling i narkose på Solheimsvennen tannklinik.

## Dyrare pasientar

SSB viser i sine undersøkingar til at samansetnaden av dei prioriterte gruppene i den offentlege tannhelsetenesta har endra seg dei siste 10 åra. Utgiftene per behandla pasient aukar. SSB syner til at dei prioriterte gruppene samla sett har vorte meir ressurskrevjande å behandla no enn før. At den offentlege tannhelsetenesta no behandler relativt fleire ressurskrevjande pasientar og i tillegg gjer fleire komplekse og spesialiserte behandlingar, kan vera ei viktig årsak til at utgiftene per behandla pasient aukar.

## TOO

Tilrettelagt tannhelsetilbod for pasientar utsett for tortur, overgrep eller som har sterkt angst for tannbehandling (TOO-tilboden) er eit statleg finansiert tilbod for vaksne utan rettar i den offentlege tannhelsetenesta, men TOO-tilboden blir drifta og organisert av fylkeskommunen. Det finst tverrfaglege TOO-team på dei offentlege tannklinikkane i Florø, Sogndal, Stord og på Årstad i tillegg til Senter for Odontofobi ved TkVestland. Fylkeskommunen kjøper tenester for omlag 0,300 mill frå tverrfagleg TOO-team for å sikra naudsnyt angstbehandling også til prioriterte grupper. Nokre offentlege tannklinikkar har TOO-tannbehandlarteam som gir fylkeskommunen ei inntekt på om lag 1,5 mill. kr frå statlege TOO-midlar.

## Vaksne utan rettar

Vaksne, betalande pasientar utan rettar i den offentlege tannhelsetenesta får tilbod om behandling på dei tannklinikkane

der det er kapasitet og der det manglar anna privat tannhelsetilbod. For ein del klinikkar utgjer behandlinga av betalande pasientar ein betydeleg del av den totale drifta.

## Folkehelsearbeid i tannhelsetenesta

Eit overordna mål i tannhelsetenesta er å prioritera førebyggjande tiltak, og iverksetjing av utadretta tiltak for å fremja god tannhelse. Tenesta ynskjer med sitt folkehelsearbeid å sikra at pasienten får god kunnskap om korleis ta vare på eigne tenner- og munnhelse. Dette skjer gjennom aktivitar, ulike kampanjar og kompetansehevande tiltak for heile befolkninga i Vestland.

Alle barn og unge er jamleg inne til undersøking av tenner og munn. Dette gir tenesta ein unik moglegheit til å informera om kva som skal til for å ha ei god tann- og munnhelse, og for å kunne førebyggja sjukdom og skade i ein tidleg fase. Målet med folkehelsearbeidet er å gi pasientane god informasjon som gjer dei i stand til å bevara tennene heile livet.

## TK Vestland

Vestland fylkeskommune har ansvar for drift av Tannhelsetenesta sitt kompetancesenter Tk Vestland. Tk Vestland består av ein Spesialistklinik, administrasjon, forsking og Senter for Odontofobi (SFO).

TkVestland administrasjon, forsking og SFO delfinansieres av Helsedirektoratet.

Spesialistklinikken er lokalisert på Årstad i Bergen, og skal gje tilbod om spesialistbehandling og utføra fagleg rådgjeving til offentleg og privat tannhelsetenesta. Tk Vestland har og ein eigen tannklinik på Haukeland universitetssjukehus, i tillegg til ei avdeling med oral kirurg i Stryn.

Økonomiutfordringa knytt til Tk Vestland gjeld den kliniske verksemda. Tk Vestland vil dei neste åra fortsetja arbeidet med kostnadsreduserande tiltak og kontinuerleg vurdera korleis ein kan auke innteninga. Ordninga med null-budsjett vert vidareført.

Spesialistklinikken har vidareført arbeidet med å få finansiell avklaring på kjeveortopedisk behandling av pasientar med leppe-, kjeve- og ganespalte i samarbeid med Helsedirektoratet, Rikshospitalet og Haukeland sjukehus. Det har vore for låg inntening på grunn av endring i Helfo takstar knytt til denne pasientgruppa, i kombinasjon med at gruppa skulle skjermast for eigenandelar.

Frå 2023 vil ikkje LKG pasientar få kjeveortopedisk behandling på Spesialistklinikken. Pasientgruppa høyrer til Rikshospitalet og Haukeland Sjukehus, og vil få sitt tilbod der.

Hausten 2023 blir det tilsett ein kirurg på Spesialistklinikken. Kirurgen vil styrke tilboden til pasientane. I slutten på 2022 har Tk Vestland inngått ein radiologisk samarbeidsavtale med Tk Rogaland om sal av radiologiske tenester. Hausten 2023 skal det etter planen starte opp narkosetilbod til pasientar som treng spesialistbehandling, i tillegg til TOO pasientar.

### 3 Kostnadsgrupper 2023

Finansutvalet gjer prosessvedtak på sektorbudsjettet og på summane til dei ulike løvingsnivåa. I denne delen er sektorbudsjettet i tillegg vidare fordelt på kostnadsgrupper. Fordelinga av sektorbudsjettet i ulike kostnadstypar er ein viktig del av fylkesdirektøren si økonomistyring. Summane

for sektor og løvingsnivå er faste som vert endeleg vedteke, medan summan for kostnadsgrupper er å sjå på som summar som fylkesdirektøren vil styre etter. Summane kan med andre ord verte endra når sektorane er ferdig med detaljbudsjetteringa.

#### Tannhelse

	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Reise og kurs	4 204	4 320
Konsulenttenester	755	880
Administrasjonsutgifter	3 992	3 903
Ordinære driftsutgifter	76 692	102 409
Lønsutgifter og -refusjonar	372 859	388 380
Ordinære inntekter	-155 612	-171 569
Andre utgifter og inntekter	12 718	0
<b>Netto driftskostnadar</b>	<b>324 323</b>	<b>328 323</b>

Tal i 1000 kr r

#### Kort omtale av dei ulike artsgruppene

##### **Reise og kurs:**

Under reise og kurs ligg utgifter som gjeld klinikkleiarsamling, learmøte, stabsmøte, besøk på sjukeheimar, ambulering, vernerundar og reiseutgifter i samband med vedlikehald og service ute på klinikkkane.

##### **Konsulenttenester:**

Under denne artsgruppa ligg utgifter gjeldane juridisk bistand og tolketenester. Tannhelsetenesta har innkjøpsavtale med Tolkenett som bistår klinikkanne dersom dei treng tolk, denne arten aukar i samband med nye flyktingar.

##### **Administrasjonsutgifter:**

Utgifter som er budsjettert her er kontormateriell, gåver til tilsette, sms varsling til pasientar, telefon og internett utgifter, stillingsannonser og kostnadar gjeldane infoskerm ute på tannklinikkanne.

##### **Ordinære driftsutgifter:**

Ein av dei største utgiftspostane er medisinsk forbruksmateriell som eingongsutstyr, og anna knytt til behandling av den einskilde pasient. Her ligg òg pasientreiser, dentalt

utstyr, folkehelsetiltak og utgifter knytt opp til vedlikehald og reparasjonar. Utgifter som gjeld henviste pasientar, vert og budsjettet på denne artsgruppa.

Det er ein auke på denne artsgruppa som knyter seg til at kostnadane på medisinske forbruksvarer og elles anna dentalt utstyr har auka betydeleg.

##### **Lønsutgifter og refusjonar:**

Under dette artsnivået ligg løn og sosiale kostnader for alle tilsette i tannhelsetenesta.

##### **Ordinære inntekter:**

Under ordinære inntekter vert det i hovudsak budsjettert inntekter for betalande pasientar og tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet.

##### **Andre utgifter og inntekter:**

Rekneskapstekniske artar som vert nytta i samband med årsavslutning og fondsføringer vert skilt ut her.

Det er gjort ei budsjettendring her i 2022 som gjeld auke i rammetilskotet som følgje av overføring frå statsbudsjettet som utgjer eit generelt tillegg på 12,718 mill. kr.

## 4 Ytterlegare spesifikasjon av sektorbudsjettet

Tannhelsetenesta er ein viktig fylkeskommunal aktør med lokasjoner over heile Vestland. Under er ein tabell som syner tal klinikkar pr. område, og korleis desse er lokalisert. Av

tabellen går det fram at det samla er 53 klinikkar rundt om i fylket.

Område	Tal klinikkar	Lokasjonar
Nord	13	Måløy, Eid, Stryn, Sandane, Florø, Bremanger, Førde, Askvoll, Hyllestad, Hardbakke, Høyanger, Sogndal, Gaupne.
Søraust	17	Årdal, Lærdal, Aurland, Vik, Voss, Ulvik, Norheimsund, Odda, Lofthus, Husnes, Rosendal, Etne, Stord, Tysnes, Bremnes, Langevåg, Sveio.
Sentrums	10	Øygarden, Askøy, Loddefjord, Fyllingsdalen, Sælen, Nesttun, Austevoll, Sørås, Os, Eikelandsosen
Vest	13	Eivindvik, Manger, Lindås, Nordhordaland, Arna, Osterøy, Hesthaugen, Åsane, Bergen fengsel, Årstad, Tannlegevakten, Solheimsviken, Skuteviken.

## 5 Bindande føresetnader

Viser til tabellar og omtale, men for dette sektorbudsjettet er det ikkje sett opp bindande føresetnader.

## 6 Klimavurdering sektorbudsjett 2023

Klimaperspektivet er i fokus når det gjeld alle innkjøpsavtalar i tannhelsetenesta. Ny avtale om forbruksvarer vart signert våren 2022. Det er stilt krav til leverandør om alternativ til plastleikar og fokus på meir miljøvennleg eingongsprodukt. Videre er det tatt omsyn til transport og leveringsmetode, og at ein har gode ordningar for handtering av spesialavfall.

Tannhelsetenesta jobbar målretta med folkehelse og helseførebyggjande arbeid. Målet med langsiktig helsefremjande arbeid er at pasientar, særskilt barn og unge, skal få ei god oral helse som vil krevja lite behandling i vaksenlivet. Når behovet for operativ tannbehandling vert redusert, vil me få lågare klimaavtrykk i framtida.







## 3.9 Næring, plan og innovasjon

## 1 Sektorbudsjett – Løyvingsnivå

Tabell 1. Driftsutgifter, driftsinntekter og netto driftsutgifter for avd. for næring, plan og innovasjon (1 000 kr)

Løyvingsnivå		Budsjett 2022	Budsjett 2023
Avdeling næring, plan og innovasjon	Brutto driftsutgifter	11 533	11 699
	Driftsinntekter	-331	-357
	Netto driftsutgifter	11 201	11 341
Grøn vekst, klima og energi	Brutto driftsutgifter	21 985	
	Driftsinntekter	-4 250	
	Netto driftsutgifter	17 735	
Forsking, komp. og internasjonalisering	Brutto driftsutgifter	67 293	48 068
	Driftsinntekter	-30 488	-20 908
	Netto driftsutgifter	36 804	27 160
Naturressursar, landbruk og reiseliv	Brutto driftsutgifter	63 815	75 858
	Driftsinntekter	-20 309	-22 825
	Netto driftsutgifter	43 506	53 033
Grøn næringsinfrastruktur	Brutto driftsutgifter	153 630	194 120
	Driftsinntekter	-124 860	-147 095
	Netto driftsutgifter	28 770	47 025
Utviklingsmidlar	Brutto driftsutgifter	41 311	48 250
	Driftsinntekter	-4 029	-6 452
	Netto driftsutgifter	37 282	41 798
Plan, klima og analyse	Brutto driftsutgifter		40 218
	Driftsinntekter		-376
	Netto driftsutgifter		39 842
<b>Sum</b>	<b>Brutto driftsutgifter</b>	<b>359 567</b>	<b>418 213</b>
	<b>Driftsinntekter</b>	<b>-184 267</b>	<b>-198 013</b>
	<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>175 300</b>	<b>220 200</b>
	<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>181 611</b>	<b>220 200</b>

Følgjande er endra etter vedtak i fylkestinget

mill. kr.

Løyving	Endring
Vite Meir	1,5
Marin satsning	10

Løyving	Endring
Vaksdal Mølle museum	1,5
Vest i Øst 2023	0,2
Utbygging ladestasjonar	15
Klimafestivalen	0,5

## Endring frå 2022 til 2023

Budsjettet til avdeling for næring, plan og innovasjon har fleire endringar, for det meste av teknisk karakter. Dette skuldast organisasjonsendringar og bortfall av eingongsbevillingar.

Budsjettet til avdelinga vart permanent auka med 1,4 mill. kr til lærepllassgaranti og 1 mill. kr til kompetanseheving innan fiskeri i 2021, og med 4 mill. kr til næringsfond for utsette kommunar, 2 mill. kr til marin satsing, 0,5 mill. kr til Lærdal villakssenter og 2 mill. kr til regionråda i 2022 (opphaveleg til avdeling for strategisk utvikling og digitalisering). I tillegg vart avdelinga tildelt 18 mill. kr i diverse eingongsbevillingar for 2022.

I arbeidsdokument 3 vart nettoramaa for 2023 redusert med totalt 19 mill. kr samanlikna med 2022. Dette består av dei 18 mill. kr i eingongsbevillingar frå fylkestinget sitt budsjettvedtak (FT PS 109/2021) og 1 mill. kr pålagt salderingskrav. Fylkesdirektøren har lagt til grunn for innsparinga at dette vert gjennomført i administrative budsjettpostar. Budsjettet til Karriere Vestland vart redusert med sin relative del av dette salderingskravet før omplassering til avdeling for opplæring og kompetanse.

Plan, klima og analyse flytta frå avdeling for strategisk utvikling og digitalisering (SUD). Før overføring vart budsjettet redusert med sin relative del av salderingskravet til SUD. For 2023 vert budsjettet justert med pris- og lønsvekst.

Eigenfinansieringa til Klimapartner vart auka på grunn av bortfall av statlege inntekter i 2022 og 2023, endra

medarbeidarsamansetting og liknande. Auka finansiering er naudsynt for å levere tenestene etter tilsvarende standard.

Posten rådgjeving dekker løn og drift av dei ulike seksjonane. Denne posten aukast som følgje av vanlig lønsvekst.

I tillegg til ovanståande er det gjort ei rekke tekniske justeringar som følgje av organisasjonsgjennomgangen. Karriere Vestland vert flytt til avdeling for opplæring og kompetanse, og seksjonane plan, klima og statistikk, kart og analyse samlast til ei ny seksjon under NPI: plan, klima og analyse. Ekstern kontakt plasserast under stab og seksjonen grøn vekst, klima og energi innlemmaste i seksjonen verdiskaping i byar og regionar under det nye namnet grøn næringsinfrastruktur.

For å kunne leve av havet også i framtida, er det ein føresetnad med ei berekraftig tilnærming til våre felles ressursar. For å kunne nå lokale, nasjonale og internasjonale målsettningar om reduserte utslepp, er Vestlandet og Bergen avhengig av samarbeid og samhandling mellom det offentlege, næringslivet og innbyggjane.

Vestland fylkeskommune er difor partnar i Havbyen Bergen, ei verdsleiane initiativ som skal fremme auka samhandling, attraktivitet, berekraftig vekst og kompetanse i havnæringane med Bergen som sentral drivkraft. Fylkeskommunen har signert ein treårig samarbeidsavtale for perioden 2022–2024 der ein forpliktar seg til eit årleg bidrag på kr 1 000 000. Til Havuken 2023 er det forslag om tilskot på 2 mill. kr.

## Sektortabell endringar frå 2022 til 2023

Tabellen nedanfor syner endringar. Beløp for 2022 er omrekna til 2023-kr, med unntak av bortfall av eingongsbevillingar.

**Tabell 2. Endringar til nettoramaa frå 2022 til 2023 (1 000 kr)**

Løyvingsnivå	Endring frå 2022 til 2023	Moment
Avdeling næring, plan og innovasjon	-807	Pris- og lønsvekst og innarbeidd saldering i administrative postar.
Grøn vekst, klima og energi	-19 191	Bortfall av eingongsbevilling frå 2022, teknisk endring i tilskotsmidlar og organisasjonsendring.
Forsking, komp. og internasjonalisering	-12 016	Pris- og lønsvekst, innarbeidd saldering i administrative postar og organisasjonsendring.
Naturressursar, landbruk og reiseliv	-4 905	Pris- og lønsvekst, innarbeidd saldering i administrative postar og bortfall av eingongsbevilling.
Grøn næringsinfrastruktur	1 136	Pris- og lønsvekst, innarbeidd saldering i administrative postar, bortfall av eingongsbevillingar frå 2022 og organisasjonsendring.
Løyvingsnivå: Grøn næringsinfrastruktur	1 000	Havbyen Bergen

Løyvingsnivå	Endring frå 2022 til 2023	Moment
Utviklingsmidlar	3 331	Pris- og lønnsvekst og teknisk endring i tilskotsmidlar.
Plan, klima og energi	39 341	Organisasjonsendring, pris- og lønnsvekst og saldering i administrative postar.
Naturressursar	2 000	Havukten 2023
Forskning, kompetanse og internasjonalisering	1 500	Endring FT
Naturressurser, landbruk og reiseliv	10 000	Endring FT
Grøn næringsinfrastruktur	16 700	Endring FT
	<b>38 589</b>	

## 2 Omtale av løyvingsnivå

Utviklingsplan for Vestland gir fylket ei felles retning for vidare utvikling av eit berekraftig og nyskapande Vestland. Fire fagseksjonar og ein stabsseksjon bidreg til å nå måla knytt til satsingsområda i utviklingsplan. Avdelinga har ansvar for «Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling». Dette skjer gjennom strategisk nærings- og samfunnsutvikling inkludert tilskotsforvalting, samordning og rådgjeving, og gjennom sakshandsaming etter lov og forskrift. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling er ein plan for heile fylket, ikkje berre for fylkeskommunen. Samfunnsutviklarrolla, med samordning og mobilisering av sentrale partnarar i næringsliv, offentleg sektor og FoU-sektoren, er ei viktig oppgåve for avdelinga på tvers av seksjonane.

Ein felles og oppdatert klimaplan vert vedteken i desember 2022, og er vesentleg for å nå målsettingane i utviklingsplanen. I tillegg er arbeidet med ein regional plan for senterstruktur for Vestland starta opp i 2022. Utvikling av byane og tettstadane er ein sentral del av den regionale utviklinga av fylket.

I budsjettet utgjer kvar seksjon eitt løyvingsnivå, samt eit sjette løyvingsnivå «Utviklingsmidlar». Kvart av desse løyvingsnivåa er kort skildra nedanfor.

### Løyvingsnivå Administrasjon av næring, plan og innovasjon

**Tabell 3. Budsjett Administrasjon av næring, plan og innovasjon (1 000 kr)**

Avdeling næring, plan og innovasjon		Budsjett 2022	Budsjett 2023
Næring, plan og innovasjon	Brutto driftsutgifter	5 606	4 080
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	5 606	4 080
Stab næring, plan og innovasjon	Brutto driftsutgifter	5 926	7 618
	Driftsinntekter	-331	-357
	Netto driftsutgifter	5 595	7 261
<b>Sum</b>	<b>Brutto driftsutgifter</b>	<b>11 533</b>	<b>11 699</b>
	Driftsinntekter	-331	-357
	Netto driftsutgifter	11 201	11 341
	<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>12 148</b>	<b>11 341</b>

Her ligg administrative fellestenester for avdelinga innanfor økonomi og innkjøp, HR, kommunikasjon, digitalisering av arbeidsprosessar og arkiv. Måla er å understøtte drifta i avdelinga, og med det leggje til rette for at fagseksjonane løyser oppgåva med implementering av den regionale planen best mogleg.

Aktiviteten i administrasjonen er stort sett venta å vere uendra i neste budsjettår. Hovudmåla er å styrke og effektivisere

avdelinga sine arbeidsprosessar, kontrollfunksjonar og kommunikasjon gjennom auka bruk av digitale verktøy, automatiseringar og prosessforenkling. Tilskotsadministrasjon vert i forvaltningsrevisjon og organisasjonsgjennomgangen peika på som eit opplagt område å optimere.

Til løyvingsnivået ligg løn og driftsutgifter til avdelingsdirektor og stab, samt felles driftsbudsjett for avdelinga.

## Løyvingsnivå Grøn vekst, klima og energi

**Tabell 4. Budsjett Grøn vekst, klima og energi (1 000 kr)**

Grøn vekst, klima og energi		Budsjett 2022	Budsjett 2023
Grøn konkurransekraft og klimainnovasjon	Brutto driftsutgifter	10 413	
	Driftsinntekter	-1 000	
	Netto driftsutgifter	9 413	
Klimapartner	Brutto driftsutgifter	3 600	
	Driftsinntekter	-3 000	
	Netto driftsutgifter	600	
Miljø (sirkulære verdikjeder plast)	Brutto driftsutgifter	1 000	
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	1 000	
Energi	Brutto driftsutgifter	650	
	Driftsinntekter	-250	
	Netto driftsutgifter	400	
Rådgjeving	Brutto driftsutgifter	6 322	
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	6 322	
Sum	Brutto driftsutgifter	21 985	
	Driftsinntekter	-4 250	
	<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>17 735</b>	
	<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>19 191</b>	

Seksjon for grøn vekst, klima og energi og seksjon for verdiskaping i byar og regionar fusjonerer til seksjon for grøn næringsinfrastruktur som følgje av organisasjonsendrin-

gane. Alle årsverk og aktivitetar vert innlemma under det nye namnet seksjon for grøn næringsinfrastruktur.

## Løyvingsnivå Forsking, kompetanse og internasjonalisering

<b>Forsking, kompetanse og internasjonalisering</b>		<b>Budsjett 2022</b>	<b>Budsjett 2023</b>
RFF	Brutto driftsutgifter	15 399	11 900
	Driftsinntekter	-15 399	-11 900
	Netto driftsutgifter		
FORREGION	Brutto driftsutgifter	6 450	6 608
	Driftsinntekter	-6 000	-6 158
	Netto driftsutgifter	450	450
Rett kompetanse	Brutto driftsutgifter	3 100	1 700
	Driftsinntekter	-1 400	
	Netto driftsutgifter	1 700	1 700
Bedriftsintern opplæring (BIO)	Brutto driftsutgifter	5 500	5 500
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	5 500	5 500
Karriere Vestland	Brutto driftsutgifter	12 732	
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	12 732	
Digital karriereveiledning	Brutto driftsutgifter	4 050	
	Driftsinntekter	-4 200	
	Netto driftsutgifter	-150	
Internasjonale prosjekt	Brutto driftsutgifter	2 639	2 000
	Driftsinntekter	-3 489	-2 850
	Netto driftsutgifter	-850	-850
Vitensenter	Brutto driftsutgifter	4 500	4 500
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	4 500	4 500
Teknoløftet	Brutto driftsutgifter	1 000	1 000
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	1 000	1 000
Rådgjeving	Brutto driftsutgifter	11 923	13 360
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	11 923	13 360

Tabellen held fram på neste side

<b>Forsking, kompetanse og internasjonalisering</b>		<b>Budsjett 2022</b>	<b>Budsjett 2023</b>
Endring FT	Brutto driftsutgifter		1 500
	Driftsinntekter		0
	Netto driftsutgifter		1 500
<b>Sum</b>	<b>Brutto driftsutgifter</b>	<b>67 293</b>	<b>48 068</b>
	Driftsinntekter	-30 488	-20 908
	Netto driftsutgifter	36 804	27 160
	<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>37 676</b>	<b>27 160</b>

Vestland fylkeskommune mobiliserer til forsking, kompetanseutvikling og innovasjon gjennom auka bruk av regionale, nasjonale og internasjonale finansieringsordningar og gir økonomisk støtte til kompetanseheving på arbeidsplassen. Samordning, mobilisering og tilskotsforvalting på desse områda skjer mellom anna gjennom programma Regionalt forskingsfond Vestland, Forregion, Kapasitetsløft, Erasmus+ samt mobilisering til, og deltaking i, ulike internasjonale prosjekt, spesielt Horisont Europa.

Regionalt forskingsfond Vestland (RFF) er den viktigaste finanzielle krafta til fylkeskommunen for å stimulere til ei forskingsbasert utvikling av eit innovativt og berekraftig Vestland i tråd med Temaplan forsking for Vestland 2022–2027. Fondet er finansiert av Kunnskapsdepartementet, men har hatt ei negativ budsjettutvikling dei siste to åra. For 2023 vert delar av medarbeidarkapasiteten flytt frå posten til andre oppgåver på seksjonen for å tilpasse aktiviteten til inntektsnivåa.

Etter revideringar av statsbudsjettet har fylkeskommunen dei siste to åra fått auka ansvar for den regionale kompetansepolitikken. Mobilisering og samordning på dette området, utarbeiding av kunnskapsgrunnlag og støtte til regionale kompetanseforum, ligg til løvingsnivået. Fylkeskommunen har vidare fått ansvar for administrasjon av store statlege overføringer til bedriftsintern opplæring (BIO-midlar), som krev administrative ressursar. Utfordringa framover vil vere å

avdekke kompetansebehova i næringslivet spesielt knytt til det grøne skiftet. Dette krev utvikling, uttesting og implementering av metodar og samarbeidsmodellar for korleis dette kan gjerast. Her må fylkeskommunen nytte samarbeidsaktørar som har ein operativ funksjon og som jobbar tett på næringslivet.

Fylkeskommunen deltar i fleire internasjonale utviklingsprosjekt med primær ekstern finansiering, t.d. RegALE, Albatts, RRI2Scale, YESpecialists, Horisont Vestland mfl. Ein del av den eksterne finansieringa kompenserer for lønskostnader, og det vert difor budsjettert med ei nettoinntekt.

Under posten Rett kompetanse er midlar til lærepllassgaranti og driftsstøtte til regionale kompetanseforum.

Karriererettleiing for vaksne er omplassert til avdeling for opplæring og kompetanse som følgje av organisasjonsendringane.

Utgifter på dette løvingsområdet er i tillegg til ovanståande satsingar særleg driftsstøtte til dei to vitensentra i fylket og fire kapasitetsløft, gjennomføring av internasjonale samarbeidsprosjekt, og løn og drift av seksjon for forsking, kompetanse og internasjonalisering. Drift av avdelinga er auka med lønsvekst og ein trainee innan forskingsfeltet etter politisk ynskje om dette.

## Løyvingsnivå Naturressursar, landbruk og reiseliv

Naturressursar, landbruk og reiseliv		Budsjett 2022	Budsjett 2023
Marine næringar	Brutto driftsutgifter	7 800	5 300
	Driftsinntekter	-1 500	
	Netto driftsutgifter	6 300	5 300
Mineralressursar	Brutto driftsutgifter	400	400
	Driftsinntekter	-100	-100
	Netto driftsutgifter	300	300
Landbruk	Brutto driftsutgifter	11 675	11 675
	Driftsinntekter	-11 275	-11 275
	Netto driftsutgifter	400	400
Reiseliv	Brutto driftsutgifter	9 300	9 300
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	9 300	9 300
Distrikt- og lokalsamfunnsutvikling	Brutto driftsutgifter	11 081	14 881
	Driftsinntekter		-4 000
	Netto driftsutgifter	11 081	10 881
Viltforvalting	Brutto driftsutgifter	1 100	1 100
	Driftsinntekter	-1 000	-1 000
	Netto driftsutgifter	100	100
Vassforvalting	Brutto driftsutgifter	6 317	6 317
	Driftsinntekter	-6 000	-6 000
	Netto driftsutgifter	317	317
Lærdal villakssenter	Brutto driftsutgifter	500	500
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	500	500
Innlandsfiske	Brutto driftsutgifter		200
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter		200
Rådgjeving	Brutto driftsutgifter	15 642	16 185
	Driftsinntekter	-434	-450
	Netto driftsutgifter	15 208	15 735

Tabellen held fram på neste side

Naturressursar, landbruk og reiseliv		Budsjett 2022	Budsjett 2023
Endring FT	Brutto driftsutgifter		10 000
	Driftsinntekter		0
	Netto driftsutgifter		10 000
<b>Sum</b>	<b>Brutto driftsutgifter</b>	<b>63 815</b>	<b>75 858</b>
	Driftsinntekter	-20 309	-22 825
	Netto driftsutgifter	43 506	53 033
	Netto driftsutgifter 2023-kr	44 938	53 033

Vestland fylkeskommune skal gjennom sine aktivitetar utvikle lokalsamfunn, og sikre ei balansert og god utnytting av naturressursane. Arbeidsområda knytt til dette løvingsområdet er særleg utvikling av jordbruk og skogbruk som næring, arbeide for berekraftig verdiskaping innan reiselivet, legge til rette for auka verdiskaping innan fiskeri og havbruk, samt ei god forvalting av marine ressursar, vassressursar, vilt, jordressursar og mineral.

Til løvingsnivået Naturressursar, landbruk og reiseliv ligg forvalting innan vilt, mineral, akvakultur og vassforvaltning, der vi samarbeider tett med både kommunar og statlege etatar. Innsatsen innan vassforvaltning og vilt er for det meste statleg finansiert. Innan akvakulturforvalting arbeider vi tett saman med andre offentlege etatar, og vi har eit tett samarbeid med andre fylkeskommunar gjennom FAKS (fylkeskommunane sitt akvakultursamarbeid). Fylkeskommunen har ansvar for å klarere dei lokalitetane der oppdrettsverksemda kan skje. Dersom ein skal styrke verdiskapinga ytterlegare må sentrale miljø- og arealutfordringar løysast. Fylkeskommunen arbeider med å forsterke innsatsen innan berekraftig havbruk.

Arbeidet med reiseliv er basert på visjonen "attraktivitet gjennom berekraft", og saman med samarbeidspartnerane våre legg vi til rette for berekraftige løysingar. Det er mellom anna sett i gong eit arbeid innan besøksforvaltning, som inneber at vi skal bli betre til å ta imot gjestane våre samstundes som vi ikkje forringar natur og miljø. Til dette løvingsnivået ligg også støtte til destinasjonsselskap og Fjord Norge. Temaplan for reiseliv gjev føringar for den vidare innsatsen.

Budsjettet omfattar 2 mill. kr til Havuken 2023, som Vestland fylkeskommune arrangerer saman med Bergen kommune. I april 2023 vil Statsraad Lehmkuhl returnere til Bergen frå si jordomsegling i samband med forskingsprosjektet One Ocean Expedition. I løpet av 20 månader har skipet samla inn store mengder data som kan bygge ny kunnskap om havet. Bergen kommune og fylkeskommunen ønsker å bidra

til å markere Statsraaden sin heimkomst, og styrke Havbyen Bergen, ved å gjennomføre Havuken for første gong i april 2023. Havuken 2023 vil ha ei rekke arrangement innan politikk, næring og kultur. Store internasjonale konferansar som handlar om havnæringsane, klima, utvikling og innovasjon vil være sentrale deler av programmet. Eit anna område blir rekruttering til havnæringsane gjennom ulike arrangement for elevane på vidaregåande skular i møte med næringane.

Løvingsnivået gjeld også om 1 mill. kr til Havbyen Bergen, som er eit 3-årig samarbeidsprosjekt der fellesnemnaren er berekraftig verdiskaping basert på havnæringsane.

Landbruket i Vestland er ei viktig næring også med tanke på ringverknadane for andre næringar og utvikling av lokalsamfunn. Saman med samarbeidspartnarar som Statsforvalten, Innovasjon Norge, kommunane og næringane legg vi til rette for utvikling av jordbruk og skogbruk i Vestland, i tråd med føringar i temaplan for landbruk.

Innsatsen knytt til nærings- og samfunnsutvikling i bygder og lokalsamfunn, er lokalsamfunnsprogrammet LivOGLyst ein sentral del. Ein har også nærings- og samfunnsutvikling i samarbeid med sju industrikkommunar med sams utfordringsbilete, og avdelinga administrerer ei fylkeskommunal tilskotsordning for omstillings- og utviklingsprosjekt i utsette kommunar og område.

Kr 200 000 er omprioritert frå posten Distrikts- og lokalsamfunnsutvikling til ei ny tilskotsordning for å fremme innlandsfiske i Vestland. Tilskotsordninga skal betre innlandsfiskebestandane og motivere til innlandsfiske. Det kan mellom anna søkjast om tilskot til habitattiltak, utfisking av overtallige fiskebestandar, tiltak som legg til rette for rekruttering til innlandsfiske og verdiskaping. Målgruppe er lag, organisasjoner, kommunar og vassområde.

Andre utgifter er knytt til løn og drift av seksjon for naturressursar, landbruk og reiseliv som vert auka med lønsvekst.

## Løyvingsnivå Grøn næringsinfrastruktur

<b>Grøn næringsinfrastruktur</b>		<b>Budsjett 2022</b>	<b>Budsjett 2023</b>
KMD 553.61 overføring til IN og SIVA	Brutto driftsutgifter	96 260	107 945
	Driftsinntekter	-96 360	-108 045
	Netto driftsutgifter	-100	-100
Entreprenørskapsstøtte	Brutto driftsutgifter	1 449	1 449
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	1 449	1 449
Digital struktur og breiband	Brutto driftsutgifter	33 000	34 000
	Driftsinntekter	-24 000	-33 000
	Netto driftsutgifter	9 000	1 000
Invest in Bergen	Brutto driftsutgifter	4 850	3 400
	Driftsinntekter	-3 150	-1 700
	Netto driftsutgifter	1 700	1 700
Etablerersenteret	Brutto driftsutgifter	2 700	2 700
	Driftsinntekter	-1 350	-1 350
	Netto driftsutgifter	1 350	1 350
Fair Play Bygg	Brutto driftsutgifter	3 000	
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	3 000	
Innovasjonsuken Opp	Brutto driftsutgifter	350	350
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	350	350
Grøn konkurransekraft og klimainnovasjon	Brutto driftsutgifter		4 600
	Driftsinntekter		-1 000
	Netto driftsutgifter		3 600
Klimapartner	Brutto driftsutgifter		3 400
	Driftsinntekter		-2 000
	Netto driftsutgifter		1 400
Miljø (sirkulære verdikjeder plast)	Brutto driftsutgifter		1 000
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter		1 000

<b>Grøn næringsinfrastruktur</b>		<b>Budsjett 2022</b>	<b>Budsjett 2023</b>
Enigi	Brutto driftsutgifter		400
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter		400
Rådgjeving	Brutto driftsutgifter	11 021	18 176
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	11 021	18 176
Endring FT	Brutto driftsutgifter		16 700
	Driftsinntekter		0
	Netto driftsutgifter		16 700
<b>Sum</b>	<b>Brutto driftsutgifter</b>	<b>153 630</b>	<b>194 120</b>
	<b>Driftsinntekter</b>	<b>-124 860</b>	<b>-147 095</b>
	<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>28 770</b>	<b>47 025</b>
	<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>29 189</b>	<b>47 025</b>

Vestland fylkeskommune tek ei leiande rolle i å omstille næringslivet for å nå klimamåla, å oppnå innovasjon i energitilbodet og utvikling av Bergen og dei regionale sentra som attraktive senter, som kan fungere som ei drivkraft for heile fylket. Arbeidet skjer i tett samarbeid med næringslivet og med forskings- og kunnskapsmiljøet, og gjennom mobilisering til nye regionale satsingar, fagleg rettleiding og tilskot til utviklingsprosjekt for å fremje berekraftig verdiskaping, grøn omstilling i næringslivet og sirkulærøkonomi.

Seksjon for verdiskaping i byar og regionar og seksjon for grøn vekst, klima og energi vert samanslått under det nye namnet seksjon for grøn næringsinfrastruktur. Seksjonen er hovudbase for avdelinga sitt arbeid med grøn næringsinfrastruktur, både fysisk infrastruktur som energi, nett, breiband, ladeinfrastruktur og næringsareal og innovasjonsinfrastruktur som klyngesamarbeid, partnerskap, og kontakt med det øvrige næringsvirkemiddelapparatet.

Seksjonen har prosjektleiaransvar for regional plan for berekraftig verdiskaping og regional plan for fornybar energi og dei generelle tilskota til grøn næringsutvikling samt arbeid for å sikre areal til næringsutvikling og auke eksporten. Seksjonen bidrar til berekraftig verdiskaping og grøn omstilling i næringslivet til dømes med Klimapartnere Vestland, Grøn Region, nullutsleptransport i næringslivet og sirkulærøkonomi.

Fylkeskommunen har oppdragsgjevaransvar for næringshageprogrammet til SIVA og for distriktsmidlane, bedriftsnettverksmidlane og mentorordninga til Innovasjon Norge

og får overført midlar frå KDD som er øyremerkte til SIVA og Innovasjon Norge. Fylkeskommunen sitt handlingsrom er prioritering mellom desse verktøyta. Vidare følger vi opp at midlane vert nytta i tråd med identifiserte behov og politisk vedtekne satsingsområde. For 2023 er den statlege inntekta auka med 11,7 mill. kr.

Programmet Invest in Bergen arbeidar for å fremje og marknadsføre nyetableringar og investeringar i Bergensområdet. Etablerersenteret tilbyr kurs og rådgjeving i å etablere eigen bedrift. Begge tiltak er delvis finansiert av dei deltakande kommunane.

Posten entreprenørskapstøtte finansierer avdelinga si satsing av eit nytt heilskapleg system for støtte til entreprenørar.

Næringsutvikling og verdiskaping er avhengig av god digital infrastruktur, og vi må ha tilstrekkeleg kapasitet på breiband i heile fylket. Frå 2020 fekk fylkeskommunen ansvaret for den nasjonale støtteordninga for breibandutbygging. Ordninga er retta mot hustandar, og private og offentlege verksemder som i dag har eit breibandstilbod som er dårlegare enn 30 Mbit/s. I framlegget til statsbudsjett er den statlege finansieringa av dette tiltaket vesentleg auka. Temaplan breiband og digitalisering kan gi føringar for den vidare innsatsen.

Prioriterte område i åra framover er å leggje til rette for omstilling til grøn fornybar energi gjennom utvikling av nye verdikjeder og regional innovasjon, og å auke omstillinga til sirkulær økonomi i ulike bransjar. Dette er i tråd med regional

plan og næringsutvikling, der det er fastsett eit mål om eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030. Energi får særskilt fokus mellom anna ved å legge fram regional plan for fornybar energi og arbeide for betre infrastruktur. Å få fram nok kraft til industriområda i fylket er ein hovudbarriere for grøn vekst i næringslivet og klimaomstilling. For Vestland er det avgjerande å ha eit energoverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping og klimagasskutt.

Posten Grøn konkurranseskraft og klimainnovasjon dekker tilskot til ladeinfrastruktur for grøn transport inkludert tilskot til hurtigladning for elbilar, drosjelading og destinasjonsladarar for reiselivsbedrifter. Det er to millionar mindre til disposisjon til dette føremålet i 2023 da fylkestinget si ekstraløyving ikkje er vidareført.

Posten til Klimapartner aukar pga. auka aktivitet og fleire partnarar og auka bemanning. Nettverket har no vekse til 75 verksemder Vestland som leiar an i klimaarbeidet i næringslivet med mål om nullutslepp innan 2030.

Posten rådgjeving dekker løn og drift av seksjon for grøn næringsinfrastruktur. For 2023 vert to seksjonar samanslått, og posten blir i tillegg auka med lønsvekst.

Andre endringar til nettormamma er bortfall av dei eittårige bevillingane frå fylkestinget til breibandsutbygging, Fair Play Bygg og ladeinfrastruktur totalt 20 mill. kr. Eininga Klimapartner er primært medlemsfinansiert, men krev auka eigenfinansiering for å oppretthalde aktivetsnivået. 3,8 mill. kr i tilskotsmidlar flyttast til løvingsnivået Utviklingsmidlar for samla utlysing og sakshandsaming.

## Løvingsnivå Utviklingsmidlar

**Tabell 8. Budsjett Utviklingsmidlar (1 000 kr)**

<b>Utviklingsmidlar</b>		<b>Budsjett 2022</b>	<b>Budsjett 2023</b>
Utviklingsmidlar	Brutto driftsutgifter	25 814	30 330
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter	25 814	30 330
Samarbeidsavtalar	Brutto driftsutgifter	15 497	17 920
	Driftsinntekter	-4 029	-6 452
	Netto driftsutgifter	11 468	11 468
<b>Sum</b>	<b>Brutto driftsutgifter</b>	<b>41 311</b>	<b>48 250</b>
	<b>Driftsinntekter</b>	<b>-4 029</b>	<b>-6 452</b>
	<b>Netto driftsutgifter</b>	<b>37 282</b>	<b>41 798</b>
	<b>Netto driftsutgifter 2023-kr</b>	<b>38 467</b>	<b>41 798</b>

Det vert tidlegare i år vedtatt å forlenge samarbeidsavtalene mellom Vestland fylkeskommune og ei rekke aktørar. Dette bind opp 17,9 mill. kr på dette løvingsnivået. Dei resterande midlane skal finansiere tiltak knytt til regional plan for innovasjon og næringsutvikling, inkludert utlysing av tilskot, eigeninitierte tiltak, ei eventuell programsatsing og andre aktivitetar. Desse midlane utgjer eit viktig handlingsrom for oppfølging av regional plan for innovasjon og næringsutvikling. Fylkessdirektøren kjem i 2023 tilbake til hovudutvalet med detaljert plan for bruken av desse midlane.

Det vert foreslått å nytte 6,5 mill. kr i fondsmidlar under dette løvingsnivåa. Dette er til å sikre fullfinansiering av den eittårige vidareføring av samarbeidsavtaler med strategiske samarbeidsaktørar, jf. vedtak i NÆRNA PS 36/2022. Avtalene har tidlegare vert finansiert med delvis fondsmidlar og gjennom SIVA. Fondsmidlane som vert nytta i 2023 er 6,5 mill. kr av total 9,9 mill. kr plassert på fond for administrasjon av den tidlegare ordninga med kompensasjon for omlegging av differensiert arbeidsgjevaravgift. Midlane er i all hovudsak tilbaketrekte tilskotsmidlar og opptente renter.

## Løyvingsnivå Plan, klima og analyse

<b>Plan, klima og analyse</b>		<b>Budsjett 2022</b>	<b>Budsjett 2023</b>
Seksjon for plan, klima og analyse	Brutto driftsutgifter		18 933
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter		18 933
Planarbeid	Brutto driftsutgifter		7 601
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter		7 601
Klimaarbeid	Brutto driftsutgifter		7 523
	Driftsinntekter		
	Netto driftsutgifter		7 523
Statistikk, kart og analyse	Brutto driftsutgifter		5 660
	Driftsinntekter		-376
	Netto driftsutgifter		5 284
Endring FT	Brutto driftsutgifter		500
	Driftsinntekter		0
	Netto driftsutgifter		500
<b>Sum</b>	<b>Brutto driftsutgifter</b>		<b>40 218</b>
	<b>Driftsinntekter</b>		<b>-376</b>
	<b>Netto driftsutgifter</b>		<b>39 842</b>

Fagområda planarbeid, klimaarbeid, og statistikk kart og analyse er overført frå avdeling for strategisk utvikling og digitalisering, og samla i ein seksjon under namnet seksjon for plan, klima og analyse.

Regional plan for klima 2022–2035 skal tydeleggjere korleis Vestland skal sikre ei heilskapleg og ansvarleg klimaomstilling av regionen. Oppfølging av klimaplanen startar opp etter vedtak i fylkestinget i desember. Men målet er å både redusere klimagassutslepp (direkte og indirekte), klimatilpassa oss, sikre naturmangfaldet i regionen og sikre at dette skjer på ein rettferdig måte som har minst mogeleg negativ effekt på folkehelsa.

Seksjonen bidreg til klimaarbeid ute i kommunane gjennom rettleiing, nettverksmøte, konferansar, planforum og høyringsuttalar. Seksjonen bidreg til utvikling i

kunnskapsgrunnlaget innan klima og miljø gjennom arbeid med statistikk, kart og analyse, samt årleg miljørekneskap for fylkeskommunen og utvikling av klimabudsjett som styringsverktøy for klimagassreduksjon.

Målsettinga er å jobbe systematisk med intern miljøleiing og klimaarbeid i alle einingar som del av dei ambisiøse klimamåla sett i Utviklingsplanen og regionale planar. Fylkesdirektøren har delegert ansvaret for arbeidet med miljøleiing til avdelingsdirektør.

Gjennom tilskotsordningane til seksjonen støtter fylkeskommunen prosessar og prosjekt i kommunane som føl opp dei overordna måla i Utviklingsplanen, gjeldande regionale planar, og strategiar, overordna føringer, inkludert FN sine berekraftsmål.

### 3 Kostnadsggrupper 2023

**Tabell 10. Kostnadsggrupper (1 000 kr)**

	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Reise og kurs	3 350	4 086
Konsulenttenester	5 991	4 133
Administrasjonsutgifter	3 837	3 026
Ordinære driftsutgifter	266 470	317 006
Lønsutgifter- og refusjonar	79 919	89 963
Ordinære inntekter	-178 705	-190 735
Andre utgifter og inntekter	-5 563	-7 278
<b>Kostnader</b>	<b>175 300</b>	<b>220 200</b>

Den primære utgiftsposten for sektoren er ordinære driftsutgifter. Dette er i hovudsak utgjifta til ulike tilskotsordningar for næringslivet i Vestland. Dei fleste tilskotsordningane er helt eller delvis finansiert med statlege midlar. Kostnadsgruppa ordinære driftsutgifter skal difor sjåast i samanheng med artsgruppa ordinære inntekter. Andre ordinære inntekter inkluderer spleislag med kommunar og andre om t.d. vassforvalting, Etablerersenteret, Invest in Bergen og Klimapartner.

Den andre store artsgruppa er lønsutgifter og -refusjonar til avdelingas ca. 90 budsjetterte stillingar. 20 av desse

stillingane er heilt eller delvis eksternt finansiert i tillegg til innhenta lønskompensasjon ved deltaking i internasjonale prosjekt.

Endringane i overhead (reise og kurs, administrasjonsutgifter og konsulenttenester) er som resultat av ompasseringa av planarbeid, klimaarbeid og statistikk, og betre erfaringar om utgiftstypar etter snart tre års drift som ny avdeling.

Bruken av fondsmidlar aukar litt for fullfinansiering av samarbeidsavtalene for 2023.

## 4 Ytterlegare spesifikasjon av sektorbudsjettet

Tabellen under syner venta eksterne inntekter som er bundne til gitt føremål. Inntektene er estimert etter Regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett 2023, men fordelingsnøkkelen er

for dei fleste postane enda ikkje publisert. Tala er difor ikkje endeleg stadfesta.

**Tabell 11. Venta inntekter (1 000 kr)**

Løyvingsnivå	Budsjettpost	Bruttobeløp	Moment
GNI	KMD 553.61 overføring IN og SIVA	-108 045	Statlege midlar øyremerket til SIVA og Innovasjon Norge.
GNI	Digital infrastruktur og breiband	-33 000	Statlege midlar til utbygging av breiband.
FKI	RFF	-11 900	Statlege midlar til Regional forskingsfond.
NLR	Landbruk	-11 275	Statlege midlar til tilskot på landbruksområdet.
NLR	Forvalting av naturressursar	-7 100	Statlege og kommunale midlar til drift av vassforvalting, tilskot på viltområdet og liknande.
FKI	FORREGION	-6 158	Statlege midlar til FORREGION.
NLR	Distrikts- og lokalsamfunnsutvikling	-4 000	Statlege midlar til omstilling.
FKI	Internasjonale prosjekt	-2 850	Midlar frå diverse EU-agentur til gjennomføring av internasjonale utviklingsprosjekt.
GNI	Klimapartner	-2 000	Medlemsinntekter.
GNI	Invest in Bergen	-1 700	Medlemsinntekter.
GNI	Etablerersenteret	-1 350	Medlemsinntekter.
GNI	Grøn konkurransekraft og klimainnovasjon	-1 000	Statlege midlar til klimatiltak.
ADM	Stab innovasjon og næringsutvikling	-357	Administrasjonsbidrag frå Erasmus-ordning.
<b>Sum venta inntekter</b>		<b>-190 735</b>	

## 5 Bindande føresetnader

Mesterparten av dei ordinære inntektene til avdelinga er bundne til spesifikke føremål, til dømes tilskotsordningar og ressursforvalting.

I tillegg er ein del av ramma til sektoren bundne til konkrete føremål gjennom fleirårige avtalar og eigarskapsforpliktingar. Under er sett opp ei oversikt over dette:

Løyvingsnivå	Moment	Nettobeløp	Bruttobeløp
GNI	Invest in Bergen	1 700	3 400
GNI	Etablerersenteret	1 350	2 700
FKI	Teknoløftet	1 000	1 000
FKI	Vitensenter	4 500	4 500
UTV	KABIS	900	900
UTV	Samarbeidsavtaler	17 920	17 920
NLR	Lærdal villakssenter	500	500
GNI	Innovasjonsuken Opp	350	350
PKA	Regionråda	2 000	2 000

## 6 Klimavurdering sektorbudsjett 2023

Avdeling for næring, plan og innovasjon si daglege drift er ikkje opphav til vesentlege klimagassutslepp. Avdelinga har likevel aktivitet som er viktig for å kutte klimagassutslepp gjennom planlegging og tildeling av tilskot og intern miljøleiing i eigen organisasjon. Grøn næringsutvikling med mål om eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030 er ei av fire satsingar i regional plan for innovasjon og næringsutvikling. Verkemidlar som avdelinga disponerer i form av tilskot, vedtak og rettleiing er viktige for å for å redusere klimagassutslepp.

Utviklingsplan for Vestland 2020–2024 løfta fram utarbeiding av ein ny regional plan for klima som prioriterte arbeidsoppgåve i perioden. Dette arbeidet har pågått i 2021–2022, med planlagt vedtak desember 2022. Regional plan for klima 2022–2035 skal gjere det tydelegare korleis Vestland skal

sikre ei heilsakpleg og ansvarleg klimaomstilling av regionen. Oppfølging av klimaplanen startar opp etter vedtak, detaljering gjenstår. Men målet er å både redusere klimagassutslepp (direkte og indirekte), klimatilpassa oss, sikre naturmangfaldet i regionen og sikre at dette skjer på ein rettferdig måte som har minst mogeleg negativ effekt på folkehelsa.

Avdelinga bidreg til klimaarbeid ute i kommunane gjennom rettleiing, nettverksmøter, konferansar, planforum og høyringsuttalar. Avdelinga bidreg til utvikling i kunnskapsgrunnlaget innan klima og miljø gjennom arbeid med statistikk, kart og analyse, samt årleg miljørekneskap for fylkeskommunen og utvikling av klimabudsjett som styringsverktøy for klimagassreduksjon.

Eit viktig program under løyvingsområdet Utviklingsmidlar er tilskotsordninga for Handlingsprogram for innovasjon og

næringsutvikling (HNV). I 2022 vart det lyst ut 20 millionar kroner til prosjekt innan dei to satsingsområda Grøn næringsutvikling og kompetanseutvikling i arbeidslivet, slik dei er forankra i Berekraftig verdiskaping – Regional plan for innovasjon og næringsutvikling. Ordningsa omfattar både forprosjekt og investering i infrastruktur. Prosjekt som støttast vil gje samfunnsgevinstar innan rammene av grøn næringsutvikling og kompetanseutvikling i arbeidslivet. Målet for grøn næringsutvikling er eit næringssliv i Vestland med netto nullutslepp 2030, med følgjande delmål:

- Vestland har leiande posisjon internasjonalt i grøne verdikjeder
- Eit innovativt og grønt næringssliv i heile fylket.

Alle desse er knytt til klimaomstilling og berekraft.

Prosjekt innan industriell symbiose, sirkulærøkonomi, nye grøne verdikjeder og fornybar energi blir prioritert.

Prosjekta vil ha potensial til å bidra til monaleg reduksjon i klimagassutslepp i framtida. Hovudutval for næring tildeler midlane 31. august.

Prosjektet Grøn region Vestland har gitt god oversikt over dei gode grøne næringsmoglegheitene i fylket. I rapporten «Vestlandsporteføljen» er det kartlagt meir enn 250 innovasjonsprosjekt og peika ut 16 grøne hubar. Desse har stort potensial for å realisere nye grøne verdikjeder gjennom industriell symbiose. Det er sett av fire millionar kroner som skal stimulere til etablering og vidareutvikling av dei hubane.

Fylkeskommunen sine tilskot til hurtigladning er ei stor grunn til at Vestland er regionen i verda med høgst tal for elbilar av nybilkjøp og del av bilparken. Tildelingane frå posten for Grøn konkurransekraft og klimainnovasjon sikrar eit lade-tilbod i heile fylket. Elektrifiseringa av bilparken har kutta utsleppet frå vegtrafikken i Vestland med 24 prosent sidan 2009. Til samanlikning er talet for Noreg 14 prosent for same periode. Avdelinga har vidare sekretariatet for hydrogensatsing, regional plan for fornybar energi og sekretariatet for Klimapartnare Vestland.

Vi set klimaomstilling på dagsorden saman med næringslivet. Kvart år arrangerer vi miljøseminar for akvakulturnæringa og klimakonferanse for landbruket. Vi deltek i internasjonale prosjekt og i EU-program som skal levere under målsetjingar for EU si grøne giv.

Avdelinga arbeider for rett kompetanse for grøn omstilling. FORREGION Vestland har som hovudmål at det skal gjerast meir forsking i næringslivet som bidrar til innovasjon, berekraftig verdiskaping, grøn konkurranseskraft og klimaomstilling. Satsinga tilbyr bedrifter kompetansemekling og har stønadsordningar. Ein vesentleg del av støtta frå Regionalt forskningsfond Vestlandet går til forsking på innovasjon og berekraftig verdiskaping i næringssliv og kommunal sektor i Vestland.

Avdelinga nyttar store ressursar på å følgje opp og finansiere klynger og eksterne partnarskap. Døme på partnarar med klar berekraft- og klimaprofil er dei nasjonale og internasjonale næringssklyngene innan rein skipsfart, akvakultur og marin teknologi.

Avdelinga arbeider med klimatiltak i landbruket. Handlingsplan for landbruk i Vestland har som eit av hovudmåla å legge til rette for at næringa i fylket kan drive på ein meir miljø- og klimavenleg måte og å tilpasse seg framtidige klimautfordringar. Det vart sett av midlar frå avdelinga sine overskotsmidlar frå 2020 til delfinansiering av prosjektet Redusert klimaavtrykk frå vestlandsjordbruket, leia av Vestland bondelag. Målet med satsinga er betre rammetilhøva for klimaomstilling i landbruket ved å etablere og drifta ein klimaportal for vestlandsbonden med rådgjevingstilbod og informasjon om klimatilpassing og klimatiltak.

Gjennom tilskotsordningane til seksjon for plan, klima og folkehelse støtter fylkeskommunen prosessar og prosjekt i kommunane som fylgjer opp dei overordna måla i Utviklingsplanen, gjeldande regionale planar, og strategiar, overordna føringer, inkludert FN sine berekraftsmål. For 2022 har det vore tre tilskotsordningar knytt til klimaomstilling. Det var øyremerka totalt 2,6 mill. kr til desse tre tilskotsordningane.





## 4 Økonomiplan 2023–2026

## Økonomiplan 2023–2026

### Utgangspunkt for økonomiplanen

Finansutvalet gjorde i juni 2022 prosessvedtak om budsjettet rammene for 2023 og åra i økonomiplanperioden både for drifts- og investeringsbudsjettet. Prosessvedtaket har vore styrande for budsjettarbeidet i hausthalvåret fram mot utarbeiding av eit samla budsjett dokument.

Rekneskapen for 2021 viste mindreforbruk på 350 mill. kr. Rekneskapen for 2020 viste også mindre forbruk. Dei to åra var prega av ekstraordinære tilhøve som følgje av pandemien.

Inneverande år var innleiingsvis også noko prega av pandemien. I tillegg har ein fått stigande inflasjon, renteauke og uroa som følgje av krigen i Ukraina. Dette gjer at ein enno ikkje har hatt det ein kan kalle eit normalt driftsår for Vestland fylkeskommune etter oppstarten i 2020.

### Situasjonen i 2022

I tertialrapportane til fylkestinget – handsama i juni og september – er det orientert om den økonomiske stoda inneverande år. Etter 2. tertial er det prognose om meirforbruk på 90 mill. kr, der ein viktig grunn er sterkt prisvekst for innsatsfaktorar på fleire budsjettområde – særleg innanfor sektorane infrastruktur og veg og mobilitet og kollektiv.

Fylkesdirektøren har no gjennomgang av den økonomiske stoda pr. 3. kvartal. Gjennomgangen kan tyde på at meirforbruket vert litt lågare enn rapportert etter 2. tertial.

Korleis 2022-rekneskapen kjem ut er også avhengig av skatteinngangen. Stortinget vedtok i juni å setje ned rammetilskotet for kommunesektoren for 2022 med bakgrunn i høg skattevekst som følgje av endringar i reglane for utbytte-skatt.

### Budsjett 2023 og økonomiplanperioden

Budsjett dokumentet er utarbeidd i samsvar med prosessvedtak i finansutvalet gjennom året. Regjeringa sitt forslag til statsbudsjett vart lagt fram 6. oktober og verknadene av dette er teke med i arbeidsdokument 4/22 som finansutvalet handsama 19. oktober.

Driftsramma for budsjettet for 2023 vart i arbeidsdokument 2/22 redusert med 35 mill. kr samanlikna med 2022 som oppfølging av administrativt innsparingsprogram.

Med bakgrunn i sterkt kostnadsauke innanfor fleire budsjetttoppråde, jf. ovanfor, sluttar finansutvalet seg til å auke budsjettet med 275 mill. kr for sektorane opplæring, mobilitet og kollektiv, infrastruktur og veg og eigedom i det same arbeidsdokumentet.

Den sterke kostnadsveksten som var observert la ein til grunn kunne halde fram ei tid. Innsatsfaktorane og kontraktskostnadane viste sterkt vekst og det var lagt til grunn at det høge prisnivået ville halde seg ei tid framover.

Fylkesdirektøren foreslår i stor grad å videreføre sektorrammene i økonomiplanperioden. Samanlikna med budsjettet i 2023-budsjettet er det forslag om reduksjon på 25 mill. kr i 2024, 40 mill. kr i 2025 og 50 mill. kr i 2026.

### Felles inntekts- og utgiftspostar

Fylkeskommunen sine inntektsrammer er meir usikre enn tidlegare. Inflasjonspress, renteauke og krigen i Ukraina gjer det utfordrande å ha gode prognosar om utviklinga dei komande åra. I tillegg kjem at statsbudsjetta berre har tal for det komande budsjettåret. Sidan  $\frac{3}{4}$  av inntektene vert fastsett gjennom statsbudsjettet seier det seg sjølv at inntektsrammene for dei siste åra i økonomiplanperioden er usikre.

Tabellen nedanfor viser inntekts- og sektorrammer med utgangspunkt i det som går fram ovanfor. Tala i tabellen er i 2023-kr utanom kolonna for 2022 som er i 2022-kr og i samsvar med fylkestinget sitt budsjettvedtak for året.

	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>
Skatt og rammetilskot – frie inntekter.	-10 888 788	-11 667 600	-11 717 600	-11 767 600	-11 817 600
Andre generelle statstilskot	-30 000	-31 000	-31 000	-31 000	-31 000
Konsesjonskraftinntekter	-282 000	-470 000	-470 000	-420 000	-400 000
Kapitalinntekter/-utgifter, utbytte	980 200	1 191 700	1 278 000	1 354 500	1 442 600
Lønsavsetjing, premieavvik	9 800	72 000	72 000	72 000	72 000
Bruk av/avsetjing til disposisjonsfond	21 488	-191 346	-166 206	-227 706	-135 806
Overføring til investeringsbudsjettet	615 000	660 000	660 000	660 000	660 000
<b>Sum felles inntekter og utgifter</b>	<b>-9 574 300</b>	<b>-10 436 246</b>	<b>-10 374 806</b>	<b>-10 359 806</b>	<b>-10 209 806</b>

Fylkesdirektøren kommenterer nedanfor dei ulike postane i tabellen.

#### **Skatt og rammetilskot – frie inntekter**

Det er teke utgangspunkt i overslag for frie inntekter for Vestland fylkeskommune i statsbudsjettet for 2023. Summen er korrigert for at ansvaret for fiskerihammene vert overført til staten frå 2023.

Det er få haldepunkt å finne i statsbudsjettet om kva vekst ein kan leggje til grunn for åra i økonomiplanperioden. Regjeringa vil på vanleg måte kome attende til vekst i frie inntekter for 2024 i kommuneproposisjonen til våren.

Fylkesdirektøren legg til grunn årleg vekst i frie inntekter på knapt 0,5%. Dette er på nivå med veksten som har vore om ein ser samla på nokre år bakover i tid. Fylkesdirektøren kjem attende til dette i prosessen for 2024-budsjettet.

#### **Andre generelle statstilskot**

Budsjettsummen frå 2023 er førebels vidareført til dei andre åra i økonomiplanperioden. Summen gjeld inntekter frå Havbruksfondet. Utbetaling for 2022 er så langt ikkje kjend og summane for dei seinare åra er dermed usikre. Frå 2024 er det venta at fylkeskommunen sin del av grunnrenteskatten vil kome som ein del av utbetalinga frå Havbruksfondet, men ein har så langt ikkje haldepunkt for kva som vil kome Vestland fylkeskommune til del. Fylkesdirektøren må difor kome attende til dette når verknadene for fylkeskommunen av den nye skatten er meir avklara.

#### **Konsesjonskraftinntekter**

Inntektssummen for 2023 er vidareført til 2024 og redusert gradvis dei to siste åra i perioden. Regjeringa har foreslått å trekke inn 800 mill. kr av konsesjonskraftinntektene for 2023 som eit eingongstrekk dette året.

Om kraftprisane held seg oppo også i 2024 – og regjeringa ikkje trekkjer inn midlar, kan konsesjonskraftinntektene dette

året verte høgare enn i 2023. Det er likevel stor uvisse knytt til dette. Utviklinga av krigen i Ukraina og påverknaden den har på gassprisane smittar over på kraftprisen.

Inntektene for 2025 og 2026 er trappa noko ned ettersom det er venta at ein til då har fått bygt opp meir kapasitet i transport av gass frå område utanfor Europa. Dette kan føre til noko lågare gassprisar, som igjen kan føre til lågare kraftprisar, men prisane er framleis venta å ligge på eit høgt nivå historisk sett.

#### **Kapitalinntekter/kapitalutgifter, utbytte**

Budsjettposten er i stor grad rente- og avdragsutgifter. Posten viser sterk vekst som følgje av renteauke og vekst i lønngjelda. Rentebanan til Noregs Bank er lagt til grunn for utrekning av framtidig rentenivå.

#### **Lønsavsetjing/premieavvik**

Budsjettsummen for 2023 er vidareført i økonomiplanperioden. Posten gjeld løn som skal fordelast etter dei årlege lønnsoppgjera er gjennomførde. I tillegg fører ein på denne posten premieavvik som er ein korreksjonspost mellom pensjonspremie og pensjonskostnad.

#### **Overføring til investeringsbudsjettet**

Summen er midlar frå driftsbudsjettet som vert overført til investeringsbudsjettet og går til å finansiere investeringane. Overføringa erstattar på denne måten lånemidlar i finansieringa og er med på å bremse bruken av lån i finansieringa av investeringane.

#### **Bruk av/avsetjing til disposisjonsfond**

Fylkesdirektøren foreslår på denne posten saldering av budsjettet. Positivt tal er avsetjing til fond, medan negativt tal er bruk av fond. Ved å gjøre det på denne måten kjem budsjettet samla ut i balanse mellom inntekter og utgifter, mens avviket er å finne på denne fondsposten.

## Sektorrammer – utgiftsrammer

Tabellen ovanfor for felles inntekts- og utgiftspostar viser kva som er att av budsjettmidlar til fordeling på dei ulike sektorområda. Fylkesdirektøren foreslår i stor grad å vidareføre budsjetttrammene frå 2023 til åra vidare i økonomiplanperioden. Det er lagt til grunn reduksjon av dei samla rammene med 25 mill. kr frå 2023 til 2024, nye 15 mill. kr i reduksjon frå 2024 til 2025 og ytterlegare 10 mill. kr frå 2025 til 2026. Reduksjonen i 2026 er på denne måten 50 mill. kr samanlikna med budsjettetnivået i 2023. Fylkesdirektøren legg til grunn at reduksjonane i stor grad vert gjennomført på administrative postar.

Fylkesdirektøren viser til det som er nemnt ovanfor om usikre moment for å fastsetje det samla inntektsnivået. Desse

moment spelar er dermed også medverkande til kva rammer ein kan foreslå for dei ulike sektorane. Finansutvalet auka i budsjettprosessen for 2023 rammene for nokre sektorar som følgje av den høge prisveksten på innsatsfaktorar. Dei ureaulege tidene slår også inn på kontraktsprisar som kan gjere det utfordrande å salderte budsjetta dei komande åra. Utviklinga i den globale økonomien vil påverke Vestland fylkeskommune.

Tabellen nedanfor viser fylkestinget sitt vedtak til budsjetttrammer for sektorane i komande økonomiplanperiode. Summane for 2024 vil vere utgangspunktet for finansutvalet sitt arbeid med budsjettet det komande året.

	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>
Politisk styring, kontrollorgan	63 400	68 480	65 480	68 480	65 480
Organisasjon og økonomi	730 900	785 387	783 387	781 387	779 387
IKT og digitalisering	201 900	179 090	178 090	176 090	176 090
Tannhelse	315 608	328 323	323 823	319 823	319 823
Kultur og folkehelse	345 580	401 618	357 978	355 978	353 978
Infrastruktur og veg	1 373 000	1 539 458	1 650 458	1 649 458	1 508 458
Mobilitet og kollektiv	2 718 112	3 081 700	3 029 700	3 029 700	3 028 700
Næring, plan og innovasjon	175 300	220 200	192 000	190 000	190 000
Opplæring og kompetanse	3 650 500	3 831 990	3 793 890	3 788 890	3 787 890
<b>Sum sektornivå</b>	<b>9 574 300</b>	<b>10 436 246</b>	<b>10 374 806</b>	<b>10 359 806</b>	<b>10 209 806</b>

## Økonomiske utfordringar i perioden

Nye kontraktar, særleg innanfor infrastruktur og veg og mobilitet og kollektiv vil gje utslag for dei årlege budsjettbehovata i økonomiplanperioden. Elevtalsutviklinga i vidaregåande skule er på same måte ein faktor som er viktig for økonomien i denne sektoren.


Fylkesdirektøren peikar under på økonomiske utfordringar innanfor dei største sektorane i komande økonomiplanperiode.

## Opplæring og kompetanse

### Opplæringstilbodet – vekst i elevtal og fleire elevar vel yrkesfag

Tabellen nedanfor viser utvikling i tal 16-18-åringar i Vestland

## 16 – 18 åringar



Statistikk frå Statistisk sentralbyrå (SSB) syner årleg vekst i tal 16-18 åringar fram til 2027, deretter nedgang. Ved utgangen av økonomiplanperioden (2026) er det venta at det vert 783 fleire ungdommar i målgruppa i Vestland, samanlikna med 2022. Tabellen over viser at det er størst vekst i årgangstalet mot slutten av økonomiplanperioden og inn i neste periode. Veksten kjem i hovudsak i Stor-Bergen og Nordhordland.

Som følgje av den nasjonale satsinga på rekruttering til yrkesfaga og kompetansebehovet i nærings- og arbeidsliv, har det over fleire år vore arbeidd målretta for å få fleire til å velje yrkesfag. Slik auke har vore trend over fleire år. Dreiringa i søkermønsteret frå studieførebuande til yrkesfaglege utdanningsprogram utfordrar tilbodssstrukturen og dei økonomiske rammene, då yrkesfaglege tilbod har færre elevar pr klasse og krev større areal og meir og dyrare utstyr pr elev enn dei studieførebuande tilboda.

Veksten i elevtal og dreiringa mot yrkesfag har også konsekvensar for tal lærekontraktar og tal fagprøvar i økonomiplanperioden. Statistikk frå Utdanningsdirektoratet syner ein auke på 250 lærekontraktar frå 2020–2021. På bakgrunn av folketalsprognosar frå SSB, forventa søkermønster i åra

framover, og forventning om auke i tilgangen på læreplas-sar, er det lagt til grunn ein auke på 75 lærekontraktar årleg frå 2022. Det er tilsvarande lagt til grunn ein årleg auke i tal fagprøvar på 75 frå 2024.

### Fullføringsreforma og ny opplæringslov

Fullføringsreforma utfordrar fylkeskommunane på struktur og organisering av opplæringa. Mellom anna gjeld dette vidaregåande opplæring for vaksne. Reforma peikar på at fleire vaksne kan fullføre vidaregåande opplæring gjennom utvida rett, rett til rekvalifisering og modulstrukturert opplæring. Med modulbasert opplæring skal vaksne få eit betre tilbod gjennom fleksible, føremålstenlege og tilpassa opplæringsløp. Dette vil påverke korleis fylkeskommunen organiserer tilbod for vaksne. Det er nærliggande å tenke at det vil vere fleire vaksne som ønskjer å fullføre vidaregåande opplæring og opplæringa må i større grad vere fleksibel og tilpassa den enkelte. Dette vil også påverke korleis fylkeskommunen tilbyr og gjer inntak til opplæring.

Fullføringsreforma vil truleg føre til auka klassetal og med dette legge press på tilbodssstrukturen.

I framlegget til statsbudsjett for 2023 foreslår regjeringa ein auke i rammetilskotet på 56 mill. kr for å legge til rette for fleire lovendringar som skal medverke til at fleire fullfører. kr.

Regjeringa tek sikte på å fremje forslag om ny opplæringslov våren 2023. Budsjettforslaget for 2023 legg til rette for at det kan bli innført ein fullføringsrett og ein rett til yrkesfagleg re-kvalifisering frå hausten 2024. Midlane gir høve til å tilpasse seg venta lovendringar før dei trer i kraft.

## Mobilitet og kollektiv

Innanfor sektoren er det fleire vesentlege moment som vil kunne ha stor økonomisk effekt dei kommande åra.

### Kontraktskostnadar

Den største drivaren innanfor kollektivsektoren er kostnader som vert betalt ut til dei kontraktsfesta operatørane. I kontraktane er det indeksar som følger variasjon i makroøkonomien, og desse slår igjen ut i endra kostnadar for Skyss. Blant dei viktigaste indeksane er lønsutvikling, renter, valuta, drivstoff og straum. Skyss ventar høgare prisvekst i desse parametrane enn kva som blir gjeve i kommunal deflator. Samstundes er det endring i utbetningsplan for ferje og båt. Det er auke i 2024, medan det er nedgang i 2025 og 2026. I økonomiplanperioden har løyveområde båt dei fleste kontraktsfornyingane med ein estimert samla meirkostnad for økonomiplanperioden på omlag 127 mill. kr utover kontraktskostnader for 2023.

I november 2022 opnar bybanelinje 2 til Fyllingsdalen. Kostnadsauke i drifta for denne endringa er stipulert til 70 mill. kr i 2023. Auke og svinginga i straumpris gjør det utfordrande å berekna straumkostnad i økonomiplanperioden for drift av bybanen sidan straumkostnad over ein viss terskel skal refunderast løpende til operatør.

Med utgangspunkt i netto budsjetttramme for 2023 er det eit meirbehov på vel 50 mill. kr i 2024 for alle løyvingsområda. For høvesvis 2025 og 2026 kjem det om lag 20 mill. kr i tillegg per år.

### Inntekter buss, bane og båt

I budsjettet for 2023 er vekst i passasjertrafikk rekna inn for buss og bane. Dette er første gong vekst er rekna inn sidan budsjett 2020. Ein legg difor til grunn at ein er tilbake til «normalsituasjon» som var før pandemien sett bort frå vekst i passasjertrafikk i åra 2021 og 2022.

Takstar for buss, bane og båt er budsett med gjennomsnittleg auke på 4% i 2023. Forventing til takstauke i resten av økonomiplanperioden er som for tidlegare år på 2,5%. Det er ikkje tatt høgde for effekt av moglege fleksible billettløysningar i økonomiplanperioden.

Utviklinga på inntektssida i kollektivtrafikken dei siste månadane i 2022 har vore positiv og på nivå med tilsvarande månader i 2019 som er dei siste «normalmånadane» ein kan samanlikne med. Det er enno for tidleg å konkludere med at

passasjertalet/inntektssida er fullt ut på nivå med pandemien. Fylkessdirektøren vil følgje denne utviklinga over litt tid og sjå om den positive trenden ein har sett i det siste varer ved.

### Reduserte ferjetakstar og gratis ferje

Fra august 2023 er det i statsbudsjettet varsla ytterlegare reduksjon i ferjetakstar med utgangspunkt i takstar pr. 1. januar 2021. Det er dessutan forslag om gratis ferje til alle veglause øyar. I Vestland fylke medfører dette at sambandet Krokeide – Hufthamar vil bli gratis i tillegg til dei som er gratis i dag.

Det er noko usikkerheit i høve til korleis dette vil slå ut økonomisk etter kva kriterium som vert brukt, men foreløpige estimat syner ein underfinansiering frå staten. Forslag til finansiering frå stat via frie midlar er på 66 mill. kr i 2023. Staten sitt Autopass-regulativ for ferjetakstar og Statens Vegvesen sine takstjusteringar er lagt til grunn i økonomiplanperioden.

## Infrastruktur og veg

### I PS-sak 44/2022: Drift- og vedlikehaldsstrategi for fylkesvegnettet gjorde fylkestinget m.a. følgjande vedtak:

«Fylkestinget legg til grunn målsetting om økonomisk opptrappingsplan til drift, vedlikehald og utbetring av eksisterande fylkesvegnett, som er i tråd med prioriterte strategiar for fylkesvegnettet i Regional transportplan (2022–2033):

- a. Budsjetttrammene til løpende drift og vedlikehald skal aukast for å stoppe forfall og redusere vedlikehaldsetterslep.
- b. Sikre forsvarleg og berekraftig forvaltning av vegnettet gjennom å prioritere vedlikehald og utbetring av eksisterande veg framfor nybygging.»

I vedtatt drifts- og vedlikehaldsstrategi er det lagt til grunn ein økonomiske opptrappingsplanen med ein årleg reell auke ut over prisstiging på om lag 100 mill. kr i første del av planperioden. Dette for å kunne dekke auka kostnad i driftskontraktane og for å gradvis kunne auke vedlikehaldsbudsjettet. Dersom ein ikkje klarar å finansiere ein økonomisk opptrappingsplan vil ein ikkje kunne stoppe og redusere vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane.

Politiske mål om å stoppe og redusere vedlikehaldsetterslepet vil med gjeldande økonomiske rammer for infrastruktur og veg ikkje kunne innfriast. Ein gradvis reduksjon i dei årlege løyvingane kombinert med at kostnaden til driftskontraktene aukar vil ha alvorlege konsekvensar for vedlikehaldsetterslepet. Ei slik utvikling vil kreve at reduksjon i driftsstandard må vurderast, med påfølgjande konsekvensar for framkome og trafikktryggleik.

Det er spesielt utfordrande å få finansiert og planlagt dei store bruvedlikehaldsprosjekta framover. Årsaka er at dette er store kostnadar sett i forhold til dei totale løyvingane i gjeldande budsjett. Gjeldande økonomiplanramme gjer at vi må skyve på kritisk vedlikehald, noko som igjen fører til

auka kostnadar når tiltak kjem til gjennomføring. Det kan og føre til at vi må redusere brukslast (aksellast og totalvekt) på køyretøy eller i verste fall etter nokre år måtte stenge bruer. Fylkestinget vedtok å bruke 500 mill. kr frå disposisjonsfond til eit "vedlikehaldsløft" på fylkesvegane.

## Investeringsnivå og lånegjeld

Utover utfordringane ein står overfor i dei ulike sektorane der dei største sektorane naturleg nok har dei talmessig største

utfordringane, er det høge investeringsnivået og tilhøyran- de lånegjeld viktig å ha merksemd på for å halde kontroll over den økonomiske utviklinga. Fylkesdirektøren går i det følgjande inn på

- renter og avdrag
- renterisiko
- lånegjeld
- gjeldsgrad

Under er ein tabell som viser det samla investeringsnivået som Vestland fylkeskommune legg opp til i kommande planperiode (i 2023- kr);

Vestland fylkeskommune	Sum 2023–2026	2023	2024	2025	2026	Tal i mill. kr
Sum investeringar	18 929,3	4 610,7	4 931,6	4 602,9	4 784,1	

Vestland fylkeskommune legg opp til eit monaleg investeringsnivå, sjølv om det er dempa noko samanlikna med førre økonomiplan. Samla vert det lagt opp til 18,9 mrd. kr i investeringar dei neste fire åra. Det gjev utslag i store låneopptak i økonomiplanperioden; som igjen verkar inn på kva som må setjast av i drifta til renter og avdrag.

### Renter og avdrag

Kommunelova stiller krav om at nedbetaling av lån skal minimum skje i same takt som avskriving av anleggsmidlar. For

Vestland fylkeskommune tilseier dette ei maksimal nedbetalingstid på om lag 30 år. Med dei avdraga ein har ført opp i økonomiplanperioden, ligg nedbetalingstida på knapt 20 år.

Renteutgifter og -inntekter byggjer på Pengepolitisk rapport, som Noregs bank la fram i september.

	2023	2024	2025	2026	Kr 1 000, løpende priser
Renteprognose 3 mnd. Nibor	3,41 %	3,34 %	3,06 %	3,00 %	
Sum renteutgifter	469 300	554 900	608 100	688 300	
-Renteinntekter og -kompensasjon	207 600	188 600	171 100	161 900	
Netto renteutgift	261 700	366 300	437 000	526 400	
Avdrag	930 000	950 000	1 000 000	1 050 000	
<b>Sum renter og avdrag</b>	<b>1 191 700</b>	<b>1 316 300</b>	<b>1 437 000</b>	<b>1 576 400</b>	

Stigande rente og auke i gjelda fører til at netto renteutgifter er venta å auke frå 261,7 mill. kr til 526,4 mill. kr i perioden.

### Renterisiko

Ein har også sett på utslaget dersom rentenivået skulle bli liggjande 1 prosentpoeng høgare enn i prognosene som er vist i tabellen over renteutviklinga framfor.

	Kr 1 000, løpende prisar			
	2023	2024	2025	2026
Renteprognose i tabell ovanfor + 1 prosentpoeng	4,41 %	4,34 %	4,06 %	4,00 %
Sum renteutgifter	554 700	676 500	762 300	876 200
- Renteinnt. kompensasjon	264 500	243 200	223 400	211 900
Netto renteutgift	290 200	433 300	538 900	664 300
<b>Auke netto renteutgift</b>	<b>28 500</b>	<b>67 000</b>	<b>101 900</b>	<b>137 900</b>

Dersom rentenivået skulle bli liggjande 1 prosentpoeng høgare, vil dette gje utslag på 28,5 mill. kr i 2023, stigande til 137,9 mill. kr i 2026. Det er ikkje usannsynleg at rentenivået kan stige til eit høgare nivå enn budsjettert i 2023. Det synest likevel mindre sannsynleg at nivået blir liggjande så høgt gjennom heile økonomiplanperioden.

### Lånegjeld

Lånegjelda er venta å utvikle seg slik (tal i mill. kr):

	2023	2024	2025	2026
Saldo 1/1	15 350	16 587	18 142	19 398
Nye lån	2 167	2 504	2 256	2 616
Avdrag	-930	-950	-1 000	-1 050
Saldo 31/12	16 587	18 142	19 398	20 964
<b>Netto gjeldsgrad</b>	<b>96 %</b>	<b>102 %</b>	<b>106 %</b>	<b>112 %</b>

Tabellen viser at gjelda aukar relativt mykje kvart år. I 2026 kan gjelda kome opp mot 21 mrd. kr, eller 112 % av driftsinnektene. Fylkestinget har vedteke at netto gjeldsgrad ikkje skal overstige 115 %.

### Gjeldsgrad

Tidleg i budsjettprosessen for 2023 drøfta ein å setje grenser for auken i gjeld kvart år. Den sterke prisstigninga ein ser for tida, har gjort det vanskeleg å halde seg innanfor dei skisserte beløpsgrensene.

Vidare har ein i tertialrapportane i 2022 kunna nedjustere låneopptaka i 2022. Dette gjer at ein vil kunne halde seg innanfor den skisserte gjeldsgraden i perioden. I 2026 ser det ut til at ein vil kome opp i ein gjeldsgrad på 112 %. Ein nærmar seg då grensa ein har sett på 115 %. Det er dermed framleis behov for å arbeide med å få ned investeringar og låneopptak utover i perioden.



# 5 Investeringsbudsjett 2023–2026

## Investeringsprogram bygg, eigedom og IKT 2023–2026

Investeringsprogrammet for bygg, eigedom og IKT er presentert i tabellen under. Kvart prosjekt er omtala etter tabellen med oversyn over framdrift og kostnadsestimat så langt ein er kjent med. Tala i tabellen er i 2023-kr.

Tal i 1000 kr

	<b>Sum</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>
<b>Opplæring:</b>					
Sekkepostar					
Rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg.	428 000	107 000	107 000	107 000	107 000
Oppfølging skulebruksplan – planmidlar	15 200	3 800	3 800	3 800	3 800
<b>Pågående prosjekt</b>					
Askøy vgs	255 000	197 000	58 000		
Førde vgs–campus Førde	370 000	320 000	50 000		
Måløy vgs – nytt opplæringsfartøy	54 800	54 800			
Stord vgs, Vabakkjen	483 000	171 000	192 000	120 000	
Langhaugen	389 000	104 000	166 000	119 000	
Kvam vgs	347 000	43 000	160 000	144 000	
Måløy vgs – rehab A og D, fagskule, akvahall	130 000	21 000	40 000	50 000	19 000
Mo og Øyrane vgs – rehab/omg internat mm	57 400	17 600	39 800		
Eid vgs – utvida undervisningsareal	38 100	21 400	16 700		
<b>Prosjekt under prosjektering</b>					
Slåtthaug	212 000	22 000	88 000	102 000	
Sotra vgs	385 000	10 000	28 000	125 000	222 000
<b>Framtidige prosjekt</b>					
Årstad C-bygget	85 000	-	2 000	33 000	50 000
Laksevåg/MBS og Fagskole på Laksevåg	363 000	5 000	17 000	104 000	237 000
Dale vgs – rehab/omb verkstadbyg	42 000	6 000	21 000	15 000	
Firda vgs – rehab fløy D Aulabygg	45 000	-	9 000	19 000	17 000
Årdal vgs – rehab	93 000	3 000	17 000	29 000	44 000
Sogndal vgs – rehab badebasseng	37 000	2 000	22 000	13 000	
Sum til fordeling etter innhenting av kunnskapsgrunnlag	279 000			16 000	263 000
<b>Sum Opplæring</b>	<b>4 008 500</b>	<b>1 108 600</b>	<b>1 037 300</b>	<b>999 800</b>	<b>962 800</b>

Tabellen held fram på neste side

	<b>Sum</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>
<b>Kultur og Regional utvikling</b>					
Nytt arkivdepot	44 000	30 000	14 000		-
Restaurering av verneverdige f.k. bygg	13 200	3 300	3 300	3 300	3 300
Gulatinget – nytt formidlingsbygg	22 000	-	22 000		-
<b>Sum Kultur og Regional utvikling</b>	<b>79 200</b>	<b>33 300</b>	<b>39 300</b>	<b>3 300</b>	<b>3 300</b>
<b>Tannhelse:</b>					
THT Sogndal	31000	1 000	30 000		-
Tannklinikkar andre	44 000	11 000	11 000	11 000	11 000
<b>Sum Tannhelse</b>	<b>75 000</b>	<b>12 000</b>	<b>41 000</b>	<b>11 000</b>	<b>11 000</b>
<b>Fellesfunksjonar:</b>					
Nytt fylkeshus Bergen	96 000	96 000			
Fylkeshuset Leikanger, rehabilitering	237 000	110 000	110 000	17 000	
Energitiltak, solceller	50 000	5 000	15 000	15 000	15 000
<b>Sum Fellesfunksjonar</b>	<b>383 000</b>	<b>211 000</b>	<b>125 000</b>	<b>32 000</b>	<b>15 000</b>
<b>Samferdsel:</b>					
Bussanlegg Sogndal	58 000	16 000	26 000	16 000	
Bussanlegg Førde	58 000	16 000	26 000	16 000	
Fylkeskommunale bygg, tiltak for gåande og syklande	28 000	7 000	7 000	7 000	7 000
Ulike byggetiltak innan kollektiv	40 000	10 000	10 000	10 000	10 000
<b>Sum Samferdsel</b>	<b>184 000</b>	<b>49 000</b>	<b>69 000</b>	<b>49 000</b>	<b>17 000</b>
<b>Totalsum Eigedom</b>	4 729 700	1 413 900	1 311 600	1 095 100	1 009 100
<b>Større utstyr opplæring/tannhelse</b>					
Undervisningsutstyr	159 600	39 900	39 900	39 900	39 900
Utstyr tannhelse	44 600	14 300	10 100	10 100	10 100
<b>IKT-investeringar</b>					
<b>IKT-investeringar</b>	<b>135 600</b>	<b>33 900</b>	<b>33 900</b>	<b>33 900</b>	<b>33 900</b>

Prosjektmotalar investeringsprogram bygg og eigedom

#### **Prisvekst**

Prisveksten i 2021 var på 7,6% for indeksen som er nytta i dei fleste byggeprosjekta. Indeksregulering av løvingane har vore vesentleg mindre, så det vil ha konsekvensar for alle prosjekta.

I 2021 var differansen mellom prisveksten og regulering av løvinga 5%. Alle prosjekta er derfor justert for denne differansen/meirkostnaden, men ikkje rammeløvingane. Om prisveksten i 2022 blir vesentleg høgare enn reguleringa er framleis usikkert då det var ein svak prisnedgang i august 2022.

## Opplæring

### Sekkepostar

#### **Ombygging/ rehab. /mindre tilbygg**

Denne løyinga gjeld planlagde ombyggingar, rehabiliteringar og mindre tilbygg. Avgjerande faktor for kva arbeid som vert sett i gang, er tilstanden på bygg og tekniske anlegg. I tillegg vert det gjort oppgradering på fylkeskommunale eigedommar, med særskilt fokus på tiltak som gjeld brann og universell utforming. Ombyggingane kan også skuldast endringar i læreplanar, endringar i klassesaka eller elevar med spesielle behov. Det vert utarbeidd årlege planar for disponeringa av midlane. Større tiltak med prosjekt over 25 mill. kr vert lagt fram som eigne saker til fylkesutvalet. Det er sett av 107 mill. kr kvart år i planperioden.

#### **Skulebruksplan – planmidlar**

Midlane er knytt opp mot gjennomføring av skulebruksplanen og endringane som er vedtekne der. Midlane vert primært nyttar i tidleg fase av prosjekta; til dømes til planlegging, koordinering og utgreiingar. Det er sett av ei årleg løying på 3,8 mill. kr i planperioden.

### Pågående prosjekt

#### **Askøy vidaregåande skule**

Prosjektet har ei samla kostnadsramme på 773,7 mill. kr. Rehabilitering og tilbygg på Askøy vgs vart starta opp i 2018. Fylkestinget godkjente i sak 47/2018 rom- og funksjonsprogrammet for prosjektet. I sak 118/2020 vart forprosjekt og byggestart for den nye skulen godkjent. I same sak vart også avtalen med Askøy kommune om dei økonomiske vilkåra som følgje av vedteken områdeplan godkjent. Saka legg til grunn eit tett samarbeid med Askøy kommune om sambruk, makebyte av tomt og leige av areal. Prosjektet er i produksjonsfase og det er sett av 197 mill. kr i 2023 og 58 mill. kr i 2024 til prosjektet.

#### **Førde vidaregåande skule/campus Førde**

Prosjektet har ei totalramme på 924,4 mill. kr. Etablering av eit nytt opplærings- og kompetansesenter i Førde er eit prosjekt som legg opp til samlokalisering av Mo og Øyrane vgs og Hafstad vgs til ein felles ny vidaregåande skule i Førde (fysisk samanslåing gjeld ikkje avd. Mo).

Prosjektet omfattar vidare ny tannhelseklinikk i Førde og bygging av ny idrettshall. I april 2021 gjorde fylkestinget vedtak om byggestart jf. FT sak 8/2021. Prosjektet er under bygging med planlagt ferdigstilling i 2023. Det er inngått ein utbyggingsavtale for infrastruktur med Sunnfjord kommune og ein lokal næringsaktør. Fastsetting av tomtekostnader i skjønn har gjeve ein meirkostnad på om lag 10 mill. kr i utbyggingsavtalen samanlikna med tidlegare anslag. Budsjettet er korrigert for denne meirkostnaden. Det er sett av 320 mill. kr i 2023 og 50 mill. kr i 2024 til prosjektet.

#### **Måløy vidaregåande skule – nytt opplæringsfartøy**

Totalramma på prosjektet er 141,2 mill. kr inkl. mva. Prosjektet gjeld bygging av nytt opplæringsfartøy for å kunne gje praksisopplæring på båt. Båten er under bygging og vil vere ferdig i juli 2023. Det er sett av 54,8 mill. kr i 2023 til prosjektet.

#### **Stord vidaregåande skule – Vabakken**

Samla ramme for prosjektet er 528,7 mill. kr. Prosjektet skal utformast og gjennomførast slik at det legg til rette for eit byggesteg 2 som kan samle heile Stord vgs i eit bygg i framtida. I juni 2022 gjorde fylkestinget vedtak om byggestart jf. FT sak 56/2022. Etablering av midlertidig skulebygg er i startfasen, byggestart vil vere tidleg i 2023 og planlagt ferdigstilling er sommaren 2025. Det pågår arbeide med etablering av mellombels skulelokale, endeleg løysing for tilkomstvegen og energiløysing. Dette kan medføre noko auka kostnader. Det er no sett av 171 mill. kr i 2023, 192 mill. kr i 2024 og 120 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### **Langhaugen vidaregåande skule**

Samla kostnadsramme for prosjektet er 410,4 mill. kr. Dette er ein vesentleg auke av kostnadsramma. Hovudgrunnen til auken er at arealet er auka vesentleg under utarbeiding av rom og funksjonsprogrammet samanlikna med tidlege overslag. Det har vist seg at eksisterande skulebygg ikkje har hatt rom og funksjonar med tilstrekkeleg areal. Dette har vore knytt både til klasserom, lærararbeidsplassar og spesialrom. I tillegg til arealaiken har kommunen kravd at det blir utarbeidd ein reguléringsplan og det har vore ein betydeleg prisauke i marknaden.

Det har vore gjennomført ein design- og priskonkurranse og det vert gjennomføre eit forprosjekt i samspel hausten/vinteren 2022/2023 med byggestart sommaren/hausten 2023. Det er sett av 104 mill. kr i 2023, 166 mill. kr i 2024 og 119 mill. kr i 2025 til prosjektet.

#### **Kvam vidaregåande skule**

Totalramma for prosjektet er på 367,5 mill. kr. I samsvar med skulebruksplanen skal dei tidlegare vidaregåande skulane i Øystese og Norheimsund samlokaliseraast i eit nybygg sentralt i Norheimsund. I juni 2019 (FU-sak 149/2019) vart det vedteke å samlokalisera skulane mellombels i bygget i Øystese. Dette med unntak av verkstadlokala for EL og TIP som framleis er igjen i skulebygget i Norheimsund/Steinsdalen. Det vart og vedteke ein intensjonsavtale med Kvam herad om å nytte tomta for den gamle ungdomsskulen til nytt skulebygg.

Kvam herad og fylkeskommunen har arbeidd med samlokalisering og sambruk mellom den vidaregåande skulen og areal/funksjonar for kommunen sidan 2018. Det er utarbeidd eit felles rom- og funksjonsprogram for prosjektet som var grunnlaget for pris og designkonkurransen som vil bli avgjort i oktober 2022. Planlagt byggestart er hausten 2023 med ferdigstilling våren 2025. Det er sett av 43 mill. kr i 2023, 160 mill. kr i 2024 og 144 mill. kr i 2025 til prosjektet.

### **Måløy vidaregåande skule – bygg A og D, akvahall og fagskulen**

Totalramma for prosjektet er på 146,1 mill. kr. Prosjektet omfattar for den vidaregåande skulen rehabilitering av A-bygget, naudsynte arealutvidingar knytt til A og D-bygget og ny akvahall. For fagskulen skal det etablerast eit nytt bygg i nærleiken til D-bygget. Prosjektet er i utgreiings- og programfase og det er våren 2022 gjennomførd både ein moglegheitsstudie og vurderingar knytt til lokale for fagskulen. Det må gjennomførast eit reguleringsarbeid for det nedre området rundt D-bygget før akvahall og bygg for fagskulen kan etablerast. Totalramma er eit overslag og inkluderer ikkje naudsynt undervisningsutstyr til akvahallen.

Prosjektet sitt mål er å samle behova og sjå på moglegje løysingar for effektiv arealutnytting og eventuelle moglegje tilbygg eller ombyggingar for ei framtidssretta drift av skuleanlegget. Oppstart av dei fyrste byggearbeida er planlagt i løpet av 2023. Det er sett av 21,0 mill. kr i 2023, 40 mill. kr i 2024, 50 mill. kr i 2025 og 19 mill. kr i 2026 til prosjektet.

### **Mo og Øyrane vidaregåande skule – internat og fellesbygg**

Totalramma for prosjektet er på 64,7 mill. kr. I prosjektet er internat og fellesbygga på Mo planlagt rehabiliterert. Bygga er frå 1969 og er nedslitne. Vidare må betra universell utforming vurderast i tillegg til generell oppussing. Prosjektet er no i utgreiingsfasen og det er knytt ein del usikkerheit til korleis teknisk tilstand vil påverke val av løysingar etc. Prosjektet har planlagt oppstart i løpet av 2023. Det er sett av 17,6 mill. kr i 2023 og 39,8 mill. kr i 2024 til prosjektet.

### **Eid vidaregåande skule – utvida undervisningsareal**

Totalramma for prosjektet er på 47,5 mill. kr. Eid vgs. har i dag knapt med areal og utfordringar omkring arealbruk, logistikk, mm. Som følgje av dette er satsingane knytt til velferdsteknologi og energi delvis flytt til ueigna lokale. Det er i tillegg behov for nye og oppgraderte realfagsrom. Anlegget på Eid er i sambruk med Stad kommune. Dei har og eit auka arealbehov knytt til drifta av kulturdelen/ Operahuset Nordfjord og har vedtak om å framforhandle ny leigeavtale for dette. Eit samla arbeid med behov og moglegheitsstudie er sett i gang og sjølv ombygginga og byggearbeidet vil venteleg starte 2023. Det er sett av 21,4 mill. kr i 2023 og 16,7 mill. kr i 2024 til prosjektet

### **Prosjekt under prosjektering**

### **Slåtthaug vidaregåande skule**

Totalkostnaden for prosjektet er 218,4 mill. kr. Dette er i samsvar med vedteken skulebruksplan i Hordaland. Prosjektet omfattar rehabilitering av eksisterande bygningsmasse som det er planlagt å gjennomføre i denne planperioden. Det er sett av 22 mill. kr i 2023, 88 mill. kr i 2024 og 102 mill. kr i 2025 til prosjektet.

### **Sotra vidaregåande skule**

Totalkostnaden for prosjektet er 852,9 mill. kr. I prosjektet er det lagt opp til samlokalisering av den vidaregåande skulen som i dag har to lokasjoner i Øygarden kommune.

Fylkestinget vedtok hausten 2018 tomt og plassering for den nye skulen. Den vedtekne tomta er på ferdig utfylte Stovevatn sentralt på Straume, rett ved ny planlagd bussterminal. Tilgang til tomta er avhengig av framdrifta til veganelegget Sotrasambandet. Det har ikkje vore mogleg å få fram eit tidspunkt for tilgang til tomta til no, men den planlagde ferdigstillinga av prosjektet i 2026 vil truleg bli utsett fleire år. Prosjektet blir i fyrste omgang utsett eit år i påvente av tomteavklaringane med SVV. Det er tett samarbeid med Øygarden kommune om utarbeiding av reguleringsplan for den framtidige tomta på Stovevatnet. Det er sett av 10 mill. kr i 2023, 28 mill. kr i 2024, 125 mill. kr i 2025 og 222 mill. kr i 2026 til prosjektet.

### **Framtidige prosjekt**

### **Årstad vidaregåande skule – C bygget**

Prosjektet har ei samla løyving på 85 mill. kr. Prosjektet er ein del av vedteken skulebruksplan i Hordaland. Årstad vgs har hatt omfattande rehabilitering tidlegare, men C-bygget frå 1977 på om lag 7 000m<sup>2</sup> har ikkje vore omfatta av desse arbeida. Dette bygget er i dårlig stand, og både tak og fasade har bruk for verdibeharande rehabilitering. Bruken av arealet i C-bygget er ikkje avklart og omfanget og framdrifta av prosjektet kan difor verte endra. Det er sett av 2 mill. kr i 2024, 33 mill. kr i 2025 og 50 mill. kr i 2026 til prosjektet.

### **Laksevåg vidaregåande skule og fagskule**

Totalramma for prosjektet er på 881 mill. kr. Skulebruksplanen for Hordaland legg opp til ein ny kombinert fagskule og vidaregåande skule på Laksevåg. Rom- og funksjonsprogrammet for skulen vart vedteke i ft-sak 28/2019. Programmet har teke opp i seg tidlegare vedtak i Hordaland fylkeskommune om vesentleg auka kapasitet for dei to skulane. Det auka kapasetsbehovet innan yrkesfag dei seinare åra og fagskulen sitt ynskje om å kome nærmere Høgskulen, gjer at det eksisterande planarbeidet må gåast gjennom på nytt. Eit nytt behovsgrunnlag vil truleg vere ferdig i 2023 slik at planarbeidet kan vidareføраст. Det er sett av 5 mill. kr i 2023, 17 mill. kr i 2024, 104 mill. kr i 2025 og 237 mill. kr i 2026.

### **Dale vidaregåande skule – rehabilitering/ombygging verkstadbygg**

Totalramma for prosjektet er på 42,5 mill. kr. Verkstadbygget som er frå 1982 er det eldste bygget ved skulen og er ikkje i god stand. Mange bygningselement og tekniske anlegg må skiftast ut. Prosjektet har planlagt oppstart i 2023. Det er sett av 6 mill. kr i 2023, 21 mill. kr i 2024, 15 mill. kr i 2025 til prosjektet.

### **Firda vidaregåande skule – rehab. fløy D Aulabygg**

Totalramma for prosjektet er på 45,4 mill. kr. Det er gjennomført fleire oppgraderingar ved Firda vgs, men i den eine delen av bygningsmassen – aulabygget/fellesareal, står nokre tiltak att. Bygget er frå 1974 og treng oppgradering og rehabilitering. Det må gjennomførast tilstandsvurdering med framlegg til løysingar. Prosjektet har no planlagt oppstart i 2024. Det er sett av 9 mill. kr i 2024, 19 mill. kr i 2025 og 17 mill. kr i 2026 til prosjektet.

### Årdal vidaregåande skule – rehabilitering

Totalramma for prosjektet er på 93 mill. kr. Det er trong for rehabilitering av Årdal vgs då bygningsmassen ved skulen er frå 1981. Sjølv om bygga ved skulen er godt vedlikehaldne er det behov for oppgradering og rehabilitering av bygningar og tekniske anlegg. I tillegg må energiløysingane ved skulen vurderast. Det er sett av 3 mill. kr i 2023, 17 mill. kr i 2024, 29 mill. kr i 2025 og 44 mill. kr i 2026 til prosjektet.

### Sogndal vidaregåande skule – rehabilitering basseng

Totalramma for prosjektet er 37 mill. kr. Den delen av Sogndal Idrettshall som omfattar bassenget har behov for rehabilitering og oppgradering. Det er føreteke kartleggingar som har avdekkja bygningsmessige og tekniske utfordringar ved deler av bassenget og noko bassengteknisk utstyr. Bygget er opphavleg frå 1969. Garderobedel er rehabiliterert og ventilasjonsanlegg er skifta ut i 2017. Løyvinga er tilpassa forventa framdrift. Det er sett av 2 mill. kr i 2023, 22 mill. kr i 2024 og 13 mill. kr i 2025 til prosjektet.

### Ufordelt sum – kunnskapsgrunnlag

Finansutvalet gjorde i samband med a-dok 1/22 slikt prosessvedtak:

*«Finansutvalet ber om at det vert sett i gang prosess med kunnskapsgrunnlag for langsiktig planlegging av opplæringstilbodet.»*

Med bakgrunn i dette prosessvedtaket har fylkesdirektøren sett av ein ufordelt sum for åra 2025 og 2026 som kan fordelast etter at kunnskapsgrunnlaget er henta inn og ein langsiktig plan er vedteken.

For 2025 er det sett av ein mindre sum i og med at ein reknar med det i startfasen vil vere trong for planmidlar, men summen for 2026 er auka noko. Dette må ein sjøvsagt kome attende til i seinare investeringsplanar. Innhaldet i kunnskapsgrunnlaget og vedteken plan vil vere avgjerande for plan- og prosjektmidlar.

### Kultur – regional utvikling

#### Nytt arkivdepot Leikanger

Totalramma for dette prosjektet er på 65,5 mill. kr. Fylkestinget vedtok i sak 130/2021 å utvida arkivkapasiteten til fylkeskommunen og kommunearkivordninga ved å byggje eit nytt frittståande arkivbygg på Leikanger. Prosjektet er under planlegging med målsetting om byggestart tidleg i 2023 med ferdigstilling tidleg i 2024. Det er sett av 30,0 mill. kr i 2023 og 14,0 mill. kr i 2024 til prosjektet.

#### Restaurering av verneverdig bygg

Fylkeskommunen eig fleire verneverdige bygg som det er naudsynt å utføre større vedlikehald eller restaurering av i løpet av planperioden. Det er sett av 3,3 mill. kr kvart av åra i planperioden.

### Gulatinget – nytt formidlingsbygg

Totalramma for dette prosjektet var på 75 mill. kr. Prosjektet gjeld nytt visningsenter for Gulatinget på Flolid i Gulen. Prosjektet har i perioden 2011–2013 vore gjennom ein arkitektkonkurranse og eit skisseprosjekt. Arbeidet la grunnlag for finansiering og søknad om statleg delfinansiering i prosjektet. Det er føresett at Gulen kommune og staten skal finansiere kvar sin tredjedel. I tillegg er det rekna at fylkeskommunen får mva. refusjon knytt til sin del av investeringa. Det er sett av 22 mill. kr i 2024.

### Tannhelse

#### Tannklinik Sogndal

Totalramma for dette prosjektet er på 31,9 mill. kr. Fylkestinget vedtok i sak 23/19 å setje i gang arbeidet med planlegging og bygging av ny tannklinik i Sogndal. I dag leiger fylkeskommunen areal til tannklinik i Sogndal, men desse lokala dekker ikkje behovet tannklinikken har. Leigeavtalen er forlenga slik at det er tenkt oppstart planlegging i 2023 og realisering i 2024. Det er sett av 1 mill. kr i 2023 og 30 mill. kr i 2024 til prosjektet.

#### Tannklinikkar – Innreiing/opprusting m.m.

Totalramma for løyvingar på dette området er 44 mill. kr i planperioden. I gjeldande klinikstrukturplanar for tannhelsetenesta er det lagt til grunn ei samling av einskilde klinikkar i større einingar. Vidare har nokre av dei eksisterande klinikkanne behov for anten nye lokale eller monaleg opprusting. Fokus først i planperioden vil vera tannklinikkane i Odda, Florø og Bømlo. Det er sett av 11 mill. kr kvart av åra i planperioden.

### Fellesfunksjonar

#### Fylkeshuset Bergen

Prosjektet har ei totalramme på 1 239,9 mill. kr. Fylkestinget vedtok i sak 12/2018 bygging av nytt fylkeshus. Ein gjorde vidare vedtak i sak 40/2018 om finansiering og mellombels lokalisering på Sandsli fram til nybygget står klart i 2023. I sak 90/2019 vart det gjort vedtak om bygging i eigen regi, og kostnader til AV-utstyr og møblering av fellesareala vart teke inn i prosjektet. Prosjektet er under utføring med planlagt ferdigstilling i starten av 2023. Det er sett av 96 mill. kr i 2023 til prosjektet.

#### Fylkeshuset Leikanger – rehabilitering

Prosjektet har ei totalramme på 247,4 mill. kr. Fylkeshuset på Leikanger var i utgangspunktet planlagt som eit rehabiliteringsprosjekt med tiltak som t.d. skifte av tak, ny utvendig solskjerming og naudsynte tekniske oppgraderinger. Samstundes har behovet for kontorplassar endra seg som fylge av regionreforma. Kontorkonsept er vedteke og løysingar for midlertidig kontor er etablert. Arbeidet med å sikre brukarbehov og teikne ut kontorkonseptet er i sluttfasen og anbodsgrunnlaget vil bli sendt ut i månadsskiftet oktober/november. Det er planlagt at sjølv ombyggingsarbeidet skal gjennomførast i perioden mars 2022 til hausten 2024.

Kostnader knytt til midlertidige kontor, møbler, AV-utstyr og flytting er no inkludert i prosjektet med kr 23. mill. Det er sett av 110 mill. kr i 2023, 110 mill. kr i 2024 og 17 mill. kr i 2025 til prosjektet.

## Samferdsel – kollektiv

### Bussanlegg Sogndal

Totalramma for dette prosjektet er stipulert til 58,0 mill. kr. Bussanlegget i Sogndal ligg i sentrum av Sogndal og er eigm av ein lokal investor. Det er etablert langsiktige leigerekkjer knytt til terminalfunksjonen, men ikkje andre delar av bussanlegget. Bussanlegg på området inngår ikkje i korkje investoren eller kommunen sine planar for området. Den framtidige busskontrakten for området vil også vere avhengig av ein ladeinfrastruktur for el-busser.

Avhengig av opsjonar, så vil busskontrakten for området lysast ut med oppstart mot slutten av økonomiplanperioden. Nytt bussanlegg med gode ladefasilitetar for el-bussar bør difor seinast vere etablert innan 2025. I samarbeid med kommunen og eigar av dagens bussanlegg har ein diskutert ei løysing for å behalda terminalfunksjonen sentralt i Sogndal og flytte bussanlegget ut frå sentrum (bussanlegg = nattoppstilling, vaskeanlegg og lading). Det blir arbeidd med tomt for bussanlegget og fylkesdirektøren vil koma attende til eiga sak knytt til tomtekjøp. Det er så langt estimert eit behov for 16 mill. kr i 2023, 26 mill. kr i 2024 og 16 mill. kr 2025 til prosjektet.

### Bussanlegg Førde

Totalramma for dette prosjektet er stipulert til 58,0 mill. kr. Bussanlegget i Førde ligg midt i sentrum av Førde og er eigm av operatören. Dagens plassering er uheldig for utviklinga av Førde sentrum og det er også uakseptabelt for konkurransesituasjonen at anlegget er eigm av ein operatør. Den framtidige busskontrakten for området vil også vera avhengig av ladeinfrastruktur for el-busser.

Avhengig av opsjonar, så vil busskontrakten for området lysast ut med oppstart mot slutten av økonomiplanperioden. Nytt bussanlegg med gode ladefasilitetar for el-bussar bør difor seinast vere etablert innan 2025. I samarbeid med kommunen og eigar og brukarar av dagens bussanlegg har ein kome fram til ei skisse til løysing for å behalda terminalfunksjonen sentralt i Førde og flytte bussanlegget ut frå sentrum (bussanlegg = nattoppstilling, vaskeanlegg og lading). Det blir arbeidd med tomt for bussanlegget og fylkesdirektøren vil koma attende til eiga sak knytt til tomtekjøp. Det er så langt estimert eit behov for 16 mill. kr i 2023, 26 mill. kr i 2024 og 16 mill. kr 2025 til prosjektet.

### Tiltak for gåande og syklende ved fylkeskommunale bygg

Prosjektet gjeld ulike tiltak for å betre tilhøva for gåande og syklende i tilknyting til fylkeskommunale eigedommar. Tiltaka gjeld mellom anna betre sykkelparkering, utbetring av fortau/ tilkomst, betre løysingar knytt til av- og påstiging for skulebussar, betre markering og lystilhøve for gåande og syklende. Det er sett av 7,0 mill. kr kvart år i planperioden til slike tiltak.

### Ulike byggetiltak innan kollektiv

Investeringsstiltaka omfattar opparbeiding og utbetring av terminal-, sjåfør- og kollektivfasilitetar lokalisert rundt om i heile fylket. Det er lagt opp til at fylkeskommunen har ansvar for etablering av dei ulike fasilitetane og vedlikehaldet av bygga. Operatørane som nyttar fasilitetane skal normalt ha driftsansvaret. Det er sett av 10 mill. kr årleg til dette i planperioden.

## Utstyr – opplæring/tannhelse

### Større undervisningsutstyr opplæring

Det er sett av 39,9 mill. kr årleg til dette føremålet. Midlane skal nyttast til større undervisningsutstyr, it-investeringer og inventar ved skulane. Midlane skal mellom anna nyttast til naudsynt oppgradering av maskiner og utstyr innan yrkesfaga, og komplettering av undervisningsutstyr i samband med læreplanane. Midlane vert fordelt til skulane gjennom ein vekta tildelingsmodell som tek omsyn til at behova varierer mellom utdanningsprogramma. Skulane kan overføre unytta midlar til neste år og på denne måten spare opp midlar til større investeringar. Avhengig av behov kan delar av potten delast mellom skulane til særskilte tiltak t.d. nye utdanningsprogram eller skular som har trong for større oppgraderingar.

### Utstyr tannhelsetenesta

Det vert sett av 14,3 mill. kr i 2023 og 10,1 mill. kr kvart av dei følgjande åra til utstyr i tannhelsetenesta. Delar av denne løyvinga vil verte nyttta til utstyr ved nye eller ombygde klinikkar.

## IT-investeringar

### IT-investeringer

Det er samla sett av 135,6 mill. kr i planperioden til felles IT-investeringer i fylkeskommunen. Bruken av IT-løysingar mellom anna innan kollektivtransport, på dei vidaregåande skulane, innan tannhelse og i fylkesadministrasjonen er avgjerande for at fylkeskommunen får utført oppgåvene og levert tenestene sine. Dette er nært knytt opp til satsinga på digitalisering og e-forvalting, som er viktig for å kunne effektivisere og forenkle drifta. Det som legg føringer for disponeringa av desse IT-midlane er den overordna IT-strategien i fylkeskommunen. Det vert sett av 33,9 mill. kr årleg i planperioden til dette føremålet.

Fylkesdirektøren vil vurdere behovet for IT-investeringer. Skytenester gjer at behovet for investeringar går ned, men presset på driftsbudsjettet aukar. I det vidare budsjettarbeidet vil ein vurdere storleiken på IT-investeringane og i kva grad driftsbudsjettet kan aukast som følgje av frigjorte kapitalutgifter. Digitalisering er eit viktig satsingsområde framover og skal ein få effekt av satsinga, er rett dimensjonering mellom IT-investering og IT-drift viktig.

## Investeringsprogram fylkesveg 2023–2026

Utgangspunktet for investeringsprogrammet for fylkesveg er fylkestinget sitt vedtak i sak 42/2022 Regional transportplan 2022–2033 – Investeringar.

Investeringsprogrammet er presentert i tabellen under. Omtalar av kvart einskilt prosjekt følgjer etter tabellen.

Fyrst er det ein del som går inn på innhaldet i fylkesvegdeleien av Miljøloftet. Deretter er resterande fylkesvegprosjekt i budsjettet sett opp med omtalar og løyingar pr. år

Løyingane innanfor dei ulike områda er konkretisert på prosjekt for 2023. For prosjekt som går utover 2023 er det lagt inn løyingar i dei komande åra også. Investeringsprogrammet syner eit handlingsrom for åra 2024–2026 som

førebels ikkje er spesifisert. Dette ligg no som ufordelt på samla 249,6 mill. kr. Dersom føringane i regional transportplan skal innfriast vil desse midlane i hovudsak måtte sjåast inn mot områda trafikktryggleik/ mindre utbetringer, mjuke trafikantar og kollektivtiltak.

Dei årlege løyingane er justert opp til 2023-kr med ein prisomrekningsfaktor på 4 pst.

Både talbudsjett og tekstomtale er i høve den nye strukturen som vart presentert i handlingsprogram RTP – investeringar. Innanfor gruppene er det konkrete prosjektløyingar på prosjekt med kostnadsramme over 50 mill. kr. Prosjekt med kostnadsramme under 50 mill. kr inngår i samleløyingar.

Tal i 1000 kr

Investeringar (tal i 1000-kr)	Sum 2023–2026	2023	2024	2025	2026	etter 2026
<b>Byvekstavtalen Miljøloftet, eks bybanen</b>	<b>1 607 400</b>	<b>445 000</b>	<b>402 600</b>	<b>375 900</b>	<b>383 900</b>	<b>1 027 700</b>
<b>Veg- og bompengepakkar, ekskl. Miljøloftet/Byvekstavtalen</b>	<b>3 439 300</b>	<b>900 900</b>	<b>986 500</b>	<b>1 029 700</b>	<b>522 200</b>	<b>996 100</b>
Askøypakken – revidert	1 019 200	260 000	312 000	312 000	135 200	550 000
Nordhordlandspakken	675 500	235 100	192 400	176 300	71 700	267 400
Førdepakken	783 600	128 000	218 300	314 500	122 800	40 700
Haugalandspakken	16 700	16 700	-	-	-	-
Austevollpakken	43 700	10 400	26 000	7 300	-	-
Bømlopakken – revidert	622 100	130 000	171 600	174 800	145 700	58 900
Kvinnheradspakken	278 500	120 700	66 200	44 800	46 800	79 100
<b>Vegprosjekt</b>	<b>1 126 000</b>	<b>140 600</b>	<b>354 200</b>	<b>379 000</b>	<b>252 200</b>	<b>1 268 800</b>
Fv 5158 Åsen–Hellekaret	191 800	52 000	67 600	67 000	5 200	
Fv. 606 Ytre Steinsund bru	798 900	86 500	252 200	239 200	221 000	
Ferjeavløysing Atløysambandet	26 000	-	-	-	26 000	1 268 800
Fv. 548 Skånevig–Nesvågen–Flesjo (byggetrinn 1)	109 300	2 100	34 400	72 800	-	
<b>Strekningsvise prosjekt</b>	<b>765 600</b>	<b>191 800</b>	<b>204 600</b>	<b>228 800</b>	<b>140 400</b>	<b>-</b>
Fv. 79 Øystese–Ålvik–Granvin	129 300	59 200	70 100	-	-	
Fv. 57 Holmeli–Nistadlia	87 000	52 200	34 800	-	-	
Fv. 611 Sæle–Engebø	130 900	5 200	68 500	57 200	-	
Fv. 500/5048/5050 Diverse tiltak Halsnøysamb	23 200	23 200	-	-	-	
Fv. 57 Strandanes–Holmeli	135 200	-	10 400	67 600	57 200	
Fv. 500 Austrepollen–Årsnes	52 000	52 000	-	-	-	

<b>Investeringer (tal i 1000-kr)</b>	<b>Sum 2023–2026</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>	<b>etter 2026</b>
Fv. 55 Høyhem–Nes	208 000	-	20 800	104 000	83 200	
<b>Bru og kai</b>	<b>1 096 500</b>	<b>198 300</b>	<b>296 300</b>	<b>301 200</b>	<b>300 700</b>	<b>542 900</b>
Fv. 583 Osøyro	116 000	20 800	20 800	74 400	-	-
Fv. 542 Bømlabrua – Avfuktingsanlegg	102 000	11 500	90 500	-	-	-
Fv. 616 Oldersund og Hamrøy bru	109 400	1 800	33 300	32 300	42 000	-
Fv. 5591 Rørdalsfjord bru	72 800	-	5 200	41 600	26 000	-
Fv. 571 Mollandseid	57 200	-	5 200	10 400	41 600	10 400
Fv. 570 Risnes bru (Masfjorden)	104 100	-	2 100	46 800	55 200	52 000
Fv. 565 Alverstraumen bru	195 600	3 200	26 000	52 000	114 400	480 500
<b>Bru – samleløving</b>	<b>236 800</b>	<b>147 100</b>	<b>83 800</b>	<b>5 900</b>	-	
<b>Kai/landareal – samleløving</b>	<b>102 600</b>	<b>13 900</b>	<b>29 400</b>	<b>37 800</b>	<b>21 500</b>	
<b>Tunneloppgradering</b>	<b>886 300</b>	<b>137 800</b>	<b>290 700</b>	<b>225 700</b>	<b>232 100</b>	<b>347 800</b>
Fv. 5633 Seimdalstunnelen	33 500	32 300	1 200	-	-	
Fv. 53 Tunnelar i Årdal	52 800	-	-	21 600	31 200	52 800
Fv. 566 Tirsåstunnelen	142 500	43 700	78 000	20 800	-	-
Fv. 53 Steigjetunnelen	103 100	37 500	52 000	13 600	-	-
Fv. 614 Magnhildskartunnelen	233 600	7 300	59 300	80 100	86 900	63 000
Fv. 550 Eitrheimstunnelen	208 200	11 000	54 100	82 200	60 900	-
Fv. 540 Løvstakktunnelen	62 500	2 100	2 100	6 300	52 000	232 000
<b>Tunneloppgradering – samleløving</b>	<b>50 100</b>	<b>3 900</b>	<b>44 000</b>	<b>1 100</b>	<b>1 100</b>	
<b>Trafikktryggleik/mindre utbetingar</b>	<b>371 500</b>	<b>199 000</b>	<b>95 500</b>	<b>38 500</b>	<b>38 500</b>	
<b>Mindre utbetingar</b>	<b>211 700</b>	<b>147 100</b>	<b>54 200</b>	<b>5 200</b>	<b>5 200</b>	
<b>Rekkverk</b>	<b>23 800</b>	<b>19 800</b>	<b>4 000</b>			
<b>Veglys</b>	<b>136 000</b>	<b>32 100</b>	<b>37 300</b>	<b>33 300</b>	<b>33 300</b>	
<b>Tilrettelegging for mjuke trafikanter</b>	<b>629 900</b>	<b>107 500</b>	<b>164 000</b>	<b>168 000</b>	<b>190 400</b>	<b>72 800</b>
Fv. 5704 G/s-veg Brandsøy–Solheim	10 800	10 800	-	-	-	
Fv. 548 Brandsøyvegen (refusjon)	2 600	1 300	1 300	-	-	
Fv. 567 Loftås–Hauge	128 000	15 600	36 400	52 000	24 000	
Fv. 79 Øystese–Laupsa	69 700	7 300	41 600	20 800	-	
Fv. 611 Eikefjord–Sunnarvik (del 1)	31 200	10 400	20 800	-	-	
Fv. 615 Sandane–Fitje G/S	88 400	-	5 200	41 600	41 600	10 400
Fv. 5402 Ringheimsvegen G/S	90 500	-	7 300	41 600	41 600	-
Fv. 211 Sjukehusvegen	93 600	-	-	10 400	83 200	62 400

Tabellen held fram på neste side

Investeringar (tal i 1000-kr)	Sum 2023–2026	2023	2024	2025	2026	etter 2026
Tilrettelegging for mjuke trafikantar – samleløyving	115 100	62 100	51 400	1 600	-	-
Samfinansiering	104 000	26 000	26 000	26 000	26 000	
Veg- og infrastrukturtiltak for kollektiv	68 300	25 200	24 500	9 500	9 100	
Skredsikring	2 514 300	299 800	492 500	365 100	1 356 900	2 985 900
Fv. 5722 Flovegen	38 600	38 600	-	-	-	
Fv. 500 Folgefonntunnelen–Årsnes, byggtr	121 400	87 400	34 000	-	-	
Fv. 49 Tokagelet	31 200	-	-	10 400	20 800	2 776 800
Fv. 609 Heilevang	950 600	31 200	312 000	312 000	295 400	110 300
Ufordelt skredsikring	988 000	-	-	-	988 000	
Skredsikring – samleløyving	384 500	142 600	146 500	42 700	52 700	98 800
Planlegging	208 400	52 400	52 000	52 000	52 000	
Andre tiltak	216 700	70 400	51 100	66 500	28 700	
Ufordelt RTP-tiltak	249 600	-	41 600	104 000	104 000	
<b>Totalt</b>	<b>13 283 800</b>	<b>2 794 700</b>	<b>3 482 100</b>	<b>3 369 900</b>	<b>3 637 100</b>	<b>7 242 000</b>

## Prosjektomtalar investeringsprogram fylkesveg

### Miljøløftet 2023–2026

Prosjekt og tiltak i byvekstavtalen skal bidra til å nå nullvekstmålet, og samstundes bidra til eit miljøvennleg, effektivt og trygt transportsystem. Dette skal sikre god mobilitet for innbyggjarar og næringsliv. Prosjekta i byvekstavtalen vert prioritert gjennom porteføljestyring. Dette inneber at prosjekta vert prioritert på grunnlag av ei heilskapleg vurdering basert på bidrag til å oppnå mål, disponibele midlar, samfunnsøkonominisk lønnsemd, planstatus og kapasitet på planlegging og gjennomføring.

Fylkestinget vedtok i sak 46/2022 handlingsprogrammet for Miljøløftet for perioden 2023–2026. Frå og med handlingsprogram for 2023–2026 vil det fylkeskommunale bidraget i byvekstavtalen vere eit årleg gjennomsnitt. Her vil år 1 i handlingsprogrammet nødvendigvis ikkje samsvare med det årlege bidraget i byvekstavtalen, slik det tidlegare har vore. I vedtaket frå saka står det at fylkeskommunen ikkje

finansierer sommarstenging over Torget–Bryggen. I budsjettet for 2023 er dette teke ut.

I det følgjande er tiltak i 2023 nærmare omtalt.

#### Gang og sykkel fylkesveg langs Bybanen BT4

Det skal i samband med Bybanens byggetrinn 4 byggjast fleire gang- og sykkelvegar. Gjennom Løvstakken kjem ein 3 km lang sykkeltunnel. I tillegg vert det bygd omlag 5 km øvrig sykkelveg, og omlag 11 km gangvegar og tilkomst til Bybanen i tilknyting til den nye strekninga til Fyllingsdalen.

#### Fv. 5216 Håkonshellavegen, Alvøen–Myraskjenet, gang- og sykkelveg.

Strekninga frå Alvøen til Myraskjenet omhandlar etablering av gang- og sykkelveg, busshaldeplassar, samt mindre oppgradering av køyrevegen for å få betre framkome for kollektivtrafikken.

**Fv. 5190 Apeltunvegen**

Strakstiltak i Apeltunvegen for å betre tilhøva for mjuke trafikantar (særskilt gåande) på ei strekning på 1,8 km.

**Fv. 5324 Hagerups vei, Storetveitvegen–Nattlandsveien, oppgradering av sykkelfelt/ fartsputer**

Tiltaket omfattar oppgradering av gata mellom Birkeveien og Vilhelm Bjerknes' vei. Ulike løysingar for å forbetra situasjonen for mjuke trafikantar blir vurdert.

**Fv. 574 Bjørgeveien, Bjørndalsbrotet–Lyderhornsveg**

Bygging av sykkelveg med fortau mellom Bjørndalsbrotet og Lyderhornsveien, ca. 1 km strekning (utbyggingsfase 1).

**Fv 5300 Salhusvegen, Ulsettemma–Slettesølvegen**

Det skal leggjast til rette for gåande og syklande ved bygging av sykkelveg med fortau langs Salhusvegen mellom Ulsettemma og Slettestølsvegen. Strekninga er om lag 2 km lang. Prosjektet er ei forlenging av gang- og sykkelvegprosjektet på sør austre del av Salhusvegen. Eksisterande køyreveg med tilhøyrande kryss, avkjørsler og haldeplassar skal også utbetrast

**Fv. 5322 Haldeplassar ved Sletten senter bybanestopp**

Dei siste åra har Bybanen AS fleire gongar meldt inn at passasjerar som skal på eller av bussen ved Sletten senter, i retning nord, har for smalt haldeplassareal. Ei utviding av på- og avstigingsarealet vil sikre betre tryggleik for bussreisande. Samstundes er det ønskjeleg å flytte den andre haldeplassen, som er i motsett retning, slik at den kjem nærmere bybana.

**Gangveier til kollektivtrasear**

Bergen kommune har utarbeida ein handlingsplan for gange for 2022 til 2026. Den inneholder ca. 80 tiltak som planleggast gjennomført i perioden. Tiltaka vil gje det enklare, tryggare og raskare å gå til kollektivnettet og til andre aktuelle målpunkt.

**Oppgradering signalanlegg og ASP**

Aktiv signalprioritering av buss gjev kollektivtrafikken auka prioritet gjennom lyskryss. Prioriteringa skjer ved at sannididssystemet i bussane kommuniserer med signalanlegga på strekninga, og det er lagt inn ei oppgradering av dette systemet.

**Fv 573 Hjellestadvegen**

Det skal etablerast gang- og sykkelveg og vegen skal rustast opp på strekninga frå Blomsterdalen til Ådland bru.

**Planlegging av Bybanen byggetrinn 5 frå Bergen sentrum til Åsane**

Vidareutvikle bybanenettet og sykkeltilbodet i Bergen. Gi grunnlag for å avlaste byen, og spesielt sentrum og Sandviken, for privatbiltrafikk. Bybanen til Åsane skal være hovudstammen i kollektivsystemet mot Bergen nord, og gi kvalitet og konkurransekraft til bydelen sitt kollektivtilbod.

Med bakgrunn i handlingsprogrammet for miljøloftet (2023–2026) er det lagt til grunn budsjettmidlar for 2023 med fylkeskommunale midlar til postane;

- Standardheving med vedlikehaldskarakter fylkesveg
- Hjartesone og trafikk- tryggleikstiltak. Midlane til trafikktryggleik skal også nyttast i høve til måloppnåing innanfor TS-området.
- Planlegging fylkesveg i Bergen,
- Prosjektering diverse fylkesveg og grunnerverv,
- Framkometiltak for sykkel
- Program for teljing og analyse av fotgjengarstraumar og åtferd
- Vedlikehaldstiltak av investeringskarakter Bybanen og Trolleybuss
- Gangvegar til kollektivtrasear
- Oppgradering av haldeplassar
- Mindre kollektivtiltak, enklare tiltak
- Oppgradering signalanlegg og ASP
- Sentrums og knutepunktsutvikling i Bergen – oppstartsmidlar
- Drift av sekretariatet i Miljøloftet
- Reisevaneundersøking (RVU)

I lokalpolitisk vedteke handlingsprogram 2023–2026, som er godteke av partane i Miljøloftet, er det lagt til grunn statleg tilskot til tiltak på fylkesveg. Dette gjeld utbetring av fv. 5308 Sagstadvegen, fv. 5254 Kleppevegen ved Myrane, fv. 5200 Infrastruktur Paradis, fv. 5452 Leknesvegen, fv. 510 Trolldalen–Lepsøyvegen – trygg GS-løysning, fv. 5474 Seim og fv. 552, samt etablering av trafikksikker- og attraktiv GS-løysing langs Hatvikvegen.

Det er sett av 445 mill. kr i 2023, 402,2 mill. kr i 2024, 375,9 mill. kr i 2025 og 383,9 mill. kr i 2026.

For ytterlegare omtale av løyingane/prosjekta vert det synt til Miljøloftet sitt handlingsprogram 2023–2026 som vart vedteke av fylkestinget i sak 46/22, og informasjon om dette er lagt ut på nettsida Miljøloftet.no.

**Veg- og bompengepakkar****Askøypakken (Askøy kommune)**

Askøypakken vart vedteken i 2013 i Prop. 197 S (2012–2013) med delvis bompengefinansiering. Pakken omfattar 10 prosjekt og tiltak i fylkesvegnettet, i tillegg til ei ramme til kollektivtiltak. Bompengeinnkrevjinga starta opp hausten 2014, og skulle opphavleg halde fram til 2028. Det let seg ikkje gjere å finansiere alle tiltaka i porteføljen innanfor den opphavlege økonomiske ramma for Askøy pakken. For å finansiere dei planlagde prosjekta har Stortinget vedteke revidert finansieringsopplegg for Askøy pakken i Vestland, jf. Prop 101S (2021–2022). Innkrevjingtida er utvida med fem år frå 2028, slik at innkrevjingsslutt no kjem ved utgangen av 2033.

Revidert finansieringsplan har eit kostnadsoverslag på 1 661 mill. 2022-kr der fylkeskommunen dekkjer 367 mill. 2022-kr og bompengar utgjer 1 294 mill. 2022-kr.

Utbygginga starta opp i 2015, og følgjande vegprosjekt er fullførte:

- Fv. 563 Florvåg–Erdal (Fv. 563 Bakarvågen)
- Fv. 5246 Lindhaugen–Slettebrekka
- Fv. 562 Strusshamnkrysset
- Fv. 5254 Skansen (Kleppe)

Følgjande prosjekt er starta opp:

- Fv. 5240 Skiftesvik–Marikoven
- Fv. 563 Strømsnes–Hop
- Fv. 562 Lavik–Haugland

Tre prosjekt er ikkje starta:

- Fv. 5246 Slettebrekka–Hetlevik
- Fv. 562/5266 Fromeide–Kjerrgarden
- Fv. 5266 Fauskanger sør
- Ramme til kollektivtiltak
- –Tilrettelegge for bomstasjon

Det er sett av 260 mill. kr i 2023, 312 mill. kr i 2024, 312 mill. kr i 2025 og 135,2 mill. kr i 2026.

### **Nordhordlandspakken (Alver, Austrheim, Fedje, Modalen og Masfjorden kommunar)**

Nordhordlandspakken vart vedteken i 2017 i Prop. 164 S (2016–2017) med delvis bompengefinansiering. Finansieringsplanen har kostnadsoverslag på 1 500 mill. 2017-kr der fylkeskommunen dekkjer 280 mill. 2017-kr, staten dekkjer 60 mill. 2017-kr og bompengar utgjer 1 160 mill. 2017-kr. Porteføljen av prosjekt må tilpassast den økonomiske ramma i pakken. Med utgangspunkt i oppdaterte kostnadsoverslag klarar ein ikkje å gjennomføre alle prosjekta innanfor vedteken kostnadsramme på 1 500 mill. 2017-kr. Tiltaka i pakken vert porteføljestyrt etter rasjonell framdrift, planstatus og tilgjengelege midlar.

Frå og med 2020 har pakken vorte styrt med to byggherreorganisasjonar; ein for dei statlege prosjekta og ein for dei fylkeskommunale prosjekta.

Følgjande prosjekt er med på prioritert liste i vedteken stortingsproposisjon:

- Fv. 565 Marås–Soltveit, Radøy
- Fv. 57 Knarvik Isdalstø, Lindås
- Fv. 245 Fosse–Moldekleiv, Meland

- Fv. 564 Fløksand–Vikebø, Meland
- Fv. 565 Undergang Holme (TS), Meland (ferdig)
- Fv. 564 Frekhaug-krysset, inkl. utbetring fv. 244, Meland
- E39 Knarvik sentrum, Lindås (ferdig)
- Kollektivtrafikktiltak og Innfartsparkering E39 og fv.7, Lindås og Meland
- Fv. 565 Vegutbetring/TS, Austrheim
- Fv. 570 Vegutbetring/TS, Masfjorden (ferdig)
- Fv. 423 Vegutbetring/TS, Fedje (ferdig)
- Fv. 569 Vegutbetring/TS, Modalen (ferdig)
- Fv. 564 TS, Fosse-krysset, Meland
- Fv. 409 Kollektivtiltak i Manger sentrum, Radøy
- Fv. 57 Vatnekrysset (TS), Lindås
- E39 Molvik-krysset, Lindås
- Fv. 565 Grense Radøy/Lindås–Sæbø skule, Radøy
- E39 Vikane–Eikangervåg, Lindås
- Fv. 564 Sandskaret–Holme, Meland
- Fv. 565 Hilland-grense Radøy, Lindås

I tillegg er det sett opp ei ufordelt ramme til prosjekt i tidlegare Lindås og Meland kommunar.

Tiltaket fv. 565 Marås–Soltveit vart lyst ut i 2019 som totalentrepise med forhandling, og er under bygging.

Det er sett av 235,1 mill. kr i 2023, 192,4 mill. kr i 2024, 176,3 mill. kr i 2025 og 71,7 mill. kr i 2026.

### **Førdepakken (Sunnfjord kommune)**

Førdepakken er ein bompengepakke med ei samla investeringsramme på 1,5 mrd. 2012-kr. Målsetjinga med Førdepakken er å sikre ein meir miljøvennleg og stabil trafikksituasjon i Førde sentrum. Fleire av prosjekta har som mål å leggje betre til rette for gåande og syklistar. Dette gjeld mellom anna strekninga mellom Angedalsvegen og Hafstadvegen.

Førdepakken vil bidra til å løyse kapasitetsproblem i Førde sentrum, gjere det sikrare for mykte trafikantar, samt gjere det enklare og smidigare for bilar å ta seg fram. I pakken er det 20 prioriterte tiltak. Med utgangspunkt i oppdaterte kostnadsoverslag klarar ein ikkje å gjennomføre alle prioriterte prosjekta.

Førdepakken vil utløyse investeringar på 600–650 mill. 2012-kr til naudsynte tiltak på fylkesvegnettet i Førde. Fylkeskommunen si delfinansiering i prosjektet er 30,6 mill. 2021-kr årleg i perioden 2018–2023. Resten skal finansierast med bompengar og meirverdiavgiftskompensasjon.

Innkrevjing av bompengar starta i oktober 2016, og vil halde fram i ca. 12 år. Utbygging av tiltaka starta i 2017, og vil truleg vere avslutta i 2027.

Følgjande fylkeskommunale prosjekt er med på prioritert liste i vedteken stortingsproposisjon:

- Fv. 484 Vievegen inkludert gang- og sykkelveg
- Fv. Angedalsvegen–Hafstadvegen. Ny veg og bru (fylkesveg) med gang- og sykkelveg
- Fv. 609 Steinavegen – fortau
- Fv. 481 Naustdalsvegen–Angedalsvegen til Førdehuset (Storhagen)
- Fv. 481 Angedalsvegen til frå Førdehuset til Prestfoss bru
- Fv. 481 Angeldalsvegen frå Prestefossbrua til Skora
- Ny veg Fv. 609 Halbrendsøyra–Øyrane

Løyingane til Førdepakken er oppdatert ut frå venta framdrift. Det er sett av 128 mill. kr i 2023, 218,3 mill. kr i 2024, 314,5 mill. kr i 2025 og 122,8 mill. kr i 2026.

### **Haugalandspakken**

Bompengepakken vart vedteken i 2007 (St.prp. nr. 57 (2006–2007)) med prosjekt og tiltak på Haugalandet i Rogaland og dåverande Hordaland. Det er ikkje nok midlar i pakken til å gjennomføre heile tiltaket som gjeld fv. 47 Fagerne–Ekrone. Det er vert lagt opp til å gjere nokre tiltak på fv. 47 Rophusvegen–Ekrone i Sveio kommune. Tiltaket vert finansiert med rest av bompengemidlar i pakken. Det som er planlagt bygd er to busshaldeplassar med trafiksikker kryssløysing.

Det er sett av 16,7 mill. kr i 2023.

### **Austevollspakken (Austevoll kommune)**

Fylkestinget vedtok i sak 44/21 å gå i forhandlingar med Austevoll kommune om eit mogleg spleiselag med ei økonomisk ramme på 70 mill. kr frå fylkeskommunen. Austevoll kommune har forplikta seg på å bidra med 70 mill. kr. Aktuelle prosjekt som er lista opp i fylkestingssaka er:

- Storebø terminal
- Ny Mjåsund bru
- Utbetringer Storebø–Eidsbøen
- Utbetringer Bjelland–Haukanes
- Utbetringer Selbjørn bru–“Aisen”
- Breiddeutviding Eido

Det er sett av 10,4 mill. kr i 2023, 26 mill. kr i 2024 og 7,3 mill. kr i 2025.

### **Revidert Bømlopakken (Bømlo kommune)**

Den opphavelege Bømlopakken vart vedteke gjennom behandlinga av St.prp. nr. 78 (2008–2009) Om delvis bompengefinansiering av prosjekt og tiltak i Bømlo kommune i Hordaland, jf. Innst. S nr. 343 (2008–2009). Bømlopakken inneheldt utbetring av tolv vegstrekningar på dåverande riks- og fylkesvegnett. Bompengeinnekrevjinga starta i 2013. Grunna kostnadsauke står det att fem prosjekt som det ikkje er rom for å finansiere fullt ut innanfor den økonomiske

ramma for pakken. Prop. 2 S (2021–2022) omhandlar revidert finansieringsopplegg for fylkesvegprosjekt og -tiltak i Bømlo kommune i Vestland fylkeskommune.

Revidert finansieringsplan har eit kostnadsoverslag på 665 mill. 2022-kr der fylkeskommunen dekkjer 171 mill. 2022-kr og bompengar utgjer 494 mill. 2022-kr.

I revidert pakke vil desse tre prosjekta frå opphaveteg pakke verte finansiert:

- Fv. 541 Sakseid–Hestaneset
- Fv. 542 Notland–Mosterhavn
- Fv. 541 Ekornsæter–Sakseid.

Om det står att midlar i pakken, vert det sett av ei ramme til mindre utbetringer av fylkesvegnettet på Bømlo. Følgjande tre prosjekt skal prioriterast i denne rekjkjefølgja:

- Totlandsvegen–Grindheimsvegen
- Laurhamerkjosen–Olakjosen
- Grønnevik–Sakseid

Det vert lagt til grunn at utbygging av den reviderte pakken skal skje i perioden 2022–2027.

Det er sett av 130 mill. kr i 2023, 171,6 mill. kr i 2024, 174,8 mill. kr i 2025 og 145,7 mill. kr i 2026.

### **Kvinnheradspakken (Kvinnherad kommune)**

Prop. 100 S (2021–2022) omhandlar finansiering av pakken som omfattar i alt seks utbyggingsprosjekt og ei ramme til mindre tiltak på fleire fylkesvegstrekningar i Kvinnherad kommune. Føremålet med dei fleste prosjekta er å utbetra standarden på eksisterande veg. Det blir lagt opp til bygging av gang- og sykkelvegar i tettbygde område. For to av dei prioriterte utbyggingsprosjekta er føremålet først og fremst skredsikring. Det blir òg tatt omsyn til trafikktryggleik og framkomme i planlegginga av desse prosjekta.

Finansieringa kjem frå kommunale- og fylkeskommunale midlar, fylkeskommunale skredsikringsmidlar og bompengar. Dåverande Hordaland fylkeskommune vedtok pakken i desember 2018, og har oppretta ein prosjektorganisasjon og starta opp delar av pakken med bruk av fylkeskommunale midlar. Utbygginga av eit av prosjekta, fv. 500 Furebergfossen bru, er ferdig bygd, og prosjektet fv. 500 Folgefonna-tunnelen–Årsnes er starta opp med ein totalentreprise med samspel som kontraktsform. Det er elles lagt opp til oppstart i 2022 med fullføring i løpet av 2025, og innkrevjing av bompengar på tre ferjestrekningar frå 2022.

Kostnadsoverslag på tiltaka i pakken er på 846 mill. 2022-kr og inneheld følgjande tiltak;

- Fv. 500 Furebergfossen bru
- Fv. 500 Folgefonna-tunnelen–Årsnes, byggetrinn 1 (tunnel Sunndal)

- Fv. 500 Folgefonntunnelen–Årsnes, byggetrinn 1 (vegutbetring)
- Fv. 500 Herøysundet
- TS-tiltak generelt (punktutbetring)
- Fv. 500 Sæbøvik–Eidsvik–Tofte
- Fv. 500/548 Opsanger–Porsvik
- Fv. 548 Sandvoll Sentrum, byggetrinn 1

Pakken vert finansiert med kommunale midlar 75 mill. 2018-kr, fylkeskommunale midlar 199 mill. 2018-kr, fylkeskommunale skredsikringsmidlar 307 mill. 2018-kr og bompengar 165 mill. 2018-kr.

Det er sett av 120,7 mill. kr i 2023, 66,2 mill. kr i 2024, 44,8 mill. kr i 2025 og 46,8 mill. kr i 2026.

## Vegprosjekt

### Fv. 5158 Åsen–Helleskaret (Bjørnafjorden kommune)

Åsen–Helleskaret er eit fylkesvegprosjekt i Bjørnafjorden kommune. Reguleringssplanen for tiltaket inkluderer 1 300 meter ny to- felts vegstrekning som vert tilkomstveg frå Søvi-ka/Helleskaret til den nye E39 Svegatjørn–Rådal.

Fylkestinget vedtok følgjande om prosjektet i PS-sak 49/2022:

1. Løyving til investeringsprosjektet fv. 5156 Åsen–Helleskaret vert auka med 52 mill. 2022-kr til 195 mill. 2022-kr. Kostnadsauken vert innarbeidd i budsjett-/økonomiplan 2023–2026.
2. Fylkessdirektøren får fullmakt til å gå i dialog med Bjørnafjorden kommune med sikte på å verta samde om dekking av kostnad knytt til grunnavtale tidlegare inngått av Statens vegvesen.
3. Fylkessdirektøren får vidare fullmakt til å godkjenne ein kostnadsauke på inntil 10% knytt til uvissa i prosjektet og marknaden. Det vert lagt til grunn at administrasjonen arbeider aktivt med kostnadsreduserande tiltak og å halde samla kostnad på eit lågast mogleg nivå.
4. Vedtaket i punkta 1-3 føreset at:
  - a. Bjørnafjorden kommune gjer vedtak om å finansiere 2/3 av kostnadsramma ekskl. mva og tomtkostnad.
  - b. Bjørnafjorden kommune skal også dekke 2/3 av eventuelle meirkostnader i prosjektet.
  - c. Tomtekostnaden vert fordelt 50/50 mellom Bjørnafjorden kommune og Vestland fylkeskommune.
5. Investeringsprosjektet fv. 5156 Åsen–Helleskaret vert ikkje gjennomført viss ikkje Bjørnafjorden kommune og Vestland fylkeskommune vert samde om den økonomiske fordelinga.

Det er sett av 52 mill. kr i 2023, 67,6 mill. kr i 2024, 67 mill. kr i 2025 og 5,2 mill. kr i 2026.

### Fv. 606 Ytre Steinsund bru (Solund kommune)

Målet med dette prosjektet er å bygge ei bru til Ytre Sula i Solund kommune. Dette vil erstatte dagens ferje mellom Daløy og Haldorsneset. I prosjektet inngår det ei ny bru på 835 meter og 4,4 km ny veg. Prosjektet har ein investeringskostnad på 812 mill. 2021-kr, jf. PS-sak 41/2021 i fylkestinget 16.6.2021. Det er sett av 86,5 mill. kr i 2023, 252,2 mill. kr i 2024, 239 mill. kr i 2025 og 221 mill. kr i 2026.

### Ferjeavløysing Atløysambandet (Askvoll kommune)

Prosjektet omfattar bygging av fastlandsforbindelse til Atløy med tre bruer samt naudsynt vidareføring av veg i dagen på fastlandet, på Prestøya, på Nordre og Søre Sauesundøya og på Atløy. Det nye veg- og brusambandet vil få ei lengde på 5,2 km med separate vegbanar for bil og gang/sykkel. 4 km er ny veg medan 1,2 km er oppgradering av eksisterande veg. Den største bruhaugen, over Granesundet, vil bli ca. 900 m lang og ha ei seglingshøgde 42 moh. Fylkestinget sluttar seg til at søknad om ferjeavløysingsmidlar for prosjektet, jf. PS-sak 62/2022.

Kostnadsoverslaget for prosjektet er berekna til 1215 mill. 2021-kr. Det er sett av 26 mill. kr i 2026.

### Fv. 548 Skånevik–Nesvågen–Flesjo (byggetrinn 1) (Etne kommune)

Prosjektet omfattar betre framkome, samt sikre skuleveg. I tiltaket ligg det inne breiddeutviding med fortau. Prosjektet har ein samla investeringskostnad på 109,3 mill. kr. Det er sett av 2,1 mill. kr i 2023, 34,4 mill. kr i 2024 og 72,8 mill. kr i 2025.

## Strekningsvise prosjekt

### Fv. 79 Øystese–Ålvik–Granvin (Kvam herad og Voss herad)

Fylkesveg 79 er ein sentral fylkesveg, og eit av aust-vest sambanda. Vegen er omkjøringsveg for E16, når denne er stengt mellom Voss og Trengereid. Mellom Øystese og Granvin er det mange smale parti, og vegen er ikkje dimensjonert for den ekstra trafikken ei stenging medfører. Det er store behov for å fjerne flaskehalsane på denne strekninga, og det er sett av 59,2 mill. kr i 2023 og 70,1 mill. kr i 2024.

### Fv. 57 Holmeli–Nistadlia (Fjaler kommune)

Fylkesveg 57 mellom Dale og Storehaug (E39) har svært varierande standard. Medan ein del av vegen er utbetra, har deler dårleg kurvatur og for lite breidde.

Prosjektet skal utbetre strekninga Holmeli–Nistadlia, på vegen mellom Grylevika og Nistadlia i Fjaler kommune. Dette er ei strekning på om lag 1,4 kilometer. Det skal gjerast tiltak for å betre sikt og utvide vegen i breidda.

Det er sett av 52,2 mill. kr i 2023 og 34,8 mill. kr i 2024.

### Fv. 611 Sæle–Engebø (Sunnfjord kommune)

Det skal utførast utbetringsstiltak innanfor ei ramme på 126,5 mill. kr. Det dreier seg om utbetringsstiltak på fv. 611

Sæle–Engebø i Sunnfjord kommune som følgje av avtale om anleggsbidrag mellom Nordic Mining ASA og tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune. Løyvinga er finansiert med 40 mill. kr i anleggsbidrag frå Nordic Mining ASA, mva.-kompenisasjon og fylkeskommunale midlar. Det er sett av 5,2 mill. kr i 2023, 68,5 mill. kr i 2024 og 57,2 mill. kr i 2025. Det er ein føresetnad at det vert inngått finansieringsavtale mellom partane.

#### **Fv. 500/5048/5050 Diverse tiltak Halsnøysambandet (Kvinnherad kommune)**

Tiltaka vert finansiert med overskytande bompengar etter avslutta innkrevjing av bompengar på Halsnøysambandet.

Det er sett av 23,2 mill. kr i 2023 til følgjande prosjekt:

- Prosjekt 1 – Mogeleghetsstudie fv. 500 Tofte–Ranavik
- Prosjekt 2 – Fv. 500 Busslomme med avkøyrsle til Heio
- Prosjekt 3 – Fv. 5052 Busslommer «Landamarka»
- Prosjekt 4 – Fv. 5048 Busslomme/snuplass «Postbrekko» Høylandsbygdvegen
- Prosjekt 5 – Fv. 500 Tofte–Ranavik–punktutbetring; vegbreidde og kurvatur

#### **Fv. 57 Strandanes–Holmeli (Fjaler kommune)**

Prosjektet skal utbetre strekninga Strandanes og Holmeli på fv. 57 i Fjaler kommune. Prosjektet har ein samla investeringskostnad på 135,2 mill. kr. Det er sett av 10,4 mill. kr i 2024, 67,6 mill. kr i 2025 og 57,2 mill. kr i 2025.

#### **Fv. 500 Austrepollen–Årsnes (Kvinnherad kommune)**

Prosjektet skal gjennomføre breiddutviding og kurveutretting på strekninga Austrepollen–Årsnes i Kvinnherad kommune. Det er sett av 52 mill. kr i 2023.

#### **Fv. 55 Høyheim–Nes (Luster kommune)**

Prosjektet skal utbetre strekninga mellom Høyheim og Nes på fv. 57 i Luster kommune. Prosjektet har ein samla investeringskostnad på 208 mill. kr. Det er sett av 20,8 mill. kr i 2024, 104 mill. kr i 2025 og 83,2 mill. kr i 2025.

Bru og kai

#### **Fv. 583 Osøyro (Bjørnafjorden kommune)**

Tiltaket er knytt til eit kulvertsysteem som er i dårleg forfatning. Det vil kunne kollapsee og med stor sannsyn føre til utfordringar med flaum i Os sentrum. Tiltaket går på utbetring av kulvertsystemet. Det er sett av 20,8 mill. kr i 2023, 20,8 mill. kr i 2024 og 74,4 mill. kr i 2025.

#### **Fv. 542 Bømlabrua–Avfuktingsanlegg (Bømlo kommune)**

Bømlabrua er ei hengebru der bæringa er kablar sett saman av ståltrådar som er vikla inn og overflatebehandla med malingsssystem. Hengebruer er avhengig av at ståltrådane i kabelen ikkje vert skada eller korrugerer. Då bruа vart bygd i år 2000, vart kablane på bruа montert utan avfuktingsanlegg,

noko som har vist seg å vera uheldig. Det vart tidleg oppdaga at det kom vatn ut av kablane som følgje av at vatn trengjer inn i kablane og at det dannar seg kondens. Det er utført ein spesialinspeksjon av Bømlabrua der det vert konkludert med at bærekablane må avfuktast for å stoppe skadane som alt har oppstått og for å hindre vidare skade på kabelen. Prosjektet omfattar å montere eit avfuktingsanlegg for hovudkablane. Det er sett av 11,5 mill. kr i 2023 og 90,5 mill. kr i 2024.

#### **Fv. 616 Oldersund og Hamrøy bru (Bremanger kommune)**

Prosjektet omfattar utbetring av beresystem på bruene, mest truleg med katodisk beskytting. Prosjektet har ei samla løying på 109,4 mill. kr basert på førebels anslag presentert i Regional transportplan. Før utlysing vert det gjennomført nytt kostnadsanslag. Det er sett av 1,8 mill. kr i 2023, 33,3 mill. kr i 2024, 32,3 mill. kr i 2025 og 42 mill. kr i 2026.

#### **Fv. 5591 Rørdalsfjord bru (Solund kommune)**

Ved ny bru over Ytre Steinsund vil denne bruia bli ei flaskehals. Prosjektet omfattar bygging av ny bru. Prosjektet har ei samla løying på 72,8 mill. kr basert på førebels anslag presentert i Regional transportplan. Før utlysing vert det gjennomført nytt kostnadsanslag. Det er sett av 5,2 mill. kr i 2024, 41,6 mill. kr i 2025 og 26 mill. kr i 2026.

#### **Fv. 571 Mollandseid (Masfjorden kommune)**

Prosjektet omfattar bygging av ny bru. Prosjektet har ei samla løying på 57,2 mill. kr basert på førebels anslag presentert i Regional transportplan. Før utlysing vert det gjennomført nytt kostnadsanslag. Det er sett av 5,2 mill. kr i 2024, 10,4 mill. kr i 2025 og 41,6 mill. kr i 2026.

#### **Fv. 570 Risnes bru (Masfjorden kommune)**

Prosjektet omfattar bygging av ny bru. Prosjektet har ei samla løying på 104,1 mill. kr basert på førebels anslag presentert i Regional transportplan. Før utlysing vert det gjennomført nytt kostnadsanslag. Det er sett av 2,1 mill. kr i 2024, 46,8 mill. kr i 2025 og 55,2 mill. kr i 2026.

#### **Fv. 565 Alverstraumen bru (Alver kommune)**

Ny bru og veg skal ha ei god utforming og legge til rette for vidareutvikling av tettstaden Alversund. Prosjektet har ein estimert kostnad på 500–650 mill. kr basert på førebels anslag presentert i Regional transportplan. Før utlysing vert det gjennomført nytt kostnadsanslag. Det er sett av 3,2 mill. kr i 2023, 26 mill. kr i 2024, 52 mill. kr i 2025 og 114,4 mill. kr i 2026.

#### **Bru – samleløying**

Det vert sett av 147,1 mill. kr i 2023 til vidareføring av følgjande pågående prosjekt:

- Fv. 5266 Herdlesundet bru
- Fv. 5150 Lepsøysundet
- Fv. 611 Hovland I Indre, Hovland
- Fv. 60 Storelva bru
- Fv. 615 14-0781 Hjorteset I og 14-0835 Solheim I
- Fv. 5724 14-0798 Gytri og 14-0879 Briksdal I + II

- Fv. 5600 bru 14-1203 Frettheim
- Fv 5098 Bakgården, Ullensvang (Jondal, Krossdalen)
- Fv. 121 Sandal bru
- Fv. 575 Husa bru

#### **Kai/landareal – samleløyving**

Det vert sett av 13,9 mill. kr i 2023 til vidareføring av følgjande prosjekt:

- Fv. 543 Fjelbergøy ferjekai
- Fv. 500 Ranavik hurtigbåtkai
- Losna ferjekai
- Barmen ferjekai
- Fv. 552 Hatvik/Venjaneset ferjekai

#### Tunneloppgradering

Tunneltryggleksforskrifta stiller minstekrav til tryggleksnivået i fylkesvegtunnelane. Forskrifta gjeld berre tunnelar som har meir enn 300 i ÅDT og lengde over 500 m. Prosjekta som vert finansiert på denne posten skal sikre at tunnelane oppfyller krava i tunneltryggleksforskrifta. I tillegg vert tunnelane oppgradert ut fra faglege tilrådingar knytt til tiltak som drenering, tunnelportalar, sikringsarbeid i fjell, strossing for å betre geometriske tilhøve som til dømes køyrehøgde og -breidde, og tiltak for å betre levetida til tekniske installasjoner som vatn og frostsikring med meir. Omfanget av desse tiltaka vil variere frå tunnel til tunnel. Dette vert prioritert for å unngå fordyrande dobbeltarbeid. Dette kan dreie seg om nye installasjonar i oppgraderte tunnelar som må takast ned igjen og flyttast for gjennomføring av andre utbetringer seinare – samstundes som tunnelane må stengast på nyt. Det er stor uvisse knytt til kostnadsoverslagene.

#### **Fv. 5633 Seimsdalstunnelen (Årdal kommune)**

Totalkostnad for prosjektet er 326,2 mill. 2020-kr. Dagens tunnel skal strossast til profil T10,5 med gang- og sykkelveg. Tunnelen er cirka 1500 meter lang. Det er sett av 32,3 mill. kr i 2023 og 1,2 mill. kr i 2024.

#### **Fv. 53 Tunnelar i Årdal (Årdal kommune)**

Prosjektet omfattar utbetring av Timreskred-, Finnås-, Kolnostunnelen. Prosjektet har ei samla løyving på 105,6 mill. kr basert på førebels anslag. Omfang av prosjektet er ikkje endeleg avklart. Før utlysing vert det gjennomført nytt kostnadsanslag. Det er sett av 21,6 mill. kr i 2025 og 31,2 mill. kr i 2026.

#### **Fv. 566 Tirsåstunnelen (Osterøy kommune)**

Totalkostnad for prosjektet er 142 mill. 2022-kr, jf. PS sak 13/22 i fylkestinget i mars 2022. Det er sett av 43,7 mill. kr i 2023, 78 mill. kr i 2024 og 20,8 mill. kr i 2025.

#### **Fv. 53 Steigjetunnelen (Årdal kommune)**

Prosjektet har ei samla løyving på 103,1 mill. kr basert på førebels anslag. Omfang av prosjektet er ikkje endeleg avklart.

Før utlysing vert det gjennomført nytt kostnadsanslag. Det er sett av 37,5 mill. kr i 2023, 52 mill. kr i 2024 og 13,6 mill. kr i 2025.

#### **Fv.614 Magnhildskartunnelen (Kinn/Bremanger kommunar)**

Prosjektet har ei samla løyving på 296,6 mill. kr basert på førebels anslag. Før utlysing vert det gjennomført nytt kostnadsanslag. Omfang av prosjektet er ikkje endeleg avklart. Det er sett av 7,3 mill. kr i 2023, 59,3 mill. kr i 2024, 80,1 mill. kr i 2025 og 86,9 mill. kr i 2026.

#### **Fv. 550 Eitrheimstunnelen (Ullensvang kommune)**

Prosjektet har ei samla løyving på 208,2 mill. kr basert på førebels anslag. Før utlysing vert det gjennomført nytt kostnadsanslag. Omfang av prosjektet er ikkje endeleg avklart. Det er sett av 11 mill. kr i 2023, 54,1 mill. kr i 2024, 82,2 mill. kr i 2025 og 60,9 mill. kr i 2026.

#### **Fv. 540 Løvstakkstunnelen (Bergen kommune)**

Prosjektet har ei samla løyving på 297 mill. kr basert på førebels anslag. Før utlysing vert det gjennomført nytt kostnadsanslag. Omfang av prosjektet er ikkje endeleg avklart. Det er sett av 2,1 mill. kr i 2023, 2,1 mill. kr i 2024, 6,3 mill. kr i 2025 og 52 mill. kr i 2026.

#### **Tunneloppgradering – samleløyving**

Det er sett av 3,9 mill. kr på posten. Løyvinga er knytt til oppstart av oppgradering av el-anlegg på tunnelar på fv. 50, samt til prosjektering av framtidige tiltak og risikoanalyser/tiltaksplanar.

#### Trafikktryggleik/mindre utbetringer

#### **Mindre utbetringer**

Det er sett av samla 147,1 mill. kr til mindre utbetringer. Av dette er 105,8 mill. kr knytt til vidareføring av pågående prosjekt, der prosjekta omfatta av ordninga med tilskott til fylkesvegar som er viktige for næringstransport utgjer hovuddelen. Dette gjeld følgjande prosjekt:

- Fv. 549 Flatråker–Våge
- Fv. 546 Rådal x 580 Krokeide–Hufthamar–Bekkjarvik x fv. 150
- Fv. 560 Beinastaden–Skogsvåg
- Fv. 570 Andås x E39 Masfjordnes
- Fv. 5582 Sløvåg–Byrknes
- Fv. 616 Kalvåg–Oldeide

Vidare er det sett av 20,8 mill. kr knytt til eit pilotprosjekt for forsterkningstiltak før dekkelegging og 20,5 mill. kr til oppstart og gjennomføring av ei rekke mindre prosjekt over heile fylket.

#### **Rekkverk**

Det er sett av 19,8 mill. kr til investering knytt til rekkverk og

sideterregng. Løyvinga er knytt til mindre pågåande og nye prosjekt i hele fylket.

### Veglys

Det er sett av 17,5 mill. kr til ei rekke mindre veglysprosjekt i heile fylket. Vidare er det sett av 14 mill. kr knytt til Veglysprosjektet, jf. fylkestinget sitt vedtak i PS-sak 106/22. Vestland fylkeskommune legg opp til å investere inntil 200 mill. 2022-kr i LED armaturar og fordelingsskap i perioden 2023–2032, jf. vedtakspunkt 4 i saka.

### Tilrettelegging for mjuke trafikantar

Strategi for mjuke trafikantar er eit grunnlagsdokument for RTP 2022–2033, og er fylkeskommunen sitt strategiske dokument for korleis fylkeskommunen skal jobbe for å nå målet om auka tal gåande og syklande i fylket.

Strategien har fire delstrategiar, med kvar sine delmål:

- Sykkelbruk på fylkesvegar med særleg merksemd på Bergen og andre byar / større tettstader
- Gange
- Barnas transportplan
- Mikromobilitet

Hovudmål: Fleire skal gå eller sykle i staden for å nytte bil

- **Delmål 1:** Sykkel skal vere føretrekt reisemåte i byar og større tettstader
- **Delmål 2:** Gåande skal kjenne seg trygge og få tilrettelagde snarvegar
- **Delmål 3:** 80 % av elevar utan ordinær skuleskyss skal gå eller sykle til skulen. Avstandsulempene for å bu i distriktet skal reduserast.
- **Delmål 4:** Energieffektive framkomstmiddel til dagleg bruk og erstatning for bil

### Fv. 5704 G/s-veg Brandsøy–Solheim – delprosjekt (Kinn kommune)

Prosjektet omfattar strekninga frå Dragselva til Haugaskjæret (Instetunet), og knyter nokre bustadområde saman med sentrum av Florø. Florø er eit område der det er eit stort potensiale for å auke talet på gåande og syklande. Det vert sett av 10,8 mill. kr i 2023.

### Fv. 5704 Brandsøyvegen (refusjon) (Kinn kommune)

Det vert sett av løyving til refusjon til SFE-nett for prosjekt på Brandsøyvegen i Florø. Prosjektet har ei årleg løyving på 1,3 mill. kr fram til 2024.

### Fv. 567 Loftås–Hauge (Osterøy kommune)

Prosjektet har ei samla løyving på 128 mill. kr basert på førebels anslag. Omfang av prosjektet er ikkje endeleg avklart. Før utlysing vert det gjennomført nytt kostnadsanslag. Prosjektet omfattar gang- og sykkelveg på ei strekning på omlag 1,6 km. Det er naudsynt å få gjennomført grunnevær i 2023 på desse to prosjekta pga. vedtaksdato av

reguleringsplanane. Det er sett av 15,6 mill. kr i 2023, 36,4 mill. kr i 2024, 52 mill. kr i 2024 og 24 mill. kr i 2025.

### Fv. 79 Øystese–Laupsa (Kvam herad)

Prosjektet har ei samla løyving på 69,7 mill. kr basert på førebels anslag. Omfang av prosjektet er ikkje endeleg avklart. Før utlysing vert det gjennomført nytt kostnadsanslag. Prosjektet omfattar fortau og vegutbetring knytt til ei manglende lenke som står att etter Kvammapakken. Prosjektet må startast opp i 2023 pga. vedtaksdato på gjeldande reguleringsplan. Det er sett av 7,3 mill. kr i 2023, 41,6 mill. kr i 2024 og 20,8 mill. kr i 2025.

### Fv. 611 Eikefjord–Sunnarvik (del 1) (Kinn kommune)

Prosjektet har ei samla løyving på 31,2 mill. kr basert på førebels anslag. Omfang av prosjektet er ikkje endeleg avklart. Før utlysing vert det gjennomført nytt kostnadsanslag. Prosjektet omfattar gang- og sykkelveg for å knyte saman sentrum med idrettsanlegga via Hamnavegen, og såleis dra nytte av gang- og sykkelveganlegga på bruene som skal skiftast ut. Det er sett av 10,4 mill. kr i 2023 og 20,8 mill. kr i 2025.

### Fv. 615 Sandane–Fitje G/S – del 1 (Gloppe kommune)

Prosjektet har ei samla løyving på 88,4 mill. kr basert på førebels anslag. Omfang av prosjektet er ikkje endeleg avklart. Før utlysing vert det gjennomført nytt kostnadsanslag. Prosjektet omfattar fortau og vegutbetring frå Sandane sentrum til Gløpeelva (før brua). Det er sett av 5,2 mill. kr i 2024, 41,6 mill. kr i 2025 og 41,6 mill. kr i 2026.

### Fv. 5402 Ringheimsvegen G/S (Voss herad)

Prosjektet har ei samla løyving på 90,5 mill. kr basert på førebels anslag. Omfang av prosjektet er ikkje endeleg avklart. Før utlysing vert det gjennomført nytt kostnadsanslag. Prosjektet omfattar fortau på ei side av vegen på ei strekning på omlag 600 meter. Det er sett av 7,3 mill. kr i 2024, 41,6 mill. kr i 2025 og 41,6 mill. kr i 2026.

### Fv. 271 Sjukehusvegen (Lærdal kommune)

Prosjektet har ei samla løyving på 156 mill. kr basert på førebels anslag. Omfang av prosjektet er ikkje endeleg avklart. Før utlysing vert det gjennomført nytt kostnadsanslag. Prosjektet omfattar ny bru med fortau, og fortau til og med krysset med Ofta. Det er sett av 10,4 mill. kr i 2025 og 83,2 mill. kr i 2026.

### Tilrettelegging for mjuke trafikantar – samleløyving

Det er sett av 34,9 mill. kr til følgjande pågåande prosjekt:

- Fv.60 Loen–Solvik
- Fv 5308 Sagstadvegen – prosjektering
- Fv 5062 Tysevegen, Stord
- Fv. 5613 Dalavegen (Sogndal)
- Vidare vil det bli sett av 27,2 mill. kr til ei rekke mindre prosjekt hovudsakleg knytt til skular og oppvekstsenter over heile fylket.

## Samfinansiering

Det vert sett av 26 mill. kr til samfinansieringsprosjekt i 2023. I handsaming av PS-sak 42/2022 «Regional transportplan 2022–2033 – Investeringar» vedtok fylkestinget ei rammeløyving på 100 mill. kroner i økonomiplanperioden til samfinansiering. Det vert vidare synt til fylkestinget si behandling av PS-sak 93/2022 «Samfinansiering av fylkesvegprosjekt»

### Veg- og infrastrukturtiltak for kollektiv

Behovet for tiltak innan kollektivområdet utanom Bergen er stort. Tiltaka som vert utført innanfor kollektivinfrastruktur vil ofta ha preg av ein kombinert effekt på kollektivtrafikken, slik som:

- Betre fasilitetar for dei reisande
- Fleire bytemoglegheiter
- Styrka trafikktryggleik

Mindre tiltak vil typisk vere prosjekt som gjev skuleborn og andre trygge venteforhold på haldeplassen, i tillegg tiltak som gjev betre informasjon om rutetilbodet.

Det er sett av 25,2 mill. kr til kollektivtrafikktiltak. Av dette er 13,7 mill. kr til følgjande pågående prosjekt:

- Fv. 567 Valestrandsfossen
- Fv. 5050 Helldalsstølen (avkj. Røssland) (Osterøy)
- Fv. 5444 Matre skule, Masfjorden

Vidare vil det innanfor ei ramme på 11,5 mill. kr bli sett i gang nye mindre prosjekt i heile fylket.

## Skredsikring

### Fv. 5722 Flovegen (Stryn kommune)

Prosjektet har eit kostnadsoverslag på 673,7 mill. 2017-kr. Det er bygd tunnel på knappe 4 km og ca. 800 meter veg i dagen. Tunnelen vart opna for trafikk 8. april, tre månader før den eigentleg skulle vere ferdig. Det er sett av 38,6 mill. kr i 2023 til avsluttande arbeid med prosjektet.

### Fv. 500 Folgefondtunnelen–Årsnes, (Kvinnherad kommune)

Prosjektet omfattar om lag 1400 m tunnel, og vegutbetring på delar av strekninga mellom Folgefondtunnelen og Årsnes. Det er valt anbodsprosedyren konkurranseprega dialog, og totalentreprise med samspele som kontraktsform. I hovudsak betyr det å involvere entreprenør på eit tidlegare tidspunkt, allereie i reguleringsplanfasen, og nyttja entreprenørane sine erfaringar og kunnskapar i planlegginga for å få eit betre sluttprodukt. Målet er å få betre løysingar, meir veg for pengane og betre kontroll på risiko og uvisse.

Kostnadsramma for prosjektet er 497 mill. 2021-kr, jf. fylkestingssak PS 44/2021. Det er sett av 87,4 mill. kr i 2023 og 34 mill. kr i 2024.

### Fv. 49 Tokagejelet (Kvam herad/Sunnanger kommune)

Fv. 49 gjennom Tokagejelet er svært skredutsatt. Det skal byggast ny veg i tunnel for å løyse skredproblematikken. Prosjektet har ein samla kostand på 2,2-2,7 mrd. kr basert på førebels anslag. Finansiering av prosjektet er førebels ikkje avklart og ei løysing på dette må vere på plass før oppstart. Det er sett av 10,4 mill. kr i 2025 og 20,8 mill. kr i 2026.

### Fv. 609 Heilevang (Askvoll og Sunnfjord kommune)

Prosjektet skal gje skredsikker og trygg framkomst på fv.609 i ny tunnel mellom Hestvika og Heilevang. Prosjektet har ei samla løying på 1061 mill. kr basert på førebels anslag. Før utlysing vert det gjennomført nyt kostnadsanslag. Det er sett av 31,2 mill. kr i 2023, 312 mill. kr i 2024, 312 mill. kr i 2025 og 295,4 mill. kr i 2026.

## Ufordelt skredsikring

Det er sett av 988 mill. kr i ufordelt løying til skredsikring. Løyvinga er førebels ikkje spesifisert på konkrete prosjekt. Dette vil skje i samband med årlege rulleringar av Handlingsprogram til regional transportplan. Ramma på posten er sett ut frå nivået på statleg løying til skredsikring i perioden 2023–2026 og førebels teknisk lagt til 2026.

## Skredsikring – samleløyving

Det er sett av 142,6 mill. kr til mindre skredsikringstiltak. Hovuddelen av løyinga (115,4 mill. kr) er knytt til følgjande pågående prosjekt:

- Fv. 5600 – Fjellsikring
- Fv. 5724 Olden–Briksdalen
- Fv. 5300 Randen
- Fv. 5300 Salhus/Klauvaneset
- Fv. 49 Frølandsuren
- Fv. 550 Eitrheimstunnelen sør
- Fv. 49 Roadcap Liarostunnelen
- Fv. 49 Storebekken
- Fv. 5653 Trangane

Det er vidare sett av 27,2 mill. kr til oppstart av nye mindre skredsikringsprosjekt.

## Planlegging

Det er sett av 52,4 mill. kr i 2023 til planprogram for fylkesvegnettet. Løyvinga skal dekkje pågående og nye planleggingsprosjekt. Hovudutval for samferdsel og mobilitet gjer nærmare vedtak om fordeling av løyinga.

## Andre tiltak

Det er sett av 70,4 mill. kr til andre tiltak. Av dette går 39,1 mill. kr til å dekke kostnader til refusjon av tidlegare forskotering, samt refusjon av meirverdiavgift på inngåtte justeringsavtalar med eksterne parter. Vidare er det sett av 25,5 mill. kr til grunnerverv og avslutning av prosjekt.

Innløysing av bustader i framtidige fylkesvegtrasear inngår i denne posten. Dette er ei ordning der eigarar av bustaden kan krevje innløysing av eigedomen til marknadsverdi etter fastsette reglar. Kostnadane som vert ført her er før det er oppretta eige tiltak for prosjektet der bustaden ligg. Ei rekke prosjekt som er ferdig bygd kvart år vert ikkje endeleg lukka/ avslutta. Dette er grunna i at det kan kome mindre ekstrakostnader etter gjennomføring; som til dømes endeleg oppgjer for grunnerverv. Ved å ha ein slik budsjettpost kan fleire prosjekt avsluttast.

Det er også sett av 1,6 mill. kr til større utstyrskjøp og 4,2 mill. kr knytt til nye skilt/skiltfornying.

### **Ufordelt RTP-tiltak**

Det er samla sett av 249,6 mill. kr i perioden 2024–2026 til tiltak for å innfri føringane i regional transportplan. Desse midlane vil i hovudsak måtte sjåast inn mot områda trafikktryggleik/mindre utbetringar, mjuke trafikantar og kollektivtiltak. Det kan også vere andre område som førebels ikkje er godt nok utgreidde som t.d. tunnelar som ikkje er omfatta av tunnelsikkerheitsforskrifta og landareal/kai som må sjåast i samanheng med desse midlane.

### **Klimaomtale investeringsprogram for fylkesveg**

Fylkeskommunen skal tilby eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvennleg vegsystem som dekker samfunnet sitt behov for transport, og som fremmer regional utvikling. Dette skal mellom anna gjerast ved å redusere klimagassutslepp på vegen til eit lågutsleppssamfunn, og tilpasse infrastrukturen til eit endra klima med mellom anna meir nedbør.

Det vert arbeidd med eit auka fokus på å stille gode klima og miljøkrav i kontraktar og anbod. Det er i kontraktar med entreprenørane at ein har høve til å sette krav til klima og miljø. Kvalifikasjonskrav som vert stilt er sertifisering etter ISO 14001 (2015), EMAS (EU EcoManagement and Audit Scheme for environmental management) eller Miljøfyrtårn.

Vidare vert det stilt krav til at alle dieseldrivande køyretøy og maskiner som vert nytta i kontrakten, skal ha EURO 6 eller STEG 4 godkjenning og rapportere månadleg på energiforbruket.

I 2021 vart det starta eit forprosjekt for å kartlegge korleis klimafotavtrykket til fylkesvegane kan reduserast, og kartlegge moglege løysingar for å nå målet om lågutslepps-fylkesvegbygging. Dette forprosjektet skal vurdere potensialet for reduksjon av direkte og indirekte klimagassutslepp i ulike fasar og typar vegprosjekt. Fylkeskommunen har fått innvilga 0,225 mill. kr i Klimasatstilskot frå Miljødirektoratet til denne utgreiinga. Ein rapport for forprosjektet er venta å vere klar innan 2. kvartal 2023.

Fylkeskommunen har også fått tildelt 1 mill. kr i Klimasatstilskot til ei 2-årig prosjektstilling som skal arbeide systematisk med klimakrav i anskaffingane. Utgangspunktet for dette arbeidet vil vere resultata frå forprosjektet for lågutslepps-fylkesvegar. I 2022 har det blitt tilsett ein klimarådgjevar i denne prosjektstillinga.

Det er stort overskot av massar i tunnelprosjekt, og klimaeffekten ved gjenbruk av stein kan vere betydeleg. Også i omarbeiding og transport av steinmassane kan det vere ein stor klima- og miljøvininst. Fylkeskommunen er i gang med eit forprosjekt og ein massehandteringsplan for fv. 49 Toka-gjelet der ulike alternativ for massehandtering og gjenbruk i andre samferdsleprosjekt skal greiast ut. Resultata vil verte offentlege gjennom ein sluttrapport. Til dette arbeidet har fylkeskommunen fått 0,35 mill. kr i Klimasatstilskot. Med framtidige klimaendringar vil drift og vedlikehald av fylkesvegane i Vestland truleg verte meir krevjande.

Med aukande mengd nedbør og meir ekstremvêr vert vegane enno meir utsett for slitasje. Forsvarleg og berekraftig forvaltning av fylkesvegnettet krev at vi i større grad utbetrar og tek vare på det eksisterande vegnettet. Fylkeskommunen samarbeider med andre vegeigarar, planstyresmakter og forskingsinstitusjonar for å utveksle kunnskap og erfaringar om klimatilpassing av vegnettet. I 2022 fekk Vestland fylkeskommune, saman med Vestlandsforskning, 500 000 kr i støtte frå Regionalt forskingsfond til forprosjektet «Klimarobust vegforvaltning gjennom tverrsektorelt samarbeid i Vestland fylke». Hovudmål for prosjektet er å styrke vilkåra for klimatilpassing i vegforvaltinga i Vestland fylke. Arbeidet starta opp hausten 2022.

## Investeringsprogram mobilitet og kollektiv 2023-2026

Investeringsprogrammet for mobilitet og kollektiv gjeld bybaneutbygginga og andre tiltak under avdeling for mobilitet og kollektiv sitt ansvarsområde.

### **Ulike investeringstiltak Skyss**

Det er lagt planar for investeringar innan områda digitale plattformar og nye mobilitetstenester.

Det er forslag om å setja av 54 mill. kr årleg i økonomiplanperioden.

### **Båtanbod**

På investeringssida er infrastruktur på land til nye bybåtsamband i Bergen først ute. Det omfattar ladestasjonar og nettoppgradering. Førebels estimat viser kostnader i intervallet 30-40 mill. kr. Det er aktuelt med løying frå 2024 og fylkesdirektøren vil kome attende til konkret løyingssum.

Mot slutten av økonomiplanperioden står ny båtkontrakt for Bergen-Nordfjord-Sogn/Flåm for tur. Førebels estimat viser at investeringssum i intervallet 140-190 mill. kr. Kostnadsesimatet er usikkert og må kvalitetssikrast før politisk vedtak av saka. Fylkesdirektøren kjem attende til dette i seinare budsjett og økonomiplanar.

### **Bussanbod**

Busskontraktane Nordfjord, Hardanger/Voss og Modalen/Vaksdal vil ha oppstart sommaren 2025. Busskontraktane Sunnfjord, Sunnhordland og Sogn vil ha oppstart sommaren 2026. Investeringskostnad er ikkje estimert for desse anboda enno. Gitt val av elektriske bussar, vil det måtte investerast i ladestasjonar og nettoppgradering.

### **Bybanen – byggetrinn 4**

Bybanen på strekninga mellom Bergen sentrum og Fyllingsdalen vert opna for ordinær drift i slutten av november 2022.

Det vil pågå avsluttande arbeid i 2023 slik at det er behov for sluttløyving etter avslutta avrekning for prosjektet basert på endelege indeksar gitt av SSB.

Venta prognose for prosjektkostnaden viser ei overskridning på 700 mill. kr for den delen av prosjektet som gjeld bybaneutbygginga knytt til 50/50 prosjektet i byvekstavtalen. Hovudutval for samferdsle og mobilitet har i møte 20. oktober 2022 slutta seg til forslag til fordeling av meirkostnaden. Av saka går det fram at 267 mill. kr er handtert tidlegare. Ut frå prognosene er overslaget for restbehovet for finansiering 433 mill. kr, med fordeling på 173 mill. kr i 2022 og 260 mill. kr i 2023. Sluttløyving kan kome i 2024 avhengig av avrekningsarbeidet nemnt ovanfor.

Restbehovet i 2023 og eventuelt 2024 (utover styringsrammen) er foreslått finansiert med bompengar. Fylkesdirektøren foreslår løying til avsluttande arbeid med bybanen byggetrinn 4 i samsvar med dette.

Handtering av overskridinga skal endeleg vedtakast av styringsgruppa for Miljøloftet, etter at fylkesutvalet og Bystyret i Bergen har hatt saka til handsaming.

### **Bybanen – byggetrinn 5**

For Byggetrinn 5 frå Bergen sentrum til Åsane er reguleringssplanen lagt ut på høyring med sikte på handsaming i kommunen i fyrste halvår 2023.

Fylkesutvalet løyvde i møte 19. oktober 29 mill. kr på budsjettet for 2022 til førebuande arbeid med dette byggetrinnet. Fylkesdirektøren varsla sak om storleiken på tilsvarende midlar for 2023.

Fylkesdirektøren vil foreslå oppdatering av budsjettet for 2023 på dette punktet i samband med den nemnde saka.

## Finansiering av investeringsbudsjettet 2023- 2026

Tal i 1000 kr

<b>Finansiering (tal i 1000kr)</b>	<b>Sum 2023- 2026</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>
Bompengar	2 680 700	824 800	673 100	771 800	411 000
Tilskot	597 800	192 400	152 500	147 900	105 000
Fond	147 000	0	0	0	147 000
Driftsmidler til investering	2 640 000	660 000	660 000	660 000	660 000
Lån	9 544 600	2 167 700	2 504 700	2 256 200	2 616 000
Mva. kompensasjon	3 219 200	765 800	851 300	757 000	845 100
Salsinntekter	100 000	0	90 000	10 000	0
<b>Sum Finansiering</b>	<b>18 929 300</b>	<b>4 610 700</b>	<b>4 931 600</b>	<b>4 602 900</b>	<b>4 784 100</b>

Planlagde investeringar i 4-årsperioden summerer seg til vel 18,9 mrd. kr.

9 544,6 mill. kr er planlagt finansiert med lån. Dette utgjer 50,4 % av totalen.

Bompengar og tilskot står for høvesvis 14,2 % og 3,2 % av finansieringa.

Til saman i perioden har ein ført opp 2 640 mill. kr i driftsmidlar til investeringar som utgjer 14%..





# 6 Klimaomstilling

I Vestland jobbar vi etter ei målsetting om å vere ansvarlege pådrivarar for nullutsleppssamfunnet. Mange tiltak krev langsigkt planlegging og investering, og det kan ta lang tid før dei oppnår klimaeffekt. Vi er avhengige av å gjere riktige prioriteringar i dag og vere med å skape dei gode løsingane og gode stader å bu og arbeide.

Gjennomføring av klimatiltak kan ha fleire samfunnseffektar utover å redusera klimagassutslepp, som til dømes klimatilpassing, betre luftkvalitet, folkehelse, teknologiutvikling og grøn næringsutvikling. Dei neste 8 åra vert vi utfordra til å finne fram til dei kloke tiltaka og investeringane som mellom anna;

- bidreg til monalege og raske kutt, samstundes som at vi ikkje bidreg til å låse inne infrastruktur som gjer det vanskeleg å oppnå varige og berekraftige omstillingar
- stimulerer til eit meir sirkulært forbruk, slik at det materielle forbruket blir dempa

### Klimabudsjetts som styringsverktøy

Klimabudsjettet for 2023 i økonomiplanperioden 2023–2026, er Vestland fylkeskommune sitt tredje klimabudsjett etter samanslåinga. Ambisjonen med klimabudsjettet er å utvikle eit effektivt styringsverktøy for utsleppsreduksjon med kopling til det økonomiske budsjettet og kostnadene knytt til gjennomføringa.

Klimabudsjettet skal bidra til å tydeleggjere kva som er Vestland sitt mål for utsleppsreduksjon og synleggjere kor store utsleppskutt vedtekne tiltak er venta å gi av resultat, og når ein kan venta å sjå effekten. Klimabudsjettet fordeler ansvaret for gjennomføring av tiltak i den fylkeskommunale verksemda og gir eit grunnlag til vurdering av kva meir som må settast i verk for å nå utsleppsmåla.

Klimabudsjettet er knytt til tiltak som viser Vestland fylkeskommune si rolle som samfunnsutviklar, som ansvarleg pådrivar for nullutsleppssamfunnet, og som ein aktør som «feiar for eiga dør». Måloppnåinga skal vere mogeleg å dokumentere gjennom Miljødirektoratet sin utsleppsstatistikk, oversyn over nytt klimakovtar og evt. karbonlagring. For utslepp fra Vestland fylkeskommune sin eigen aktivitet, kan eigen miljørekneskap og Klimakost nyttast.

### Endringar frå 2022–2023

Nytt i klimabudsjett for 2023 er at det er vist til tre ikkje-vedtekne, moglege tiltakspakkar. Dette er tiltakspakkar frå CICERO/TØI si analyse (2022) og synleggjjer tiltak og område som krev ekstra merksemd i arbeidet med mål om netto nullutslepp i Vestland innan 2030. Tiltakspakkane inngår som eit viktig kunnskapsgrunnlag for vidare oppfølging av årleg tiltaksplan når Regional plan for Klima er vedteken av fylkestinget, etter planen i desember 2022.

Det er i 2022 sett i verk eit arbeid med framskriving av fylkeskommunen sitt eige klimafotavtrykk (Asplan Viak). Arbeidet vil synleggjere kvar fylkeskommunen som verksemd særleg kan påverke gjennom offentleg innkjøpsmakt, i tillegg til dei direkte utsleppa.

Det er i klimabudsjettarbeidet tatt i bruk Framsikt som nytt verktøy. Framsikt gir moglegheiter til å styrke koplinga mellom tiltak i regionale handlingsplanar og økonomibudsjettet, samt å bidra til ei oversikt over fylkeskommunen sine kostnader for gjennomføring av tiltak. Det er i denne omgang lagt eit grunnlag som må utviklast vidare ved neste klimabudsjett med mål om å inkludere meir informasjon om tiltakseffekt, finansiering og ansvar for gjennomføring.

### Klimamål

*Netto null CO<sub>2</sub>-utslipp oppnås når menneskeskapte CO<sub>2</sub>-utslipp balanseres mot menneskeskapt opp-tak av CO<sub>2</sub>. Dette betyr at vi må fjerne like mye CO<sub>2</sub> fra atmosfæren som vi slipper ut.*

Noreg har under Parisavtalen forplikta seg til å bidra i det globale klimaarbeidet med eit klimamål om å redusere utslepp med minst 50 og opp mot 55 prosent i 2030 samanlikna med 1990. Dette målet i FN-systemet gjeld alle sektorar og utslepp og opptak av alle klimagassane. I tillegg skal Noreg være et lågutsleppssamfunn i 2050, der utsleppa skal reduserast med 90 – 95 prosent. Både klimamålet for 2030 og 2050 er lovfesta i klimaloven.

Noreg har inngått ei klimaavtale med EU. Klimaavtala inneber at Noreg tek del i EUS klimaregelverk. Noreg sin avtale med EU har tre kategoriar av klimagassutslepp: 1) utslepp omfatta av det europeiske kvotesystemet, 2) ikkje-kvotepliktige utslepp – det vil seie utslepp frå transport, jordbruk, bygg og avfall, og utslepp frå energiproduksjon, luftfart, industri og petroleumsverksemd som ikkje er kvotepliktige, 3) utslepp frå skog og annan arealbruk som ikkje skal overskride opptaket innanfor denne sektoren i sum for perioden 2021–2030.

Desse klimamåla, regelverk og forpliktingar er nasjonale og kan ikkje overførast direkte til kommunar eller fylke. Men medan utfordringane er globale, er løysingane lokale. For å nå målet om å halde den globale temperaturauken under 1,5 C, må vi gjennomføre raske, omfattande og vedvarande utsleppskutt. Vi ser allereie ein auke i global middeltemperatur sidan førindustriell tid på mellom 1,1 – 1,25 grader.

[Utviklingsplan for Vestland](#) har mål om at Vestlandssamfunnet skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030. [Regional plan for innovasjon og næringsutvikling](#) konkretiserer «netto nullutslepp» som følgjer:

- Visjonen om netto nullutslepp inneber ein utsleppsreduksjon av direkte utslepp med mål om netto nullutslepp innan 2030
- Utsleppa vert rekna som CO<sub>2</sub>-ekvivalentar, dette inkluderer sterke klimagassar som metan og lystgass, i tillegg til CO<sub>2</sub>
- Alle fossile utslepp skal fjernast

- Naturlege utslepp frå husdyr og gjødsel vil førekommme, men skal reduserast så mykje som råd
- Utslepp som ikkje er mogeleg å redusere, kan aktørane sette ut ved kvotekjøp i medhald av GHG-protokollen (The Greenhouse Gas Protocol). GHG-protokollen er eit internasjonalt anerkjent verktøy som vert brukt til å beregne og rapportere klimagassutslepp.

[Regional plan for klima \(2022–2035\)](#) (på høyring hausten 2022) har som hovudmål at Vestland skal vere «ein ansvarleg pådrivar for nullutsleppssamfunnet». Ei heilskapleg tilnærming til arbeidet er viktig. Det er avgjerande at vi klarar å finne løysingar som dekker fleire behov. Både naturkrisa og klimakrisa skal løysast, men vi må også sikre at det skjer på ein sosialt berekraftig måte, slik at det ikkje medfører negative og urettferdige konsekvensar for innbyggjarane.

Klimabudsjettet er eit verktøy for styre mot mål for utsleppsreduksjon. Figur 1 visar visjon og mål for det regionale

klimaarbeidet fram mot 2030. Det er i hovudsak to temamål som klimabudsjettet er eit styringsverktøy for:

- Redusere direkte klimagassutslepp med mål om netto nullutslepp innan 2030, og
- Redusere klimafotavtrykket ved å ta vare på ressursane våre gjennom sirkulære løysingar, redusert materielt forbruk og avfall



Figur 1: Visjon og mål i Regional klimaplan for Vestland (2022–2045) – på høyring

Som oppfølging av Vestland sine utsleppsmål, er det valt å fokusere på tre innsatsområde i klimabudsjett for 2023;

### 1. Fjerning av direkte, fossile utslepp innan 2030

Målet om netto nullutslepp for direkte, fossile klimagassutslepp betyr heilt konkret at innbyggjarar og aktørar i Vestland må avgrense og etter kvart faze ut bruk av fossil energi i stasjonær og mobil forbrenning. For Vestland fylkeskommune som verksmed betyr dette null fossile utslepp frå oppvarming og tenestereiser og liknande krav til leverandørar som har direkte utslepp i Vestland.

### 2. Energieffektivisering

Det er behov for ny fornybar energi, men vi må samstundes effektivisere bruken av energi. Det kan spare utslepp i andre sektorar som industri og transport, dersom vi kan effektivisere energibruk til oppvarming eller kjøling av heimar, kontor og andre bygg. Dette vil bli eit tema i den komande


regionale klimaplanen. Vestland fylkeskommune har lenge hatt mål for energieffektivisering i eiga drift. Avdelingsstrategien til Eigedom har sett mål om 3 % årleg redusert tilført energi.

### 3. Redusere indirekte utslepp av alle klimagassar

Aktørane i Vestlandssamfunnet har også indirekte klimagassutslepp frå innkjøp som oppstår utanfor vårt fylke og utanfor landet. Dei er lettare å handtere på aktørnivå enn på fylkesnivå.

### Status for klimagassutslepp i Vestland

I 2020 hadde Vestland fylke eit klimagassutslepp på 6,4 millionar CO<sub>2</sub>-ekvivalentar. Det var ein nedgang i utsleppa på 1,7 % frå 2019 til 2020. Vestland står for 13 % av dei totale utsleppa i Noreg, noko som gjer Vestland til det fylket i Norge med høgst direkte klimagassutslepp. Trenden dei siste 5 åra er svak reduksjon, men ikkje i den storleik som er naudsynt for å nå Vestland sine klimamål (figur 2).




Figur 2: Sektorfordelte klimagassutslepp per år Vestland. Kjelde: Miljødirektoratet

## CO<sub>2</sub> er den dominante klimagassen i Vestland

89 % av dei direkte klimagassutsleppa i Vestland er CO<sub>2</sub> (5 700 626,8 tonn CO<sub>2</sub>). For mobil forbrenning i vegtrafikk, sjøfart, luftfart og anna er alle utsleppa CO<sub>2</sub>. For avfall utgjer metanutslepp størstedelen, for jordbruksoppvarming er om lag halvparten metan. Lystgass er det minste klimagassutsleppet i Vestland og kjem i hovudsak fra jordbruket.


For å nå målet om netto null innan 2030 er det difor avgjørende at CO<sub>2</sub>-utsleppa blir reduserte i løpet av få år og evt. restutslepp skal nøytraliserast gjennom karbonfangst eller andre metodar som permanent fjerner CO<sub>2</sub> frå atmosfæren.



Figur 3: Kjelde: Miljødirektoratet. no

## Fordelinga av klimagassutslepp i Vestland

Dei største utsleppssektorar er industri, olje og gass (43 %), sjøfart (21 %), vegtrafikk (13 %) og energiforsyning (9 %) (figur 4).



Figur 4: Klimagassutslepp frå Vestland i 2020. Kjelde: Miljødirektoratet

### **Utslepp frå Industri, olje og gass og energiforsyning**

Utsleppa er dominert av sektoren Industri, olje og gass (42 prosent av utsleppa), kor Mongstad raffineri er det største bidraget, følgd av ulike metallurgiske verksemder, samt mindre utslepp frå gassterminalar og prosessanlegg, og ei lang rekke små verksemder. For kvotepliktige verksemder vil det vere naturleg å styre klimagassutsleppa gjennom kvotmekanismen, men den nye regjeringa opnar for å nytte nasjonale mål for desse også.

I tillegg til industrien kjem dei kvotepliktige utsleppa frå energiforsyning som kraftvarmeverket på Mongstad og energianlegget i Rådalen.

### **Utslepp frå vegtrafikk**

Fylkeskommunen sine tilskot til hurtigladning er ei stor grunn til at Vestland er regionen i verda med høgast tal for elbilar av nybilkjøp og del av bilparken. Tildelingane frå posten for Grøn konkurransekraft og klimainnovasjon sikrar eit lade-tilbod i heile fylket. Elektrifiseringa av bilparken har kutta utsleppet frå vegtrafikken i Vestland med 24 prosent sidan 2009. Til samanlikning er talet for Noreg 14 prosent for same periode.

Innanfor vegtrafikken vart det i 2021 selt 380 mill. liter bensin og autodiesel (iblanda biodrivstoff) i Vestland, 1,7 % ned frå 2020. Nasjonalt var tilsvarende nedgang berre 0,8 %. Dette held fram trenden for Vestland som viste 18,1 % nedgang siste 4 år fram til 2020.

### **Utslepp frå sjøfart**

Miljødirektoratet har berekna utslepp frå sjøfart innanfor fylkesgrensene til Vestland frå og med 2015. Det er tatt utgangspunkt i ei ytre avgrensing på 12 nautiske mil, territorialgrense. Data for åra frå 2009–2015 er berre estimat grunna manglande datatilgang. Det er også usikkerheit knytt til mellom anna berekning av utslepp i hamn. I følgje Miljødirektoratet sin statistikk hadde sjøfart samla sett eit klimagassutslepp på 1 348 545,2 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter i 2020.

### **Utslepp frå jordbruk**

Jordbruket er registrert med 7 % av dei direkte klimagassutsleppa i Miljøverndirektoratet sin statistikk for Vestland. Fosfile utslepp frå maskinbruka i landbruket kjem i kategorien «annan mobil forbrenning». Med referanse til målsetting om netto-nullutslepp innan 2030; vil naturlege utslepp frå husdyr og gjødsel også førekomme i framtida.

### **Utslepp frå anna mobil forbrenning**

Sektoren omfattar utslepp frå bruk av avgiftsfri diesel og bensin til ikkje-veggåande motorreiskaper som traktorar,

anleggsmaskinar og snøscooter. Avgiftsfri diesel nyttast mellom anna i næringer som jordbruk, skogbruk og bygg og anlegg. Sektoren omfattar også maskineri som nyttast av private hushaldningar. Datakjelen for å berekne utslepp frå sektoren er energibalansen til SSB. Utsleppa blir fordelt til kommunar etter næringsspesifikke fordelingsnøklar. Usikkerheit er primært knytt til geografisk plassering av forbruket av drivstoffet.

### **Skog og annan arealbruk**

[Utslepp og opptak frå skog og arealbruk](#) er ein separat klimarekneskap som ser på kva areal som tar opp klimagassar og kva tiltak og omdisponeringar av areal som fører til utslepp. Desse tala vert publiserte kvart femte år av Miljødirektoratet og Nibio. I følgje denne rekneskapen hadde Vestland i 2010 et netto opptak av klimagassar på 3 156 107 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar, i 2015 var netto opptak på 2 286 454 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar. Arealbruksendring og utbygging av areal fører til utslepp av klimagassar, og reduserer mogelegheita for framtidig opptak av karbon frå arealet.


### **Tiltaksanalyse for Vestland**

Tiltaksanalysen (CICERO/TØI, 2022) som vart gjennomført for Vestland i 2021 trekker fram område som krev ekstra merksemd i arbeidet med mål om netto nullutslepp i Vestland innan 2030.

Analysen inkluderer ei referansebane fram til 2030 som syner utsleppsreduksjonen i regionen dersom ikkje nye tiltak vert iverksett. Vidare skildrar analysen tre ulike tiltakspakkar fram mot 2030, med stigande ambisjonsnivå for utsleppsreduksjon. Utgreininga gir ikkje er prognosar forkleis utsleppa i Vestland faktisk kjem til å utvikle seg. Referansebana og tiltakspakkane eignar seg til å illustrere den moglege effekten av eit sett tiltak.

### **Referansebane**

Frå 2015 til 2019 har klimagassutsleppa i Vestland gått ned med 13 prosent. I referansebana går utsleppa vidare ned med 17 prosent frå 2019 til 2030, sjølv utan tiltak utover dagens politikk. Men vedteken politikk må verte følt opp og gjennomført, om den estimerte utsleppsreduksjonen skal skje.



Figur 5: Samla klimagassutslepp i referansebanen og i kvar tiltakspakke. Rapport 2022: 02 Utsleppsanalyse mot 2030 CICERO og TØI

### Tiltakspakkane fram mot 2030

Tiltakspakkane handlar om å redusere direkte utslepp av klimagassar i Vestland. Medan den første tiltakspakken i stor grad om å unngå bruk av fossile drivstoff i transport, dominerer omstilling i industrien tiltakspakke to. Tiltakspakke tre går vidare på begge dei to føregåande områda og tek med karbonfangst og nullutslepp.

Det er estimert at tiltakspakke ein vil gi 10 % reduksjon utover referansebana. Tiltakspakke to vil kunne bidra til


23 % utsleppsreduksjon, forutsett at både tiltakspakke ein og to vert gjennomført. Saman med tiltakspakke 1 og 2 vil tiltakspakke tre redusere klimagassutsleppa med 79 % i 2030.

Restutsleppet vil då vere på 1,177 millionar tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter i 2030, forutsett at alle tiltak i analysen vert gjennomført. Det er altså ikkje mykje rom for å la tiltak ligge. Dei 18 prosentane som er igjen, er for det meste utslepp som er vanskelege å kutte.

## Klimafotavtrykket til Vestland fylkeskommune (verksemde)

Det samla klimafotavtrykket til Vestland fylkeskommune vart rekna til om lag 343 510 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter for 2021. Analysen er gjort av Asplan Viak og baserer seg på KOSTRA-tala for fylkeskommunen si verksemd. Det er brukt generelle utsleppsverdiar for å estimere klimagassutsleppa frå dei fylkeskommunale utgiftene som er rapporterte i KOSTRA.

Klimafotavtrykket dekker direkte utslepp frå fylkeskommunal drift (kjøretøy, maskinar og oppvarming) og indirekte utslepp frå innkjøpt energi (varme/kjøling og elektrisitet) og frå innkjøpte varer og tenester (transport, bygg og infrastruktur, forbruksmateriell og utstyr).



Figur : Klimafotavtrykk for VLFK 2019–2021 (Asplan Viak)

Reduksjonen i fylkeskommunen sitt klimafotavtrykk frå 2019 til 2021 skuldast i hovudsak nye utsleppskrav i kontraktane for bussar (730) og for ferjerutene (731). Dette bidreg til å redusere dei direkte klimagassutsleppa i Vestland.

Variasjonane i utslepp frå bygg- og anleggsverksemd varierer i hovudsak med aktivitet, men også her vil klimatiltak gi utslag etterkvart. Utslepp frå Bybaneutbygging kjem i kategori «734 Sporveier og forstadssbaner» og har auka frå 2019 til 2021 på grunn av byggetrinna 4 til Fyllingsdalen. Samtidig har tiltaka for grønare bybane så langt spart rundt 91 000 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter. Elektrifiseringa av anleggsmaskinparken som bygger Bybanen er dermed i full gang, og entreprenørane har til no levert 96 prosent fossilfri anleggs plass.

### Nærare om klimautslepp frå kollektivtransporten

Langsiktig satsing på å bygge opp kollektivtilbodet i fylket gir eit reelt alternativ til bilen og bidreg til meir berekraftig

mobilitet og nullvekstmålet. [Strategi for berekraftig mobilitet](#) er ein del av regional transportplan for Vestland 2022–2033. Strategien legg mellom anna til grunn i delmål om klima «at ei auke i felles og utsleppsfree transportløysingar, meir deling av kjøretøy og meir sykkel og gonge bidrar til mindre privatbilisme og lågare klimagassutslepp» (s. 8).

Fylkeskommunen har fått mykje merksemd for omlegginga til utsleppsfree kollektivløysingar. Det er eit viktig bidrag inn i den samla klimarekneskapen for Vestland. Det samla CO<sub>2</sub>-utslepp frå kollektivtenestene gjekk tilbake med om lag 23 prosent frå 2020 til 2021.

Oppsummert vil prognosene for CO<sub>2</sub>-utsleppet frå kollektivtrafikken i Vestland vere avhengig av teknologiutviklinga på sjø og eventuelle elektrifiseringstiltak i staden for biodrivstoff. Fyrst er biodrivstoff og elektrifisering av ferje forventa å gje vidare CO<sub>2</sub>-kutt på 7 000 tonn i 2021. Men med fjerning av

biodrivstoff frå busskontraktane vil utsleppet truleg stige igjen med om lag 10 000 tonn CO<sub>2</sub> frå 2021 til 2022. Elektrifiseringa i båtkontraktane kan deretter gje 6 300 tonn CO<sub>2</sub>-kutt frå 2025. Eventuelle ytterlegare CO<sub>2</sub>-kutt krev elektrifisering i ferje-, buss- og båtdrifta.

#### Direkte utslepp frå fylkeskommunal drift

Klimagassutsleppet frå den fylkeskommunale drifta aukar med om lag 25 prosent frå 2020 til 2021, hovudsakeleg fordi

rapporteringa har blitt betre. For 2021 er det registrert fleire køyretøy i den fylkeskommunale tenesta på avdelinga for infrastruktur og veg og i eigedomsavdelinga.

Klimagassutslepp frå oppvarming kjem frå bruk av fjernvarme og biomasse. Gass (LPG) og bio-olje blir nytta som backup. Flisfyring gir varme til Voss gymnas, Voss vgs, Stend vgs, og Tertnes vgs.

**Tabell 4: Tabell CO<sub>2</sub>-utslepp frå eiga intern drift**

	2019 (tonn CO <sub>2</sub> )	2020 (tonn CO <sub>2</sub> )	2021 (tonn CO <sub>2</sub> )	Endring 2020–2021	Kommentar
VLFK Køyretøy	581	887	1236	39 %	Stor auke pga fleire køyretøy registrert i avd. INV og EIG. Utslepp frå bruk av leigebil er ikkje medrekna i 2019 og 2020. I 2021 tilsvara dette 35 tonn CO <sub>2</sub> i 2021.
Km-godtgjersle	523	326	308	-6 %	
Flyreiser	1161	145	152	5 %	Ein liten auke etter nedstenging i 2020.
Fjernvarme og fjernkjøling	342	286	382	34 %	Fleire skular som var stengde delar av 2020, opna igjen i 2021 og reduksjonen i varme i 2020 var difor forbigåande. I tillegg kjem fjernvarme og fjernkjøling til Nye Åsane vgs først med for heile året i 2021.
Biomasse til oppvarming		51	47	-8 %	Flisfyring ved fire skular. Biogen energi er rekna å ha null utslepp av klimagass. ZEB/Sintef har kalkuert utslepp frå transport med meir fram til nyttbar energi til 14 g pr kWh.
Bio-olje	-	3	48	1500 %	Kjem i hovudsak frå kollektivanlegg i Straume, som ikkje vart rapportert i 2020. Flora vgs og Rubbestadneset vgs har dette som back-up
LPG (propan og butan)	277	99	80	-19 %	Stend vgs har dette som back-up for flisfyring
<b>Totalsum</b>	<b>2884</b>	<b>1797</b>	<b>2253</b>	<b>25 %</b>	<b>Auken kjem i hovudsak frå betre datagrunnlag innan VLFK køyretøy</b>

#### Vidare reduksjon av klimafotavtrykket til fylkeskommunen

For å sjå på den vidare utviklinga i klimafotavtrykket til fylkeskommunen, blir det no arbeidd med å lage ein referansebane og målbane fram mot 2030 for å vise i kva grad tiltakslista slik ho ligg i dag gir tilstrekkeleg kutt i klimafotavtrykket frå eigen organisasjon.

Størrelsen på fotavtrykket gir grunn til å tro at det vil vere spesielt aktuelt å konkretisere fleire tiltak innan bygg og anleggsvirksemål i tillegg til allereie omsnakka utvikling på kollektivtransport. Eit døme for bygg kan vere den nyleg vedtekne bruken av solceller framover. Døme på tiltak i vegsektoren er overgang til LED-lys.

## Klimabudsjett 2023, økonomiplanperiode 2023 – 2026

Klimabudsjettet følger opp mål om netto null av direkte klimagassutslepp innan 2030 og mål om å redusere indirekte klimagassutslepp med konkrete tiltak innan fylkeskommunens tenesteområde.

Tiltaka i tabellane vil kunne bidra til å redusera klimagassutslepp i Vestland, men det er berre nokre av tiltaka vi så langt kan beregne klimaeffekten av. For fleire av tiltaka er tala for usikre til at vi kan rekne potensiell utsleppsreduksjon per i dag. Dette vil bli jobba med vidare i klimaplansamanheng og fram mot neste års klimabudsjett. For dei tiltaka det er

vanskeleg å finne gode berekningsmetodar for, vil utvikling og rapportering på indikatorar kunne sikre vidare oppfølging.

### Tabell 1: Tiltak som reduserer direkte klimagassutslepp i Vestland

Tabell 1 inneholder tiltak som kan talfestast, i tillegg til tiltak som er forventa å redusera direkte klimagassutslepp i Vestland, men som ikkje så enkelt lar seg kvantifisera.

**Tabell 5: Direkte utslepp**

Utsleppssektor og -kjelde	ID	Tiltak og verkemidlar	Ansvarleg	Reduksjonspotensiale
<b>Annan mobil forbrenning</b>				
Dieseldrevne motoreiskaper	1	Utslepps- og fossilfrie bygg- og anleggsplas-sar på oppdrag for Vestland fylkeskommune (kravstilling i anbod)	EIG, INV, MOK/ BU	Manglar talgrunnlag for EIG, INV. Tiltaka for grønare bybane har så langt spart rundt 91. 000 tonn CO <sub>2</sub> -e.
	2	Utsleppsfrie motorreiskapar i den fylkeskom-munale maskinparken	OPK, NPI/PKA	Manglar talgrunnlag
<b>Vegtrafikk</b>				
Personbil	3	Miljøkrav til drosjenæringa i Vestland	MOK	Reduksjonspotensialet på 2 230 tonn CO <sub>2</sub> -e årleg i SFJ/10 010 CO <sub>2</sub> -e årleg i HFK
	4	Tilskotsordning for ladeinfrastruktur drosjer	NPI	Ikkje-berekna
	5	Tilskotsordning til bygging av offentleg tilgjeng-gelege hurtigladeplassar i Vestland	NPI	Ikkje-berekna
	6	Innfasing av nullutslepps lette køyretøy i fylkes-kommunal verksemد	Alle	Utslepp frå drivstoff frå alle køyretøy resulterte i 1000 tonn CO <sub>2</sub> i 2020 og dette er det mogeleg å bli kvitt.
	7	Oppfølging av Strategi for mjuke trafikantar (RTP 2022–2033)	MOK	Ikkje-berekna
Varebil	8	Nullutslepstransport i leveransar til fylkeskom-munen	Alle	Manglar talgrunnlag
	9	Innfasing av elektrisk varebil i fylkeskommunal verksemd	INV, EIG, OPK, BU, IDI	Utslepp frå drivstoff frå alle køyretøy resulterte i om lag 1000 tonn CO <sub>2</sub> i 2020 og dette er det mogeleg å bli kvitt.
Buss	10	Nullutsleppsteknologi buss	MOK/Skyss	Under utgreiing for eksisterande kontrak-tar Bergen sør og Vest og for kontraktfor-nying i distrikt 2023–27
Tyngre køyretøy	11	Utfasing av fossile drivstoff i fylkeskommunal verksemd – tyngre køyretøy	OPK, NPI/PKA	Manglar talgrunnlag
	12	Klimavenleg massetransport- og handtering frå bygg- og anleggsverksemd på oppdrag for fylkeskommunen	MOK/BU, INV, EIG	Manglar talgrunnlag

Tabellen held fra på neste side

Utsleppssektor og -kjelde	ID	Tiltak og verkemidlar	Ansvarleg	Reduksjonspotensiale
<b>Sjøfart</b>				
<b>Hurtigbåt</b>	13	Elektrifisering og biodrivstoff lokale båtruter Sogn og Fjordane	MOK/Skyss	3300 tonn CO <sub>2</sub> årleg/oppstart. Kontrakt inngått, oppstart 2023 eller 2024
	14	Elektrifisering og biodrivstoff Bergen–Nord-fjord–Sogn/Flåm	MOK/Skyss	Under utgreiing
	15	Elektrifisering askøyrsruta og delektrifisering nordhordlandsruta	MOK/Skyss	3000 tonn CO <sub>2</sub> årleg/oppstart. Konkurranse pågår, oppstart 2024 eller 2025
	16	Pilotprosjekt Framtidas Hurtigbåt	Fylkeskommunalt samarbeid/MOK/Skyss	
<b>Ferje</b>	17	Elektrifisering av ferjesamband	MOK/Skyss	Under utgreiing for kontraktfornying for ferje i Sogn og Fjordane 2023–2027
<b>Luftfart</b>				
	18	Utsleppsri luftfart – ambisjon om få etablere pilot for utprøving av el-fly på kortbanenettet	Stat/VLFK	
<b>Avfall</b>				
	19	Auka materialgjenvinning og redusert mengde plastavfall til forbrenning	Alle	Mangler talgrunnlag
<b>Oppvarming</b>				
	20	Solceller og solfangarar på fylkeskommunale bygg	EIG	

Avdelingar med ansvar for tiltak i klimabudsjettet (tabell 1-3):

- **NPI:** Avd. for INæring, plan og innovasjon
- **MOK/Skyss:** Avd. for Mobilitet og kollektivtransport. Skyss er mobilitetseininga i MOK.
- **INV:** Avd. for Infrastruktur og veg
- **MOK/BU:** Bybane utbygging (BU) planlegg og byggjer ut Bybanen i Bergen
- **IDI:** Avdeling for IKT og digitalisering
- **OPK:** Avd. for Opplæring og kompetanse
- **KFO:** Avdeling for kultur og folkehelse
- **EIG:** Eigedom er organisert som eiga eining i ORO.
- **ORO:** Avd. for Organisasjon og økonom

## Skildring av tiltak: Direkte utslepp

### **Tiltak 1: Utslepps- og fossilfrie bygg- og anleggspllassar på oppdrag for Vestland fylkeskommune (kravstilling i anbod)**

Offentlege byggherrar i Vestland kom i 2019 med ei felles erklæring på Doffin om bruk av utsleppsfree teknologiar, prosessar og løysingar knytt til drift av bygge- og anleggspllassar etterkvart som utsleppsfree teknologi og kunnskap vert tilgjengeleg i marknaden. Frå 1. januar 2022 vert det forbode å nytte mineralolje (fossil olje) til midlertidig oppvarming og tørking av bygningar og bygningsdelar.

I nye investeringsprosjekt over kr 100 mill. krev Eigedomsavdelinga fossilfri byggeplass, både for anleggsmaskiner og byggførk. Bruken av anleggsmaskiner skal vere 10 % utsleppsfree. Der fjernvarme er tilgjengeleg skal han fortinnsvis nyttast til tørking av bygget, alternativt er elektrisk basert byggførk, evt. supplert med aggregat drivne med biodrivstoff. Det sist nemnte i spesielt kalde periodar og/eller dersom elektrisk kapasitet på byggeplass ikkje er tilstrekkeleg i tidleg byggefase. Nytt energi i byggeprosessen skal rapporterast kvar månad, for å dokumentere energikjelde og gjere det mogleg å innføre evt. naudsynte tiltak for å klare mål om utsleppsfree byggeplass. Rapporten skal syne faktisk fordeling mellom fossilfritt drivstoff og utsleppsfree energi, i tillegg til aktuelt mål for utsleppsfree byggeplass.

Bybanen utbygging er i full gang med elektrifisering av anleggsplassen og entreprenørane har til no levert 96 % fossilfri anleggsplass i byggjesteg 4. Bybanen utbygging stiller krav om at all produksjon i kontrakten skal utførast med minimum 80 % fornybar energi og at all persontransport skal utførast med nullutsleppsbilar. Tiltaka for grønare bybane har så langt spart om lag 91. 000 tonn CO<sub>2</sub>-e.

Avdeling for infrastruktur og veg (INV) krev informasjon frå sine leverandørar om kva drivstoff som er brukt, men stiller p. t. ikkje utsleppskrav. Avdelinga har følgjande standardkrav for miljø i kontraktar: a) Krav til el-drift i tunnel (ventilasjon, salveborring, betongsprøyting, injeksjon), b) Månadleg rapportering av energiforbruk (elektrisitet og diesel som minimum)

### **Tiltak 2: Utsleppsfree motorreiskapar i den fylkeskommunale maskinparken**

Vestland fylkeskommune har ein variert maskinpark med 138 arbeidsmaskiner som traktor, hjullastar og dumpar, snøfresar og grasklippar. 14 av desse er elektriske og 13 av dei er (graffel-)truckar. Eit fåtal andre elektriske maskiner har fått støtte frå Klimasats og intern miljøhandlingsplan til utskiftinga. Fleirparten av maskinane er i vidaregåande skular, spesielt ved jordbrukskular og dei som tilbyr studieretning Bygg- og anleggsteknikk. Marknaden for elektriske versjinar av denne typen maskiner er framleis umoden og det er ekstra kostnader ved å velge elektrisk. Med ein gjennomsnittsalder på 20 år, er det likevel på tide å begynne utskifting om vi skal nå nullutsleppsmål i 2030.

Det er førebels ikkje råd å skilje ut drivstoffbruken til desse maskinane frå annan drivstoffbruk i fylkeskommunen. Framover kan utskifting skje både etter storleiken på utsleppa, alderen på maskinane, tilgjengeleg teknologi og mogelegheit for statleg tilskott.

### **Tiltak 3: Miljøkrav til drosjenæringer i Vestland**

Vestland fylkeskommune har vedteke å innføre nullutsleppskrav for drosjenæringer i kommunar frå tidlegare Hordaland frå 1. april 2024. Tilsvarande krav for dei resterande kommunane i Vestland fylke gjeld frå 1. april 2026. Fylkestinget vedtok 16. mars 2022 å endre forskrift om miljøkrav til drosjenæringer i kommunar i Vestland fylke. Meir om vedtaket

Fylkeskommunen har og samarbeid om utbygging av ladalar med drosjenæringer. Det er tidlegare etablert ladepark for drosjer på Flesland, eit samarbeid der fylkeskommunen, Avinor og BKK har delt på utgiftene. Det er også etablert lynladarar for el-drosjar ved busstasjonen i Bergen sentrum.

Basert på tidlegare utgreiing for Hordaland, og innrapportert drivstoffbruk for 2017, var det samla utsleppet frå drosjedrift i tidl. Hordaland fylke rekna til 10 100 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar (CO<sub>2</sub>-e). Om ein reknar drosjer i Sogn og fjordane som vil kunne omfattast av eit miljøkrav, vil innføring av eit nullutsleppskrav kunne gi eit reduksjonspotensialet på 2 230 tonn CO<sub>2</sub>-e årleg i direkte utslepp av klimagassar i nordre del av fylket.

### **Tiltak 4: Tilskotsordning for ladeinfrastruktur drosjer**

Vestland fylkeskommune legg til rette for overgangen til nullutsleppsdrosjer ved tilskot til kjøp og montering av ladalar heime hos drosjesjåførar som eig eller er i ferd med å kjøpe elektrisk drosje.

### **Tiltak 5: Tilskotsordning til bygging av offentleg tilgjengelege hurtigladepllassar i Vestland**

Vestland fylkeskommune støtter etablering av offentleg tilgjengelege ladepllassar med to delutlysingar. Målet med utlysingane er å utvide ladetilbodet i Vestland. Dette skal bidra til å gjøre det praktisk å bruke elbil i heile fylket. Fylkeskommunen støttar også sambruk bil/båt via tilskotsordninga. Ved å tilby investeringsstønad til aktørar som vil etablere offentleg tilgjengelege ladepllassar, skal ordninga skal gjøre det mogleg å bygge ut hurtigladepllassar på stader der kundepotensialet i dag ikkje er venta å gje lønnsam drift.

Fylkeskommunen sine tilskot til hurtiglading er ei stor grunn til at Vestland er regionen i verda med høgast tal for elbilar av nybilkjøp og del av bilparken. Tildelingane frå posten for Grøn konkurranseskraft og klimainnovasjon sikrar eit ladetilbod i heile fylket.

### **Tiltak 6: Innfasing av nullutslepps lette køyretøy i fylkeskommunal verksemد (personbil)**

Administrasjonen i Vestland fylkeskommune har utarbeidd ein rutine for anskaffing av køyretøy anten det er leigebil, leasing eller kjøp. Den statlege forskrifa om energi- og miljøkrav ved anskaffing av køyretøy til vegtransport med nullutsleppskrav til personbilar og lette varebilar trådde i

kraft 01. 01. 2022 og dette blir difor ikkje noko tiltak lenger. Fylkeskommunen sin miljørekneskap og indikatorrapport vil vise i kva grad utsleppa frå drivstoff går ned etterkvart som parken av køyretøy får større del nullutslepp.

#### **Tiltak 7: Oppfølging av Strategi for mjuke trafikantar (RTP 2022–2033)**

[Strategi for mjuke trafikantar](#) er ein del av Regional transportplan for Vestland 2022–2033, og er fylkeskommunen sitt strategiske dokument for korleis fylkeskommunen skal jobbe for å nå målet om auka tal gåande og syklande i fylket. Strategi for mjuke trafikantar skal avklare korleis fylkeskommunen skal prioritere bygging og drift- og vedlikehald av gang- og sykkelvegar, samt plan for haldningsskapande arbeid.

#### **Tiltak 8: Nullutsleppstransport i leveransar til fylkeskommunen**

Direktoratet for forvalting og økonomistyring (DFØ) ga i september 2021 ut [Handlingsplan for økt andel klima- og miljøvennlige offentlige anskaffelser og grønn innovasjon](#). DFØ har publisert ein drivstoffmatrise som tilrår prioritering av nullutsleppsteknologi og biogass i offentlege anskaffingar der transport inngår.

Fylkeskommunen har utarbeidd standard krav for dette til anskaffingar. Krava kan bli brukt direkte, i ein marknadsdialog eller i omarbeidd form for å tilpassast det enkelte innkjøpet. Det er òg utarbeidd standardkrav for rapportering på utslepp og i sånkontraktar er krav til rapportering allereie innarbeida.

#### **Tiltak 9: Innfasing av elektrisk varebil i fylkeskommunal køyretøypark**

Vestland fylkeskommune har p. t. 84 varebilar i køyretøyparken, derav 10 elektriske. Det er registrert 22 varebilar på eigedomsavdelinga, 15 på avdeling for infrastruktur og veg og 41 på vidaregåande skular, medan Skyss har fem og Bybanen utbygging ein. Litt under halvparten av varebilane (39/84) er eldre enn 10 år (årsmodell frå 1990–2011). For tre av desse er det søkte til Enova om dekking av meirkostnad ved innkjøp av elektrisk bil inntil 50 000 kr.

#### **Tiltak 10: Nullutsleppsteknologi buss**

Om lag ti prosent av bussane er elektriske og 11 prosent kører med biogass. Etter at biodrivstoff vart forhandla ut av busskontraktane kører dei resterande 79 prosentane av bussane med fossil energi. I CO<sub>2</sub>-rekneskapen til fylkeskommunen vil overgangen frå biodrivstoff tilbake til diesel framstå som ein utsleppsauke mellom 2021 og 2022. Det er politisk vedteke å undersøkje høve til elektrifisering i eksisterande busskontraktar som Bergen sør og Vest. For distrikt finn dei neste kontraktsforsyningane stad mellom 2023 og 2027.

#### **Tiltak 11: Utfasing av fossile drivstoff – tyngre køyretøy**

EU sine reduksjonsmål for CO<sub>2</sub>-utslepp frå tunge køyretøy (EU) 2019/1242 trådte i kraft 6. juni 2021. Det er grunn til å vente at utsleppskrava vert stramma inn også i Noreg. Men marknaden er framleis umoden.

Klimapartnarar i Vestland er i gang med omstillinga; Asko Vest, BIR, Firda Billag og NorEngros K. J. Brusdal har elektriske løysingar. Bybanen utbygging fekk i 2021 på plass den første heilelektriske lastebilen på byggetrin 4. Han bidreg til teknologiutvikling, og redusert utslepp frå anleggstrafikken.

Dersom det er klart kva teknologi som vil kome for dei tyngre køyretøya, kan ein også prøve å vere i forkant med å planlegge ladeinfrastruktur for elektrisitet, hydrogen eller biogass. Enova tilbyr støtte til kjøp av tunge elektriske køyretøy som elektrisk lastebil eller turbuss.

#### **Tiltak 12: Klimavenleg massetransport- og handtering frå bygg- og anleggsverksemد på oppdrag for fylkeskommunen**

Massehandtering kan vere ei utfordring på anlegg. Å få låge utslepp på massetransport er viktig og bør leggjast vekt på i fylkeskommunale konkurransar. Bybanen utbygging viste eit anna smart grep då dei fekk inn ein elektrisk massesorteringsmaskin på anleggsområdet. Maskinen gir dobbel miljøgevinst og redusert transport.

Det er eit stort overskot av massar i tunnelprosjekt, og klimaeffekten ved gjenbruk av stein kan vere betydeleg. Også i omarbeiding og transport av steinmassane kan det vere ein stor klima- og miljøvinst. Avdeling for Infrastruktur og veg i fylkeskommunen er i gang med eit forprosjekt og ein massehandteringsplan for fv. 49 Tokagejelet der ulike alternativ for massehandtering og gjenbruk i andre samferdsleprosjekt skal greia ut. Til dette arbeidet har fylkeskommunen fått 0,35 mill. kr i Klimasatstilskot.

Å få låge utslepp på massetransport er viktig og skal leggjast vekt på i fylkeskommunale konkurransar. Arbeidet med delprosjektet på fv. 5246 (212) Slettebrekka–Høtlevik har ein forventa oppstart på hausten/vinteren 2023. Det er anslått eit totalt volum massar frå tunneldrift på om lag 100 000 lause kubikk, og frå fjell i dagen er det 200 000 lause kubikk. Det vil seie at gjennomsnittleg 10-12 000 kubikkmeter steinmassar blir transportert og deponert kvar månad i denne perioden. Massane som blir henta ut på prosjektet er ein bergart som heiter middelskornet gabbro, og som er egnar som fyllmassar. Det blir no greidd ut korleis ein skal utnytte overskot av utsprengte steinmassar.

#### **Tiltak 13: Elektrifisering og biodrivstoff – lokale båtruter Sogn og Fjordane**

Norled er tildelt kontrakt, oppstart 1. mai 2024 (opning for oppstart 1. november 2023). Minimumskrav om 52 % utsleppskutt. Skyss har estimert utsleppskutt til 3 300 tonn CO<sub>2</sub>/år frå oppstart.

#### **Tiltak 14: Elektrifisering og biodrivstoff – Bergen–Nordfjord–Sogn/Flåm**

Det er politisk vedteke å ferdigstille konkurransegrunnlaget for båtrutene mellom Bergen, Nordfjord og Sogn/Flåm med krav til utsleppskutt så snart som råd. Driftsoppstart kan skje tidlegast i 2025/26.

### Tiltak 15: Elektrifisering Askøysambandet og deelelektrifisering av Nordhordlandsruta

Ved konkurranseutsettinga i 2022 er det stilt krav om heilelektrifisering på askøy ruta og CO<sub>2</sub>-kutt på nordhordlandsruta. Oppstart er forventa i 2024/25. Skyss har estimert utslepps-kutt til 3 000 tonn CO<sub>2</sub>/år frå oppstart.

### Tiltak 16: Pilotprosjekt Framtidas Hurtigbåt

Framtidas hurtigbåt er eit utviklingsprosjekt i samarbeid mellom Nordland, Troms og Finnmark, Trøndelag og Vestland fylkeskommunar. Prosjektet Framtidas hurtigbåt er inne i ein designfase, der næringslivet arbeider med å utvikle utsleppsfrie og energieffektive løysingar som er naudsynt for å kunne bygge framtidas hurtigbåt. Det vert arbeidd for eit pilotfartøy frå 2024. Prosjektet har fått økonomisk støtte frå Klimasats til å gjennomføre pilotering av det som skal verte framtidas hurtigbåtar. Støtta som er gitt til prosjektet skal dekke designfasen som skal vare til sommaren 2023. Bygging og pilotering av fartøy er planlagt som neste fase i prosjektet, og gjennomføring av denne fasen krev at det vert innvilga statlege midlar til prosjektet. Prosjektet gjennomfører to parallelle pilotløp, energieffektivt design og hydrogen-design.

### Tiltak 17: Elektrifisering av ferjesamband

For forje vart elektrifiseringa på 17 samband gjennomført i 2020 og 2021. 22 av 28 ferjer er hybridelektriske. Dei neste kontraktfornyingane for ferje i Sogn og Fjordane finn stad mellom 2023 og 2027. For ferjesambanda er utsleppa drastisk redusert frå 2018 gjennom krav i dei nye kontraktane i Hordaland. Full heilårseffekt kjem for kalenderåret 2022 etter ferdigstilling av alle ladeanlegg.

### Tiltak 18: Utsleppsfree luftfart – ambisjon om få etablere pilot for utprøving av el-fly på kortbanenettet

[Avinor og partnarar i luftfartsbransjen](#) jobbar for at Noreg skal ta ei leiande rolle i arbeidet med utsleppsfree luftfart. Målet er at Noreg skal bli det første marknaden der elektriske fly tar ei betydeleg marknadsandel, og at den norske innanriksluftfarten skal vere elektrifisert innan 2040.

Vestland fylkeskommune har gjennomført eit forprosjekt for elfly. I den konkluderer Transportøkonomisk institutt (TØI) med at Noreg er ideell for elfly, mellom anna fordi vi har mange lufthamner i høve folketalet og dei fleste har kort avstand til kvarandre. Med batteriteknologien i dag er det mogeleg å bygge eit fly for opptil 19 passasjerar som kan fly 350 – 400 kilometer. Det er tilstrekkeleg til å trafikkere alle kortbaneflyplassane i Vestland.

Fylkesutvalet har vedteke å inndeile samarbeid om å etablere ei pilotrute med elfly mellom Bergen og Førde. Vestland fylkeskommune skal samarbeide med Sunnfjord utvikling og Sunnfjord kommune om denne ruta som kan bli den første kommersielle elflyruta i Noreg. I dag er det ikkje kommersiell flyrute mellom Bergen og Førde. [I vedtaket ber fylkesutvalet](#) om at Regjeringa re establerer denne flyruta som såkalla FOT-rute, det vil seie at staten skal subsidiere, og ha ansvaret for den. Fylkesutvalet ber også om at det blir stilt krav om nullutsleppsdrift og at Regjeringa innfører insentivordningar som gjev nullutsleppsfly ein fordel framfor fossildrivne fly. Etter vedtaket i fylkesutvalet skal fylkeskommunen gå i dialog med Regjeringa for å innføre insentivordningar som vil gjere kommersiell drift av elfly mogleg.

### Tiltak 19: Auka materialgjenvinning og redusert mengde plastavfall til forbrenning

Både EU og den norske stat innskjerpar sine direktiv og forskrifter om avfall og sirkulær økonomi. Den norske produsentansvarsordninga krev gjennom Avfallsforskriften at produsentar og importørar er medlem i eit returselskap for en del spesifikke produkt, som EE, batteri og bildekk, og generelt for emballasje. Dette er ein måte å sørge for at materialet vert kjeldesorterte og går til gjenvinning i størst mogeleg grad.

Handelens Miljøfond har mål om 50 % materialgjenvinning av all plast innan 2025 for Noreg. Dei fekk ein rapport i mai 2021 som konkluderte med at «det viktigste tiltaket, som med størst grad av sikkerhet vil gjøre oss i stand til å nå målet, vil være utbygging av infrastruktur for sortering, oppgradering og produksjon av materialgjenvunnet råstoff. Sorteringsanlegg for restavfall kan bidra til måloppnåelse ved at man sorterer alt plastavfall som oppstår. Ved å ta i bruk den nyeste teknologien kan man produsere råvare av høy kvalitet, selv av plasten i restavfallet. »

Vestland fylkesting vedtok Plaststrategien i 2020 og den vert no følgt opp av alle avdelingar. Det vert rapportert kjeldesorteringsgrad av avfall for alle einingar og ein har dialog med avfallsselskapa.

### Tiltak 20: Solceller og solfangarar på fylkeskommunale bygg

Fylkestinget har vedteke å få ein konkret handlingsplan for solceller og solfangarar på fylkeskommunale bygningar. Alle fylkeskommunale nybygg og større ombyggingar dei siste åra er etablert med solcelleanlegg. Sju fylkeskommunale bygg under planlegging og oppføring vil få solcelleanlegg.

Tabell 2: Tiltak som bidreg til indirekte utsleppskutt

Tabell 2 omtaler tiltak som bidreg til reduksjon i indirekte klimagassutslepp. Dette for å synleggjøre arbeid for meir berekraftig forbruk og investeringar, og følgjer såleis opp

strategi 2. 3 i utviklingsplanen om at «Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp».

**Tabell 6: Indirekte utslepp**

Tiltak	ID	Skildring av tiltak	Ansvar avd. /eining i VLFK
<b>Lågare klimafotavtrykk i fylkeskommunale bygg- og anleggsprosjekt</b>			
Grønare bybane-utbygging	2a	<p>Tydelege krav i anskaffingsfasen og god dialog med entreprenørar bidreg til å omsette høge miljøambisjonar til handling i utbygginga av bybanen. Sidan oppstart av byggesteg 4 mellom sentrum og Fyllingsdalen i 2018, har tiltaka for grønare bybane så langt spart rundt 91 000 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter. I hovudsak er følgjande krav sett:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• All persontransport skal utførast med nullutsleppsbilar</li> <li>• Entreprenør skal nytte køyretoyr som tilfredsstiller EURO VI ved massetransport</li> <li>• All produksjon i kontrakten skal utførast med minimum 80 % fornybar energi</li> <li>• 90 % kjeldesortering</li> </ul> <p>Det er fleire entreprenørar og ein prosjekterande som har tatt i bruk CEEQUAL som eit verktøy for å forbetere sine miljøprestasjonar. I perioden fra august 2020 til mars 2021 vart verdas fyrste og einaste batteridrivne borerigg nytta i bybanetraseen under bygging til Fyllingsdalen. På anleggsområdet står også ein elektrisk massesorteringsmaskin som bidreg med dobbel miljøgevinst, samt eit asfaltknuseverk som gjer at asfalt kan nyttast om igjen ved omlegging av vregar.</p> <p>Vegen vidare Bybanen Utbygging legg opp til endå breiare miljøsatsing i byggesteg 5, med fokus på å identifisere moglege tiltak relatert til ytre miljø og reduksjon av klimagassutslepp innanfor rammene som er sette i vedtatt reguleringsplan. Det er utarbeidd klimagassbudsjett for byggetrinn 4. Budsjettet er basert på prosjekterte løysingar i dei ulike konkurransegrunnlag, og beskriv løysingar utan at det er lagt inn klimagassreduzierande tiltak. Budsjettet tar ikkje inn endringar og omprosjektering; dette vert tatt med i klimagassrekneskapen.</p> <p>Klimagassbudsjettet og klimagassrekneskapen dannar saman basis for vidare utvikling av miljøkrav i komande byggetrinn. I 2021 kom det ein heilelektrisk lastebil på anlegget som bidreg til teknologiutvikling, og redusert utslepp frå anleggstrafikken. I 2021 er det søkt om klimasatsmidlar og gjeve midlar frå Miljødirektoratet til å elektrifisere pumpe på betongbil. I tillegg er det søkt om og gjeve midlar til å utøve livsløpsanalyse (LCA) på gras i pukkspor vs. gras i betongspor (fastspor). Dette for både å evaluere CO<sub>2</sub>-utslepp for dei to ulike alternativa, og for å kartlegge kostnadane for bygging og under drift i eit livsløpsperspektiv. Arbeidet skal danne grunnlag for å gje innstilling til kva løysing som skal nyttast i BT5.</p>	Bybanen utbygging (BU)
Miljø- og klimavennlege bygg	2b	<p>Fylkestinget har vedteke at for nye prosjekt innan bygg skal klimakrav formulerast slik at det knyttes krav til maksimalt utslepp av CO<sub>2</sub>-ekvivalentar. Krava skal gradvis bli strenge slik at vedteke mål i om nullutslepp i 2030 blir nådd.</p> <p>Eigedom prosjekterer og bygger alle sine nybygg bygg i hht Breeam Excellent.</p>	Eigedom (EIG)

Tabellen held fra på neste side

Tiltak	ID	Skildring av tiltak	Ansvar avd. /eining i VLFK
Lågutslepps fylkesvegar	2c	<p>I 2021 vart det starta eit forprosjekt for å kartlegge korleis klimafotavtrykket til fylkesvegane kan reduserast og kartlegge moglege løysingar for å nå målet om lågutslepps-fylkesvegbygging. Dette forprosjektet skal vurdere potensialet for reduksjon av direkte og indirekte klimagassutslepp i ulike fasar og typar vegprosjekt. Fylkeskommunen har fått innvilga 0, 225 mill. kr i Klimasatstilskot frå Miljødirektoratet til denne utgreiinga. Det er berekna utslepp frå alle FK vegprosjekt, og identifisert utsleppsdrivere. Tilsvarande skal i løpet av hausten bli gjort på prosjekt under planlegging. Ein rapport for forprosjektet er venta å vere klar innan 2. kvartal 2023.</p> <p>Det vert arbeidd med å stille gode klima og miljøkrav i kontraktar og anbod. Fylkeskommunen har også fått tildelt 1 mill. kr i Klimasatstilskot til ei 2-årig prosjektstilling som skal arbeide systematisk med klimakrav i anskaffingane. Utgangspunktet for dette arbeidet vil vere resultata frå forprosjektet for lågutsleppsfylkesvegar.</p> <p>I samband med den vedtekne Drifts- og vedlikehaldsstrategien til fylkesvegnettet i Vestland er det starta opp nokre pilotar i 2022 som skal søke å få redusert driftskostnadane, forlenge levetida på fylkesvegane og redusere klimagassutsleppa. Ein av desse pilotane er ny strategi for veglys, denne vert politisk behandla hausten 2022. Vert tilråda strategi for veglys gjennomført vil årlege klimagassutslepp reduserast med i overkant 4000 tonn CO<sub>2</sub>, som utgjer godt over ei halvering av klimagassutslepp knytt til veglys per i dag. .</p>	INV
<b>Energieffektivisering</b>			
Gjennomføre energi-økonomiserande tiltak i eksisterande tenestebygg	2e	Nå er de fleste byggene etterisolert og oppgradert til god energistander. Det begynner derfor å bli vanskelig å finne ytterligere tiltak som reduserer energibruken så mye at det vil gi 3 % i utslag totalt sett. Eigedom ser nå på meir på bruk av bergvarme med borehol og sjøvarme.	Eigedom (EIG)
<b>Miljøsertifisering</b>			
Fullføre og oppretthalde miljøsertifiseringa av fylkeskommunale einingar	2f	Det er p. t. 20 vidaregåande skular som er miljøsertifiserte. Det er eit mål å få sertifisert 10 nye skular og tannklinikkar i 2022.	NPI/PKA, OPK
Berekraftige kantiner	2h	Miljøfyrtaårn sett krav til heilskapleg tilnærming til berekraftig matservering. Voss og Stryn vgs var pilotskular i perioden 2020–2021 (jf. PS 173/2020). fire nye skular er pilotar hausten 2022. Fylkestinget er positive til vidareføring av pilotprosjektet om berekraftig og sunne måltid i skulekantina i ein ny to-års periode i samarbeid med Matvalget, der målet er å legge til rette for erfaringsdeling mellom kantinene og gi tilbod om praktisk rettleiing i berekraftig måltid til fleire skular som ønskjer å vidareutvikle kantinetilbodet. FN definerer berekraftig kosthald slik: «Kosthald som har låg miljøpåverknad, som bidrar til mat- og ernæringssikkerheit og til eit sunt liv for noverande og framtidige generasjonar».	NPI/PKA, ORO-Innkjøp

Tabellen held fra på neste side

Tiltak	ID	Skildring av tiltak	Ansvar avd. /eining i VLFK
<b>Innkjøp</b>			
Klimakrav i fylkeskommunale anskaffingar	2i	<p>Innkjøpsseksjonen er ikkje ein driftsseksjon, men kan vera med på å tilrettelegga eit innkjøp på så vis at kontrakten kan få ein klimaeffekt i samsvar med dei krava og ønsker som kjem frå driftsorganisasjonen. Desse krava og ønsker kan gjelde både direkte og indirekte klimagassutslepp i Vestland fylkeskommune. Med bakgrunn i regelverk for innkjøp, utviklingsplanen og klimabudsjettet for Vestland fylkeskommune har innkjøpsseksjonen utarbeidd forslag til krav som gjeld miljøsertifiseringar, køyretøy og transport og dessutan rapporteringskrav som gjeld miljø (t. d. utslepp frå leveransar og bruk av plast). I varetaking av miljø er òg ein del av rutinane i alle innkjøpsprosessar, under her innarbeidd i relevant malverk og arbeidsprosessar for seksjonen.</p> <p>Det vil alltid vera driftsorganisasjonens avgjerd på kva måte miljø skal handterast i eit innkjøp, basert på marknadskunnskap, målsetjing og budsjett.</p> <p>Fylkeskommunen har spesielt fokus på sirkularitet for møblar og ei prosjektsatsing der fekk tilskott frå Klimasats i 2021.</p> <p>Etter at VLFK signerte avtale med Greentech hausten 2021 (nå: Foxway) har fylkeskommunen seld tilbake 1556 einingar, og 923 av disse einingane er allereie i ny sirkulasjon. Dette tilsvara 234 tonn CO<sub>2</sub> spart. Overskotet av kostnaden går tilbake til Vestland fylkeskommune. På enkelte infrastruktur komponentar sel vi utfasa komponentar tilbake til leverandør slik at desse kan gjenbukast hos andre kundar som ikkje har same krav til moderne teknologi.</p>	ORO-innkjøp/alle

## Vegen vidare

Med større usikkerheit frå epidemi, energimarknader med store svingingar og krig i Europa, er det meir usikkert enn før kva tiltak og verkemiddel som kan nyttast i klimapolitikken på alle nivå.

Regjeringa sitt Klimautval 2050 greier nå ut kva vegval Norge må gjere for å nå 2050-målet på ein måte som også tar i vare verdiskaping og natur. I sin nye diskusjonsrapport legg Klimautvalet 2050 mellom anna til grunn at det i dag er eit misforhold mellom dei utsatte ambisjonane i norsk klimapolitikk og vedtekne tiltak og verkemidlar, og at klimapolitikken må fremme heilskapleg omstilling og ikkje avgrensast til enkelttiltak.

Dette fører vidare til viktige spørsmål om korleis vi kan sikre at omstillinga er foreinleg med ei berekraftig verd og får ein fart som ikkje gjer det haudsint med brå og dyre hastetiltak dess nærmare vi kjem til 2050. Det vert også viktig å arbeida med korleis vi kan styrke aksept og vilje for klimaomstilling i samfunnet, både på nasjonalt og lokalt nivå.

Dette vert viktige spørsmål også for vidare klimaarbeid i Vestland. For verksemder, det vere seg kommune/fylkeskommune eller bedrifter, vert klimaleiing eit sentralt grep for å sørge for at små og store avgjerder som ein tek lokalt, ivaretake klimaomsyn.

### Felles innsats for å nå klimamåla

For å nå klimamåla for Vestland, må det gjerast store utsleppskutt. Dette krev innsats frå innbyggjarar og næringsliv i Vestland, eit aktivt og godt samarbeid mellom kommunale, fylkeskommunale og statlege myndigheter, og på tvers av fylkeskommunen sin eigen organisasjon.

I si rolle, rår fylkeskommunen sterkest over vedtak om tiltak i eiga verksemd, aktivt eigarskap og kravstilling i innkjøp. Å bruke innkjøpsmakta til å få ned klimagassutsleppa er også med på å drive næringsutvikling i klimavenleg retning. På dei fleste andre område, vil tiltaka krevje samarbeid. Fylkeskommunen kan då spele ei viktig rolle som koordinator, særleg for tiltak som krev samspel mellom kommunar og/eller einskilde private aktørar, så som utbygging av landstraum. Utbygging av infrastruktur for el-lading skjer i samarbeid mellom fylkeskommunen, kommunar og private aktørar, slik at reduksjon i fossile drivstoffutslepp kan skje i heile fylket.

På andre område må fylkeskommunen vere ein pådrivar overfor statleg nivå, til dømes for å gje nasjonale insentiv eller påbod som fører til høg nullutsleppsandel for nybilsal for ulike biltypar, stønad til ambisiøse tiltak på industriverksemder, påbod om nullutsleppssonar og liknande.

Kommunar og fylkeskommunar påverkar klimagassutsleppa gjennom alle sine roller, både som samfunnsutviklar, myndigheitsutøver, tenesteytar, innkjøpar, eigar og driftar. Kommunal og fylkeskommunal sektor kan legge til rette for og vere pådrivar for klimatiltak, og hindre gjennomføring av tiltak med negativ verknad. Fylkeskommunen er også eit rett-leiaransvar overfor kommunar i deira planlegging etter plan- og bygningsloven, og for å sikre at kommunale planar er i tråd med overordna regionale planar og mål for ei berekraftig utvikling. Rådgjeving og samarbeid skjer gjennom ulike fora, både formelle og uformelle.

Næringslivet har ei sentral rolle i klimaomstillinga. [Grøn region Vestland](#) er eit felles prosjekt mellom Vestland fylkeskommune og Innovasjon Norge. Det har som føremål å realisere grøne utviklingsprosjekt i næringslivet i fylket, der prosjekta har potensial for klare kutt i karbonutslepp og samtidig legg grunnlaget for auka sysselsetting, verdiskaping og auka eksport. I Grøn region Vestland er det definert 16 grøne hubar rundt i fylket med kvar sin portefølje av slike prosjekt. Det er sett av fire millionar kroner som skal stimulere til etablering og vidareutvikling av dei hubane.

Grøn næringsutvikling med mål om eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030 er ei av fire satsingar i regional plan for innovasjon og næringsutvikling. Eit viktig program under løvingsområdet er tilskotsordninga for Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling. I 2022 vart det lyst ut 20 millionar kroner til prosjekt innan dei to satsingsområda Grøn næringsutvikling og kompetanseutvikling i arbeidslivet, forankra i Regional plan for innovasjon og næringsutvikling». Ordninga omfattar både forprosjekt og investering i infrastruktur.

Vestland fylkeskommune har sekretariatet for nettverket «Klimapartnere Vestland» der 64 bedrifter og kommunar i Vestland (over 300 nasjonalt) samarbeider om å realisere visjonen «Norge lykkes med omstilling for å nå 1,5 graders-målet». Klimapartnarane vert utfordra til å slutte seg til målsettinga «Nullutslepp 2030» og 10 av partnarane i Vestland er allereie fossilfrie.

## Vidare arbeid

### Årlege handlingsplanar og klimabudsjett

Årleg handlingsplan til regional klimaplan er under utarbeiding for 2023. Årlege handlingsplanar vert samkjørt med utarbeiding av fylkeskommunalt klimabudsjett for å sikre gode og relevante koplingar til klimabudsjett som styringsverktøy. Gjennom klimabudsjett og årlege handlingsplanar kan ein sikre kursjusteringar, sikre tilstrekkeleg kapasitet og økonomiske rammer, samt plassere ansvar for å gjennomføre tiltaka. Tiltaksanalysen utarbeidd av CICERO/TØI vert eit viktig kunnskapsgrunnlag inn i arbeidet.

### Framsikt

Det er i klimabudsjettarbeidet tatt i bruk Framsikt som nytt verktøy. Framsikt gir moglegheiter til å styrke koplinga mellom tiltak i regionale handlingsplanar og økonomibudsjetten, samt å bidra til ei oversikt over fylkeskommunen sine kostnader for gjennomføring av tiltak.

Det er i dette budsjettet lagt eit grunnlag i Framsikt som må følgast opp og vidareutviklast ved neste klimabudsjett. Det er til dømes behov for å inkludere meir informasjon om tiltakseffekt, skildring av finansiering og ansvar for gjennomføring.



## 7 Finansielle måltal

Kommuneloven § 14-2, som omtalar fylkestinget sine plikter i økonomiforvaltninga, har slik ordlyd:

"§ 14-2 Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta":

- a. økonomiplanen og årsbudsjettet
- b. årsregnskapene og årsberetningene
- c. finansielle måltall for utviklingen av kommunens eller fylkeskommunens økonomi
- d. regler for økonomiforvaltningen (økonomireglement)
- e. regler for finans- og gjeldsforvaltningen (finansreglement)

Som det går fram av §14-2 punkt c er det lovfesta at fylkestinget «selv plikter å vedta finansielle måltall for utviklingen av kommunen eller fylkeskommunens økonomi».

Dei finansielle måltala skal synleggjere kva som skal til for å ha ein sunn økonomi over tid, og brukast i prioriteringsdiskusjonane i budsjett/ økonomiplanprosessen.

Fylkestinget har vedteke følgjande finansielle måltal for Vestland fylkeskommune:

- Netto driftsresultat
- Gjeldsgrad
- Rente- og avdragsbelastning
- Disposisjonsfond

Dei tilrådde måltala kan kort omtala slik.

## Netto driftsresultat

**Netto driftsresultat:** Det som er att av driftsinntektene når alle driftsutgifter og finansutgifter (renter og avdrag) er dekkja.

Teknisk beregningsutval for kommunesektoren og KMD reknar netto driftsresultat som hovudindikator for økonomisk balanse i kommunesektoren, og tilår at netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene over tid bør vera minimum 4%.

Det er helt avgjerande for handlingsrommet i ein fylkeskommune over tid å ha eit positivt netto driftsresultat. Netto driftsresultat er dermed ein sentral storleik for å vurdere fylkeskommunen sin økonomiske handlefridom. Netto driftsresultat må minst vere stort nok til å dekke nødvendige nettoavsetjingar til fond i tillegg til å kunne overføre driftsmidlar til eigenfinansiering av investeringane. Målsetjinga for Vestland fylkeskommune er å ha eit netto driftsresultat lik tilrådd nivå på 4%.

I 2023 er det budsjettert med netto driftsresultat på 3,1%. Netto driftsresultat vil halde seg på dette nivået i økonomiplanperioden.

## Gjeldsgrad

**Netto lånegjeld** = Innlån – utlån

**Gjeldsgrad:** Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter  
**Tilrådd nivå:** Riksrevisjonen tilrår grense på netto lånegjeld til 75 % av årlege driftsinntekter

Slik den økonomiske realitetten for Vestland fylkeskommune er pr. dato, og med det investeringsbehovet ein ser i investeringsbudsjettet, er det lagt til grunn at ein dei nærmaste åra vil ha ei netto lånegjeld som overstig tilrådd nivå på 75%.

Grensa fylkestinget har vedteke for utarbeiding av investeringsbudsjettet er 115%. Forslaget inneber at veksten i gjeldsgrad samanlikna med førre økonomiplan vert redusert. Utviklinga i gjeldsgrad i budsjettforslaget er slik:

2022	2023	2024	2025	2026
92 %	96 %	102 %	106 %	112 %

## Rente- og avdragsbelastning

**Rente og avdragsbelastning:** Renter og avdrag i % av sum driftsinntekter.

Som følgje av aukande gjeld og rentenivå, vil renter og avdrag auke meir enn driftsinntektene. Rente og avdragsbelastninga er venta å gå frå ca. 7,1 % i 2023 til 8,6 % i 2026. Landsgjennomsnittet ligg rundt 5%.

## Disposisjonsfond

**Disposisjonsfond:** Midlar som gjennom åra er avsett til reserver.

**Tilrådd nivå:** Det er ikkje noko klar norm for kor stort disposisjonsfond bør vere, men Telemarkforskning har i ein rapport om økonomiske nøkkeltal tilrådd at disposisjonsfond bør utgjere mellom 5 og 10 prosent av fylkeskommunen sine inntekter.

Ved utgangen av 2021 utgjorde disposisjonsfond 11,7 % av årets driftsinntekter. Fylkestinget har lagt opp til å bruke av disposisjonsfond kvart år i økonomiplanperioden. Ein vil likevel halde seg innanfor intervallet 5-10 %.

Noko som kan gje stort utslag på disposisjonsfond er mindreforbruk eller meirforbruk ved rekneskapsavslutninga.



## 8 Budsjettreglement

## 1 Innleiing

Utgangspunktet for budsjettreglementet er Reglement for økonomiforvaltninga, Reglement for dei 4 hovudutvala og Reglement for delegering til fylkesdirektøren.

Reglementet fastset fylkestinget sitt mynde, delegering av mynde til andre folkevalde organ og til fylkesdirektøren. Fylkestinget vedtek sjølv endringar i reglementet.

### Kultur og folkehelse

- Arkiv
- Kulturarv
- Bibliotek og Kulturformidling
- Fysisk aktivitet og inkludering
- Kunst- og kulturutvikling
- Administrasjon av kultur og folkehelse

### Infrastruktur og veg

- Veg – drift og vedlikehald
- FTU-midlar
- Andre tiltak – infrastruktur og veg
- Administrasjon av infrastruktur og veg

## 2 Struktur og spesifikasjonsgrad

Budsjettet og økonomiplanen er utforma med ein kapitaldel - investeringar (kontoklasse 0) spesifisert på prosjekt og ein driftsdel (kontoklasse 1) spesifisert på løyvingsnivå.

### 2.1 Driftsbudsjettet

Budsjettet og økonomiplanen sorterer alle inntekter og utgifter på følgjande sektorar og spesifiserer kvar sektor på løyvingsnivå slik:

#### Fellesinntekter og -utgifter

- Skatt, rammetilskot og inntektsutjamning
- Andre generelle statstilskot
- Konsesjonskraftinntekter
- Kapitalinntekter/-utgifter og utbytte, rentekompensasjon
- Pensjonsutgifter, fellesutgifter, løns- og prisvekst
- Bruk/avsetjing til fond
- Overføring til investering

#### Politisk styring, kontrollutval

- Politisk styring
- Kontrollutval

#### Organisasjon og økonomi

- Eiendom – drift og vedlikehald
- Administrasjon av organisasjon og økonomi

#### IKT og digitalisering

- IKT og digitalisering
- Administrasjon av IKT og digitalisering

#### Tannhelse

- Pasientbehandling
- Administrasjon av tannhelse

#### Mobilitet og kollektiv

- Buss
- Bane
- Båt
- Ferje
- Fellestenester
- Innovasjon og uttesting av nye mobilitetsløysingar
- Administrasjon av mobilitet og kollektiv

#### Næring, plan og innovasjon

- Innovasjon og næringsutvikling
- Naturressursar, landbruk og reiseliv
- Forsking, kompetanse og internasjonalisering
- Grøn næringsinfrastruktur
- Utviklingsmidlar
- Plan klima og analyse

#### Opplæring og kompetanse

- Vidaregåande skular
- Vaksenopplæring
- Fagskule
- Andre føremål opplæring
- Opplæring i bedrift
- Administrasjon av opplæring og kompetanse

## 2.2 Investeringsbudsjettet

Budsjettet og økonomiplanen sorterer alle investeringane inn i tre ulike program slik:

- Investeringsprogram bygg
- Investeringsprogram fylkesvegar
- Investeringsprogram kollektiv

Investeringsprogramma er delt inn i grupper. Gruppene gang- og sykkelveg, trafikktryggingstiltak, kollektivtrafikktiltak og miljø- og servicetiltak i investeringsprogram fylkesvegar inkl. rassikring vert også definert som programområde, jf. pkt.3.7.9.

Investeringsprogramma syner ein spesifikasjon av det enkelte investeringsprosjekt.

## 3 Budsjettoppfølging og budsjettendringar

### 3.1 Budsjettoppfølging

Fylkestinget vedtek årsbudsjet og økonomiplan for fylkeskommunen og endringar i desse, i medhald av kapittel 14 i kommunelova.

Løyvingane i driftsbudsjet vert vedtekne som netto driftsrammer pr løvingsnivå.

Løyvingane i investeringsbudsjettet vert vedtekne brutto for ulike prosjekt/sekkepostar.

Alle fylkeskommunen sine politiske organ skal gjennomføre fylkestinget sitt budsjett innafor eigne ansvarsområde. Eventuelle budsjettendringar i løpet av året skal vere i samsvar med fylkestinget sine føringer og prioriteringar gitt i årsbudsjettet, og ikkje kunne binde opp fylkestinget sine løyingar for seinare år.

Mål, prioriteringar og føresetnader for løyingane frå fylkestinget går fram av tekstdelen av årsbudsjet- og økonomiplandokumentet.

Dersom løyingane ikkje vil halde, pliktar fylkesdirektøren å reise spørsmål om budsjettendring. Budsjettendring kan berre pårekna dersom behovet ikkje var råd å forutsjå på budsjetteringstidspunktet eller meirutgiftene ikkje kan vente.

Med unntak av dei fullmakter som vert gjeve i dette reglementet, er det berre fylkestinget som kan endre budsjettet.

### 3.2 Fylkestinget

**3.2.1** Fylkestinget vedtek budsjettendringar mellom ansvarsområda til hovudutvala.

**3.2.2** Fylkestinget kan elles delegere mynde til andre politiske organ og til fylkesdirektøren.

**3.2.3** Fylkestinget behandlar driftsrapportar to gonger i året, etter innstilling frå fylkesutvalet. Driftsrapportene skal vise utviklinga i inntekter og utgifter i høve til vedteke årsbudsjet, med nødvendige framlegg til justeringar.

### 3.3 Fylkesutvalet

**3.3.1** Fylkesutvalet kan vedta dei same endringane i budsjettet som fylkestinget dersom vilkåra i reglementet for hastesaker etter kommunelova § 11-8 er til stades.

**3.3.2** Fylkesutvalet har mynde til å gjere budsjettendringar i og mellom løvingsnivåa, med unntak av løvingsnivået Kontrollutval, i driftsbudsjetten gjennom året for sektorane:

- politisk styring
- organisasjon og økonomi
- IKT og digitalisering
- tannhelse

Slike endringar skal vere i samsvar med fylkestinget sine føringer og prioriteringar gitt i årsbudsjetten, og ikkje kunne binde opp fylkestinget sine løyingar for seinare år.

Fylkesutvalet skal – som eit minimum – vurdere forvaltninga av budsjetterte midlar for desse sektorane to gonger i året, etter 1. og 2. tertial.

**3.3.3** Fylkesutvalet har mynde til å fordele tilskot og stønadsortningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta innanfor områda folkehelse, klima, senter- og stadutvikling og plan og utviklingsarbeid.

### 3.4 Fylkesordføraren

Fylkesordføraren har fullmakt til å disponere inntil kr 100 000 til gåver og mindre tilskot. Bruken av midlane vert rapportert til fylkesutvalet årleg.

### 3.5 Kontrollutvalet

**3.5.1** Kontrollutvalet skal – som eit minimum – vurdere forvaltninga av budsjetterte midlar på eige løvingsnivå to gonger i året, etter 1. og 2. tertial.

**3.5.2** Kontrollutvalet har mynde til å fordele løvingsnivået i tre kategoriar slik:

- kontrollutvalet
- sekretariat for kontrollutvalet
- kjøp av revisjonstenester

## 3.6 Hovudutvala

**3.6.1** Hovudutvala skal – som eit minimum – vurdere forvaltninga av budsjetterte midlar for eigne sektorar to gonger i året, etter 1. og 2. tertial.

**3.6.2** Hovudutvala har mynde til innanfor sitt budsjett- og ansvarsområde å gjere endringar i og mellom løvingsnivåa for kvar sektor i driftsbudsjettet.

Slike endringar skal vere i samsvar med fylkestinget sine føringer og prioriteringar gitt i årsbudsjettet og ikkje kunne binde opp fylkestinget sine løvyingar for seinare år.

**3.6.3** Budsjettreglementet pkt. 3.8.4 omhandlar fylkesdirektøren sine fullmakter i høve administrasjonsutgifter i sentraladministrasjonen. Løvyingar for sektoren knytt til administrasjon er såleis ikkje ein del av hovudutvala sine fullmakter.

**3.6.4** Hovudutvala har mynde til å fordele statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivaretak innanfor sitt arbeidsområde.

**3.6.5** Hovudutvala har mynde til å fordele fylkeskommunale tilskot- og stønadsordningar innanfor sitt arbeidsområde.

**3.6.6** Hovudutvala har mynde til å disponere ufordelte løvyingar innanfor sitt arbeidsområde. Dette gjeld både drifts- og investeringsløvyingar.

## 3.7 Trafikktryggingsutvalet

**3.7.1** Trafikktryggingsutvalet har mynde til å fordele løvyinga på løvingsnivå FTU-midlar på ulike tilskotsordningar samt mynde til å tildele tilskot innafor sitt ansvarsområde.

## 3.8 Fylkesdirektøren

**3.8.1** Etter at fylkestinget har vedteke årsbudsjettet på løvingsnivå, fordeler fylkesdirektøren driftsbudsjettet vidare til tenleg detaljeringsnivå for å sikre god økonomistyring. Dette myndet kan delegerast vidare til andre leiarar.

**3.8.2** Fylkesdirektøren disponerer løvyingane i årsbudsjettet, og har tilvisingsrett. Fylkesdirektøren kan delegere dette myndet til andre leiarar.

**3.8.3** Fylkesdirektøren har mynde til å justere budsjettet gjennom året med endringar av teknisk karakter, t.d. avskrivningar, og fordele samleløvyingar, t.d. personalmidlar, lønsavsetjing o.l. på tvers av løvingsnivåa som fylkestinget har vedteke. Dette myndet kan delegerast vidare til andre leiarar.

**3.8.4** Fylkesdirektøren får fullmakt til å sjå følgjande løvingsnivå i samanheng:

- Administrasjon av organisasjon og økonomi
- Administrasjon av IKT og digitalisering
- Administrasjon av kultur og folkehelse
- Administrasjon av infrastruktur og veg
- Administrasjon av mobilitet og kollektiv
- Administrasjon av næring, plan og innovasjon
- Administrasjon av opplæring og kompetanse

Fullmakta gjeld også andre administrative løvyingar som er fordelt på andre løvingsnivå.

**3.8.5** Fylkesdirektøren har mynde til å gjennomføre lånepoptak i samsvar med vedtak i fylkestinget.

**3.8.6** Fylkesdirektøren har mynde til å redusere lånepoptak til IKT investeringar og auke driftsrammene til IKT etter eit forholdstal på 1/5.

**3.8.7** Fylkesdirektøren har mynde til å tilpasse drifts- og investeringsbudsjettet i samband med fellesfinansiering av digitaliseringsprosjekt, og der forskriftene krev at prosjekt, utstyr og inventar skal førast i kapitalrekneskapen.

**3.8.8** Fylkesdirektøren har mynde til å setje i verk naudsynte strakstiltak ved ras, flaumar og liknande uventa hendingar.

**3.8.9** Fylkesdirektøren har mynde til å handtera ein krisesituasjon. Etter at krisa er over, vert det lagt fram sak til politiske organ der det vert gjort greie for tiltaka som vart sette i verk og dei økonomiske følgjene av krisehandteringa.

**3.7.10** Fylkesdirektøren har mynde til å omdisponere mellom prosjekt innanfor dei enkelte programområda slik dei går fram av fylkesvegbudsjettet.

**3.7.11** Fylkesdirektøren har mynde til å nytte avsette midlar på disposisjonsfond. Ein føresetnad for dette myndet er at fylkestinget tidlegare år har vedteke fondsavsettinga til eit konkret føremål, og at dette føremålet no er i posisjon til å få løvyinga utbetalt.

## 4. Årsavslutting

### 4.1 Driftsbudsjettet

**4.1.1** Fylkesdirektøren har mynde til å setje av midlar til disposisjonsfond for bruk seinare år innanfor drifta av skular og tannklinikkar.

**4.1.2** Driftsresultatet for prosjektet Sogn og Fjordane kunstmuseum (overskot eller underskot) skal avsettast mot/dekkast av eit eige drift- og vedlikehaldsfond. Fondet vert disponert av Vestland fylkeskommune og Sunnfjord kommune.

**4.1.3** Fylkesdirektøren har mynde til å gjennomføre naudsynte strykningar ved rekneskapsavsluttinga i samsvar med kap. 4 i Budsjett- og rekneskapsforskrifta. Fylkesdirektøren skal legge til grunn følgjande rekjkjefølgje ved gjennomføringa av strykningane:

1. Overføring av driftsmidlar til investeringsbudsjettet
2. Andre avsetjingar til disposisjonsfond, men unntak av fondsavsetting som nemnt i pkt. 4.1.2
3. Avsetjing av evt. overskot i vidaregåande skular og i tannhelsetenesta
4. Avsetjing til disposisjonsfond nemnt i pkt. 4.1.2

### 4.2 Investeringsbudsjettet

**4.2.1** Kapitalrekneskapen er eittårig. Eventuelle unyttal løyvinagar i kapitalrekneskapen må budsjetterast opp att seinare år dersom føremålet ikkje er avslutta.

**4.2.2.** Dei uutnytta løyvingane vert budsjetterte opp att som del av det vidare budsjettbehovet som er naudsynt for å avslutte prosjektet.





## 9 Vedlegg

## Vedlegg 1: Møtebok fylkestinget

### PS 127/22 Budsjett 2023 / økonomiplan 2023-2026. Arbeidsdokument 5/22

#### Saksprotokoll i Fylkestinget - 14.12.2022

**Sigrid Brattabø Handegard (Sp)** sette på vegner av Sp, A, V, MDG, SV, Krf fram slikt forslag:

«Alternativt framlegg til budsjett for 2023 og økonomiplan for 2023–26

1. Dokumentet «Budsjett 2023 / økonomiplan 2023-26» utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2023-26.

2. Driftsbudsjettet for 2023 vert vedteke i samsvar med det utsende grunnlaget og med følgjande endringer:

Opplæring	løyvin g	varig	eingon g			
Undervisningsutstyr	30 mill		30 mill			
Miljøkoordinator	3	3				
Karriære Vestland	2		2			
Manger Folkehøgskule, redusert nedtrekk	0,1		0,1			
Redusert adm. Innsparing, Hyssingen	0,5	0,5				
Skulefrukost	5	5				
Tiltak for å fanga opp ungdom som treng oppfølging	1		1			
<b>Kultur, folkehelse og integrering</b>						
Stord Ishall	15		15			
Moster Amfi	8		8			
Sunhordland museum	2		2			
Vektløftar VM, Førde	7		7			
Prisjustering faste tilskot	2,75	2,75				
Astruptunet, planlegging mm	1,5		1,5			
Kode (p.g.a statleg auke)	1	1				
Bergen Nasjonale Opera	1,8		1,8			
Grieg kvartalet	1,5		1,5			
Kirkens bymisjon	0,34		0,34			
Språkkonferanse Nynorshuset Førde	0,2		0,2			
Trond Mohn Games	1		1			
Klimafestivalen	0,5		0,5			
Friluftsråda	2,6	2,6				
Mobile biblioteknester	1,2	1,2				
Litteraturhuset Bergen	1	1				
Tilskot til idrettsarrangement	0,5	0,5				
Robin Hood-huset	0,8		0,8			
Bergen Veteranskipshavn	1		1			
Raftohuset	0,5	0,5				
Oppfølging folkehelseplan	1		1			
<b>Næring</b>						
Marin satsing	10		10			
Vaksdal Mølle museum	1,5		1,5			

Vite Meir	1,5	1,5				
Vest i Øst 2023	0,2		0,2			
Utbygging ladestasjoner	15		15			
Tour of Norway	0,5		0,5			
<b>Tannhelse</b>						
Kirkens Bymisjon, tannhelsepilot, papirlause	0,5	0,5				
Rekruttering/stabiliseringsmidl ar tannhelse	2,5	2,5				
Utstyr	2,5		2,5			
<b>Samferdsle</b>				<b>Fond d</b>	<b>Auka bilettinntekte r</b>	<b>Fondsmidlar Miljøloftet-til reduserte kollektivprisa r</b>
Vedlikehaldsløft vei	500			500		
Kollektiv kampanje, 40 % rabatt, 30 dagars kort	30		30			
Fast familierabatt alle dagar	2,5	2,5				
Enkeltbillett student, 60 % av vaksen bill	4	4				
Takstfrys buss/bane januar- juni	16		16			16
Tiltak bussjåfør rekruttering	1		1			
Auka ruteproduksjon, buss bane, særleg i rush	0	15			-15	
Ekstra ferje Jondal- Tørvikbygd, sommar	10	10				
<b>Sum justert ramme</b>	<b>690,4 9</b>	<b>50,0 5</b>	<b>135,44</b>	<b>500</b>	<b>-15</b>	<b>16</b>
<b>Budsjettssaldoering:</b>						
Sum auka ramme			<b>690,49</b>			
Omdisponert fond til vegpakke			500			
Avsetnad til fond			89			
Redusert driftsoverskot frå 4,9% til ca 4,3			101,49			

3. Investeringsbudsjettet for 2023 vert vedteke i samsvar med det utsende grunnlaget.

4. Fylkestinget godkjenner nye låneopptak på 2 167,7 mill. kr.

5. Fylkestinget vedtek framlagt budsjettreglement.

6. Fylkestinget godkjenner økonomiplanen sine rammer for åra 2024-26, med den endring som kjem fram i merknad 10 om Masfjordbrua. Rammene vert lagt til grunn ved utarbeiding av økonomiplan for perioden 2024-2027.

Verbalpunkt

1.Det er eit stort behov for vedlikehald og eit tryggare fylkesvegnett. Det vert sett av ein halv mrd. NOK, til ein ekstra innsats, i tillegg til budsjettløyvingane for 2023,2024 og 2025, på eit bunde fond for ein forsterka innsats for eit tryggare veinett.

90 mill NOK av desse vert fasa inn i budsjett for infrastruktur og veg i 2023 og kor 65 mill. av dei er varige driftsmidlar.

Midlane skal kunna brukast fleksibelt til både drift og mindre investeringstiltak. Det er viktig at pengane vert sett i arbeid! Fylkestinget føreset at alle midlane i vegpakka skal vera nytta innen utgangen av 2025.

Midlane bør i størst mogeleg grad brukast i tråd med prioriteringane i RTP, og i tett dialog med kommunane, slik at ein også får gjennomført mindre tiltak som punktutbetringar, tiltak som ikkje krev omfattande planlegging, trafikktryggleik, hjertesoner, dekkelegging, ras og brusikring.

Kontraktsformer som omfattar lengre strekningar og større friheit til entrepenør kan vurderast.

Fylkesdirektøren vert bedt om å leggja fram ei eiga sak til Fylkestinget i mars, evt. juni korleis dette kan organiserast/fordelast.

2.Fylkestinget har høge ambisjonar for kollektiv. Skal vi få ned klimagassutsleppa er det avgjerande at fleire set frå seg bilen og tek buss og bane, og fylket har derfor forplikta seg til å bidra til nullvekstmålet for Bergensområdet. Fylkestinget er derfor tydeleg på at det er uaktuelt med kutt i ruteproduksjonen i 2023

For å kunne auke talet passasjerar ytterlegare set Fylkestinget av økonomiske midlar til å auka ruteproduksjonen, dette må skje fortløpande.

For å lukkast med auka ruteproduksjon og betre tilbod er tilstrekkeleg med bussjåførar avgjerande. Ein set derfor av midlar til ein rekrutteringsstrategi for å sikra tilstrekkeleg tal sjåførar til å levera auka kollektivtenester. Fylkestinget ønskjer at det vert laga eit samarbeidsprosjekt/ spleiselas med operatørselskap og gjerne også andre t.d. NAV, for å sikra fleire bussjåførar i det korte tidsbiletet. Med auka ruteproduksjon og tilstrekkeleg med bussjåførar er vi klar til å ytterlegare stimulere til at fleire skal velje buss og bane, gjennom at det vert sett av midlar til å gjennomføre kampanje i august og september med 40% rabatt på 30-dagars-periodebilett.

Fylkestinget vil både oppmuntra dei som alt vél positivt, og samstundes stimulera til auka kollektivbruk, gjennom å frysa kollektivtakstane på buss og bane i første halvår.

Når vi ser effektane av omlegging av rutesystemet i Bergensområdet, statlege midlar og passasjervekst, vil me ta ei ny vurdering i juni 2023 om prisutviklinga vidare.

Vi gjer det også billegare for familiar å reise med barn. I dag gjeld familierabatten der du kan ta med fire barn gratis berre i helg og helligdagar. Fylkestinget utvider no denne rabatten til heile veka.

Fylkestinget vil også redusere prisen på enkeltbillettar for studentar med 40 prosent.

3.Fylkestinget ber om ei strategisk sak på korleis fylkeskommunen kan utvide bruken av ulike former for fleksibel transport rundt om i Vestland. Mellom anna ber ein om at søkerne fra dei fire kommunane; Stord, Fitjar, Bjørnafjorden og Sunnfjord, som er komne inn vert svara ut i ei sak.

4. Fylkestinget ber om ei sak kor ein utgreier moglegheitene for og kostnadene ved å øke tilbodet på Bybanen i fadderveka hausten 2023.

5. Fylkestinget ber om ein sak på kva som skal til for å fullt ut integrere Skyss sin billettapp, Skyss sin reiseapp og Bysykkel tilbodet i ein applikasjon.

6.Eit samanhengande rutetilbod langs stamruter i heile fylket er viktig. For å få dette til har ein tidligare nokre plassar i fylket vore avhengig av private ekspressbussar. Vi ser det som viktig å utnytte samla ressursar best mogleg, særleg i ei tid der det er sjåførmangel. Fylkestinget ber om ei sak som vurderar fylkeskommunale bussruter langs stamvegnettet, evt samarbeid med private, samt prisstruktur. Ein føreset at saka er klar i samband med første tertial.

7.Utvær og Indrevær i Solund vert lagt inn som stjernestopp på ruta i Ytre Solund. Årskostnad på 2 turar 3 gongar pr veke i 40 veker er rekna til 0,84 MNOK (SAMO 16.11.22). Bruken blir truleg lågare, og ein vil kome attende til varig ordning og finansiering når ein har erfaringstal å bygge på.

8. Fylkestinget forventar at det vert stilt bankgaranti for Nordic Mining sitt bidrag til Fv 611- Sæle-Engebø i tråd med inngått avtale og ber i tillegg om at det vert førd forhandlingar om prisjustering og kostnadsjustering på avtalt beløp på 40 mill. Vegen er alt sterkt belasta med anleggstrafikk og det er behov for å få gjort noko snarast. Løyvde midlar må i hovudsak gå til punktutbetring og møteplassar.

Fylkestinget meiner at Nordic Mining bør stille med ein prisjustering av bidraget som vart avtalt i 2011 om det skal vere mogleg å få gjort dei heilt naudsynte utbetringane.

9.Fylkestinget ber fylkesdirektøren om å vidareføra dialog med NVE for å finna løysing på flaumsikring av Storelva i Innvik med utgangspunkt i at finansiering er eit statleg ansvar. Fylkestinget ber fylkesordførar følgja opp arbeidet med å finna ei politisk berekraftig løysing på flaumsikring av fylkeskommunal infrastruktur

10.Fylkestinget syner til vedtak PS/2022 Regional transportplan , vedtakspunkt 6 om Masfjordbrua. Det betyr å likestille Masfjordsambandet med Atløysambandet i økonomiplanperioden i tråd med vedteken RTP.

11.Kartlegging som vart gjort hausten 2022, syner at det er stort behov for utstyr/læremiddel ved dei vidaregåande skulane i Vestland. Fylkestinget styrkar budsjettet med kr 30 mill som ei eingongsløying til dette formålet . Midlane vert delt ut etter fordelingsnøkkelen for utstyr/læremiddel og alle skulane er sikra ein grunnsum. Fylkestinget oppmodar skular som har oppsparte fondsmidlar til å nytte av desse til naudsynte investeringar i undervisningsutstyr slik at den samla summen–vert større. Løyvinga skal også kome produksjonsskulane til gode.

12.Løyvinga til vidaregåande skular er auka med 59,1 mill. kr, grunna ei teknisk overføring fra løyvinga til spesialundervisning og særskilt tilrettelagt opplæring. Den gamle budsjettfordelingsmodellen for skulane i sørfylket tildelte budsjett til skulane både for ordinær drift og spesialundervisning og særskilt tilrettelagt opplæring, desse budsjettsummane vart slik sett i samanheng. Totalnivået for tildeling til skulane knytt til spesialundervisning og særskilt tilrettelagt opplæring er vidareført både i 2022 og 2023, på same nivå som det har vore tildelt til skulane i dei tidlegare fylkeskommunane. Endringa er såleis ei teknisk justering mellom dei to områda for å få fram eit meir korrekt nivå i budsjettoversynet.

13.Prosjekta Hardanger produksjonsskule og SEFF- Florø gjev tilbod til ungdom som har gjort avbrot i vidaregåande opplæring. Fylkestinget meiner at det er særsviktig at tilbodet sikrast og vidareførast.

I lys av dette siktemål, ber fylkestinget administrasjonen om å framlegge ein sak som vurderer blant anna følgjande tema:

- Moglegheitane for eit samarbeid med NAV om finansiering Hardanger produksjonsskule og SEFF - Florø.
- Om tilboda kan verta søknadsbaserte i tråd med fullføringsreforma.
- Korleis ungdomar som går på produksjonsskule kan behalde elevstatusen sin utan at dei brukar av opplæringsretten.

14. Fylkeskommunen har lukkast med å få fleire til å sökje yrkesfagleg utdanning. Både det og innføring av inntaksmodell med tillegspoeng for nærmaste skular har gjort at det er oppretta, og må opprettast fleire yrkesfagklassar, mest i Bergensområdet. Difor vil det vere behov for å auke kapasiteten for yrkesfag ved ein del skular. I framlegg til investeringsbudsjett er Laksevåg vgs og fagskule særskilt omtala. Men også andre skular kan ha behov for auka kapasitet. Difor er det viktig at dette kjem fram i kunnskapsgrunnlaget som det vert arbeidd med. Dette må med i

fordelinga av summen som er sett av til fordeling i budsjettet for 2023 og i økonomiplanen. Og det må med i vurderinga av framtidige investeringar.

Også gjennomføringa av fullføringsreforma med utvida rettar, kan gje behov for auka kapasitet.

15. Alle hustandar i Vestland skal ha tilgang til høghastigheitsbreiband og til 100 prosent mobildekning. Fylkestinget ser positivt på den auka satsinga på dette frå regjeringa. Dersom det er behov for ytterlegare midlar for å imøtekamma søknader i 2023, vil fylkestinget komma tilbake på eigna måte.

16. Fylkestinget løyver 1,5 millioner til prosjektet på Vaksdal mølle. Fylkestinget vil vurdere ei ytterligere løyving når prosjektet har sikret finansiering fra andre aktører.

17. Løyvinga på 1 mill til oppfølging av Handlingplan for folkehelse, skal ha vekt på oppfølging av tiltak av 1.10; Kartlegge fylkeskommunen sine verkemiddel for aldersvenleg samfunnsplanlegging og tenesteutvikling, og utvikle rammer for planlegging av Vestland som aldersvenleg fylke, 1.11; Utarbeide ein tilstandsrapport over Vestland fylkeskommunen sitt arbeid med universell utforming og 2.28; Samordne kunnskapsgrunnleg for førebygging av sjølvmort, samt sak som kjem våren 2023 om innsats knytt til styrking av familiær og legge til rette for stabile og trygge oppvekstmiljø, psykisk helse i lys av koronaepedemien og styrke fysisk aktivitet.

18. Fylkestinget set i dette budsjettet av midlar til kirkens bymisjon sitt prosjekt for papirlause. Det er venta sak i første halvdel av 2023 og ein vil derfor komme attende til midlar til andre søknadar som også gjeld papirlause.

19. Fylkestinget viser til budsjettvedtaket for 2022 kor fylkestinget auka tildelinga til KODE med 1 mill, og ønskja eit felles løft med staten. Her lova fylkestinget at om «Aukar staten sine driftstilskot til KODE med minst 40 millionar kroner, forpliktar Vestland fylkeskommune seg til å auke driftstilskotet ytterlegare med 4 millionar kroner.» I budsjettforliket mellom AP, Sp og SV for statsbudsjettet for 2022, auka staten med 10 millionar. Difor aukar Vestland fylkeskommune ytterlegare med 1 million i tilskot til KODE, jf. Verbalpunktet i budsjettet for 2022.

20. Fylkestinget bed om ei sak på korleis ein kan bidra med areal til ei sikker russefeiring i Bergen, inkludert finansiering frå andre og uten at Vestland fylkeskommune er ansvarleg medarrangør.

21. Fylkestinget ønskjer å styrke ordninga med skulefrukost og set at ytterligare 5 millionar kronar til dette. Ein vil sikre at kvaliteten på skulefrukosten er god, og legge til rette for at skular som har gode idear til betre kvalitet t.d. meir lokal mat, meir variert utval, meir varm mat har høve til å gjerne dette med styrka midlar.

22. Fylkeskommunen har ei stor utfordring med å rekruttere og holde på kvalifisert arbeidskraft i tannhelsetenesta. Fylkestinget set derfor av 2,5 mill til rekrutteringsmidlar og midlar til å sikre stabil arbeidskraft og kompetanse i tenesta.

Fylkestinget set av midlar til å sikre modernisering av utstyr og auka kapasitet i tannhelsetenesta.

23. Fylkestinget vil halde fram oppgradering og modernisering av tannklinikkane. I investeringsprogrammet er fire tannklinikkar nemnd, Bømlo, Sogndal, Florø og Odda. Fylkestinget ber om at ein planlegg og legg til rette for at oppgradering/modernisering/bygging av ytterligare fleire tannklinikkar.

24. Fylkestinget føreset at løyvinga til Moster Amfi vert avklara i samråd med Moster 2024, slik at begge organisasjonane lukkast.

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette fram slikt forslag:

«Alternative framlegg til budsjett for 2023 og økonomiplan for 2023–26. Framlegget tek utgangspunkt i Fylkesdirektøren sitt framlegg til Finansutvalet sitt møte 8.november 2022.

Det vert lagt inn auka inntekter frå reklame, kollektivbilletter og fondsmidlar frå Miljøloftet. I tillegg kjem kutt i administrative utgifter og reduksjon av driftsoverskotet frå 4.9% til 4.3%. Høgre legg auka midlar til ramma i skulen, kollektivsatsing, vegvedlikehald, marin satsing, fleire kultur og idretts-tilbod og meir. Høgre finn det forvarleg å nyta fondsmidlar til ei veggakke, og redusera fondsavsetninga for å finansiere prioriterte tiltak.

Vestland fylkeskommune er påverka av den politiske og økonomiske situasjonen i Norge og Europa. Det er stor uvisse knytt til kostnadsutvikling, energiforsyning og vekstkraft og investeringsevne i næringslivet. Vestland må møta utfordringane med ansvarleg økonomiske styring, politisk og administrativ effektivitet og tydelege prioriteringar til beste for innbyggjarane og næringslivet.

Høgre viser til uvissa knytt til både inntekter og kostnader. Dette må ein følgja nøye i 2023 for å sikre trygg økonomisk styring i ei vanskeleg tid.

**Høgre prioriterer:**

- Ansvarleg, effektiv og god økonomisk styring
- Kvalitet og gjennomføring i vidaregåande opplæring
- Auka vedlikehald av fylkesvegar
- Tiltak for auka bruk av offentleg transport

<b>Budsjett 2023</b>			Kommentar
<b>Avsetning til disposisjonsfond</b>		<b>12 844 000</b>	
<b>Uttak av fond</b>		<b>400 000 000</b>	Vegpakke (over 3 år)
	<b>Varige kostnader</b>	<b>Varige innsparinger</b>	
<b>Opplæring og kompetanse</b>			
Skolefrokost		10 000 000	
Innsparing administrasjonen		5 000 000	
Springbrett for ungdom	150 000		
Karriere Vestland	2 000 000		Engangsmidler
Øke rammen til skole	25 000 000		
Miljøkoordinatorer	3 000 000		
PitStop	400 000		
Sommerskole/leksehjelp	2 000 000		
TAF/YSK	2 000 000		
Fagbrev på jobb	5 000 000		
Fagskulen	2 000 000		
Utstyr til skolene	30 000 000		Engangsmidler
<b>Sum opplæring</b>	<b>71 550 000</b>	<b>15 000 000</b>	
<b>Samferdsel</b>			
Innføre reklameinntekter		20 000 000	
Veivedlikehold- mer vei for pengene	50 000 000		
Vegpakke	400 000 000		Fondsmidler
Innovative mobilitetsløsninger for å få flere reisende	5 000 000		Engangsmidler
Prosjekt for bedre kommunikasjon og korrespondanse	2 000 000		
Takstfrys 2023	40 000 000		
Studentrabatt enkelbillett	4 000 000		
Familierabatt	2 500 000		
Økt ruteproduksjon på buss og bane	15 000 000		
Tiltak bussjåfør rekryttering	1 000 000		Engangsmidler
Økte billettinntekter		15 000 000	
Kollektivkampanje 30-dagerskort (40% rabatt)	30 000 000		Engangsmidler
Fondsmidler fra Miljøloftet (til redusert takst)		16 000 000	
Ekstra ferje Tørvikbygd-Jondal	10 000 000		
<b>Sum samferdsel</b>	<b>559 500 000</b>	<b>51 000 000</b>	
<b>Kultur, idrett, folkehelse og inkludering</b>			
FRI	50 000		
Fyllingsdalen teater	200 000		
Stord Ishall	15 000 000		Engangsmidler
Prisjustere faste tilskudd	2 750 000		
Litteraturhuset	1 000 000		
Kode	1 000 000		
Friluftsråda	2 600 000		
Robin Hood-huset	1 000 000		Engangsmidler
Bergen Veteranskipshavn	1 000 000		Engangsmidler
Raftohuset	500 000		
Vektløfter VM	7 000 000		Engangsmidler
Språkkonferansen Nynorskhuset	200 000		Engangsmidler
Trond Mohn Games	1 000 000		Engangsmidler
Klimafestivalen	500 000		Engangsmidler
Vaksdal Mølle museum	1 500 000		Engangsmidler
Kirkens Bymisjon	340 000		
Sentralbadet litteraturhus, Odda	600 000		Engangsmidler
Moster 24	8 000 000		Engangsmidler
<b>Sum kultur</b>	<b>44 240 000</b>	<b>0</b>	

<b>Næring</b>			
Vite Meir	1 500 000		
Utbygging av ladestasjoner	15 000 000		Engangsmidler
Marin satsing	10 000 000		
<b>Sum næring</b>	<b>26 500 000</b>	<b>0</b>	
<hr/>			
<b>Organisasjon og økonomi</b>			
Felles administrativt nedtrekk på digitale utvalgsmøter		1 000 000	
Ytterligere effektivisering av fysiske møter		2 000 000	
Redusert planarbeid		2 000 000	
Redusert bruk av konsulenttjenester		5 000 000	
Administrativt innsparingsprogram		40 000 000	
Effektivisering av renholdstjenester		6 000 000	
Rekruttering og utstyr tannhelse	2 500 000		Engangsmidler
Tannhelsepilot, papirløse	500 000		
Redusert driftsoverskudd fra 4.9% til 4,3%		106 490 000	
<b>Sum organisasjon og økonomi</b>	<b>3 000 000</b>	<b>162 490 000</b>	
<hr/>			
<b>TOTALT</b>	<b>704 790 000</b>	<b>704 790 000</b>	

\*Pengar som ikkje er disponert i budsjettet foreslås avsatt til disposisjonsfond

#### Verbalforslag

1. Gjennomføre ein gjennomgang av regionale planar for å redusere tal planar, og sikre samordning mellom planområde.
2. Flytte ansvaret for fagfeltet integrering til opplæring, frå KULII
3. Vestland fylkeskommune skal ta initiativ til betre koordinering mellom helsejukepleiarar og skulepsykologane i kommunal og fylkeskommunal sektor. Målet er å utveksle erfaring, utvide nettverk og tette gapet mellom skulehelsetilbodet frå ungdomsskulen til vidaregåande skule.
4. Vestland fylkeskommune skal vere positiv til søknadar om oppretting av nye friskular og til søknadar om å utvide tilbodet ved dei eksisterande friskulane i Vestland.
5. Styrke det faglege samarbeidet mellom offentlege vidaregåande skular og friskulane i Vestland.
6. Det vert sett av 2 millionar kroner til eit prosjekt i Skyss der ein går gjennom heile rutetilbodet med tanke på betre korrespondanse, kommunikasjon og styrking av tilbodet, også på tvers av fylkesgrensene. Prosjektet skal gjennomførast i tett samarbeid med kommunane, nabofylke og private leverandørar av skyss.
7. Fylkeskommunen skal ta initiativ, gjennom Miljøloftet, å få ei vurdering av det samla bompengertrykket i Bergensregionen. I tillegg må ein vurdere målkonfliktane ved å finansiere store veg- og baneprosjekt med bompengar. På den eine sida ynskjer ein nullvekst, helst reduksjon i biltrafikken. På den andre sida treng ein store inntekter frå bompengeringane for å finansiere viktige prosjekt. Ein må vurdere om det er berekraftig å finansiere store infrastrukturprosjekt i nullvekstrområdar med bompengar.
8. Likestille Masfjordsambandet med Atløysambandet i økonomiplanperioden i tråd med vedteken RTP.
9. Det skal setjast av 12 millionar til marin satsing kvart år i økonomiplanperioden.

**Terje Søviknes (FrP)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ

**1. Premissar**

Fremskriftspartiet legg med dette fram alternativt Budsjett 2023 / Økonomiplan 2023-26 for Vestland fylkeskommune. Budsjettframlegget tek utgangspunkt framlegg frå fylkesdirektøren til Finansutvalet sitt møte 08.11.22 (Arbeidsdokument 5/22). Der FrP har endringsframlegg vert kommentert nærmere under.

**2. Overordna perspektiv**

Etter fylkessamanslåinga stod Vestland fylkeskommune overfor ei økonomisk utfording som skulle løysast med eit nedtrekk i driftsbudsjettet på 100 mill kr pr år i valperioden. Deler av dette målet er realisert m.a. gjennom administrativt innsparingsprogram.

Den økonomiske stoda til fylkeskommunen er p.t. relativt god, sjølv om 2.terialrapport 2022 syner ei prognose med 90 mill kr i meirforbruk i 2022. Auka skatteinngang til kommunenesektoren siste del av året kan betra sluttresultatet.

Over tid har Vestland fylkeskommune også bygd opp disposisjonsfond på i alt 1 559,4 mill kr Av dette er 1 097,8 mill utan bindingar.

I fylkesdirektøren sitt Arbeidsdokument 5/22 ligg det inne ein udisponert post (avsetting til disp.fond) på 89,1 mill kr i 2023, For perioden 2024-26 er tilsvarende avsetting/bruk av fond høvesvis 77,8 mill kr, 16,3 mill kr og -31,8 mill kr.

Det er òg knytt stor usikkerhet til utvikling av kostnader (inflasjon, renteauke) og inntekter (rammetilskot, skatteinngang, konsesjonskraftinntekter) utover i økonomiplanperioden.

FrP legg difor til grunn at ein bør være varsam med tiltak som aukar dei varige driftskostnadane i økonomiplanperioden. Samstundes finn vi rom for å reversera nokre av kuttforsлага frå fylkesdirektøren, samt nyttja deler av disposisjonsfondet til VLFK til eingongstiltak. Eingongstiltak er spesielt knytt til utstyr i vidaregåande skule, samt til å ta igjen noko av vedlikehaldsetterslepet på fylkesveg.

FrP legg vidare til grunn at Vestland fylkeskommune må halda fram arbeidet med å henta ut synergiar av fylkessamanslåinga frå 2020. Ved samanslåing av to store organisasjonar ligg det alltid eit potensiale for å ta ut stordriftsfordeler, fjerna dobbeltarbeid, vidareføra beste praksis, implementera ny arbeidsmetodikk og nye IT-system. Dette potensialet må realiserast om ein skal lukkast i å sikra Vestland fylkeskommune ein sunn driftsøkonomi over tid.

FrP meiner det framleis er rom for å redusera samla tal årsverk i organisasjonen, og har difor lagt inn eit generelt nedtrekk i stillingar med 25 mill kr i 2023. Om ein legg til grunn at dette er halvårsverknad vil eit slikt nedtrekk gje 50 mill kr i reduserte kostnader i perioden 2024-26.

FrP legg til grunn at nedbemanningsprosessen vert gjennomført i eit solid 3-partssamarbeid mellom politikk, administrasjon og tillitsvalde. Erfaring hittil i VLFK, og frå liknande prosesser i offentleg sektor, syner at ønska effekt i stor grad kan realiserast gjennom naturleg avgang, intern omplassering, stillingsbank, seniortiltak osv.

FrP vil vidare leggja følgjande prinsipp til grunn i arbeidet med å betra den fylkeskommunale økonomien;

- I størst mogeleg grad skjerma tenestetilbodet til den einskilde innbyggjar – ta kutt i administrasjon framfor den direkte tenesteproduksjonen
- Prioritere hovudoppgåvane fylkesveg, kollektiv og vidaregåande skule framfor andre oppgåver

- Utnytta inntektpotensialet i knytt til tenesteområda i fylkeskommunen – t.d. reklameinntekter knytt til kollektivsektoren

### 3. Driftsbudsjett

På **3.1 Politisk styring og kontrollorgan** må politisk nivå ta sin del av kostnadsreduksjonen i VLFK, og politikargodtgjerslene vert difor redusert med 5% tilsvarende 2 mill kr.

På **3.4 Opplæring og kompetanse** ynskjer FrP å styrkja studietilboden i vidaregåande skule, og har difor lagt inn 20 mill kr ekstra til vidaregående opplæring. Midlane skal nyttast til generell styrking av kvalitet, oppretting av klassar og studietilbod. Yrkesfag skal prioriterast særskilt.

I tillegg vert det også lagt inn ei eingongsløyving på 50 mill kr til utstyr i den vidaregåande skulen i 2023, og 20 mill kr i dei påfølgjande åra. Også her skal yrkesfag prioriterast.

FrP legg også inn 2 mill kr til eit prosjekt saman med Dale Oen-stiftelsen for elevar som står i fare for å falla ut av vidaregåande skule, samt 1 mill kr til ROS avd. Vestland (rådgivning om spiseforstyrrelser).

Fagskulen på Vestlandet vert styrkja med 3 mill kr pr år.

På **3.5 Mobilitet og kollektiv** reverserer FrP kuttet på 50 mill kr i kollektivtilboden (buss, bane, hurtigbåtbåt).

Vi fremjar også opp at framlegget om å opne for reklame innan kollektivsektoren;

- Reklame på buss, båt og ferje – dette kan gje ekstra inntekter på fleire totalsmillionar kroner til kollektivsatsinga i fylket (sjå eige verbalframlegg). Dette tiltaket vil ikkje gje full effekt i 2023, men vi har lagt inn 20 mill kr første året for å synleggjera potensialet i dette tiltaket.

På **3.6 Infrastruktur og veg** legg FrP opp til at ein over nokre år skal nytte deler av avsett disposisjonsfond for å redusera vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegar, -bruver og -tunnelar.

Samla legg FrP inn 400 mill kr meir til fylkesveg i perioden 2023-26;

- mindre punktutbetring på fylkesveg vert auka med 25 mill kr pr år. Deler av løyvinga kan nyttast i ei spleiselagsordning der kommunar og eigedomsutviklarar vert invitert inn til å delta med finansiering for å få fjerna flaskehalsar, byggja gang-/sykkelveg m.m på fylkesvegnettet.
- budsjettet for vedlikehald (primært dekkelegging) vert auka med 75 mill kr pr år for å ta att deler av vedlikehaldsetterslepet på fylkesveg.

I fylkeshirektøren sitt budsjettframlegg ligg det inne 117,7 mill kr til dekkelegging i 2023. Dette gjev ein fornyingstakt på om lag 70 år(!) for reasfaltering av alle fylkesvegane, noko som er langt over levetida på 8-20 år for asfalt. Med FrPs budsjett aukar fornyingstakta.

På **3.7 Kultur og folkehelse** legg FrP inn eit generelt kutt på 15 mill kr. FrP legg opp til at ein ved fordeling av budsjettkuttet skal skjerma kulturhistoriske museum, arbeid med kulturarv/fartøyvern og tiltak for barn og unge.

FrP legg i tillegg inn følgjande til idretts- og friluftsformål;

- Søkbar pott til barne- og ungdomsaktivitetar pga auka kostnader til straum og finans kr 5 mill
- Auka tilskot til Vestkystparken og friluftsråda i fylket kr 3 mill
- Tilskot til større meisterskap kr 1 mill

FrP vidarefører også løyving på 1 mill kr til satsing på E-sport i Vestland fylke.

Som eingongstiltak i 2023 legg FrP også inn 15 mill kr til ishall på Stord og 8 mill kr til nybygg Moster Amfi. Løvingane vert finansiert med midlar frå disposisjonsfondet.

På **3.9 Næring, plan og innovasjon** legg FrP inn 10 mill kr som ei eingongsløyving til Prosjekt Marin satsing (finansiert med midlar frå disposisjonsfond). Skal dette prosjektet lukkast må også Vestland fylkeskommune stilla opp med midlar i ulike spleislag med akvakulturnæringa og andre samarbeidspartar.

I tillegg prioriterer vi 6,5 mill kr til etablering av visningssenter ved Vaksdal Mølle. Å formidle mølletradisjonen er eit viktig kulturhistorisk prosjekt både for Vaksdal kommune, regionen og nasjonen.

På områda **3.2 Organisasjon og økonomi, 3.3 IKT og digitalisering** og **3.8 Tannhelse** gjer FrP ikkje endringar.

Alle endringar på tenesteområda kjem fram i tabellen under.

Tenesteområde – drift	2023	2024	2025	2026
<b><u>3.1 Politisk styring og kontrollorgan</u></b>				
Reduksjon i politikargodtgjørelse 5%	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000
<b>Endring ramme</b>	<b>-2 000</b>	<b>-2 000</b>	<b>-2 000</b>	<b>-2 000</b>
<b><u>3.4 Opplæring og kompetanse</u></b>				
Økt ramme Videregående opplæring - prioritere yrkesfag	20 000	20 000	20 000	20 000
Fagskolen Vestlandet	3 000	3 000	3 000	3 000
Tilskot ROS avd. Vestland (rådgivning om spiseforstyrrelser)	1 000			
Samarbeid Dale Oen-stiftelsen (motvirke frafall i VGS)	2 000	2 000	2 000	2 000
Uttstyr yrkesfag (evt. overført investeringsbudsjett)	50 000	20 000	20 000	20 000
<b>Endring ramme</b>	<b>76 000</b>	<b>45 000</b>	<b>45 000</b>	<b>45 000</b>
<b><u>3.5 Mobilitet og kollektiv</u></b>				
Reklame i kollektivsektoren	-20 000	-40 000	-40 000	-40 000
Krokeide - Hufthamar 2 søndagsferger heile året	2 000	2 000	2 000	2 000
Jondal - Tørvikbygd, ferge 2 i sommerperioden	10 000	10 000	10 000	10 000
Kollektiv - reversering nedtrekk ruteproduksjon	50 000	50 000	50 000	50 000
<b>Endring ramme</b>	<b>42 000</b>	<b>22 000</b>	<b>22 000</b>	<b>22 000</b>
<b><u>3.6 Infrastruktur og veg</u></b>				
Mindre punktutbetring fylkesvei - spleislag kommunene	25 000	25 000	25 000	25 000
Økt reasfaltering/vedlikehold fylkesvei	75 000	75 000	75 000	75 000

Endring ramme	100 000	100 000	100 000	100 000
<b>3.7 Kultur og folkehelse</b>				
Satsing E-sport (tilskudd)	1 000	1 000	1 000	1 000
Tilskudd Sentralbadet scenekunsthus	-5 000	-5 000	-5 000	-5 000
Søkbar pott til barne og ungdomsaktiviter - pga "dyrtid"	5 000	5 000	5 000	5 000
Tilskot ishall, Stord	15 000			
Moster Amfi, Bømlo	8 000			
Tilskot større mesterskap	1 000	1 000	1 000	1 000
Økt driftstilskudd Vestkystparken og friluftsrådene	3 000	3 000	3 000	3 000
Generelt nedtrekk kultursektoren	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000
<b>Endring ramme</b>	<b>13 000</b>	<b>-10 000</b>	<b>-10 000</b>	<b>-10 000</b>
<b>3.9 Innovasjon og næringsutvikling</b>				
Visningssenter Vaksdal Mølle - eingongstilskot etablering	6 500			
Prosjekt Marin Satsing 2020-2030	10 000			
<b>Endring ramme</b>	<b>16 500</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Generelt</b>				
Reduksjon i administrative stillinger (fordeltes på sektorene)	-25 000	-50 000	-50 000	-50 000
Rente- og avdragseffekt pga økt investeringsramme		10 000	17 000	34 000
Udisponert i fylkesdirektørens budsjettframlegg (fond)	-89 000	-78 000	-16 000	32 000
Ekstra bruk av fond / avsetting fond (disp.fond)	-131 500	-37 000	-106 000	-171 000
<b>Endring generelt</b>	<b>-245 500</b>	<b>-155 000</b>	<b>-155 000</b>	<b>-155 000</b>
<b>Sum endring</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### 3.1 Saldering

I driftsbudsjettet salderer FrP hovudsatsingane på vidaregåande skule og fylkesvegvedlikehald med 445,5 mill kr i bruk av disposisjonsfond gjennom perioden. Isolert er det ikkje eit mål for ein fylkeskommune å opparbeida store disposisjonsfond, og med denne disponeringa vil Vestland fylkeskommune framleis ha ca 700 mill kr i ubunde disposisjonsfond som buffer ved utgangen av perioden.

Rente- og avdragskostnad for netto auka låneopptak knytt til investeringsbudsjettet er lagt inn basert på dagens renteføresetnader.

Netto aukar FrP driftsbudsjettet med 220,5 mill kr i 2023, men av tiltaka i 2023 er heile 189,5 mill kr til eingongstiltak (utstyr vidaregåande, fylkesveg, einskildtilskot kultur/næring). Tilsvarande er auken i driftsbudsjettet for resten av planperioden i stor grad knytt til tiltak som kan takast vekk dersom økonomien til fylkeskommunen endrar seg i negativ lei.

#### 4. Investeringsbudsjett

FrP følgjer opp sitt framlegg knytt til handlingsprogrammet for Regional Transportplan frå juni 2022 der vi auka investeringsnivået til fylkesvegområdet med kr 250 mill kr pr år i perioden 2023-26, totalt 1 mrd kr.

Midlane vart fordelt med 300 mill ekstra til rammeløyvingar (100 mill kr på bru/kai, 100 mill kr på myke trafikantar og 100 mill kr til veg og infrastruktur for kollektiv) i perioden, samt 700 mill kr til nye vegprosjekt.

FrP aukar difor investeringsramma for veg og infrastruktur med 250 mill kr pr år i økonomiplanperioden 2023-26. Dette vil gje rom for å framskynda fleire fylkesvegprosjekt i perioden.

Vi legg også inn auka oppstartløyving til rassikringsprosjektet Fv. 49 Tokagjelet med 200 mill kr i 2026. Posten *Ufordelt skredsikring* vert redusert tilsvarande.

I tråd med tidlegare standpunkt trekk FrP ut investeringa til rehabilitering av fylkeshuset i Leikanger, samt at vi legg til grunn at fylkeskommune kan leige areal til tannhelseklinikk i Sogndal i staden for å bygge sjølv.

<b>Investeringsbudsjettet – endringar FrP</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>
Fylkeshuset Leikanger, rehabilitering	-110 000	-110 000	-17 000	
THT Sogndal - leige i staden for eige	-1 000	-30 000		
Auka investering fylkesveg, Regional Transportplan	250 000	250 000	250 000	250 000
Fv.49 Tokagjelet				200 000
Ufordelt skredsikring				-200 000
<b>Endra investeringsramme</b>	<b>139 000</b>	<b>110 000</b>	<b>233 000</b>	<b>250 000</b>
Auka låneopptak	-139 000	-110 000	-233 000	-250 000
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

#### 5 Verbforslag

Nedanfor følgjer verbforslag som FrP ynskjer separat votering over under handsaminga av Budsjett 2023 / Økonomiplan 2023-26 i fylkestinget.

##### 5.1 Delvis reklamefinansiert kollektivtilbod

I den økonomiske situasjonen Vestland fylkeskommune er i må ein vurdera heile sitt inntektpotensiale, - også potensiale for inntekter frå reklame i buss-, båt- og ferjetilbodet. Tidlegare utgreiingar i Hordaland har vist at fylkeskommunen kan henta fleire totalsmillionar kroner i nye inntekter på eit slikt tiltak. Andre fylkeskommunar nyttar allereie dette inntektpotensialet. Auka inntekter vil styrkja det samla kollektivtilbodet i fylket.

Framlegg til vedtak:

**Fylkestinget ber fylkesdirektøren fremja ei politisk sak om inntektpotensialet knytt til reklame i kollektivsektoren.»**

Jeanette Syversen (R) sette fram slikt forslag

«Alternativt driftsbudsjett 2023/økonomiplan 2023/2026

**Endringar til Fylkesutvalet si fleirtalsinnstilling 29.11 2022****POST Drift:**

- 1 Redusert driftsoverskot
- 2 Kutt konsulenttenester
- 3 Redusert politikargodtgjersle
- 4 Samferdsle:**
  - 5 Takstredusjon kollektiv
  - 6 Generelt vedlikehald, veg, bruer, ferjekaijer
  - 7 Utvida kollektivruter, buss
  - 8 Utgreining av kollektivtransport eigenregi
- 9 Opplæring:**
  - 10 Manger folkehøgskule
  - 11 Skulebibliotek
  - 12 Ekstra kontaktlærar
  - 13 Hyssingen + Produsjonsskulene
  - 14 Psykisk helseteneste elev/lærling
  - 15 Miljøkoordinator
  - 16 Karriere Vestland
  - 17 Fagbrev på jobb
- 18 Kultur og folkehelse:**
  - 19 Søkbar tilskotsordning til lokale folkehelsetiltak
  - 20 Sentralbadet Litteraturhus i Odda
  - 21 Teater Vestland - Tilskot til gratisframstyringar
  - 22 Menneske i Limbo
  - 23 Matsentralen Vestland
  - 24 Tilskot frivilleige organisasjonar
  - 25 Prisreduksjon tannhelse for låginntektsgrupper
  - 26 Kirkens Bymisjon, tannhelsepilot, papirlause
  - 27 Rusettervernet i Sogn og Fjordane
- 28 Arbeidslivstiltak**
  - 29 6 timersdagen - Pilotprosjekt
  - 30 Beredt AS - Tenesteutvikling
  - 31 A-krim førebyggjing admin
  - 32 Tilskot til språkopplæring i arbeidslivet

**langsiktige løyvingar:**

- 33 Fylkesveg utbetring
- 34 ENØK-tiltak
- 35 Vaksdal Mølle
- 36 SUM BALANSE

AUKE	REDUKSJON
	kr 394 600 200,00
	kr 30 000 000,00
	kr 4 000 000,00
kr 95 000 000,00	
kr 30 000 000,00	
kr 20 000 000,00	
kr 5 000 000,00	
kr 400 000,00	
kr 5 000 000,00	
kr 20 000 000,00	
kr 6 000 000,00	
kr 5 000 000,00	
kr 8 000 000,00	
kr 10 000 000,00	
kr 10 000 000,00	
kr 20 000 000,00	
kr 500 000,00	
kr 5 000 000,00	
kr 5 000 000,00	
kr 1 000 000,00	
kr 10 000 200,00	
kr 60 000 000,00	
kr 1 000 000,00	
kr 500 000,00	
kr 10 000 000,00	
kr 1 000 000,00	
kr 500 000,00	
kr 4 100 000,00	
kr 50 000 000,00	
kr 40 000 000,00	
kr 5 600 000,00	
kr 428 600 200,00	kr 428 600 200,00

**Merknadar budsjett Raudt Vestland  
(Tilsvarande postens nr.)**

1. Driftsoverskot ned til 2 % + kompensasjon for prisvekst. Når Finansdepartementet laga statsbudsjettet, og dermed dei økonomiske tilbakeføringane til kommunar og fylkeskommunar, var prisveksten sett til 2,8 %. Differansen mellom venta prisvekst 2023 (4,9) og faktisk tildeling er 2,1 %, dette blir i vårt budsjett dekt med ei auka ramme (redusert driftsoverskott) på totalt kr 428 600 200,00. Vi meiner at ein auka overføring frå regjeringa til fylkeskommunen på 234 mill. som kompensasjon for prisvekst, er realistisk å forvente som ei naudsynt tilleggsløyving i revidert statsbudsjett 2023.
2. Fylkeskommunen skal kutte i administrative kostnadar mest i leiarsjiktet, og leige inn minst mogleg samstundes som ein jobbar med å tilsette eigne fagfolk, bygge kompetanse og skape gode synergiar innomhus.
3. Raudt vil ikkje ha karrierepolitikarar, men få ned ulikskapen mellom politikarane og folk flest. Å engasjere seg i demokratiet, skal vere mogleg for alle, utan at ein skapar ein elite. Vi treng politikarar som vil engasjere seg for saken, og ikkje for å forsvare sin eigen posisjon for lommeboka sin del.
5. Det er klokt å skape gode vanar for bruk av kollektivtrafikk, og ikkje minst gjere det rimeleg å velje kollektivt. I ei tid der folk har dårleg råd, må fylkeskommunen sikre rimelege og rettferdige prisar.
7. Kan gjelde løysingar som "hent meg", gratisbuss ruter i tettbygde strøk og sentrum.
12. Etter fleire år med pandemi og andre samfunnsmessig inngripande situasjonar, vil det vere viktig å styrke laget rundt eleven. Der er kontaktlærar i førstelinja, Raudt vil med auka ramme for opplæring gjere det mogleg for fleire skular å til dømes sette inn top kontaktlæraren på VG2 og VG3 på dei studieførebuande linjene der det er inntil 30 elevar. Eller andre tiltak i drifta som vil styrke laget rundt eleven.
13. Kommer i tillegg til løyving over statsbudsjettet (om det kjem)
14. Det trengs eit systematisk arbeid frå fylkeskommunen si side, for å forebygge og motverke mobbing og utanforskap med eit lågterskeltilbod verbalframlegg 5.
15. Styrke laget rundt eleven
16. Fylkeskommunen må ruste seg betre for dei nye lovpålagte oppgåvane i intergeringslova, med ekstra innsats for språkopplæring
19. Det er viktig å stimulere til fysisk aktivitet for alle aldersgrupper, denne potten er meint å brukas på gratis lågterskeltilbod som er ein forutsetnad for tildeling. Eksempelvis: Skatepark i Stryn, eller å arrangere eldretrim i eit bygdehus. Frivillige ideelle organisasjonar og kommunar kan søke.
21. Dette tiltaket kan være utforma som til dømes 2 sesongbaserte framsyningar i samarbeid med kommunane. Kulturskulen kan gjerne inviterast med i eit fagleg samarbeid.
22. Viser til vedtaket i Vestland fylkesting om å bli eit føregangsfylke for å betre livsvilkåra til papirlause. Dette bør vise sterkare att i budsjett 2023 til tiltak som t.d. tannhelse og andre livsnauksynte helsetenester, pasientreiser, enkle bustadtilbod, slik MIL har spelt inn. Dette blir fordelt gjennom den tverrsektorielle arbeidsgruppa på dette feltet.
24. Her skal Robin Hood huset og andre organisasjonar som møter folk i krisetida med akutt hjelp, og anna naudsynt lågterskel bistand og inkluderande tiltak prioriterast
25. Vi veit at dårleg tannhelse er tett knyta til fattigdom. Tenna er ein del av kroppen, og fylkeskommunen må sikre at tannhelsetilbodet blir styrka, dei med under 2G i inntekt, skal få gratis tannhelse.
29. Eit meir inkluderande arbeidsliv, og likestilling har vi framleis langt igjen å oppnå, spesielt i dei tunge yrka med låge inntekter. Vi veit at kvinner tar det 3 skiftet når dei kjem heim, og difor må vi satse på å utvikle fylkeskommunen som ein inkluderande likestillingsaktør, vi kan starte med reinhaldarane i det nye fylkesbygget!

30. Dette er fylkeskommunen sin eigen arbeidsmarknadsbedrift, vi skal være en inkluderande og modig arbeidsgjevar som tar vare på den gode kompetansen som allereie er bygd opp og vidareutvikle tenestene innan arbeidsførebuande opplæring og lærlingplassar.

32. Dette er meint som eit tilskott, for bedrifter og offentlege arbeidsplassar, med lærlingar og tariffavtale, som tilsett folk med andre morsmål enn norsk og som fell utanfor lovfesta rett til språkopplæring.

### **Verbalforslag**

1. Vestland fylkesting ber om at Fylkesdirektøren fremjar sak om utforming av framtidige kollektivtilbod i løpet av 2023, med følgande kriterier: Drift av kollektivtilbodet i fylkeskommunal regi vert utgreidd.

2. Vestland fylkesting understrekar at det i arbeidet med strekninga Sandane-Fitje av Fv615 må sytast for at bruva på denne strekninga vert utvida til to felt.

3. Vestland fylkesting vil be om ei sak om harmonisering av prisnivået for alle bussruter i Vestland, inkludert ekspressrutene, med sikte på rimelege og rettferdige prisar i heile fylket.

4. Vestland fylkesting ber om at Fylkesdirektøren seinast til juni-tinget 2023 har utgreidd sak om plan for yrkesfagleg utdanning med særleg fokus på krav om lærlingplassar og utdanning innanfor helse- og omsorg, med utgangspunkt i det einstemmige vedtaket i administrasjonsutvalet sitt møte 25. november 2022.

5. Vestland fylkesting går inn for at Vestland fylkeskommune skal freiste å opprette eit pilotprosjekt ved ein vidaregåande skule der ein ilag med vertskommunen og eventuelle omkringliggjande kommunar samfinansierar eit lågterskeltilbod for elever og lærlingar innan psykiske helsetenester, som eit tiltak for å imøtegå dei utfordringane som kjem fram i "Kvalitetsmelding opplæring".

6. Vestland fylkesting ber om at Fylkesdirektøren fremjar ein sak med moglege tiltak for å redusere ulikskap i forventa levealder mellom ulike inntektsgrupper. Dette er i samsvar med fylkeskommunen sitt ansvar etter folkehelselova om å fremje folkehelse og undersøtte folkehelsearbeidet i kommunanene, samt ha oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar, og i tråd med at ein i kapitlet "Fylkeskommunen som samfunnsutviklar" i Handlingsprogram for folkehelse Vestland (2022-2025) viser til Ottawa-erklæringa til WHO (s. 8), som har inntekt som ein føresetnad for helse. Dette understrekar at behovet for ein innsats mot dei auka forskjellane i Noreg må liggje som ein av premissane i folkehelsearbeidet, og prioriterast høgt i dei fylkeskommunale tenestene.

7. Vestland fylkesting ber Fylkesdirektøren om ei sak som eit ledd i folkehelsearbeidet i fylket, som utgreiar den forventa totalkostnaden på ein taksreduksjon på 50 prosent på tannhelsetenester for alle som mottar offentlege stønadar (dagpengar, utføretrygd, sosialhjelp, minstepensjon, AAP, tiltakspengar, overgangsstønad, engangsstønad og studiestøtte).

8. Vestland fylkesting går inn for at det i framtidige lønnsoppgjer skal vere slik at ei eventuell lønsauke til fylkesdirektørane skal maksimalt samsvare med det generelle kronetillegg i KS-området og at politikargodtgjersla skal frikoblast frå stortingslønna.

9. Vestland fylkesting vil ha eit forbod mot utvinning av kryptovaluta då utvinning av kryptovaluta er ekstremt energikrevjande, har litra samfunnsnytte og brukar energi som heller bør gå til ENØK-tiltak, infrastruktur og grøne industriprosjekt. Vestland fylkeskommune skal difor heller ikkje gje økonomisk støtte til prosjekt som involverer utvinning av kryptovaluta.»

**Kurt Johnny Hæggernæs (PP)** sette fram slikt forslag:

«Alternativt driftsbudsjett 2023/økonomiplan 2023/2026

Det innførast gratis reiser til alle som i dag har rett på honnør billetter

Drift: Auke Reduksjon

Redusert driftsoverskot 50 000.000

Samferdsel 50 000 000

SUM BALLANSE 50 000 000 50 000 000.

#### **Verbforslag**

1. Inkludering Utanforskning har dårleg innverknad på folkehelsa til mange eldre. Vestland fylkesting ber om at Fylkesdirektøren fremtar ein sak med tiltak for å motvirke utanforskning av eldre pga. manglende datakunnskap. Det må leggjast fram forslag som sikrar og datakunnskap som bidreg til å inkludera betre eldre i samfunnet. Forslaget må konkretiserast med opplæringstiltak og kostnader til dette.

2. Tannhelse Ei god tannhelse er viktig for folkehelsa. Vestland fylkesting vil at vanskelegstilte grupper, minstepensjonistar og uføre skal få gratis tannbehandling.

Fylkestinget ber Fylkesdirektøren fremtar ein sak om korleis dette kan gjerast.»

#### **Avrøysting**

Syversen sitt forslag til budsjett fekk 2 røyster (R) og fall.

Hæggernæs sitt forslag til budsjett fekk 5 røyster (PP, FP, 3 UA (Leif Fjellro, Terje Sletten-Hansen, Morten Klementsen)).

Søviknes sitt forslag til budsjett fekk 10 røyster (Frp, FP, 3 UA (Leif Fjellro, Terje Sletten-Hansen, Morten Klementsen)).

Bjørkly sitt forslag til budsjett fekk 16 røyster (H, 3 UA (Leif Fjellro, Terje Sletten-Hansen, Morten Klementsen), PP).

Handegard sitt forslag vart vedteke mot 22 røyster (H, Frp, 3 UA (Leif Fjellro, Terje Sletten-Hansen, Morten Klementsen), PP).

Hæggernæs sitt forslag til verbapunkt 1 fekk 19 røyster (Frp, MDG, UA, FP, R, PP) og fall.

Hæggernæs sitt forslag til verbapunkt 2 fekk 14 røyster (Frp, UA, FP, R, PP) og fall.

Syversen sitt forslag til verbapunkt 1 fekk 2 røyster (R) og fall.

Syversen sitt forslag til verbapunkt 2 fekk 2 røyster (R) og fall.

Syversen sitt forslag til verbapunkt 3 fekk 3 røyster (R, 1 UA (Morten Klementsen)) og fall.

Syversen sitt forslag til verbapunkt 4 fekk 2 røyster (R) og fall.

Syversen sitt forslag til verbapunkt 5 vart samrøystes vedteke.

Syversen sitt forslag til verbapunkt 6 fekk 2 røyster (R) og fall.

Syversen sitt forslag til verbapunkt 7 fekk 8 røyster (R, PP, FP, UA) og fall.

Syversen sitt forslag til verbapunkt 8 fekk 2 røyster (R) og fall.

Syversen sitt forslag til verbapunkt 9 fekk 3 røyster (R, 1 UA (Knut Inge Andersen)) og fall.

Søviknes sitt forslag til verbapunkt fekk 24 røyster (Frp, H, UA, FP, PP) og fall.

Bjørkly sitt forslag til verbapunkt 1 fekk 26 røyster (H, Frp, UA, FP, R, PP) og fall.

Bjørkly sitt forslag til verbapunkt 2 fekk 19 røyster (H, Frp, FP) og fall.

Bjørkly sitt forslag til verbapunkt 3 vart samrøystes vedteke.

Bjørkly sitt forslag til verbapunkt 4 fekk 25 røyster (H, Frp, Krf, 3 UA (Leif Fjellro, Terje Sletten-Hansen, Knut Inge Andersen), PP) og fall.

Bjørkly sitt forslag til verbapunkt 5 fekk fekk 25 røyster (H, Frp, Krf, 3 UA (Leif Fjellro, Terje Sletten-Hansen, Knut Inge Andersen), PP) og fall.

Bjørkly sitt forslag til verbapunkt 6 fekk 25 røyster (H, Frp, UA, R, PP) og fall.

Bjørkly sitt forslag til verbapunkt 7 fekk 26 røyster (H, Frp, UA, FP, R, PP) og fall.

Bjørkly sitt forslag til verbapunkt 8 fekk 23 røyster (H, Frp, 1 Sp (Sigrid Brattabø Handegard), PP, 3 UA (Morten Klementsen, Leif Fjellro, Terje Sletten-Hansen)) og fall.

Bjørkly sitt forslag til verbapunkt 9 fekk 17 røyster (H, 2 Frp (Renate Møgster Klepsvik, Gustav

Bahus), 2 UA (Morten Klementsen, Terje Sletten-Hansen), PP) og fall.

Handegard sitt forslag til verbapunkt 1 fekk 41 røyster (A, Sp, SV, Krf, MDG, V, R) og vart vedteke.

Handegard sitt forslag til verbapunkt 2 fekk 41 røyster (A, Sp, SV, Krf, MDG, V, R) og vart vedteke.

Handegard sitt forslag til verbapunkt 3 vart samråystes vedteke.

Handegard sitt forslag til verbapunkt 4 fekk 53 røyster (A, Sp, SV, Krf, MDG, V, H, R) og vart vedteke.

Handegard sitt forslag til verbapunkt 5 fekk 53 røyster (A, Sp, SV, Krf, MDG, V, R, H) og vart vedteke.

Handegard sitt forslag til verbapunkt 6 vart samråystes vedteke.

Handegard sitt forslag til verbapunkt 7 fekk 53 røyster (A, Sp, SV, Krf, MDG, V, R, H) og vart vedteke.

Handegard sitt forslag til verbapunkt 8 fekk 53 røyster (A, Sp, SV, Krf, MDG, V, R, H) og vart vedteke.

Handegard sitt forslag til verbapunkt 9 fekk 64 røyster (A, Sp, SV, Krf, MDG, V, R, H, UA, FP, Frp) og vart vedteke.

Handegard sitt forslag til verbapunkt 10 fekk 48 røyster (A, Sp, Krf, V, R, H, Frp) og vart vedteke.

Handegard sitt forslag til verbapunkt 11 fekk 53 røyster (A, Sp, SV, Krf, MDG, V, R, H) og vart vedteke.

Handegard sitt forslag til verbapunkt 12 fekk 41 røyster (A, Sp, SV, Krf, MDG, V, R) og vart vedteke.

Handegard sitt forslag til verbapunkt 13 fekk 43 røyster (A, Sp, SV, Krf, MDG, V, R, FP, 1 UA (Knut Inge Andersen)) og vart vedteke.

Handegard sitt forslag til verbapunkt 14 fekk 41 røyster (A, Sp, SV, Krf, MDG, V, R) og vart vedteke.

Handegard sitt forslag til verbapunkt 15 fekk 41 røyster (A, Sp, SV, Krf, MDG, V, R) og vart vedteke.

Handegard sitt forslag til verbapunkt 16 fekk 53 røyster (A, Sp, SV, Krf, MDG, V, R, H) og vart vedteke.

Handegard sitt forslag til verbapunkt 17 fekk 41 røyster (A, Sp, SV, Krf, MDG, V, R) og vart vedteke.

Handegard sitt forslag til verbapunkt 18 fekk 41 røyster (A, Sp, SV, Krf, MDG, V, R) og vart vedteke.

Handegard sitt forslag til verbapunkt 19 fekk 53 røyster (A, Sp, SV, Krf, MDG, V, R, H) og vart vedteke.

Handegard sitt forslag til verbapunkt 20 fekk 54 røyster (A, Sp, SV, Krf, MDG, V, R, H, FP, 1 UA (Knut Inge Andersen)) og vart vedteke.

Handegard sitt forslag til verbapunkt 21 fekk 41 røyster (A, Sp, SV, Krf, MDG, V, R) og vart vedteke.

Handegard sitt forslag til verbapunkt 22 fekk 53 røyster (A, Sp, SV, Krf, MDG, V, R, H) og vart vedteke.

Handegard sitt forslag til verbapunkt 23 fekk 53 røyster (A, Sp, SV, Krf, MDG, V, R, H) og vart vedteke.

Handegard sitt forslag til verbapunkt 24 fekk 53 røyster (A, Sp, SV, Krf, MDG, V, R, H) og vart vedteke.

## Vedtak

Budsjett for 2023 og økonomiplan for 2023–2026

- Dokumentet «Budsjett 2023 / økonomiplan 2023-26» utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2023-26.
- Driftsbudsjettet for 2023 vert vedteke i samsvar med det utsende grunnlaget og med følgjande endringar:

Opplæring	løyvin g	varig	eingong			
Undervisningsutstyr	30 mill		30 mill			
Miljøkoordinator	3	3				
Karriære Vestland	2		2			
Manger Folkehøgskule, redusert nedtrekk	0,1		0,1			
Redusert adm. Innsparing, Hyssingen	0,5	0,5				
Skulefrukost	5	5				
Tiltak for å fanga opp ungdom som treng oppfølging	1		1			

<b>Kultur, folkehelse og integrering</b>						
Stord Ishall	15		15			
Moster Amfi	8		8			
Sunhordland museum	2		2			
Vektløftar VM, Førde	7		7			
Prisjustering faste tilskot	2,75	2,75				
Astruptunet, planlegging mm	1,5		1,5			
Kode (p.g.a statleg auke)	1	1				
Bergen Nasjonale Opera	1,8		1,8			
Grieg kvartalet	1,5		1,5			
Kirkens bymisjon	0,34		0,34			
Språkkonferanse Nynorshuset Førde	0,2		0,2			
Trond Mohn Games	1		1			
Klimafestivalen	0,5		0,5			
Friluftsråda	2,6	2,6				
Mobile biblioteknester	1,2	1,2				
Litteraturhuset Bergen	1	1				
Tilskot til idrettsarrangement	0,5	0,5				
Robin Hood-huset	0,8		0,8			
Bergen Veteranskipshavn	1		1			
Raftohuset	0,5	0,5				
Oppfølging folkehelseplan	1		1			
<b>Næring</b>						
Marin satsing	10		10			
Vaksdal Mølle museum	1,5		1,5			
Vite Meir	1,5	1,5				
Vest i Øst 2023	0,2		0,2			
Utbygging ladestasjoner	15		15			
Tour of Norway	0,5		0,5			
<b>Tannhelse</b>						
Kirkens Bymisjon, tannhelsepilot, papirlause	0,5	0,5				
Rekruttering/stabiliseringsmidlar tannhelse	2,5	2,5				
Utstyr	2,5		2,5			
<b>Samferdsle</b>				<b>Fond d</b>	<b>Auka bilettninntekte r</b>	<b>Fondsmidlar Miljøloftet-til reduserte kollektivprisar</b>
Vedlikehaldsløft vei	500			500		
Kollektiv kampanje, 40 % rabatt, 30 dagars kort	30		30			
Fast familierabatt alle dagar	2,5	2,5				
Enkeltbillett student, 60 % av vaksen bill	4	4				
Takstfrys buss/bane januar-juni	16		16			16
Tiltak bussjåfør rekruttering	1		1			

Auka ruteproduksjon, bussbane, særleg i rush	0	15			-15	
Ekstra ferje Jondal-Tørvikbygd, sommar	10	10				
<b>Sum justert ramme</b>	<b>690,49</b>	<b>50,05</b>	<b>135,44</b>	<b>500</b>	<b>-15</b>	<b>16</b>
<b>Budsjetsaldo:</b>						
Sum auka ramme		<b>690,49</b>				
Omdisponert fond til vegpakke		500				
Avsetnad til fond		89				
Redusert driftsoverskot frå 4,9% til ca 4,3		101,49				

3. Investeringsbudsjettet for 2023 vert vedteke i samsvar med det utsende grunnlaget.
4. Fylkestinget godkjenner nye låneopptak på 2 167,7 mill. kr.
5. Fylkestinget vedtek framlagt budsjettreglement.
6. Fylkestinget godkjenner økonomiplanen sine rammer for åra 2024-26, med den endring som kjem fram i merknad 10 om Masfjordbrua. Rammene vert lagt til grunn ved utarbeiding av økonomiplan for perioden 2024-2027.

#### Verbalpunkt

1. Det er eit stort behov for vedlikehald og eit tryggare fylkesvegnett. Det vert sett av ein halv mrd. NOK, til ein ekstra innsats, i tillegg til budsjettloøyvingane for 2023, 2024 og 2025, på eit bunde fond for ein forsterka innsats for eit tryggare veinett.

90 mill NOK av desse vert fasa inn i budsjett for infrastruktur og veg i 2023 og kor 65 mill. av dei er varige driftsmidlar.

Midlane skal kunna brukast fleksibelt til både drift og mindre investeringstiltak. Det er viktig at pengane vert sett i arbeid! Fylkestinget føreset at alle midlane i vegpakka skal vera nytta innen utgangen av 2025.

Midlane bør i størst mogeleg grad brukast i tråd med prioriteringane i RTP, og i tett dialog med kommunane, slik at ein også får gjennomført mindre tiltak som punktutbetringar, tiltak som ikkje krev omfattande planlegging, trafikktryggleik, hjertesoner, dekkelegging, ras og brusikring.

Kontraktsformer som omfattar lengre strekningar og større friheit til entrepenør kan vurderast.

Fylkesdirektøren vert bedt om å leggja fram ei eiga sak til Fylkestinget i mars, evt. juni korleis dette kan organiserast/fordelast.

2. Fylkestinget har høge ambisjonar for kollektiv. Skal vi få ned klimagassutsleppa er det avgjerande at fleire set frå seg bilen og tek buss og bane, og fylket har derfor forplikta seg til å bidra til nullvekstmålet for Bergensområdet. Fylkestinget er derfor tydeleg på at det er uaktuelt med kutt i ruteproduksjonen i 2023

For å kunne auke talet passasjerar ytterlegare set Fylkestinget av økonomiske midlar til å auka ruteproduksjonen, dette må skje fortløpande.

For å lukkast med auka ruteproduksjon og betre tilbod er tilstrekkeleg med bussjåførar avgjerande. Ein set derfor av midlar til ein rekrutteringsstrategi for å sikra tilstrekkeleg tal sjåførar til å levera auka kollektivtenester. Fylkestinget ønskjer at det vert laga eit samarbeidsprosjekt/ spleiselag med operatørselskapene og gjerne også andre t.d. NAV, for å sikra fleire bussjåførar i det korte tidsbiletet.

Med auka ruteproduksjon og tilstrekkeleg med bussjåførar er vi klar til å ytterlegare stimulere til at fleire skal velje buss og bane, gjennom at det vert sett av midlar til å gjennomføre kampanje i august og september med 40% rabatt på 30-dagars-periodebilett.

Fylkestinget vil både oppmuntra dei som alt vèl positivt, og samstundes stimulera til auka kollektivbruk, gjennom å frysja kollektivtakstane på buss og bane i første halvår.

Når vi ser effektane av omlegging av rutesystemet i Bergensområdet, statlege midlar og passasjervekst, vil me ta ei ny vurdering i juni 2023 om prisutviklinga vidare.

Vi gjer det også billegare for familiarar å reise med barn. I dag gjeld familierabatten der du kan ta med fire barn gratis berre i helg og helligdagar. Fylkestinget utvider no denne rabatten til heile veka.

Fylkestinget vil også redusere prisen på enkeltbillettar for studentar med 40 prosent.

3. Fylkestinget ber om ei strategisk sak på korleis fylkeskommunen kan utvide bruken av ulike former for fleksibel transport rundt om i Vestland. Mellom anna ber ein om at søkerne frå dei fire kommunane; Stord, Fitjar, Bjørnafjorden og Sunnfjord, som er komne inn vert svara ut i ei sak.

4. Fylkestinget ber om ei sak kor ein utgreier moglegheitene for og kostnadene ved å øke tilbodet på Bybanen i fadderveka hausten 2023.

5. Fylkestinget ber om ein sak på kva som skal til for å fullt ut integrere Skyss sin billettapp, Skyss sin reiseapp og Bysykkel tilbodet i ein applikasjon.

6. Eit samanhengande rutetilbod langs stamruter i heile fylket er viktig. For å få dette til har ein tidligare nokre plassar i fylket vore avhengig av private ekspressbussar. Vi ser det som viktig å utnytte samla ressursar best mogleg, særleg i ei tid der det er sjåførmangel. Fylkestinget ber om ei sak som vurderar fylkeskommunale bussruter langs stamvegnettet, evt samarbeid med private, samt prisstruktur. Ein føreset at saka er klar i samband med første tertial.

7. Utvær og Indrevær i Solund vert lagt inn som stjernestopp på ruta i Ytre Solund. Årskostnad på 2 turar 3 gongar pr veke i 40 veker er rekna til 0,84 MNOK (SAMO 16.11.22). Bruken blir truleg lågare, og ein vil kome attende til varig ordning og finansiering når ein har erfaringstal å bygge på.

8. Fylkestinget forventar at det vert stilt bankgaranti for Nordic Mining sitt bidrag til Fv 611- Sæle-Engebø i tråd med inngått avtale og ber i tillegg om at det vert førd forhandlingar om prisjustering og kostnadsjustering på avtalt beløp på 40 mill. Vegen er alt sterkt belasta med anleggstrafikk og det er behov for å få gjort noko snarast. Løyvde midlar må i hovudsak gå til punktutbetring og møteplassar.

Fylkestinget meiner at Nordic Mining bør stille med ein prisjustering av bidraget som vart avtalt i 2011 om det skal vere mogleg å få gjort dei heilt naudsynte utbetringane.

9. Fylkestinget ber fylkesdirektøren om å vidareføra dialog med NVE for å finna løysing på flaumsikring av Storelva i Innvik med utgangspunkt i at finansiering er eit statleg ansvar. Fylkestinget ber fylkesordførar følgja opp arbeidet med å finna ei politisk berekraftig løysing på flaumsikring av fylkeskommunal infrastruktur

10. Fylkestinget syner til vedtak PS/2022 Regional transportplan , vedtakspunkt 6 om Masfjordbrua. Det betyr å likestille Masfjordsambandet med Atløysambandet i økonomiplanperioden i tråd med vedteken RTP.

11. Kartlegging som vart gjort hausten 2022, syner at det er stort behov for utstyr/læremiddel ved dei vidaregåande skulane i Vestland. Fylkestinget styrkar budsjettet med kr 30 mill som ei eingongsløying til dette formålet . Midlane vert delt ut etter fordelingsnøkkelen for utstyr/læremiddel og alle skulane er sikra ein grunnsum. Fylkestinget oppmodar skular som har oppsparte fondsmidlar til å nytte av desse til naudsynte investeringar i undervisningsutstyr slik at den samla summen-vert større. Løyvinga skal også kome produksjonsskulane til gode.

12. Løyvinga til vidaregåande skular er auka med 59,1 mill. kr, grunna ei teknisk overføring frå løyvinga til spesialundervisning og særskilt tilrettelagt opplæring. Den gamle budsjettfordelingsmodellen for skulane i sør-fylket tildelte budsjett til skulane både for ordinær drift

og spesialundervisning og særskilt tilrettelagt opplæring, desse budsjettsummane vart slik sett i samanheng. Totalnivået for tildeling til skulane knytt til spesialundervisning og særskilt tilrettelagt opplæring er vidareført både i 2022 og 2023, på same nivå som det har vore tildelt til skulane i dei tidlegare fylkeskommunane. Endringa er såleis ei teknisk justering mellom dei to områda for å få fram eit meir korrekt nivå i budsjettoversynet.

13.Prosjekta Hardanger produksjonsskule og SEFF- Florø gjev tilbod til ungdom som har gjort avbrot i vidaregåande opplæring. Fylkestinget meiner at det er særskilt viktig at tilboden sikrast og vidareførast.

I lys av dette siktemål, ber fylkestinget administrasjonen om å framlegge ein sak som vurderer blant anna følgjande tema:

- Moglegheitane for eit samarbeid med NAV om finansiering Hardanger produksjonsskule og SEFF - Florø.

- Om tilboda kan verta søkerbaserte i tråd med fullføringsreforma.

- Korleis ungdomar som går på produksjonsskule kan behalde elevstatusen sin utan at dei brukar av opplæringsretten.

14. Fylkeskommunen har lukkast med å få fleire til å søkje yrkesfagleg utdanning.

Både det og innføring av inntaksmodell med tillegspoeng for nærmeste skular har gjort at det er oppretta, og må opprettast fleire yrkesfagklassar, mest i Bergensområdet. Difor vil det vere behov for å auke kapasiteten for yrkesfag ved ein del skular. I framlegg til investeringsbudsjett er Laksevåg vgs og fagskule særskilt omtala. Men også andre skular kan ha behov for auka kapasitet. Difor er det viktig at dette kjem fram i kunnskapsgrunnlaget som det vert arbeidd med. Dette må med i fordelinga av summen som er sett av til fordeling i budsjettet for 2023 og i økonomiplanen. Og det må med i vurderinga av framtidige investeringar.

Også gjennomføringa av fullføringsreforma med utvida rettar, kan gje behov for auka kapasitet.

15. Alle hustandar i Vestland skal ha tilgang til høghastigheitsbreiband og til 100 prosent mobildekning. Fylkestinget ser positivt på den auka satsinga på dette frå regjeringa. Dersom det er behov for ytterlegare midlar for å imøtekomma søkerne i 2023, vil fylkestinget komma tilbake på eigna måte.

16.Fylkestinget løyver 1,5 millioner til prosjektet på Vaksdal mølle. Fylkestinget vil vurdere ei ytterligere løyving når prosjektet har sikret finansiering fra andre aktører.

17.Løyvinga på 1 mill til oppfølging av Handlingplan for folkehelse, skal ha vekt på oppfølging av tiltak av 1.10; Kartlegge fylkeskommunen sine verkekredder for aldersvenleg samfunnsplanlegging og tenesteutvikling, og utvikle rammer for planlegging av Vestland som aldersvenleg fylke, 1.11; Utarbeide ein tilstandsrapport over Vestland fylkeskommunen sitt arbeid med universell utforming og 2.28; Samordne kunnskapsgrunnleg for førebygging av sjølvmord, samt sak som kjem våren 2023 om innsats knytt til styrking av familiær og legge til rette for stabile og trygge oppvekstmiljø, psykisk helse i lys av koronaepedemien og styrke fysisk aktivitet.

18.Fylkestinget set i dette budsjettet av midlar til kirkens bymisjon sitt prosjekt for papirlause. Det er venta sak i første halvdel av 2023 og ein vil derfor komme attende til midlar til andre søkerar som også gjeld papirlause.

19. Fylkestinget viser til budsjettvedtaket for 2022 kor fylkestinget auka tildelinga til KODE med 1 mill, og ønskja eit felles løft med staten. Her lova fylkestinget at om «Aukar staten sine driftstilskot til KODE med minst 40 millionar kroner, forpliktar Vestland fylkeskommune seg til å auke driftstilskotet ytterlegare med 4 millionar kroner.» I budsjettforliket mellom AP, Sp og SV for statsbudsjettet for 2022, auka staten med 10 millionar. Difor aukar Vestland fylkeskommune ytterlegare med 1 million i tilskot til KODE, jf. Verbalpunktet i budsjettet for 2022.

20. Fylkestinget bed om ei sak på korleis ein kan bidra med areal til ei sikker russefeiring i Bergen, inkludert finansiering frå andre og uten at Vestland fylkeskommune er ansvarleg medarrangør.
21. Fylkestinget ønskjer å styrke ordninga med skulefrukost og set at ytterligare 5 millionar kronar til dette. Ein vil sikre at kvaliteten på skulefrukosten er god, og legge til rette for at skular som har gode idear til betre kvalitet t.d. meir lokal mat, meir variert utval, meir varm mat har høve til å gjerne dette med styrka midlar.
22. Fylkeskommunen har ei stor utfordring med å rekruttere og holde på kvalifisert arbeidskraft i tannhelsetenesta. Fylkestinget set derfor av 2,5 mill til rekrutteringsmidlar og midlar til å sikre stabil arbeidskraft og kompetanse i tenesta.  
Fylkestinget set av midlar til å sikre modernisering av utstyr og auka kapasitet i tannhelsetenesta.
23. Fylkestinget vil halde fram oppgradering og modernisering av tannklinikkane. I investeringsprogrammet er fire tannklinikkar nemnd, Bømlo, Sogndal, Florø og Odda. Fylkestinget ber om at ein planlegg og legg til rette for at oppgradering/modernisering/ bygging av ytterligare fleire tannklinikkar.
24. Fylkestinget føreset at løyvinga til Moster Amfi vert avklara i samråd med Moster 2024, slik at begge organisasjonane lukkast.
25. Vestland fylkesting går inn for at Vestland fylkeskommune skal freiste å opprette eit pilotprosjekt ved ein vidaregåande skule der ein ilag med vertskommunen og eventuelle omkringliggjande kommunar samfinansierar eit lågterskeltilbod for elever og lærlingar innan psykiske helsetenester, som eit tiltak for å imøtegå dei utfordringane som kjem fram i "Kvalitetsmelding opplæring".
26. Vestland fylkeskommune skal ta initiativ til betre koordinering mellom helsejukepleiarar og skulepsykologane i kommunal og fylkeskommunal sektor. Målet er å utveksle erfaring, utvide nettverk og tette gapet mellom skulehelsetilbodet frå ungdomsskulen til vidaregåande skule.



## Vedlegg 2. Obligatoriske oversikter.

### Løyvingsoversikt - drift (§ 5-4)

<b>tal i 1 000 kr</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2026</b>	<b>2026</b>
Rammetilskot	6 274 479	6 839 000	6 889 000	6 939 000	6 989 000
Inntekts- og formuesskatt	4 580 289	4 828 600	4 828 600	4 828 600	4 828 600
Eigedomsskatt					
Andre generelle driftsinntekter	334 099	560 800	552 800	495 300	468 300
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>11 188 867</b>	<b>12 228 400</b>	<b>12 270 400</b>	<b>12 262 900</b>	<b>12 285 900</b>
<b>Sum løyvingar drift, netto</b>	<b>9 550 080</b>	<b>10 508 245</b>	<b>10 446 805</b>	<b>10 431 805</b>	<b>10 281 805</b>
Avskrivinger					
Sum netto driftsutgifter	9 550 080	10 508 245	10 446 805	10 431 805	10 281 805
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>1 638 787</b>	<b>1 720 155</b>	<b>1 823 595</b>	<b>1 831 095</b>	<b>2 004 095</b>
Renteinntekter	55 800	147 800	131 200	117 000	110 900
Utbytte	7 000				
Gevinst og tap finansielle omløpsmidlar					
Renteutgifter	265 100	469 300	538 700	573 200	629 900
Avdrag på lån	800 000	930 000	922 300	942 600	960 900
<b>Netto finansinnt./utg.</b>	<b>-1 002 300</b>	<b>-1 251 500</b>	<b>-1 329 800</b>	<b>-1 398 800</b>	<b>-1 479 900</b>
Motpost avskrivinger					
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>636 487</b>	<b>468 655</b>	<b>493 795</b>	<b>432 295</b>	<b>524 195</b>
Disponering / dekking av netto driftsresultat:					
Overføring til investering	615 000	660 000	660 000	660 000	660 000
Nto avsetjing / bruk av bundne driftsfond					
Nto avsetjing / bruk av disposisjonsfond	21 487	-191 346	-166 206	-227 706	-135 806
Dekking av tidlegare års meirforbruk					
<b>Sum disponering/ dekking nto driftsres</b>	<b>636 487</b>	<b>468 654</b>	<b>493 794</b>	<b>432 294</b>	<b>524 194</b>

Tabellen held fram på neste side.

<b>Budsjett pr sektor - 1000 kr</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>
Politisk styring	52 820	57 730	54 730	57 730	54 730
Kontrollutval	10 580	10 750	10 750	10 750	10 750
<b>Politisk styring, kontrollorgan</b>	<b>63 400</b>	<b>68 480</b>	<b>65 480</b>	<b>68 480</b>	<b>65 480</b>
Eigedom - drift og vedlikehald	550 140	606 242	605 242	604 242	603 242
Administrasjon av organisasjon og økonomi	180 760	179 145	178 145	177 145	176 145
<b>Organisasjon og økonomi</b>	<b>730 900</b>	<b>785 387</b>	<b>783 387</b>	<b>781 387</b>	<b>779 387</b>
Plan, analyse, klima og folkehelse	50 053				
IKT og digitalisering	145 307	156 332	156 332	156 332	156 332
Administrasjon av strategi og digitalisering	6 540	22 758	21 758	19 758	19 758
<b>IKT og digitalisering</b>	<b>201 900</b>	<b>179 090</b>	<b>178 090</b>	<b>176 090</b>	<b>176 090</b>
Pasientbehandling	267 920	315 960	312 460	308 460	308 460
Administrasjon	13 680	12 363	11 363	11 363	11 363
<b>Tannhelse</b>	<b>281 600</b>	<b>328 323</b>	<b>323 823</b>	<b>319 823</b>	<b>319 823</b>
Arkiv	9 563	9 888	9 888	9 888	9 888
Bibliotek og kulturformidling	33 514	35 725	35 725	35 725	35 725
Fysisk aktivitet og inkludering	56 333	96 107	70 467	70 467	70 467
Kulturarv	111 814	119 931	117 931	116 931	115 931
Kunst og kulturutvikling	126 279	131 490	115 490	114 490	113 490
Administrasjon av kultur og idrett	8 077	8 477	8 477	8 477	8 477
<b>Kultur og folkehelse</b>	<b>345 580</b>	<b>401 618</b>	<b>357 978</b>	<b>355 978</b>	<b>353 978</b>
Veg-, drift og vedlikehald	1 265 290	1 498 155	1 609 155	1 608 155	1 467 155
FTU - midlar	17 150	17 836	17 836	17 836	17 836
Administrasjon av infrastruktur og veg	30 615	22 422	22 422	22 422	22 422
Andre tiltak - infrastruktur og veg	59 945	1 045	1 045	1 045	1 045
<b>Infrastruktur og veg</b>	<b>1 373 000</b>	<b>1 539 458</b>	<b>1 650 458</b>	<b>1 649 458</b>	<b>1 508 458</b>
Buss	1 093 556	1 192 940	1 145 940	1 145 940	1 145 940
Bane	64 722	106 660	106 660	106 660	106 660
Ferje	938 024	1 103 084	1 103 084	1 103 084	1 103 084
Båt	292 025	331 446	331 446	331 446	331 446
Fellestenester	218 786	228 624	228 624	228 624	228 624
Administrasjon av mobilitet og kollektiv	110 987	115 946	110 946	110 946	109 946
Innovasjon og uttesting nye mobilitetsløysingar		3 000	3 000	3 000	3 000
<b>Mobilitet og kollektiv</b>	<b>2 718 100</b>	<b>3 081 700</b>	<b>3 029 700</b>	<b>3 029 700</b>	<b>3 028 700</b>
Administrasjon av næring, plan og innovasjon	11 202	11 341	10 341	8 341	8 341
Grøn vekst, klima og energi	17 735				
Forsking, kompetanse og internasjonalisering	36 805	27 160	27 160	27 160	27 160
Naturressursar, landbruk og reiseliv	43 506	53 033	43 033	43 033	43 033
Grøn næringsinfrastruktur	28 770	47 025	30 325	30 325	30 325

<b>Budsjett pr sektor - 1000 kr</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>
Utviklingsmidlar	37 282	41 798	41 798	41 798	41 798
Plan, klima og analyse		39 842	39 342	39 342	39 342
<b>Næring, plan og innovasjon</b>	<b>175 300</b>	<b>220 199</b>	<b>191 999</b>	<b>189 999</b>	<b>189 999</b>
Vidareg. opplæring i skule inkl særskilt tilrettelegat oppl	2 865 177	3 002 683	2 964 683	2 959 683	2 958 683
Opplæring i bedrift	597 387	646 660	646 660	646 660	646 660
Vidaregående opplæring for vaksne	68 595	70 859	70 859	70 859	70 859
Fagskule	22 979	21 464	21 464	21 464	21 464
Andre føremål opplæring	64 903	63 694	63 594	63 594	63 594
Administrasjon av opplæring & kompetanse	31 459	26 630	26 630	26 630	26 630
<b>Opplæring og kompetanse</b>	<b>3 650 500</b>	<b>3 831 990</b>	<b>3 793 890</b>	<b>3 788 890</b>	<b>3 787 890</b>
<b>Sum sektor</b>	<b>9 540 280</b>	<b>10 436 245</b>	<b>10 374 805</b>	<b>10 359 805</b>	<b>10 209 805</b>
Lønsavsetjing, premieavvik	9 800	72 000	72 000	72 000	72 000
<b>Sum netto drift</b>	<b>9 550 080</b>	<b>10 508 245</b>	<b>10 446 805</b>	<b>10 431 805</b>	<b>10 281 805</b>

## Løyvingsoversikt investering (§ 5-5)

<b>Tal i 1000 kr</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>
Investeringar i varige driftsmidlar	5 618 100	4 610 700	4 931 600	4 602 900	4 784 100
Tilskot til andre sine investeringar					
Investering i aksjar og andelar					
Utlån av eigne midlar					
Avdrag på lån					
<b>Sum investeringsutgifter</b>	<b>5 618 100</b>	<b>4 610 700</b>	<b>4 931 600</b>	<b>4 602 900</b>	<b>4 784 100</b>
Kompensasjon mva	826 122	765 800	851 300	757 000	845 100
Tilskot frå andre	1 735 348	1 017 200	825 600	919 700	516 000
Sal av varige driftsmiddel	15 700		90 000	10 000	
Sal av finansielle anleggsmidlar					
Utdeling frå selskap					
Mottatt avdrag på utlån					
Bruk av lån	2 390 380	2 167 700	2 504 700	2 256 200	2 616 000
<b>Sum investeringsinntekter</b>	<b>4 967 550</b>	<b>3 950 700</b>	<b>4 271 600</b>	<b>3 942 900</b>	<b>3 977 100</b>

Tabellen held fram på neste side.

<b>Tal i 1000 kr</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>
Vidareutlån					
Bruk av lån vidareutlån					
Avdrag på lån vidareutlån					
Mottatt avdrag vidareutlån					
Netto utgift vidareutlån					
Overføring fra drift	615 000	660 000	660 000	660 000	660 000
Netto avsetjing til eller bruk av bundne inv fond					
Netto avsetjing til eller bruk av ubundne inv ford	35 550				147 000
Dekning av tidlegare års udekka beløp					
<b>Sum overføring fra drift og netto avsetjing</b>	<b>650 550</b>	<b>660 000</b>	<b>660 000</b>	<b>660 000</b>	<b>807 000</b>
<b>Framført til inndeiking seinare år</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>

<b>Budsjett pr. sektor</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>
Fellesfunksjonar	528 700	244 900	158 900	65 900	48 900
Opplæring	1 004 100	1 148 500	1 077 200	1 039 700	1 002 700
Tannhelse	31 600	26 300	51 100	21 100	21 100
Regional utvikling	10 600				
Kultur	23 700	33 300	39 300	3 300	3 300
Fylkesveg	2 771 100	2 794 700	3 482 100	3 369 900	3 637 100
Kollktiv	1 248 300	363 000	123 000	103 000	71 000
<b>Sum investeringar varige driftsmiddel</b>	<b>5 618 100</b>	<b>4 610 700</b>	<b>4 931 600</b>	<b>4 602 900</b>	<b>4 784 100</b>

Investeringar i aksjer og eigendeler					
Kjøp av aksjer og eigendeler					
<b>Sum investering i aksjer og eigendeler</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>



vestlandfylke.no